

*«men du snakker jo som en true fucking diva»*

Ei undersøking av engelske importord og kodeveksling i fire norske humor- og underholdningspodkastar

Av

Maria Gunnarsdotter Svedal



***Universitetet i Bergen***

*Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studier*

NOLISP350

Mastergradsoppgåve i nordisk språk og litteratur

Våren 2021

## **Forord**

Det er mogleg at å skriva master under ein pandemi er ekstra spanande, men det veit eg ikkje noko om, då eg ikkje har prøvd å skriva master under andre omstende. Alt i alt har det å skriva master vore ei positiv oppleving, både fordi dei engelske innslaga i podkastane har bydd på spanande faglege utfordringar, og fordi eg har så mange fine folk rundt meg. Eg ønskjer å takka dykk for det.

Takk til Språkrådet for stipendet og for at de var einige i at det er interessant å forska på språk i podkastar.

Takk til Sigrid Bonde Tusvik, Silje Martinsen Wettre, Henrik Aspeflaten og Siri Pallesen som stilte opp til intervju. De gav meg viktige innsyn i produksjonen av podkastane. I tillegg var de veldig hyggelege.

Takk til gjengen på rom 402. De er trivelege, høglydte og motiverande folk som eg har sett stor pris på det siste året.

Takk til Eirik, mamma, pappa og besten for kloke råd, tekstlesing, god stemning og for at de alltid har tru på meg.

Takk til Rudi for all hjelp, reaksjonar på anglisismar, tolmod, klemmar og for at du er verdas beste heiagjeng.

Tusen takk til Thorsteinn G. Indridason for grundig, hyppig og verdifull rettleiing gjennom heile prosessen.

Feil eller manglar i oppgåva er det berre eg som er ansvarleg for.

Maria Gunnarsdotter Svedal

## Innhald

<b>FIGUR- OG TABELLISTE .....</b>	<b>VI</b>
<b>1 INNLEIING .....</b>	<b>1</b>
1.1 INNGANG TIL TEMAET .....	1
1.2 PROBLEMSTILLING OG FORSKINGSPØRSMÅL .....	2
1.3 UTFORMINGA AV STUDIEN .....	3
1.4 ORGANISERING AV OPPGÅVA .....	4
<b>2 BAKGRUNN .....</b>	<b>5</b>
2.1 PODKAST .....	5
2.1.1 Podkast og radio: Likskapar og skilnader .....	5
2.1.2 Historie og popularitet .....	8
2.1.3 Tidlegare forskning på podkast .....	9
2.1.4 Radiospråk i Noreg .....	9
2.1.5 Oppsummering .....	11
2.2 ENGELSK I NORSK .....	12
2.2.1 Generelt om engelsk påverknad og statusen til engelsk .....	12
2.2.2 Historiske føresetnader for engelsk påverknad i norsk .....	13
2.2.2.1 Importord og anglonorsk .....	13
2.2.2.2 Domenetap .....	16
2.2.2.3 Oppsummering og eit blikk på framtida .....	17
<b>3 TEORI .....</b>	<b>19</b>
3.1 LÅN, LÅNEPROESSAR OG TILPASSING .....	19
3.1.1 Ordtilfang: Importord, lånnord, framandord og orddanning .....	19
3.1.2 Ulike typar import .....	21
3.1.3 Ulik grad av tilpassing .....	23
3.2 KODEVEKSLING .....	26
3.2.1 Kvifor kodevekslar folk? .....	29
3.2.2 Kort om psykologvistikk: Minnestyrke og mentalt leksikon i samband med kodeveksling .....	31
3.2.3 Kvar går skiljet mellom importord og kodeveksling? .....	32
3.2.4 Transspråking .....	35
3.3 EIT ANNA PERSPEKTIV: SAMTALETEORI .....	36
<b>4 METODE OG MATERIALE .....</b>	<b>39</b>
4.1 VAL OG PRESENTASJON AV PRIMÆRMATERIALE .....	39
4.1.1 Podkast som materiale .....	39
4.1.2 Podkastutval .....	40
4.1.3 Presentasjon av podkastar, podkastvertar og episodar .....	42
4.2 INTERVJU .....	45

4.3 VIDARE FRAMGANGSMÅTE.....	47
4.4 OM SORTERINGA I ANALYSEN.....	50
4.5 AVGRENSINGAR .....	52
4.6 OPPSUMMERING OG UTFORDRINGAR .....	56
<b>5 INTERVJU OG FUNN.....</b>	<b>58</b>
5.1 «DET PLANLAGT SPONTANE»? .....	58
5.2 DELTAKARANE I PODKASTSAMTALEN .....	61
5.3 TANKAR OM SPRÅKET I PODKASTANE .....	63
<b>6 ANALYSE.....</b>	<b>69</b>
6.1 DELVIS TILPASSA ORD .....	69
6.1.1 <i>Substantiv</i> .....	69
6.1.2 <i>Verb</i> .....	73
6.1.3 <i>Adjektiv</i> .....	75
6.1.4 <i>Interjeksjonar</i> .....	76
6.1.5 <i>Hybridord og namnehybridar</i> .....	77
6.2 IKKJE TILPASSA ORD.....	79
6.2.1 <i>Substantiv</i> .....	80
6.2.2 <i>Verb</i> .....	82
6.2.3 <i>Adjektiv</i> .....	82
6.2.4 <i>Adverb</i> .....	84
6.2.5 <i>Interjeksjonar</i> .....	85
6.3 STØRRE SEGMENT.....	86
6.3.1 <i>Substantivfrasar</i> .....	87
6.3.2 <i>Verbfrasar</i> .....	89
6.3.3 <i>Adjektivfrasar</i> .....	91
6.3.4 <i>Andre frasar</i> .....	91
6.3.5 <i>Frasesamansetjingar</i> .....	92
6.3.6 <i>Kollokasjonar</i> .....	92
6.4 SETNINGAR.....	93
6.4.1 <i>Fri bruk</i> .....	93
6.4.2 <i>«Sitering»</i> .....	95
6.5 LEIK MED ORD OG UTTALE .....	97
<b>7 DRØFTING .....</b>	<b>101</b>
7.1 I KVA GRAD ER DEI UNDERSØKTE PODKASTANE PREGA AV ENGELSK SPRÅK? .....	101
7.2 KVA SLAGS ENGELSK MØTER LYTTAREN I DESSE PODKASTANE? .....	103
7.2.1 <i>Etablerte importord</i> .....	104
7.2.2 <i>Kodeveksling</i> .....	106
7.2.3 <i>Mellom etablerte importord og kodeveksling</i> .....	108

7.2.4 <i>Utanfor kontinuumet</i> .....	113
7.3 KVA HAR ULIKE SAMTALEEMNE Å BETY FOR NÅR LYTTAREN MØTER ENGELSK I DESSE PODKASTANE?.....	114
<b>8 AVSLUTNING</b> .....	<b>118</b>
<b>LITTERATURLISTE</b> .....	<b>121</b>
<b>SAMANDRAG</b> .....	<b>136</b>
<b>ABSTRACT</b> .....	<b>138</b>

## Figur- og tabelliste

- Figur 1. Oversyn over ulike typer engelske lån (Graedler og Johansson, 1997).
- Tabell 1. Nyere engelske lånord per 1000 ord i løpende tekst (Johansson og Graedler, 2002, s. 85)
- Tabell 2. Oversyn over tre typer situasjonsintern kodeveksling
- Tabell 3. Kommunikative funksjonar ved kodeveksling (Røynealand, 2008, s. 55)
- Tabell 4. Kjenneteikn på subjektiv og objektiv stil (Svennevig, 2009, s. 123)
- Tabell 5. Rammevilkår for kommunikasjonen (Svennevig, 2009, s. 150)
- Tabell 6. Oversyn over podkastar, lyttartal og plassering på *podtoppen.no* i veke 8 i 2020
- Tabell 7. Oversyn over markeringar i transkripsjonen
- Tabell 8a/b. Oversyn over grovsortering av engelske innslag
- Tabell 9. Oversyn over opptalde funn i materialet

# 1 Innleiing

## 1.1 Inngang til temaet

Nordmenn flest får engelsk inn via mange kanalar, som til dømes strøymetenester, reklame, media og academia. Norskspråkleg media er ikkje kjend som ein av desse engelskkanalane, men kan truleg vera ein viktig kanal når det gjeld språkleg påverknad. Podkast blir omtalt som eit *intimt* medium, blant anna fordi dei fleste lyttar med hovudtelefonar, og dermed får stemmene og språket til programvertane rett inn i øyra. Å lytta til podkastar blir stadig meir populært, særleg blant unge<sup>1</sup>, og det er i liten grad undersøkt kva språk lyttarane møter i podkastane. Eg ønskjer derfor å undersøka bruken av engelsk i eit utval norske podkastar.

Det norske podkasttilbodet er mangfaldig og variert, men podkastane som blir undersøkte i denne oppgåva har nokre fellestrekk: Dei kan kategoriserast som humor- og underhaldningspodkastar, dei kjem frå fire ulike produsentar og dei har høge lyttartal. I tillegg har dei til felles at dei har same form: Dei er baserte på samtalar mellom to personar.

I skriftspråkleg media ser ein gjerne at engelsk blir signalisert eller *flagga*. Til dømes gir hermeteikna tydeleg beskjed om at det kjem eit framand element i ein artikkel frå *minmote.no*: «Den tradisjonelle, skandinaviske garderoben viser enkelt og greit at "less is more"» og «Generet føler jeg norsk stil er mer "preppy" [...]» (Christensen, 2021). Korleis fungerer dette i lydbasert media? Når podkastvertar tilsynelatande snakkar spontant og fritt i podkastane, ligg det nær å tru at denne språkproduksjonen er ein ganske annan enn for ein journalist som skal publisera ein tekst i ei nettavis.

Etter å sjølv ha vore ein ivrig podkastlyttar i fleire år, har eg observert at mange av dei mest populære podkastane har stadige innslag av engelsk. Det er eit stort spenn i engelsken som blir nytta, frå korte ord som er etablerte i norsk og tilpassa heimleg morfologi og fonologi, til lange segment med det som verkar å vera «rein» engelsk. I denne undersøkinga ser eg på engelskbruken i fire podkastepisodar, henta frå fire av dei mest populære humor- og underhaldningspodkastane i Noreg: *Tusvik & Tønne* (2012–), *Friminutt med Herman og Mikkel* (2019–), *Jan Thomas og Einar blir venner* (2018–) og *Harm & Hegseth* (2016–).

Nokre døme frå materialet kan innleiingsvis illustrera spennet i engelsken som blir brukt: Til dømes er engelsken av ulik karakter når Harm i *Harm & Hegseth* seier ‘[...] og det er så mørkt – sånn **cover** det er så skummelt bilde [...]’, der *cover* har engelsknær uttale, og når han seinare seier ‘[...] hvis jeg noen gang skal komme på **coveret** av Stokkemagasinet [...]’, der *coveret* er

---

<sup>1</sup> Johansson og Graedler (2002, s. 258) trekkjer fram ungdom som ei gruppe som er langt framme når det gjeld språkleg nyskaping og bruk av slang og engelske ord og uttrykk.

tilpassa norsk både fonologisk og morfologisk. I eit anna døme ytra av Harm, glir ein heil frase tilsynelatande saumlaust inn i ei elles norsk ytring: '[...] så jeg var sånn har jeg faen meg **brought it with me to Stokke** og så blir jeg hovedsmittebærer i Stokke [...]', medan Tusvik i *Tusvik & Tønne* tilsynelatande leitar etter orda på jakt etter frasen *big dick attitude*: '[...] vel Martin 70 prosent av deg er jo **white nei big dick- ehh- [--] nei ikke big dick men hva heter det altså attitude – big dick attitude** så jeg bare [...]'. I eit anna døme brukar Thomas i *Jan Thomas og Einar blir venner* ein heil setning på engelsk: '*så kommer han ene bort så sier han - **you're under arrest for lewd conduct***'. Litt på sida av skalaen ytrar Niva i *Friminutt med Herman og Mikkel* frasen «[...] **three tusen ballongs**», medan Lisa Tønne i *Tusvik & Tønne* kallar seg sjølv *Liza Barrel*.

## 1.2 Problemstilling og forskingsspørsmål

På bakgrunn av denne breidda i engelsken som finst i podkastane, meiner eg det er interessant å undersøka språket i eit utval norske podkastar, med utgangspunkt i problemstillinga: **Kva slags språk blir tilbydd norske podkastlyttarar i dei undersøkte podkastane?** Målet med denne problemstillinga er å finna ut om språket som svært mange nordmenn møter i podkastlyttinga si er prega av engelsk, og i tilfelle ja: Kva slags engelsk? Dette blir nærare utdjupa i dei tre forskingsspørsmåla:

- 1) *I kva grad er dei undersøkte podkastane prega av engelsk språk?*
- 2) *Kva slags engelsk møter lyttaren i desse podkastane?*
- 3) *Kva har ulike samtaleemne å bety for når lyttaren møter engelsk i desse podkastane?*

Målet med dei tre spørsmåla er å kunna skildra bruken av engelske innslag i podkastane. For å kunna seia noko om *i kva grad* podkastane som blir undersøkte er *prega*<sup>2</sup> av engelsk, må ein både sjå på mengda engelsk som blir nytta og kor mykje «plass» denne engelsken tek i podkastane. Her vil det vera naudsynt å skilja podkastane frå kvarandre, då svaret på dette kan vera ulikt frå podkast til podkast. Denne undersøkinga er av kvalitativ art, men dette inneber ein viss grad av kvantitativitet: Å gjera oppteljingar av dei engelske elementa i podkastane vil både vera i tråd med tidlegare undersøkingar (sjå til dømes Johansson og Graedler, 2002, s. 85), og det vil vera eit nyttig verktøy for å kunna samanlikna podkastane. I ei slik samanlikning kan

---

<sup>2</sup> I både problemstillinga og spørsmål (1) kunne *prega* vore bytt ut med *påverka*, men då eg i stor grad har fokusert på det Sunde (2019, s. 81) kallar «den umiddelbart *synlige* påvirkninga på språksystemet», ser eg *prega* som eit meir treffande omgrep. Dersom *påverka* hadde vore nytta, ville det vore naudsynt å i større grad undersøka òg dei skjulte formene for påverknad (sjå til dømes Sunde, 2018).



ein likevel ikkje berre sjå på det som kan talfestast, då òg kvalitative aspekt ved engelsken kan vera ulik frå podkast til podkast. Derfor må ein òg sjå på *kva slags* engelsk som blir nytta, noko som gjer spørsmål 2) sentralt i å kunna svara på spørsmål 1). Målet med spørsmål 2) er å skildra engelsken som blir nytta: Her vil skilnaden mellom korte og lange innslag og skilnaden mellom engelsk som er delvis tilpassa norsk og engelsk som ikkje er tilpassa norsk bli utforska i analysen, medan spennet mellom kva av dette som kan reknast som etablerte importord og kva som kan reknast som kodeveksling vil bli diskutert i drøftingskapittelet. Fokuset er på det Sunde (2019, s. 81) kallar «den umiddelbart *synlige* påvirkninga på språkssystemet». I denne oppgåva vil det vera påverknaden som umiddelbart kan *høyrast* som gjeld, og engelskinnsлага som blir analyserte er derfor av ein slik karakter at ein vanleg podkastlyttar kan oppfatta dei som engelske, eller importerte frå engelsk. Med spørsmål 3) ønskjer eg å finna ut om samtaleemnet *kan* vera utslagsgivande for kor mykje engelsk som blir nytta. I konteksten til døma som blir presenterte i analysekapittelet (kapittel 6) kan ein sjå tendensar til samtaleemna, men dette blir ikkje handsama før i drøftinga.

### 1.3 Utforminga av studien

For å svara på den overordna problemstillinga og dei tilhøyrande forskingsspørsmåla, har eg utforma ein studie som i hovudsak undersøker faktisk språkproduksjon henta frå norske humor- og underhaldningspodkastar. Dette er gjort ved å lytta til og transkribera fire episodar frå fire ulike podkastar, og analysera dei engelske innslaga i desse. Førekomstane av engelske innslag er sorterte etter lengd og grad av morfologisk og/eller fonologisk tilpassing. Det viktigaste målet med studien er å sjå på på kva måtar engelsk pregar «podkastspråket». Dette gjer primærmaterialet, altså dei fire podkastepisodane, til den viktigaste datakjelda. Som eit supplement til primærmaterialet er det gjort intervju med ein person som er delaktig i produksjonen frå kvar av podkastane. Dette er podkastvert Sigrid Bonde Tusvik frå *Tusvik & Tønne*, produsent Silje Martinsen Wettre frå *Friminutt med Herman og Mikkel*, tidlegare produsent Henrik Aspeflaten frå *Jan Thomas og Einar blir venner* og produsent Siri Pallesen frå *Harm & Hegseth*. Intervjua gir nærare innsikt i korleis podkastane blir laga, ved at ein får eit tydelegare bilete av kva av førebuing og språkleg medvit som ligg bak språket ein møter i podkastane. I tillegg gir intervjua til ein viss grad innsikt i kva som *kan* ligga bak engelskbruken til dei ulike podkastvertane.

Både transkripsjonen og analyseringa av podkastane og tolking av innhald i intervjua er tidkrevjande arbeid. For at arbeidsmengda skal vera overkommeleg innanfor rammene til ei

masteroppgåve, er berre fire podkastar undersøkte. Funna i studien er derfor berre representative for informantane sjølve, men då dei fire podkastane er blant dei som er mest lytta til i Noreg, seier funna likevel noko om språket mange norske podkastlyttarar møter. Kanskje kan funna nyttast til å generera hypotesar for vidare forskning på eit større materiale.

#### 1.4 Organisering av oppgåva

Denne oppgåva er delt inn i åtte kapittel. Etter innleiingskapittelet gir eg i kapittel 2 ei innføring i kva ein podkast er (2.1) og tek føre meg noko bakgrunnsinformasjon om engelsk i norsk (2.2). Teorigrunnlaget for oppgåva vil bli presentert i kapittel 3 og er tredelt. 3.1 tek utgangspunkt i tidlegare forskning på engelsk i norsk, og handlar om lån, låneprosessar og tilpassing. I 3.2 står omgrepet kodeveksling sentralt. Kodevekslingsomgrepet er mykje diskutert, og her er det eit mål å operasjonalisera nokre av kriterier, slik at dei kan nyttast vidare i drøftinga. I 3.3 trekkjer eg inn eit anna perspektiv som kan vera nyttig når *podkastsamalen* skal skildrast: samtaleteori.

I kapittel 4 blir dei metodiske vala som er gjorde presenterte. Her diskuterer eg det å bruka podkast som materiale i ei språkleg undersøking, før eg presenterer dei fire podkastane og grunnir utvalet. Eg tek òg kort føre meg korleis intervjuet vart planlagde og gjennomførte, før eg viser korleis eg har gått fram for å analysere materialet. Til slutt diskuterer eg avgrensingar av materialet og utfordringar med studien.

I kapittel 5 og 6 legg eg fram funna frå datamaterialet. I førstnemnde blir funna frå intervjuet presentert og i kapittel 6 legg eg fram funna frå primærmaterialet i studien, altså dei fire podkastepisodane og transkripsjonen av dei. Her er fokuset på kva dei engelske elementa består av og i kva grad dei er tilpassa norsk. I desse kapitla blir det trekt inn nokre teoretiske perspektiv.

I kapittel 7 freistar eg å svara på problemstillinga og forskingsspørsmåla som vart presenterte i 1.2 ved å sjå på primærmaterialet i lys av det teoretiske grunnlaget for studien og i lys av funna frå intervjuet med podkastaktørane. Til slutt, i kapittel 8, samanfatar eg funna og legg fram tankar om vidare forskning på språk i podkastar.

Det er ikkje rom for å inkludera alle førekomstane av engelsk som døme i oppgåva. Ei fullstendig oversikt kan ein derfor finna som vedlegg.

## 2 Bakgrunn

For å kunna gjera ei språkleg undersøking med vekt på bruk av engelske innslag i eit podkastmateriale, er det naudsynt med ein introduksjon til kva ein podkast er, og til noko av bakgrunnen for kvifor ein finn engelsk i norsk i dag. Dette kapittelet er derfor todelt: I 2.1 blir *podkast* skildra og i 2.2 blir det sett nærare på *engelsk i norsk*.

### 2.1 Podkast

I 2.1.1 blir det forklart kva ein podkast er, og forholdet mellom podkast og radio blir diskutert. Vidare blir noko av podkasthistoria presentert i 2.1.2, og her blir det òg lagt fram tal på kor mange og kven som lyttar til podkastar. I 2.1.3 ser eg nærare på tidlegare forskning på podkast, før tidlegare forskning på radiospråk i Noreg blir presentert i 2.1.4. Til slutt, i 2.1.5, kjem ei oppsummering.

#### 2.1.1 Podkast og radio: Likskapar og skilnader

Dei fleste konvensjonelle definisjonar av podkasting fokuserer på å framstilla det som ein metode for å levera lydfilet over internett, slik at dei seinare kan lastast ned og spelast av (Markman og Sawyer, 2014, s. 21). Prosessen er gjerne automatisert ved bruk av RSS-feed, noko som gjer det mogleg for publikum å abonnera på ein bestemt podkast. Dette er i tråd med definisjonen Lyngvær et al. (2017, s. 122) kjem med i *Lydjournalistikk – Innføring i radio og podkasting*, der ein podkast blir forklart som eit lydprogram ein kan abonnera på, som blir gitt ut av ein redaksjon eller ein enkeltperson. «Podkast» er altså namnet på både måten ein leverer lydfilet på, og på programma i seg sjølv. Ein podkast kjem gjerne ut som fleire *podkastepisodar*. Sjølv ordet «podkast» er samansett av «pod» som står for «portable on demand», og «kast» (e. *cast*) som kjem frå «broadcasting» (n. *kringkasting*).<sup>3</sup> Ordet er eigentleg noko misvisande i seg sjølv, då podkast ikkje blir kringkasta i tradisjonell forstand: I tradisjonell, kringkasta radio blir eit lydsignal sendt ut til mange på ein gong, og lydsignalet må lyttast til der og då. Måten ein podkast blir delt på, liknar meir på andre nyare medium, som *Netflix* og *YouTube*: Lydsignalet blir sendt ut frå éin plass, slik som ved tradisjonell kringkasting, men signalet kan overførast mange gongar samtidig, og på ulike tidspunkt. Dette blir kalla «multicast», eller «multikast» på norsk (Mediapuls, 2017).

---

<sup>3</sup> Det er mogleg at forklaringa for *pod* har blitt konstruert, då fleire kjelder viser til at *podkast* opphavelig kjem frå merkevara *iPod* + *broadcasting* (Liestøl og Rasmussen, 2007, s. 57; OED, *podcast*; BOB, *podkast*).

Podkaster har mange likskapstrekk med tradisjonell radio, men både på produksjonssida og på lyttarsida er det nokre viktige skilnader. For dei som lyttar på podkaster, er det som i størst grad skil lyttinga frå lytting på radio at ein lyttar *på bestilling*. Ein kan altså velja sjølv kva ein vil lytta til og når ein vil lytta til det. Lyngvær et al. (2017, s. 123) meiner dette gjer at lyttarforholdet er annleis enn ved radiolytting: Fordi podkastlyttarane sjølve oppsøker programmet, kan dei seiast å vera *dedikerte lyttarar*. Ein anna grunn til at intimiteten mellom podkastvertane og lyttaren aukar, er at dei fleste lyttar til podkast med høyretelefonar (Lyngvær et al., 2017, s. 123; DSP, 2020, s. 20). I følgje Lyngvær et al. (2017, s.123), blir radiolytting gjerne omtalt som ein *sekundæraktivitet*, medan lytting til podkast i større grad blir rekna som ein *primæraktivitet*. Grunntanken er at radiolytting skjer medan ein eigentleg driv med noko anna, som bilkøyring, husvask eller liknande, medan ein podkastlyttar først og fremst lyttar. I 2020 kom *Den Store Podrapporten* (vidare kalla DSP), basert på ei kartleggingsundersøking av podkastbruk i Noreg (gjennomført av *Norstat*). Funna er ikkje heilt i tråd med Lyngvær et al. (2017) si inndeling: I følgje DSP (2020, s. 19) blir podkast typisk konsumert medan lyttaren gjer andre aktivitetar.<sup>4</sup> Både husarbeid og andre gjeremål i huset, bilkøyring og matlaging er populære aktivitetar i kombinasjon med podkastlytting. Berre sju prosent av dei spurte podkastlyttarane oppgir at dei berre lyttar. Det er likevel grunn til å tru at skiljet som Lyngvær et al. skisserer står seg: Podkastlyttarane har i større grad aktivt oppsøkt det programmet dei vil lytta til, og er truleg meir dedikerte enn lyttarar som har skrudd på radioen. Det ligg nær å tru at dedikerte lyttarar som lyttar aktivt kanskje kan bli meir påverka av det dei lyttar til, enn dersom dei hadde høyrte på noko i bakgrunnen.<sup>5</sup>

Òg på produksjonssida er det skilnader: Lyngvær et al. (2017, s. 122) meiner ein kan skilja mellom program som er laga for radio og som deretter blir publiserte som podkaster, og podkaster som er laga utelukkande for å vera podkaster. Sistnemnde blir omtalt som «ordentleg podkasting». Sentrale skilnader i produksjonen er til dømes at podkaster aldri er direktesende, noko som inneber at det er mogleg å ta opp fleire gongar, eller til og med ta opptak på nytt.<sup>6</sup> Sjølv sagt er ikkje all radioproduksjon direkte, så slike moglegheiter kan ein òg ha der. Svennevig (2009, s. 150) omtalar radio som eit medium som er «raskt», og det er truleg nettopp med tanke på den direkte radiosendinga. Han skriv at dette gjer radio spesielt godt eigna til å

---

<sup>4</sup> Det har seinare kome ei 2021-utgåve av *Den Store Podrapporten*. Resultata liknar på resultata frå 2020, og mange av endringane verkar å ha samband med COVID-19-pandemien og tilhøyrande samfunnsendringar (sjå *Den Store Podrapporten, 2021*).

<sup>5</sup> I DSP (2021) blir òg reklame undersøkt: DSP (2021, s. 25) viser at kor mange som har utført handlingar etter å ha høyrte reklame i ein podkast har auka sidan 2020. Funna viser at reklameeffekten er størst i aldersgruppa 15-29 år. Det kan tenkjast at dette kan setjast i samband med at lyttarane er dedikerte.

<sup>6</sup> Måten podkastane i materialet er produserte på, vil bli omtalt i kapittel 5 der funna frå intervjuet blir presenterte.

formidla aktuelle hendingar, medan «treigare» medium (Svennevig trekkjer fram bøker og tidsskrifter, men her kan ein òg inkludera podkast), eignar seg betre til analysar og kommentarar som ikkje er så tidsavgrensa. Podkastformatet er meir fleksibelt enn eit radioprogram med tanke på lengd: Eit radioprogram har gjerne ei fast tidsramme, og må forhalda seg til at det kjem eit nytt program eller ein bulleteng kvar heile eller halve time. Ein podkast kan i utgangspunktet halda fram så lenge produsentane vil (Lyngvær et al., 2017, s. 124). Eit anna viktig skilje er at ein i podkastar ikkje treng å forhalda seg til oppdelinga i det tradisjonelt ganske korte «radiostykket». Eit radiostykk er praten som kjem mellom musikkinnslaga, og det er gjerne mellom tre og seks minutt langt. Her bør det påpeikast at denne tradisjonelle oppdelinga ikkje er gjeldande i alle radioprogram og -kanalar. Til dømes er det gjerne lengre mellom musikkinnslaga på P2 enn på P3. Sjølv om produksjonen av radioprogram og podkastar er ulik, betyr ikkje det at dette har stor innverknad på kva lyttarane konsumerer. Mange av dei mest populære podkastane i Noreg er nettopp slike som i utgangspunktet er radioprogram (*Podtoppen*, u.å.a).<sup>7</sup> Noko anna som skil podkasting frå radioproduksjon, er at podkasting i større grad opnar for ikkje-profesjonell produksjon (Liestøl og Rasmussen, 2007, s. 57).

*DSP* (2020, s. 27) presenterer den norske podkastlyttinga som svært *fragmentert*: Norske podkastlyttarar høyrer på veldig mykje forskjellig. Humor blir trekt fram som den mest populære sjangeren, men òg emna vitskap, nyhende, «true crime» og historie appellerer breitt (*DSP*, 2020, s. 36). At podkastar handlar om ulike emne, på same måte som radio- og tv-program, avisartiklar og bøker gjer det, fører med seg at podkastar er ganske forskjellige frå kvarandre. Til dømes kan emnet for podkasten har noko å bety for kor formell han er: Ein humor- og underhaldningspodkast er gjerne mindre formell enn ein nyhendepodkast. For å forklara kva som er meint med formell og uformell i denne samanhengen, kan ein tenkja seg to ytterpunkt: (1) Ein nyhendepodkast der eit ferdigskrive manus ligg til grunn for monologen som blir teken opp, redigert og publisert, der programverten først og fremst er nyhendeforbidlar. (2) Ein humorpodkast der planen for episoden er nokre stikkord for kva ein kan tenkja seg å koma innom, der programvertane først og fremst ønskjer å underhalda. I (2) vil gjerne programvertane bruka seg sjølve, sine egne individuelle særpreg og opplevingar og kjemien seg imellom i stor grad, medan det i (1) er viktigare at programverten framstår sakleg og objektiv. Det er grunn til å tru at språket i desse to ytterpunkta ikkje vil vera likt. Til dømes kan mengda og typen manus vera utslagsgivande, noko eg kjem tilbake til i 2.1.4. Døme på podkastar som liknar ytterpunkt (1) er nyhendepodkastane *Forklart* (Aftenposten) og *Oppdatert*

---

<sup>7</sup> Om det at ein podkast er laga som podkast eller som radioprogram har følger for språket, er eit tema i intervjuet med produsenten til FRI. Dette blir presentert i 5.3.

(NRK). Her finst det mange døme på monologprega episodar, der lydklipp med sitat frå andre, eller anna lyd som illustrerer den relevante nyhendesa, er redigert inn. Innimellom inkluderer podkastane redigerte intervju. Døme på podkastar som liknar ytterpunkt (2) er alle dei som er gjenstand for denne undersøkinga: *Tusvik & Tønne, Friminutt, Jan Thomas og Einar blir venner og Harm & Hegseth*. Når eg presenterer desse døma på dei to ytterpunkta, er det med atterhald om mitt avgrensa innsyn i produksjonen. Desse ytterpunkta er derfor presenterte frå eit lyttarperspektiv, og er altså basert på korleis podkastane framstår for lyttaren.<sup>8</sup> Når eg her presenterer to ytterpunkt, er det klart at podkastar ikkje er anten formelle eller uformelle, og det treng heller ikkje vera ein samanheng mellom formalitetsgrad og innhald. Podkasten *Baarli og Benjamin går i terapi* kan vera eit døme på det siste: Med utgangspunkt i at Niklas Baarli og Benjamin Silseth treng parterapi for at forholdet deira skal fungera, inviterer dei norske kjendisar inn i studio for å vera terapeutar. Sjølv om det her er mange alvorlege og personlege tema som blir diskuterte, skjer det heile på ein lettbeint og uformell måte.

### 2.1.2 Historie og popularitet

Den første podkasten vart lansert i 2005, og den første norske podkasten dukka opp i september same år. Radioprogrammet *Kurer* som gjekk på *NRK P2*, vart i tillegg til å bli sendt på radio, òg publisert som podkast. Seinare har podkast utvikla seg til å bli eit eige medium. Etter modell frå USA har det etter kvart blitt fleire og fleire podkastar som er laga utelukkande for å vera podkastar (Lyngvær et al., 2017, s. 122). Utviklinga gjekk forholdsvis sakte, men etter kvart som det vart vanlegare å ha smarttelefonar, tok podkastlyttinga og -produksjonen seg opp (Bonini, 2015, s. 24; Bottomley, 2015, s. 165). 2014 blir ofte omtalt som eit sentralt år, fordi det var då den amerikanske podkasten *Serial* kom ut. Podkasten vart lasta ned 77 millionar gonger på dei første sju månadane (Bottomley, 2015, s. 165). Bonini (2015, s. 26) meiner *Serial* representerer eit vendepunkt for mediet, nettopp fordi serien vart så populær: Dei mange millionane som lasta ned serien, bidrog til at podkast vart eit «massemedium».

I dag er podkastproduksjonen større og breiare enn nokon gong før. I *DSP* (2020, s. 12) kjem det fram at 60 prosent av nordmenn lyttar til podkastar i større eller mindre grad, og at 38 prosent lyttar regelmessig. Dei ivrigaste lyttarane er forholdsvis unge: I aldersgruppa 20-29 år lyttar 60 prosent på podkast kvar veke, og 38 prosent dagleg (*DSP*, 2020, s. 13). Rapporten viser også til at podkast framleis er i vekst, då lyttinga er aukande (*DSP*, 2020, s. 15). Norske

---

<sup>8</sup> Nokre av funna i intervjuet med podkastaktørane har gitt meg meir innsikt enn eit vanleg lyttarperspektiv. Dette gjeld likevel hovudsakleg ytterpunkt (2), så lyttarperspektivet er det sentrale for denne inndelinga.

lyttarar har tilgang på podkastar frå heile verda, men podkast skil seg tydeleg frå andre bestillingstenester (som til dømes strøymetenester som *Netflix*), fordi 84 prosent av konsumet til norske lyttarar er norskspråkleg (*DSP*, 2020, s. 25). Det kjem ikkje fram av rapporten kva språk dei resterande 16% av podkastane er på, men ved å sjå på *iTunes* og *Spotify* sine topplister, finn ein mest engelskspråklege, men også svenske og danske podkastar.<sup>9</sup>

### 2.1.3 Tidlegare forskning på podkast

Podkast er eit forholdsvis nytt medium som førebels er lite undersøkt. I 2015 konkluderte Bonini (2015, s. 22) med at podkast stort sett er undersøkt som lærings- og undervisningsverktøy, medan ein fann få mediestudium av sjangeren. I Noreg har det i seinare tid kome fleire prosjekt med eit medievitenskapleg perspektiv. Til dømes finst det fleire masteroppgåver: Jansen (2017) har analysert korleis dei kommersielle, frittstående «komikarpodkastane» kan generera inntekter, i tillegg til å gi ein generell introduksjon til kva podkasting er, og kva som kjenneteiknar podkastsituasjonen i Noreg. Thyrum (2018) har analysert podkastane *Aftenpodden* (Aftenposten) og *Giæver & Joffen* (VG), for å forstå motivasjonen bak etableringa av podkastane, og kva forventingar mediehusa og journalistane sjølve har til det journalistiske produktet, medan Andersen (2019) undersøkte korleis studentar brukar podkast og korleis profesjonelle aktørar jobbar med podkastmediet. Felles for desse masteroppgåvene, er at dei seier lite eller ingenting om sjølve språket som blir nytta i podkastane. Det er derimot gjort fleire undersøkingar på språk i radio, som må seiast å vera det næraste ein kjem undersøkingar av podkastspråk.

### 2.1.4 Radiospråk i Noreg

Å sjå til undersøkingar av radiospråk heller enn til dømes undersøkingar av tv-språk eller avisspråk, er gjort med grunnlag i dei mange likskapstrekk mellom podkast- og radioproduksjon som vart presenterte i 2.1.1. I artikkelen *Radioforskning – en översikt* (1999, s. 63) peikar Åberg et al. på at det i den offentlege nordiske diskursen har vore språkrøktsinteressa og språkpolitiske spørsmål som har dominert diskusjonen rundt språket i radio og fjernsyn. Her nemner dei òg normgivande skrifter som kringkastingsinstitusjonane har utarbeida til bruk for radiojournalistar.<sup>10</sup> Vidare blir det peika på at nyhendesendingar er

---

<sup>9</sup> Topplistene vart lesne 17.12.2020.

<sup>10</sup> Åberg et al (1999, s. 62) viser til fleire typar radiospråksundersøkingar, der den angloamerikanske konversasjonsanalyseretninga (e. *conversation analysis*, CA), som spesifikt tek føre seg verbalspråket i kringkastingsmedia, blir trekt fram som sentral.

programtypen som er skildra mest utfyllande. Både i nordisk og i internasjonal samanheng har det blitt forska på kor forståeleg nyhendespråket er, både lingvistisk og psykolingvistisk. I tillegg blir det nemnt tre format ved radiomediet som har fanga forskarar si interesse: innringingsformatet («phone-in»), plateprate-formatet («DJ-talk») og snakkeprogrammet («talk-show» / «talk radio»). Dei påpeikar vidare at enkeltstudiar som oftast avgrensar undersøkinga til eit bestemt programkonsept innan ein bestemt kultur, og at dei tre formata ofte blir kombinerte innanfor same programkonsept. Særleg undersøkingar av snakkeprogrammet kan vera nyttige å sjå på her. Eit døme på dette finn ein i Vagle (1990). Det er ei stund sidan Åberg et. al (1999) summerte opp radioforskinga, så det vil vidare vera nyttig å sjå til Nesse (2018) sitt oversyn over radio som munnleg sjanger.

I *Radio og fjernsyn: Muntlige medier* gir Nesse (2018) eit overblikk over sjangeren. Fordi språket som har vorte snakka i radio og fjernsyn har blitt høyrte ofte av mange, har dette språket hatt betydning for norsk språkhistorie (Nesse, 2018, s. 99). NRK og språkreglane dei har praktisert tek mykje plass i den norske radiospråkhistoria, då språket NRK har nytta har vore med på å forma lyttarar sine haldningar til kva som er godt og rett språk i radio og fjernsyn (Nesse, 2018, s. 99). Ifølgje Nesse (2018, s. 99) verkar språkreglane frå 1981 å framleis vera gjeldande for haldningane folk har til språket i NRK: «Norsk rikskringkasting skal vere eit føredøme i rett norsk språkbruk». I denne samanhengen bør det nemnast at mykje av språkhistoria til NRK er prega av diskusjon kring og balansen mellom nynorsk, bokmål, dialekt og standardtalemål.<sup>11</sup> Eit viktig poeng er at det frå første stund blei akseptert eit språkleg mangfald i NRK (Nesse, 2018, s. 96). Etter kvart har ein bevega seg lengre og lengre vekk frå dei standardiserte talemåla, og mot meir fri dialektbruk. Nesse (2018, s. 106;118) nemner òg endringa av omgangstone som sentral: Omgangsforma har blitt meir uformell i alle typar program. Omlegginga i bruk av høflegheitsformer og haldningar til intervjuobjekta handlar om kven som er hovudpersonen i ei radio- eller tv-sending, og Nesse (2018, s. 107) spør vidare om dette er lyttarane, intervjuobjekta eller journalistane. Vidare viser ho til at ein kanskje kan hevda at ei lyttarorientert innstilling har måtta vika for ei journalistorientert innstilling.

Nesse (2018, s. 118) påpeikar at det ikkje lengre er språket i radio og fjernsyn som er dei viktigaste leverandørane av mediespråk, då mange (særleg yngre) har nettbasert kommunikasjon som ein større del av sitt mediekonsum. Nesse (2018, s. 118) hevdar vidare at for munnleg språk, er det framleis radio og fjernsyn som er det viktigaste i den språklege medierøynda vår. Det er uklart om «radio» her inkluderer podkast, eller om podkast heller bør

---

<sup>11</sup> Fordi dialektbruk ikkje er sentralt i denne undersøkinga, vil eg ikkje gå nærare inn på dette.



plasserast under paraplyomgrepet «nettbasert kommunikasjon». Den viktigaste endringa i denne samanhengen, er at ein no har mange fleire kanalar å velja mellom: Dette inneber at alle ikkje lengre høyrer det same språket (Nesse, 2018, s. 118). Nesse (2018, s. 118) konkluderer med at dette gjer at den einskaplege påverknaden språket i radio og fjernsyn kan ha på oss som kollektiv, truleg blir svekka.

Ei anna side som er vesentleg å trekkja fram er at særleg i den tidlege delen av radiohistoria var mykje av det talte språket basert på det som blir kalla «skriftlege førelegg», altså manus. Nesse (2018, s. 97) skriv at ein dermed kan spørja om radio var ein skriftleg eller munnleg sjanger den første tida. I Vagle (1990) sin teoretisk-empiriske studie av radiospråket, *Radiospråket – talt eller skrevet?* er det undersøkt om variasjonen i radiospråket kan skildrast som ein variasjon langs ein skala frå tale- til skriftspråk, og om det finst ein samanheng mellom språkbruk og sosial kontekst (konkretisert i teksttype) i radiospråket. Resultata styrkar hypotesen om at radiospråk er ei blanding av tale og skriftspråk, men at samanhengen mellom språkplanlegging og sosialt fellesskap ikkje er den same i radiosituasjonar som i tale- og skriftsituasjonar (Vagle, 1990, s. 210). Vagle (1990, s. 211) viser til at språket som blir snakka på radio i stor grad er avhengig av skriftspråket: Til dømes nemner ho bruk av manus, høvet til å nytta eit formalisert skjemaspråk (til dømes i vêrmeldingar), journalistar sine tidlegare erfaringar med å arbeida med skriftmedium og innhenting av stoff frå skriftlege kjelder.

Seinare har Ytreberg (2008, s. 24) omtalt talespråk basert på manus for «det planlagt spontane»: Dette er kjenneteikna av at manuset skal skrivast som om det ikkje eksisterte eit manus, fordi publikum ikkje skal merka at det er førebudd. Med grunnlag i det Lyngvær et al. (2017, s. 101) skriv om radio- og podkastproduksjon, er det grunn til å tru at skriftlege førelegg framleis blir brukte i større eller mindre grad, både i radioproduksjon og podkastproduksjon. Det ligg nær å tru at det er stor variasjon i om, korleis og i kva grad manus blir nytta i ulike podkastar. Frå eit lyttarstandpunkt framstår nokre podkastar som ganske skriftspråksnære, medan dei mest uformelle ikkje verkar å vera knytte til manus i det heile. Dette blir undersøkt nærare i intervjuar med podkastaktørane (sjå kapittel 5).

### 2.1.5 Oppsummering

Som nemnt har podkastar mange likskapstrekk med tradisjonell radio, men det kan vera nyttig å samanfatta skilnadene: For det første er det skilnader på lyttarsida, der ein podkastlyttar aktivt oppsøker programmet han vil høyra på, noko som gjer lyttaren til ein *dedikert lyttar*. På produksjonssida kan det nemnast at podkastar ikkje er direktesende, og at podkastformatet er meir fleksibelt med tanke på lengd. Ein likskap mellom radio og podkastar er at det er skilnad

frå program til program i kor formelle eller uformelle dei er. I framhaldet vil sider ved skilnaden mellom radio og podkast bli trekt fram i intervjuet i kapittel 5. Der vil òg bruk av manus og planlegging av podkastproduksjonen vera sentrale spørsmål. Dei fire podkastane som blir undersøkte i denne oppgåva, er alle det Lyngvær et al. (2017, s. 122) kallar «ordentlege podkastar».

## 2.2 Engelsk i norsk

Det er ikkje eit nytt fenomen at ein finn engelske innslag i det norske språket. Det er derfor nyttig med ein introduksjon til korleis engelsk har fått den statusen språket har i dag, både globalt og i Noreg. I 2.2.1 blir engelsk sett på i eit globalt perspektiv, før det i 2.2.2 blir presentert korleis engelskpåverknaden i norsk har vore, og korleis dette har blitt motteke.

### 2.2.1 Generelt om engelsk påverknad og statusen til engelsk

Engelsk har utvikla seg til å bli eit globalt språk, kanskje til og med eit *lingua franca*. I følge Mæhlum (2007, s. 158) er eit *lingua franca* eit felles kommunikasjonsmiddel for språkbrukarar med ulik språkleg bakgrunn. I boka *Language policy* skriv Spolsky (2004, s. 76) at det er generell semje om at engelsk i dag er i ein sterkare posisjon i verda enn noko anna notidsspråk er og noko anna historisk språk har vore. For å forklara statusen engelsk har i dag peikar Crystal (2003, s. 59) i boka *English as a global language* på to hovudårsaker: utvidinga av britisk kolonimakt som nådde toppen mot slutten av 1800-talet og framveksten av USA som leiande økonomisk makt på 1900-talet. Crystal (2003) utdjupar dette, med vekt på historisk kontekst, kulturelt fundament og kulturarv. For å belysa den historiske konteksten, fokuserer Crystal i hovudsak på ulike land som har vore sentrale som kolonimakter eller som koloniserte område. Frå det kulturelle perspektivet blir ei rekkje sentrale punkt utdjupa: politisk utvikling, tilgang til kunnskap, internasjonale relasjonar, media (presse, reklame, kringkasting, film og kino og populærmusikk), internasjonalt reiseliv, internasjonal tryggleik, utdanning, kommunikasjon, og at engelsk var «på rett stad til rett tid». Spolsky (2004) presenterer spekulasjonar om at spreinga av engelsk skal vera eit resultat av klok eller sjølvcentrert språkadministrasjon, men tilbakeviser moglegheita for dette. Han meiner avgjersler om språkpolitikk har vore involvert, men at dei viktigaste faktorane som påverkar spreinga av engelsk i dag, ikkje er imperium eller kampanjar for spreing av språket. Spreinga i seinare tid handlar blant anna om «the changing nature of the world», som kan tolkast i retning av *globalisering* (Spolsky, 2004, s. 88). Dette kan sjåast i lys av det Bull et al. (2018, s. 495) skriv i *Andre språk i Noreg*:

Globalisering krev engelsk, blir det hevda. Dette har ført til at kulturstraumen og importordstraumen berre har ei retning, *frå* engelsk *til* andre kulturar og språk. Dels kan det skuldast sosiale konvensjonar; di meir engelsk vi importerer, di meir blir vi vane med engelsk. Di meir engelsk vi bruker, di meir engelsk kjem generelt i bruk, og di meir attraktivt blir det å lære seg engelsk. Det oppstår ein snøballeffekt. Men mest av alt handlar det om ideologiske maktstrukturar som sjølve globaliseringa er det fremste uttrykket for.

Denne snøballeffekten kan sjåast i lys av ein av Spolsky (2004, s. 91) sine konklusjonar: Engelsk som globalt språk har blitt ein faktor som alle nasjonar må ta omsyn til i språkpolitikken sin.

### 2.2.2 Historiske føresetnader for engelsk påverknad i norsk

At ein finn engelske innslag i det norske språket, er ikkje eit nytt fenomen. Ein finn spor av engelskspråkleg påverknad i norsk allereie på 1700-talet, men det var først etter andre verdskrig at påverknaden frå den angloamerikanske kulturen verkeleg auka i omfang (Graedler og Johansson, 1997, s. 8; Mæhlum, 2007, s. 163; Omdal, 2008a, s. 11). Her kan det òg nemnast at engelsk og norsk høyrer til same grein av den indoeuropeiske språkfamilien, og at det derfor er mange ord som i utgangspunktet er svært like (*natt/night, dag/day, hus/house*) (Bull og Swan, 2009, s. 213-214). Påverknad frå det angloamerikanske er ikkje spesielt for nordiske språk, men heller er ein del av globaliseringstendensen (Omdal, 2008a, s. 11), men Graedler og Johansson (1997, s. 8) peikar på nokre konkrete historiske og kulturelle føresetnader for at engelsk har fått så sterkt innpass i norsk. Her kan kontakt med dei britiske øyene og USA på 1800-talet og Noreg si rolle som alliert under andre verdskrig nemnast. Etter andre verdskrig vart Noreg si orientering utover mindre retta mot Tyskland og kontinentet, og meir mot England og USA. Dette skiftet kan ein blant anna tydeleg sjå i framandspråksundervisinga i skulen, der engelsk gjekk over til å bli første framandsspråk (Graedler og Johansson, 1997, s. 9). På same måte som elles i verda, har den teknologiske utviklinga også vore viktig i Noreg. Utbreiinga og utviklinga av nyare medium som tv, film, video og datakommunikasjon har ført til at informasjon blir distribuert raskare enn tidlegare, og over store delar av verda samtidig. I følgje Graedler og Johansson (1997, s. 9) er dette nokre av dei mest sentrale føresetnadane for at importen skyt fart mot slutten av 1900-talet.

#### 2.2.2.1 Importord og anglonorsk

Endringane i ordforrådet er dei største språklege endringane i dei nordiske språka – større enn endringane i fonologi, morfologi og syntaks (Omdal, 2008a, s. 10). Ein reknar vanlegvis starten på anglistemeforskinga i Noreg til rundt andre verdskrig, då Stene (1945) samla inn og

dokumenterte rundt 500 engelske lånord til avhandlinga *English Loan-Words in Modern Norwegian* (Sunde, 2019, s. 18). Stene (1945, s. 210-211) skreiv at «Numerically the body of E [English] loan-words in Mod. N [Norwegian] is not impressive», men at talet engelske lånord moglegvis ville auka. Dette fekk ho rett i (sjå til dømes *Anglismeordboka*, Graedler og Johansson, 1997). I takt med at engelsk har blitt hovudleverandør av importord til norsk, har nordmenn sin engelskkunnskap auka. Omdal (2008b, s. 77) peikar på at føresetnadane blant språkbrukarar til å ta i bruk og eventuelt tilpassa importord til norsk har vore annleis tidlegare, blant anna fordi allmennutdanninga har eit heilt anna omfang i vår tid enn for beste- og oldeforeldra våre. Importfenomenet sette etter kvart i gang ein debatt og både forskarar og lekfolk var uroa på vegner av det norske språket (Graedler og Johansson, 1997, s. 9). Mange byrja å frykta at anglisismane skulle bli *for* dominerande, og at ein ville enda opp med *anglonorsk*: ei blanding av norsk og engelsk (Mæhlum, 2007, s. 166).<sup>12</sup> Graedler og Johanson (1997, s. 9) påpeikar at det finst dei som meiner at det at eit språk tek opp nye ord viser at språket er levande. Til dømes påpeikar Andersen (2006, s. 32) at anglisismar kan representera språklege nyansar som det norske alternativet ikkje dekkjer. Han meiner bruken av dei «faktisk kan være en leksikalsk berikelse, f.eks ved at vi har alternativene *døll* og *kjedelig*, som ikke betyr det samme, men som eksisterer side om side og representerer språklige nyanser».<sup>13</sup> Likevel verkar det som den generelle tendensen er motstand: Mæhlum (2007, s. 166) omtalar blandinga som uheldig, og ho verkar ikkje å vera åleine om å ønskja at anglisismane ikkje skal ta overhand.

Det er òg gjort fleire undersøkingar av haldningane til lekfolk, med litt ulike resultat. Her kan mellom andre Vikør (2006) og Selback og Kristiansen (2006) i MIN-prosjektet nemnast. I Selback og Kristiansen (2006) si undersøking av underbevisste språkhaldningar, viste det seg at nordmenn var det nordiske folket som var mest positiv til engelsk i materialet. Hjå Vikør (2006, s. 84) kom det blant anna fram at kjønn hadde lite å bety for kor positiv eller negativ ein er til engelsk, medan variablar som bustad, alder og utdanning hadde meir å bety. Seinare har Graedler (2014) freista å finna underliggande haldningar til språket, ved å undersøka korleis engelsk er omtalt i norske aviser mellom 2008 og 2012. Resultata viser at sjølv om ho fann positive oppfatningar av engelsk ganske frekvent, var hovuddelen av funna uttrykk der engelsk

---

<sup>12</sup> Sjå til dømes innleiinga til kapittelet *Engelsk som problem* i Brunstad (2001, s. 75) si doktoravhandling, eller Vikør (2005, s. 303) si innleiing til artikkelen *Haldningar til anglisismar i Noreg og Norden* som presenterer tal frå ei meningsmåing.

<sup>13</sup> Andersen (2006, s. 31) presiserer at han ikkje vil fremja eit bestemt syn i debatten, men påpeikar likevel «(...) det er klart at å velge engelske ord hvor det finnes klare norske alternativer, ofte kan virke lite gjennomtenkt». Han viser også til at bruken av engelske ord i norsk kan vekka reaksjonar hjå mange, og at det derfor ofte vil vera ønskjeleg å freista å finna norske alternativ til importorda i form av avløysarord.

blei sett i eit negativt lys (Graedler, 2014, s. 291).<sup>14</sup> På den andre sida skriv Bull og Swan (2009, s. 218) at det er mykje som tyder på at det blant unge er prestisje å bruka engelsk for å visa at ein identifiserer seg med den dominante angloamerikanske kulturen. Dei påpeikar at dette i stor grad gjeld munnleg bruk av språket. Vidare skriv dei at det er mykje som tyder på at det har blitt lettare reint psykologisk å bruka kjenslesterke uttrykk (både negative og positive) på engelsk heller enn på norsk (Bull og Swan, 2009, s. 218).<sup>15</sup>

Eit sentralt spørsmål er *kva* som blir importert. Jarvad (2007, s. 10) diskuterer kvar importorda kjem frå, og kommenterer at «engelsk er mange ting». Ved å sjå på dei kulturelle straumane som pregar samfunna i Norden, er det grunn til å tru at mange av importorda kjem frå amerikansk-engelsk. Dette blir eksemplifisert med britisk-engelske ‘trousers’ mot amerikansk-engelske ‘jeans’.<sup>16</sup> Omdal (2008a, s. 10) meiner at det i løpet av nokre tiår kan dreia seg om fleire tusen nyord, og at ordforrådet vårt er i konstant endring, ved at nye ord kjem inn, medan andre ord forsvinn. Endringane har framfor alt samanheng med menneskeleg kultur og samfunnsutvikling, ved at ein kan sjå at kulturimpulsar gjennom historia avspeglar seg i utviklinga i ordforrådet (Omdal, 2008a, s. 11). Andersen (2006, s. 28) viser til at ein stor del av importorda er henta frå kulturelle område der påverknaden frå angloamerikansk kultur er sterk. Han nemner musikk, sport, film/TV/underhaldning, og mat og drikke som døme jf. ord som *indieartistene*, *innebandy*, *location* og *smoothie*. Vidare viser han til at mange importord kjem frå fagterminologi, til dømes innan datateknologi, økonomi og næringsliv, reiseliv og turisme og kosmetikk, med døme som *online*, *hedgefond*, *booking* og *lipgloss*. Bull et al. (2018, s. 488) peikar òg på at engelske importord oftast kjem saman med eller parallelt med kultur-, teknologi- og annan påverknad. Ved sidan av desse er det også mange importord som ikkje er knytt til noko fagleg eller kulturelt bestemt område, men som er ein del av eit allment vokabular. Dette er ord som *babyboom*, *joine* og *happening*. Bull og Swan (2009, s. 220) skriv at det òg finst ein praksis med å tilsynelatande heilt umotivert låna erstattarord for etablerte norske ord, som til dømes *dull* for *kjedeleg* og *taxi* for *drosje*.

---

<sup>14</sup> Den mest frekvente konseptuelle metaforen Graedler (2014, s. 291) fann i bruk, var SPRÅK SOM EI INVADERANDE KRAFT, altså ein metafor der engelsk blir framstilt som ein trussel mot det norske språket.

<sup>15</sup> Her blir blant anna *banning* og å unnskylda seg nemnt: «Dei fælaste engelske banneorda er ikkje så grove i skandinaviske øyre» og «Ein orsakar seg liksom litt mindre når ein seier *sorry* enn om ein seier *orsak* eller *unnskyld*» (Bull og Swan, 2009, s. 218).

<sup>16</sup> Jarvad peikar òg på moglegheita for at importord *ikkje* kjem frå eit engelsktalande område, men at det kjem frå til dømes euroengelsk, eller eit nasjonalt ord etter engelsk førebilete. Her trekkjer ho fram varemerket ‘walkman’ som er danna på japansk grunn. Dette dømet illustrerer at globaliseringa har gjort engelsk til nettopp «mange ting».

### 2.2.2.2 Domenetap

Utover 2000-talet skifta det språkpolitiske fokuset, og myndigheitene vart mindre opptekne av korpuspåverknaden med det stadig veksande talet på importord, og meir opptekne av statusen til dei nordiske språka og *domenetap* (Brunstad, 2003, s. 117; Sunde, 2019, s. 12). I St.meld. nr. 35 (2007-2008), *Mål og meining: Ein heilskapleg norsk språkpolitikk* er domenetapsproblematikken sentral.<sup>17</sup> Det overordna perspektivet er å styrka norsk språk, og det overordna målet for språkpolitikken er formulert slik: «(...) å sikra det norske språkets posisjon som eit fullverdig, samfunnsberande språk i Noreg» (St.meld. nr. 35 (2007-2008), s. 15). Heilt sentralt er det at norsk er hovudspråk og nasjonalspråk i Noreg.<sup>18</sup>

Domenetap er òg eit bakteppe i Prop. 108 L (2019-2020) (Proposisjon til Stortinget (forslag til lovvedtak): Lov om språk (språklova)).<sup>19</sup> Prop. 108 L (2019-2020) er eit framlegg til ei språklov som skal erstatta den gjeldande mållova frå 1980. Proposisjonen skal leggja grunnlaget for ein offensiv språkpolitikk, og eit hovudmål med denne språkpolitikken er «å sikre norsk som hovudspråket i Noreg, som samfunnsberande språk for heile landet, og som forvaltningspråk i alle sektorar» (Prop. 108 L (2019-2020), s. 7). Grunnlaget for proposisjonen er at «(...) engelsk utgjer eit press mot det norske språket på fleire sentrale samfunnsområde. Derfor er det nødvendig med ei lovfesting av norsk språk og å klargjere statusen for dei andre språka den norske staten har ansvar for» (Prop. 108 L 2019-2020, s. 7).

Når domenetap har blitt diskutert, har det primært vore høgare utdanning, forskning og delar av næringslivet som blir peika på, men ein har også retta merksemd mot teknologi og terminologiarbeid (Bull et al., 2018, s. 492). Domenetap er truleg ikkje sentralt i denne undersøkinga, men kan vera eit nyttig bakteppe for å kunna svara på forskingsspørsmål (3), då det kan tenkjast at omtale av domene som er sterkt påverka av engelsk, kan føra til ein hyppigare frekvens av engelske innslag når samtalen i utgangspunktet føregår på norsk.<sup>20</sup> Til dømes kan ein sjå på masteroppgåva til Staaby (2011), der dataspelsamtalen som sosiolingvistisk sjanger er undersøkt. Staaby (2011, s. 111) fann blant anna at deltakarane i dataspelsamtalen hadde teke i bruk eit svært spesialisert omgrepsapparat, blant anna med mange engelske lånord med

---

<sup>17</sup> Stortingsmeldinga byggjer på eit utgreiingsarbeid i regi av språkrådet *Norsk i hundre!* frå 2005 (Bull et al., 2018, s. 492).

<sup>18</sup> Eit fullverdig språk er eit språk som har «slik status at det kan brukast i alle samanhengar, og at det har utvikla eit spesialisert ordforråd som gjer at det er i levande bruk i alle delar av samfunnslivet, på alle språklege bruksområde og i alle språklege bruksfunksjonar» (St.meld. nr. 35 2007-2008, s. 15).

<sup>19</sup> Den ferdige lova *Lov om språk (språklova)* vart kunngjort 21. mai 2021, og trer i kraft 1. januar 2022. (Språklova, 2021).

<sup>20</sup> 3) *Kva har ulike samtaleemne å bety for når lyttaren møter engelsk i desse podkastane?*

referensiell funksjon. Staaby (2011, s. 62) samanliknar andelen engelske ord han fann i undersøkinga si, med tal presenterte hjå Johansson og Graedler (2002, s. 85):

Teksttype	Nyere engelske lånord per 1000 ord i løpende tekst
Skjønnlitteratur (Anne Kristin Eriksen, 1992)	1,9
Artikler om mote og klær fra aviser og blader (Inger Valberg, 1990)	12,0
Avisartikler om fotball (Nils Kobberstad, 1990)	19,2
Artikler om popmusikk fra aviser og blader (Ingrid Devenish, 1990)	23,0
Elektroniske prategrupper (Lise Tranum Nordli, 1998)	34,3

Tabell 1. Nyare engelske lånord per 1000 ord i løpende tekst (Johansson og Graedler, 2002, s. 85).

Johansson og Graedler (2002, s. 85) påpeikar at det er mange uvisse moment i ei slik teljing og legg ikkje vesentleg vekt på tala vidare. Det er likevel interessant at Staaby (2011, s. 62) finn heile 86,8 engelske ord per 1000 i materialet sitt. Det bør her nemnast at Staaby har undersøkt munnleg språk, medan dei andre tala er henta frå skriftlege kjelder. Staaby (2011, s. 62) påpeikar at det ikkje er stor variasjon i kva ord som blir nytta, men at desse orda blir nytta hyppig. Dersom ein tenkjer seg *dataspel* som eit lite «domene», kan det tenkjast at ein i tillegg til å bruka forholdsvis mykje engelsk når ein snakkar medan ein spelar, og kanskje brukar mykje engelsk når ein snakkar om spelet eller om å spela det.

### 2.2.2.3 Oppsummering og eit blick på framtida

I denne gjennomgangen av engelsk påverknad i norsk har fleire sentrale sider blitt presenterte. Sjølv om tilsiget av anglisismar verkar å framleis vera aukande, er det tydeleg at frå ein språkpolitisk ståstad, er domenetapsproblematikken det mest sentrale på 2000-talet. Både St.meld. nr. 35 (2007-2008) og Prop. 108 L (2019-2020) viser at dette er eit svært sentralt bakteppe for myndigheitene. Det kan tenkjast at det her finst eit skilje mellom myndigheitene og lekfolk: For folk som har lite kontakt med bransjar som er spesielt utsette for domenetap, vil denne utfordringa truleg vera noko ein ikkje tenkjer mykje på i kvardagen. Kanskje vil det aukande talet på engelske omgrep vera meir nærliggjande i kvardagen til mange. Kanskje er det òg mogleg å kopla dette saman: Andersen (2006, s. 28) og Bull et al. (2018, s. 488) viser til at importorda er henta frå kulturelle område der påverknaden frå angloamerikansk kultur er sterk. Dersom ein ser føre seg slike kulturelle område som «små domene», kan det tenkjast at bruken av engelsk vil vera meir frekvent når desse skal omtalast, samanlikna med omtale av kulturelle område som er mindre påverka av angloamerikansk kultur (sjå til dømes Staaby (2011)).

Eit nyare perspektiv ein kan sjå til, er doktoravhandlinga *Skjult påvirkning. Tre studier av engelskpåvirkning i norsk*, der Sunde (2019, s. 80) i tillegg til dei direkte og indirekte låna på ordnivå, tek føre seg direkte og indirekte fraseologiske lån og strukturelle lån.<sup>21</sup> I ein av studiane viser Sunde (2018, s. 29) til Gottlieb (2012) og Thomason og Kaufman (1988) og skriv at saman med auka kodeveksling, viser indirekte og strukturelle lån teikn på meir intens språkkontakt.

I eit framtidsretta perspektiv kan ein sjå til Bull et al. (2018, s. 495) som skriv at det sjølvsagt er umogleg å spå korleis utviklinga vil halda fram. Sjølv om engelsk no er det globale lingua franca, så heng det saman med makt- og hegemonisituasjonen som aldri er statisk. Andre, nye og skiftande maktrelasjonar i verda kan flytta det politiske og økonomiske tyngdepunktet. Bull og Swan (2009, s. 236) peikar på at ein i dag treng eit felles språk for å kommunisera på tvers av språkgrensene, og at det er ein fordel at mange nordmenn meistrar engelsk på eit rimeleg nivå, då dette språket i dag er engelsk.

---

<sup>21</sup> Eit døme på direkte fraseologiske lån er *paye off* etter engelsk *pay off* (Sunde, 2018, s. 19). Eit døme på indirekte fraseologiske lån er *for nå* etter engelsk *for now* (Sunde, 2018, s. 21). Eit døme på direkte strukturelle lån er *klikks* med engelsk fleirtals-*s* (Sunde, 2018, s. 25). Eit døme på indirekte strukturelle lån er *hvem å spørre* etter engelsk *who to ask* (Sunde, 2018, s. 28).



## 3 Teori

I dette kapittelet vil eg gjera greie for det teoretiske grunnlaget undersøkinga og analysen byggjer på. I 3.2 vil teoriar kring lån, låneprosessar og tilpassing presenterast. Sentrale teoretiske bidrag er henta frå Graedler og Johansson (1997), Sandøy (2000), Johansson og Graedler (2002) og Andersen (2006) Vidare blir det henta perspektiv frå Sunde (2016; 2018; 2019), Vikør (2018), Jenstad (2016) og Andersen (2012; 2015). I tillegg er prosjektet *Moderne importord i språka i Norden* (vidare kalla *MIN-prosjektet*) sentralt.<sup>22</sup> I 3.3 gjer eg greie for teoriar om kodeveksling. Dette er eit mykje diskutert omgrep og felt, og diskusjon om dette finn ein blant anna i Myers-Scotton (1992; 2000; 2002), Poplack (2000), Wei (2000), Gardner-Chloros (2009), Lie (2011) og van Ommeren (2016).<sup>23</sup> Her blir det òg trekt inn perspektiv frå psykolingvistikken, henta hovudsakleg frå Warren (2013). Vidare blir det peika mot transspråking (e. *translanguaging*), som kan reknast som eit nyare og vidare perspektiv på fleispråklegheit. Her blir Canagarajah (2011), García (2012) og García og Wei (2014) nytta. I 3.5 trekkjer eg inn samtaleteori som gir eit litt anna perspektiv på materialet og som er naudsynt for å kunna omtala «podkastsamtalane». Her har eg støtta meg på Svennevig (2009). Øvrige teoretiske bidrag blir presenterte fortløpande der dei blir nytta. Kapittelet gir eit overordna teoretisk grunnlag til studiet av lån og låneprosessar, og til studiet av kodeveksling. Meir detaljerte framstillingar av spesifikke teoretiske birdag kan bli trekte fram i analysen og drøftinga.

### 3.1 Lån, låneprosessar og tilpassing

#### 3.1.1 Ordtilfang: Importord, lånord, framandord og orddanning

Når ein omtalar ordtilfanget må ein i utgangspunktet skilja mellom *arveord* og *importord*. Arveord er den delen av ordtilfanget som er nedarva frå urnordisk, eller eventuelt frå tidlegare språk som indoeuropeisk (Sandøy, 2000, s. 19; Jenstad, 2016, s. 457). Ordet *greit* (av norrønt) og *hus* (av indoeuropeisk) er arveord (Sandøy, 2000, s. 19; NAOB, *hus*). Dei orda som ikkje er arveord, kan kallast importord. Dette er ord som er importerte inn i språket på eit seinare steg enn urnordisk. Sjølv omgrepet importord vart danna av Erik Hansen og Jørn Lund i 1994, og vart særleg mykje brukt i samband med MIN-prosjektet (Jarvad, 2007, s. 10). Importord blir nytta som eit paraplyomgrep for *lånord* og *framandord*, som har til felles at dei er ord som blir

---

<sup>22</sup> Frå denne bokserien blir det sett til bidrag frå Selback og Kristiansen (2006), Vikør (2006), Selback og Sandøy (2007), Jarvad (2007), Johansen (2007), Omdal (2008a; 2008b) og Omdal og Sandøy (2008).

<sup>23</sup> Artikkane av Myers-Scotton (2000) og Poplack (2000) er nye versjonar av tidlegare publiserte artiklar. Artikkane vart høvesvis publiserte i 1988 og 1980.

tekne opp i eit språk frå eit anna språk (Jarvad, 2007, s. 10; Omdal, 2008a, s. 11). Jarvad (2007, s. 10) skriv at lånorda er «fulstændigt tilpasset det hjemlige sprog», medan framandord «bevarer det fremmede ords udtalemæssige eller ortografiske klædragt». Døme på tilpassa lånord er *stress*, *sjekk* og *sykkel*, medan døme på framandord som ikkje er strukturelt tilpassa er *date*, *handout* og *image* (Selback og Sandøy, 2007, s. 10). På grunn av at materialet som blir undersøkt er produsert munnleg, vil det ortografiske i utgangspunktet vera av liten betydning vidare. Framandorda skil seg altså frå det øvrige ordforrådet ved at dei gjerne har framand uttale eller inneheld framande ordelement (Jenstad, 2016, s. 458). Det er likevel fleire aspekt ved denne inndelinga som bør kommenterast. For det første, er det ikkje heilt enkelt å setja ei grense mellom kva som er lånord og kva som er framandord, då kjensla for kva som er framand vil variera mellom språkbrukarane (Sandøy, 2000, s. 20; Jenstad, 2016, s. 458). Omdal (2008a, s. 11) meiner innhaldet i dei to termene ofte er «noe upresist», og har innvendingar mot termene: «Mot termen ‘lånord’ kan en dessuten innvende at det knapt er tale om et lån i vanlig forstand, og ord som omtales som ‘fremmedord’ kan ofte oppfattes som heimlige ord». Eg vil òg peika på at dei fleste indoeuropeiske og urnordiske ord (i originalform) stort sett vil vera uforståelege for oss i dag, medan mange veletablerte lånord (til dømes *vindauge*, *papir*, *menneske*) vil av folk flest bli opplevd som norske. Jarvad (2007, s. 10) meiner ein fordel ved omgrepet importord er at det er mogleg å omtala innlån utan å måtta skilja mellom typene eller plassera dei på skalaen som anten lånord eller framandord. Ho påpeikar òg at termen ikkje inkluderer omsetjings- eller betydingslån. Med dette grunnlaget vil termen *importord* i hovudsak nyttast i denne oppgåva, men *framandord* og *lånord* kan bli nytta til å presisera der det er relevant.<sup>24</sup>

Dei fleste orda som blir importerte frå andre språk, er *innhaldsord*, altså ord som har ei tyding og eit semantisk definert innhald. I hovudsak er dette substantiv, adjektiv, adverb og verb. Det er sjeldan at *funksjonsord*, ord som har ein grammatisk funksjon i høve til dei leksikalske orda dei står saman med, blir importerte. Ordklassane pronomener, konjunksjonar og preposisjonar er i større grad lukka system som ikkje tek opp nye ord så ofte (Jenstad, 2016, s. 454).

Andersen (2006, s. 27) peikar på at ordtilfang av engelsk opphav har svært lang tradisjon i norsk, så mange av orda er så innarbeida at me sjeldan tenkjer på dei som engelske, noko som er i tråd med Omdal (2008a, s. 11) si innvending mot omgrepa *lånord* og *framandord*. Døme på dette er *gjeng*, *kjeks* og *klubb*. Orda som blir importerte i norsk, kan delast i to ulike typar:

---

<sup>24</sup> I MIN-prosjektet blir termen «moderne importord» nytta for å operasjonalisera, fordi importord generelt historisk sett utgjer ein svært stor del av ordforrådet (Selback og Sandøy, 2007, s. 10). Med «moderne importord» avgrensar dei til ord som er importerte etter andre verdskrig.

*Kulturelle lån* er ord som skildrar ting eller fenomen som det ikkje eksisterer norske ord for frå før, som *podcasting*, *smoothie* eller *kiteboard*, medan *kjernelån* er ord der det allereie eksisterer norske alternativ, som *boots* ('støvlar'), *oppbacking* ('støtte') og *loser* ('tapar') (Andersen, 2006, s. 27; Sunde, 2016, s. 147).<sup>25</sup> Andersen (2006, s. 27) nemner kultur og teknologi som døme på domene der språkbrukarar brukar engelske ord for kulturelle eller fagspesifikke omgrep, fordi språkbrukaren ikkje har eit etablert norsk omgrepsapparat å forhalda seg til. Ordtilfanget er spesielt rikt på substantiv, men òg andre ordklassar er representerte: til dømes adjektiv (*funky*) og verb (*å chilla*). Andersen (2006, s. 28) viser og til interjeksjonar som *nope*, *yeah*, *get a life*, *duh*.<sup>26</sup>

Eit anna sentralt poeng hjå Andersen (2006, s. 30) er at engelske importord utgjer eit grunnlagsmateriale for nye ord i ulike orddanningsprosessar, både som samansetningar, konversjonar og avleiingar. Samansetningane kan ha eit eller to engelske ledd, som høvesvis *babefaktor* og *heavyrock*. Ved konversjon blir ein ordstamme brukt i ein ny ordklasse utan at det blir lagt til avleiingsmorfem, til dømes ved at det blir laga verb frå substantiv: *ein chat* → *å chatta*. Slike verb kan vidare vera grunnlag for substantiv: *å chatta* → *ein chattar* ('person som chattar'). Konversjonar kan òg førekoma med grunnlag i namn, som til dømes *Google* → *å googla*. I følgje Andersen (2006, s. 30) er nyord med avleiingar mindre vanlege. Dersom eit ord blir brukt i ein ny ordklasse ved hjelp av eit avleiingsmorfem, til dømes suffiksa *-skap* eller *-aktig*, er det ei avleiing. Dette gjeld òg importord. Eit døme på dette er *fictionaktig*.

### 3.1.2 Ulike typar import


Det er lite tvil om at det norske språket har blitt og blir påverka av engelsk. I 1997 kom *Anglismeordboka*, der Graedler og Johansson tok sikte på å dokumentera og gi eit bilete av innverknaden engelsk har på det norske ordforrådet. Boka skildrar faktisk språkbruk, og er heller deskriptiv enn preskriptiv: Ho seier ikkje så mykje om kva som er rett og gale, berre kva som faktisk blir nytta (Graedler og Johansson, 1997, s. 3). I innleiinga til anglismeordboka er påverknaden delt inn i ulike typar. Denne inndelinga er relevant for undersøkinga av språket i podkastane, og vil derfor presenterast her.

I utgangspunktet kan ein dela låna opp i to kategoriar: direkte og indirekte lån. Her er termen *lån* nytta som paraplyomgrep på alt som blir importert frå engelsk. Direkte og indirekte lån har fleire underkategoriar, og Graedler og Johansson (1997, s. 10) set det opp slik i ein figur:

---

<sup>25</sup> Skiljet mellom *kulturelle lån* og *kjernelån* kan òg nyttast for å skilja etablerte importord frå kodeveksling. Dette vil ikkje gjerast i denne oppgåva, men ei utgreiing finn ein til dømes hjå Sunde (2016, s. 147; 2019, s. 36)

<sup>26</sup> Interjeksjonane kan og kallast *diskursmarkørar* eller *samtalepartiklar* (Andersen, 2006, s. 28).



Figur 1. Oversyn over ulike typar engelske lånord (Graedler og Johansson, 1997, s. 10).<sup>27</sup>

I følge Graedler og Johansson (1997, s. 9) er dei direkte låna den tydelegaste typen, altså dei låna som er mest synlege. Dette er ord eller frasar som er lånte i den forma dei har på engelsk, til dømes *date* som både verb og substantiv. Her kan det påpeikast at sjølv om ordforma er lik i dette dømet, er det likevel ein del som skil ordet på norsk og engelsk: På engelsk har både infinitiven og substantivet *date* same uttale (*a date, to date*, begge uttalt /deɪt/), medan det på norsk er eit skilje: Substantivet *ein date* [deɪt] har éi staving og stum *e*-ending, og infinitiven *å date* /deɪ'tø/ har tonem 2 og uttalt *e*-ending<sup>28</sup> (NAOB, *date*).<sup>29</sup> Ord som er tilpassa det norske systemet i større eller mindre grad, høyrer altså til i gruppa *direkte lån*. Døme på slike er *fed up* og *tøff* (frå engelsk *tough*). Ein kan òg skilja mellom *direkte importord* og *hybride importord*: *Hybride importord* eller *hybridar* er samansette ord som består av både eit heimleg element og eit element som kjem utanfrå (Jarvad, 2007, s. 10; Omdal, 2008b, s. 83; Andersen, 2012, s. 179). Døme på dette er *offroadsykkel* og *hårspray*. I følge Omdal (2008b, s. 83) kan det importerte elementet både stå som førsteledd og som sisteledd. Når Omdal (2008b, s. 83) skil mellom direkte og hybride importord, påpeikar han at dei direkte importorda stort sett er usamansette ord (orda kan vera samansette i grunnspråket, skrivne som eitt eller to ord, som til dømes *carport* og *offwhite*). Hybridorda blir omtalte som *delvis tilpassa ord* (Omdal, 2008b, s. 83). Vidare i undersøkinga vil hybridar vera med som ein eigen kategori.

Ei gruppe ord som minner om desse direkte låna, er «pseudolån» eller «pseudoanglisismar». Dette er ord som er danna av engelsk ordmateriale, men som ikkje har nokon original på engelsk, eller som betyr noko anna på engelsk (Graedler og Johansson, 1997,

<sup>27</sup> Figur 1 er omsett frå bokmål til nynorsk (mi omsetjing).

<sup>28</sup> Sidan denne oppgåva er skriven med *a*-infinitiv, bør det nemnast at dette òg kan vera ei uttalt *a*-ending. Her er *e*-endinga valt for å illustrera skiljet mellom norsk og engelsk i eit døme der ordforma er lik.

<sup>29</sup> Dette er i tråd med skiljet Johansson og Graedler (2002, s. 150) presenterer: Dei fleste importerte ord får tonem 1, men ord som går inn i norske bøyings- eller avleiingsmønster får ofte tonem 2.

s. 9; Andersen, 2015, s. 124). I denne gruppa finn ein kortformer som *basket* (frå engelsk *basketball*), samansette ord som *softice* og *stressless*, og avleiingar som *snacksy*, danna av lånordet *snacks* (frå engelsk *snack*, eintal), etter mønster av engelske adjektiv på *-y* (Graedler og Johansson, 1997, s. 9). Andersen (2015, s. 139) har undersøkt pragmatiske lån, og finn blant anna at forma *fuckings* av banneordet *fuck* kan sjåast på som ein pragmatisk psuedoanglisisme.

Ei gruppe med mindre synlege lån, er dei indirekte låna. Dette er engelskpåverka ord der sjølve ordforma allereie finst i norsk eller er danna av norsk ordmateriale. Dette gir oss blant anna tydingslån, altså norske ord som får ny eller utvida tyding som følgje av påverknad frå ei tilsvarande form på engelsk (Graedler og Johansson, 1997, s. 9). Døme på dette er *karakter* som har fått utvida tyding ved å inkludera ‘teikn’ (jamfør engelsk *character*) i tillegg til tidlegare tydingar (Andersen, 2012, s. 160).<sup>30</sup> I denne gruppa finn ein òg omsetjingslån, som er samansette ord, omsette ledd for ledd. Ord som *frynsegode* (av engelsk *fringe benefit*) og *kroppssbygger* (av engelsk *bodybuilder*) er omsetjingslån. Her finn ein også større frasar som *det er opp til deg* (av engelsk *it's up to you*) og *gå (inn) for* (av engelsk *go (in) for*) (Graedler og Johansson, 1997, s. 10). Her kan Sunde (2019, s. 79-80) sitt nyare perspektiv trekkast fram: Ho ser behovet for ein oppdatert typologi, som i tillegg til å skilja mellom direkte og indirekte lån på den eine sida, òg har eit strukturelt skilje mellom ord, fraseologiske uttrykk og strukturar (sjå òg Sunde, 2018). I *Anglisismeordboka* er det i hovudsak fokusert på direktelån (Graedler og Johansson, 1997, s. 11). Direktelåna vil òg vera dei mest sentrale vidare i denne oppgåva, saman med hybridar og kodeveksling. Pseudolån og indirekte lån vil likevel nemnast der det er relevant.

### 3.1.3 Ulik grad av tilpassing

Når utanlandske ord og frasar blir lånte inn i norsk, inneber det at språket ein låner frå gjerne har fonologi, ortografi og bøyingsmønster som ikkje finst i norsk i utgangspunktet, slik som skiljet mellom lånord og framandord viser. Dette fører med seg nokre utfordringar som kan ha ulike utfall, slik som skiljet mellom lånord og framandord vitnar om. Engelske importord som skal kunna brukast i norsk på linje med andre norske ord, må fungera i det norske bøyingsystemet, og er som regel underlagt dei same prinsippa for bøyning og artikkelbruk som norske ord (Graedler og Johansson, 1997, s. 24; Andersen, 2006, s. 28). Her er ordklassen

---

<sup>30</sup> Tidelegare tydingar er til dømes ‘kjenneteikn’, ‘lynne, viljestyrke’, ‘person eller figur i diktverk’ og ‘mål på skuleprestasjon’.

avgjerande. Til dømes for substantiv er det ein engelsk stamme som blir importert, til dømes *airbag*. Stammen tek norske bøyingsendingar, og dermed får ein former som *ein airbag* – *airbagen* – *airbagar* – *airbagane* (Andersen, 2006, s. 28). Eit verb kan vanskeleg brukast utan at det får norske bøyingsendingar, medan det i nokre tilfelle kan fungera å bruka adjektiv og substantiv utan norsk bøyning (Johansson og Graedler, 2002, s. 176; Omdal, 2008b, s. 82). Eit døme på dette er adjektivet *crazy*, som ikkje har samsvarsbøyning med *-t* i nøytrum og *-e* i bestemt form eller fleirtal, som er det vanlege for norske adjektiv (Andersen, 2006, s. 29; BOB, *crazy*). I undersøkinga *Tilpassing av importord i norsk talemål* (Johansen, 2007, s. 81-82) bøygde nær halvparten av informantane *fancy* med *-e* i fleirtal, sjølv om ordet er normert utan ending. Johansen (2007, s. 82) meiner forklaringa kan vera at *y*-endinga vanlegvis blir uttalt /i/, og at ho derfor blir assosiert med endinga *-ig*. Då blir *fancy* plassert i same adjektivgruppe som ord som *modig* og *gyldig*, som får endinga *-e* i fleirtal (*modige*, *gyldige*) (BOB, *modig*; *gyldig*). Sjølv om dei importerte adjektiva kan handsamast ulikt, finst det altså lånte adjektiv som kan brukast utan norsk bøyning.<sup>31</sup> Omdal (2008b, s. 82) påpeikar at den morfologiske tilpassinga skjer gradvis, slik at nokre ord blir raskt tilpassa, andre kanskje aldri.

Ein del engelske ord har med seg trekk frå engelsk bøyning når dei blir lånte inn i norsk, som ein del av sjølv importordet. Til dømes er det ikkje uvanleg at engelsk fleirtalsform blir importert parallelt med den engelske stammen (Andersen, 2006, s. 28; Andersen og Graedler, 2020, s. 3). Dette har gitt oss norske eintalsformer som *kaps*, *shorts* og *pins*, der den engelske fleirtalsendinga har slutta fungera som fleirtalsmarkør, fordi ein på norsk har tolka det som ein del av sjølv ordet. Når ordet blir bøygd i norsk, kan ein dermed få norsk fleirtalsending i tillegg: *kapsar*, *shortsar* og *pinsar* (Graedler og Johansson, 1997, s. 25; Andersen, 2006, s. 29). I eit anna døme blir fleirtals-*s*-en nytta for å markera fleirtal i norsk: til dømes i *poster* ('plakat') med fleirtalsforma *posters* (Omdal, 2008a, s. 12).

Når ein ser på ortografi og uttale i samanheng, kan ein finna spor av at låneprosessane har vore ulike. I følgje Graedler og Johansson (1997, s. 23) er engelsk eit språk der ortografi og uttale stemmer spesielt dårleg saman. Sandøy (2000, s. 116) meiner det er naturleg at ein tek utgangspunkt i den engelske uttalen når ein overfører ord til norsk, fordi engelsk skrivemåte «er både innfløkt og lite systematisk». Mange av lånorda er tilpassa nettopp ved at stavemåten er tilpassa den norske uttalen (*tøff* av *tough*, *eksos* av *exhaust*, *kræsje* av *crash*). For slike ord meiner Graedler og Johansson (1997, s. 23) at ein kan anta at munnleg bruk av ordet har vore

---

<sup>31</sup> Korleis lånorda blir bøygde, kan òg vera ein måte språkbrukaren medvite eller umedvite kan gi uttrykk for haldningane sine til importorda: anten ved å gi dei engelske orda norske endingar, eller ved å unngå norske endingar (Johansson og Graedler, 2002, s. 191-192).

viktig i etableringa av lånordet, fordi den norske uttalen er nærare den engelske, enn ei lydrett uttale av den engelske stavemåten. Ein finn òg lånord som ser ut til å vera tilpassa motsett: I ord som *jungel*, *nylon* (der norsk y-lyd har sigra over ein eventuell ai-diftong) og *grabbe*, er den norske uttalen i større grad påverka av den engelske skriftforma enn engelsk uttale (Graedler og Johansson, 1997, s. 24; Sandøy, 2000, s. 112). Jarvad (2007, s. 11) skriv at slike tilpassingar av importord hjå den enkelte kan vera ei tilpassing til det ein *forestiller* seg at er gjengs uttale, som for mange er det ein kan kalla «skuleengelsk». Dette må ikkje vera ei tilpassing eller ein strategi, då det kan vera uttrykk for eit ekstra uttalesett som er lagra hjå språkbrukaren (Jarvad, 2007, s. 11). Sandøy (2000, s. 112) viser til at òg mottakarspråket har betydning for korleis importorda blir uttalte og skrivne: Verbet *check* har i norsk blitt til *sjekke*, medan det i dansk har fått forma *tjekke*.

Uttalen av engelske importord kan altså vera basert på norsk uttale av eit engelsk uttalt ord, norsk uttale av eit engelsk skrive ord, eller *forestilt* engelsk uttale av eit engelsk skrive ord. Her kan det òg nemnast at engelskkompetansen hjå folk i Noreg har auka. Sunde (2016, s. 154) viser til generasjonsskilnader i språkbruken, og når Vikør (2018) skildrar perioden 2000-2009 i *Det moderne Noreg (1945-2015)* viser han blant anna til posisjonen engelsk har som einaste obligatoriske framandspråk i norsk skule (s. 670), domenetapsproblematikken innan til dømes forskings- og høgare utdanningssektoren (s. 669) og ei undersøking som viser at engelsk styrkar seg som nordiske ungdommar sitt kontaktspråk (s.670). Om perioden 2009-2015 skriv han at Noreg langt på veg er «blitt globalisert på alle frontar og nivå», og at engelsk i all hovudsak er bruksspråket innanfor all denne internasjonaliseringa (s.677-678).<sup>32</sup> Når Vikør (2018, s. 690) skildrar kva som har skjedd med sjølve språket frå 1945-2015, skriv han at ein må rekna med «ei langt på veg fullkommen tospråklegheit» hjå «den unge generasjonen», fordi desse har blitt eksponert for engelsk gjennom blant anna skule, popkultur, ny teknologi og reising. Han peikar på at det finst individuelle variasjonar, men at både i ungdomsmiljø og i «mellomgenerasjonen» er det vanleg å både bruka engelsk fullt ut og å blanda anglisismar inn i det norske talemålet (Vikør, 2018, s. 691). Når engelskkompetansen blant «folk flest» har blitt høg, kan det tenkjast at dette påverkar låne- og tilpassingsprosessane: Det ligg nær å tru at nye, importerte ord med uttalemåtar som *jungel* og *nylon*, vil vera sjeldne, fordi språkbrukarane, som Jarvad (2007, s. 11) skriv, har eit ekstra uttalesett å basera seg på.

---

<sup>32</sup> Vikør (2018, s. 278) peikar vidare på at ein stor del av det kulturelle forbruket til nordmenn skjer på engelsk, og at nordmenn har eit velutvikla andrespråk som ein primært kommuniserer med når ein snakkar med folk med andre morsmål. Han understrekar at norsk framleis er dominerande i det norske sivilsamfunnet, men skriv at landet i praksis er tospråkleg.

Det er likevel ikkje slik at høg kompetanse nødvendigvis er førstespråkskompetanse: Graedler og Johansson (1997, s. 24) meiner at sjølv om stavemåten og uttalen til eit lånord kan ligga nær opp til den engelske uttalen, så vil eit engelsk ord som blir brukt i norsk ofte «høyrast norsk ut» for ein engelsktalande person. Lydsystemet i engelsk og norsk har nokre sentrale skilnader, der engelsk til dømes skil mellom uttale av *v* og *w*, medan norsk ikkje har dette skiljet (Graedler og Johansson, 1997, s. 24; Jarvad, 2007, s. 11). Når ord som *volleyball* og *whiskey* blir brukte i norsk, vil ein som oftast bruka ein lyd som allereie eksisterer i norsk, som for desse to orda gjerne blir den same *v*-lyden. Samtidig er det slik at mange nordmenn og danskar nyttar den engelske /w/-uttalen i ord som *very* når dei pratar engelsk (/wəri/ heller enn /veri/) (Johansson og Graedler, 2002, s. 161; Jarvad, 2007, s. 11; Johansen, 2007, s. 77). Døme på andre lydar som blir bytte ut finn ein i Johansen (2007, s. 88) si undersøking: til dømes vart frikativten /θ/ i *thriller* uttalt /t/ av alle informantane, medan /ð/ i *Big Brother* vart /d/ for 65% av informantane. Johansen omtalar talmaterialet sitt som spinkelt, men meiner det ser ut til at «engelsk th» blir tilpassa norsk og uttalt /t/ eller /d/ avhengig om *th* er stemt eller ustemt. Johansen (2007, s. 91) fann òg at dei aller fleste informantane held på sin norske *r*-uttale når dei nyttar engelske importord. Her kan det ha betyding kor lenge ordet har vore i norsk, då dei eldste importorda hadde nokre fleire tilfelle av norsk *r*-uttale i framlyd enn dei yngre importorda (Johansen, 2007, s. 95). I følgje Graedler og Johansson (1997, s. 24), kan ein òg velja å gjera uttalen «så engelsk som mogleg». Det vil då verka som språkbrukaren for ei kort stund går over til å snakka engelsk. Dei trekkjer fram bruk av lengre uttrykk og frasar, som *if you can't beat them, join them*, som av og til blir brukt i ein elles norsk kontekst. Denne vekslinga mellom norsk og engelsk språkkode, kallar dei kodeveksling.

### 3.2 Kodeveksling

Å definera kva kodeveksling (eller *code-switching* [CS]) er, er ikkje ei heilt enkel oppgåve, då det både er og har vore stor usemje kring kva som ligg i omgrepet. Både lingvistiske, sociolingvistiske og psykolingvistiske faktorar er relevante, og vil bli nytta i det følgjande. Gardner-Chloros (2009, s. 10-11) skriv at det er meiningslaust å diskutera kva kodeveksling er, ettersom «the word CS can mean whatever we want it to mean». I følgje van Ommeren (2016, s. 71) har forskning innanfor feltet i enda større grad hatt vanskar med å koma fram til konsensus om og i så fall *korleis* kodeveksling skil seg frå andre fenomen ein observerer i fleirspråklege kontekstar. Den vidaste definisjonen av kodeveksling dreier seg om veksling mellom ulike lingvistiske system, og inkluderer både veksling i ein og same samtale (situasjonsintern



kodeveksling), og veksling mellom situasjonar (situasjonsekstern kodeveksling) (van Ommeren, 2016, s. 71). I situasjonsekstern kodeveksling, vil ein bruka ein varietet i éin situasjon, medan ein vil bruka ein anna varietet i ein anna situasjon. Slik veksling vil dermed ikkje bli oppfatta av samtalepartnaren, fordi han berre vil vera mottakar av éin av desse kodane (Røyneland, 2008, s. 49). I følgje van Ommeren (2016, s. 71) er den mest utbreidde definisjonen av kodevekslingsomgrepet avgrensa til å gjelda situasjonsintern kodeveksling, altså veksling mellom ulike språk eller varietetar innanfor rammene av éin og same samtalesituasjon. Podkastane som utgjer materialet i denne undersøkinga, gir ikkje grunnlag for å kunna seia noko om situasjonsekstern kodeveksling, då kvar podkast kan seiast å vera éin samtale. Med grunnlag i dette vil eg lena meg på den snevrare definisjonen av kodevekslingsomgrepet.

Myers-Scotton (1992, s. 19) skriv at kodeveksling inneber at minst to språk blir nytta i same samtale. Eit av desse språka er *matrisespråket* (e. *the Matrix Language*), altså språket som er ramma for kodevekslingsytringar, medan eit eller fleire språk er *innføydde språk* (e. *the Embedded Language(s)*), altså språket eller språka som blir plasserte i denne ramma. Litt enkelt forklart kan ein seia at språkbrukaren har eit «houvdspråk» som element frå eit anna språk blir sett inn i (Wei, 2000, s. 17; Lie, 2011, s. 64). Dette gjer at kodeveksling ikkje er ein enkel kombinasjon av to sett med grammatiske reglar, men grammatisk integrering av eit språk i eit anna (Wei, 2000, s. 17). Kva for eit språk som er matrisespråk og kva for eit (eller nokre) som er innføydde språk kan som oftast avgjerast på grunnlag av frekvens (Myers-Scotton, 1992, s. 19). Myers-Scotton (1992, s. 19) påpeikar at psyko- og sosiolingvistiske faktorar kan påverka *valet* av matrisespråk. Grunna materialet i denne undersøkinga, er det ikkje naudsynt å gå djupare inn i dette: I dei norskspråklege podkastane som utgjer materialet, er det liten tvil om at norsk er matrisespråket, og at engelsk (potensielt) er det innføydde språket.<sup>33</sup>

Lie (2011, s. 64) viser til at kodeveksling er spesielt vanleg i tospråklege miljø, og påpeikar at sjølv om Noreg generelt sett ikkje er eit tospråkleg miljø, så er påverknaden frå engelsk såpass nærverande at ein kan seia at Noreg til ein viss grad er tospråkleg. Her bør det òg nemnast at 18 prosent av befolkninga i Noreg er innvandrarar eller born av innvandrarar (Statistisk sentralbyrå, 2021). Mange av desse er fleirspråklege, og nyttar andre språk enn berre norsk og engelsk i kodeveksling, slik blant anna Aarsæther (2009) viser i *Flerspråklig praksis i det pakistansk-norske miljøet*. I Poplack (2000, s. 224-225) si undersøking av kodeveksling med spansk og engelsk i USA, er det gjort eit skilje mellom informantar med høg kompetanse i

---

<sup>33</sup> Fleire, blant anna Mæhlum (2018, s. 637) inkluderer òg veksling mellom dialekter i kodevekslingsomgrepet. Fordi det er bruk av engelske innslag som står i fokus i denne oppgåva, vil eg ikkje gå nærare inn på dette, sjølv om det førekjem veksling mellom dialekter i podkastane.

begge språk (e. *fluent bilinguals*) og informantar med høgare kompetanse i eit av språka (e. *non-fluent bilinguals*). Ho fann kodeveksling i begge grupper. Her kan det òg nemnast at Mæhlum (2018, s. 637) viser til at språkbrukaren som kodevekslar vanlegvis ikkje vil bruka begge språka like mykje. Eg vil derfor leggja til grunn at personar med norsk som morsmål, men med forholdsvis høg kompetanse i engelsk, kan seiast å vera tospråklege i ein slik grad at dei kan nytta engelsk som innføydd språk i kodeveksling.

Den situasjonsinterne kodevekslinga blir gjerne delt i to typar: *veksling mellom ytringar* og *veksling innanfor ei ytring* (Johansson og Graedler, 2002, s. 256; van Ommeren, 2016, s. 216-218). Poplack (2000) presenterer tre typar: (1) *Inter-sentential* *veksling*, (2) *intra-sentential* *veksling* og (3) *extra-sentential* *veksling*. (1) viser til vekslingar utanfor setnings- og frasenivå og liknar *veksling mellom ytringar*. (2) viser til vekslingar på setnings-, frase- eller ordnivå innanfor ei ytring, og liknar *veksling innanfor ei ytring*. (3) viser til korte innskot frå eit anna språk. Desse tre typane situasjonsintern kodeveksling vil bli nytta vidare i oppgåva.

Typar situasjonsintern kodeveksling		Døme
1	Veksling mellom ytringar ( <i>inter-sentential</i> )	A: Kjem han i selskapet? B: <i>I think so.</i>
2	Veksling innanfor ei ytring ( <i>intra-sentential</i> )	Eg har ein ven som er <i>well connected</i>
3	Korte innskot ( <i>extra-sentential</i> )	Det er berre slik det er, <i>you know.</i>

Tabell 2. Eit oversyn over dei tre typane situasjonsintern kodeveksling som vil bli nytta vidare i oppgåva.

Poplack (2000, s. 247) har sett på kva grad av tospråkleg dugleik som trengs for å produsera dei ulike vekslingane. I vekslingar mellom ytringar blir det produsert heile setningar eller lengre segment, som ein treng ein del kunnskap i det innføydde språket for å få til (Poplack, 2000, s. 247). Ved veksling innanfor ei ytring skriv Poplack (2000, s. 247) at ein hypotetisk sett treng endå meir kunnskap, fordi talaren både må kunna nok om grammatikken til kvart av språka og ha kunnskap om korleis dei samhandlar for å unngå ugrammatiske ytringar. Ein treng minst tospråkleg kompetanse for å veksla med korte innskot. Her blir interjeksjonar, fyllord og idiomatiske uttrykk nemnde som døme på vekslingar som kan produserast med minimal kunnskap om grammatikken til det innføydde språket (Poplack, 2000, s. 247). Desse innskota er ikkje integrerte i frasestrukturen, og kan dermed leggst på utan at det får konsekvensar for den syntaktiske oppbygginga av ytringa (Røyneland, 2008, s. 50).

Van Ommeren (2016, s. 72-73) viser til at det lenge var eit negativt perspektiv på fleirspråklegheit, og nemner blant anna at det så seint som på 1980-talet fanst ei førestilling om

at å vera tospråkleg under visse omstende kunne vera skadeleg. Aarsæther (2009, s. 72) understrekar at forskinga har vist at kodeveksling ikkje nødvendigvis er uttrykk for manglande kompetanse i det eine eller andre språket, men at det tvert i mot er dokumentert at tospråklege som kodevekslar mykje beherskar språka dei vekslar mellom svært godt. Ifølgje García og Wei (2019, s.12) blir kodeveksling ofte stigmatisert, blant anna fordi forskning på tospråklegheit har kome frå eit perspektiv på språk som separate kodar. Å sjå på kodeveksling utifrå ei oppfatning av at språksystem er oversiktlege og heilstøypte storleikar som kan skiljast frå kvarandre har blant anna blitt kritisert av Gardner-Chloros (2009). Gardner-Chloros (2009, s. 93) trekkjer fram Chomsky (1986) som karakteriserte kodeveksling som «ureint», fordi vekslinga ikkje følgde valmoglegheitene som hans «Universal Grammar» opna for. I konklusjonen skriv Gardner-Chloros (2009, s. 165) «We cannot assume that CS is always to be viewed as a combination of two entities, which, though they can be mixed in various ways, always retain their essential character». Ho meiner at ein heller skal sjå på det med ei «sunn fornuft» - tilnærming (e. «*common sense*» approach), Dette inneber å sjå på produktet (språket) som blir produsert på produktet sine egne vilkår og å ta omsyn til den interne variasjonen når ein skal konstruera teoriar og definisjonar (Gardner-Chloros, 2009, s. 165).

### 3.2.1 Kvifor kodevekslar folk?

Gardner-Chloros (2009, s. 42-43) presenterer tre sosiolingvistiske faktorar som kan påverka *kvifor* det blir kodeveksla: 1) Faktorar som er uavhengige av talaren og omstenda som varietetane blir brukt i, som påverkar alle talarar av varietetane i eit bestemt samfunn. Dette er til dømes økonomiske marknadskrefter eller maktrelasjonar. 2) Faktorar som er knytte til talarane, både som enkeltpersonar og som medlemmar av grupper. Desse faktorane inkluderer kompetansen til talaren i dei ulike varietetane, sosiale nettverk, relasjonar, haldningar og ideologiar, og korleis dei oppfattar seg sjølv og andre. 3) Faktorar *innan* samtalane der det blir kodeveksla. Her er kodeveksling ein stor samtaleressurs for talaren, noko som gjer at ein har fleire verktøy enn dei som er tilgjengelege for einspråklege. Gardner-Chloros (2009, s. 43) påpeikar at desse faktorane overlappar kvarandre og heng tett saman. I innføringsboka *Språkmøte*, listar Røyneland (2008, s. 55) opp kommunikative funksjonar ved kodeveksling:

<b>Kommunikative funksjonar ved kodeveksling</b>	
Stilskifte	Kreativ språkleik
Sitat, stemme-/rolleskifte	Sosial posisjonering
Emneskifte	Identitetshandling

Understreke, framheve	Inkludere/ekskludere
-----------------------	----------------------

Tabell 3. Kommunikative funksjonar ved kodeveksling (Røyneland, 2008, s. 55)

Fleire av desse funksjonane finn ein òg i ulike modellar for kodeveksling i samtale: Her kan blant anna Bell (1984, s. 159) sin *audience design*-modell trekkjast fram. Denne modellen stadfestar «that at all levels of language variability, people are responding primarily to other people. Speakers are designing their style for their audience» (Bell, 1984, s. 197). I podkastsamtalane er samtalane av ein spesiell karakter, fordi det kan argumenterast for at det finst både aktive og passive deltakarar i dei. Eit spørsmål er dermed kven som er publikummet for kodevekslinga, då det både kan vera med-programverten i studio og dei som lyttar til podkasten. Her er det ein viktig skilnad: Talaren kjenner truleg betre til den språklege kompetansen til med-programverten enn til lyttarane.

Vidare kan ein sjå til Myers-Scotton sin *Markedness Modell* (1983), som blir omtalt som ein modell som blant anna skal svara på kva tospråklege tener på å gjennomføra ein samtale på to språk framfor eitt. I følgje denne modellen vil det i ein kvar kommunikativ situasjon vera mogleg å gjera både markerte og umarkerte språklege val. Når ein språkbrukar vel ein kode, evaluerer han sine moglege språklege val, blant anna utifrå kva som er markert i den aktuelle samtalsituasjonen (Myers-Scotton, 2000, s. 137). Myers-Scotton (2000, s. 137) presenterer òg forhandlingsprinsippet (e. *the negotiation principle*), som blir forklart med at språkbrukaren kan velja forma på bidraget til samtalen. Her peikar ho blant anna på at dersom samtaledeltakarane er tospråklege likemenn (e. *bilingual peers*), så kan eit umarkert val vera å kodeveksla (Myers-Scotton, 2000, s. 145-146). Ho viser vidare til at motivasjonen for kodevekslinga her vil vera den same som å velja å berre bruka eit språk i ein situasjon der det er eit umarkert val. Her blir omgrepet *identitet* sentralt, då Myers-Scotton (2000, s. 146) peikar på at talaren slik kan bestemma om meir enn éin *sosial identitet* skal vera tydeleg i samtalsituasjonen. Vidare blir det vist til at det òg blir kodeveksla der vekslinga er markert i samtalen. I slike tilfelle er gjerne kodevekslinga kort, og i følgje Myers-Scotton (2000, s. 153) er det gjerne gjort for å minna andre deltakarar om at talaren er «a multi-faceted personality». I samband med dette nemner Myers-Scotton (2000, s. 153) at ein vanleg motivasjon for korte, markerte vekslingar kan vera å framheva eller understreka noko. Myers-Scotton (2000, s. 157) nemner òg at kodeveksling kan vera ein strategi for å ekskludera nokon frå delar av samtalen.

Summert opp kan ein dela grunnane til at det blir kodeveksla inn i tre grupper. I podkastane med matrisespråket norsk og det (eventuelt) innføyde språket engelsk, vil det vera relevant å trekkja fram dei sosiale strukturane i (2), då podkastane er produserte i eit norskspråkleg

samfunn, for eit norskspråkleg publikum. Her er det òg relevant å nemna at podkastane både kan sjåast på som ein samtale mellom dei to programvertane som sit i studio *og* som ein samtale mellom dei som sit i studio og dei som høyrer på. Det kan tenkjast at dei sosiale strukturane vil setja ulike rammer, alt etter kven programverten vender seg til, då programvertane gjerne kjenner kvarandre sin språklege kompetanse betre enn dei kjenner lyttarane sin språklege kompetanse. Dette vil bli sett nærare på i kapittel 5 og 7. For faktorane *innan* samtalane i (3) vil det vera nyttig å sjå til psykolingvistikken.

### 3.2.2 Kort om psykolingvistik: Minnestyrke og mentalt leksikon i samband med kodeveksling

Om ordforrådet som komponent i språket, skriv Jenstad (2016, s. 450) at ein nyttar omgrepet *det mentale leksikonet*. Det mentale leksikonet blir forklart som eit strukturert nettverk av leksem og idiomatiske uttrykk. Eit leksikonoppslag inneheld opplysingar om uttale, ordklasse og eventuell bøying, og korleis ordet kan kombinerast med andre ord. Det mentale leksikonet er eit ope system i stadig endring, der nye ord kjem til og gamle kan forsvinna (Myers-Scotton, 2002, s. 14; Jenstad, 2016, s. 450). For å forklara kvifor språkbrukarar vel nokre ord framfor nokre andre, kan ein sjå til psykolingvistikken sine teoriar om minnestyrke. Her er frekvens og føreseielegheit (e. *predictability*) sentralt (Warren, 2013, s. 40). Warren (2013, s. 40) illustrerer skilnaden på frekvens og føreseielegheit med orda *soup* og *broth*: *Soup* er det mest frekvente, fordi det blir brukt i større grad enn *broth*, noko som resulterer i at minnestyrken til *soup* er høgare. *Broth* kan likevel vera meir føreseieleg hjå ein person med engelsk som førstespråk dersom du ber han om å fullføra frasen «Too many cooks spoil the \_\_\_\_». Dette inneber at når ein skal gjera om ein før-verbal bodskap til ei ytring, så er ikkje ord likeverdige, ettersom nokre ord høver betre i ein kontekst eller til eit emne enn andre (Warren, 2013, s. 40). Forskinga er delt i spørsmålet om personar som beherskar meir enn eitt språk har eitt mentalt leksikon for kvart språk, eller om ein berre har eitt mentalt leksikon som inneheld alle språka ein beherskar. Her vil eg støtta meg til Myers-Scotton (2002, s. 41) som verkar å skilja språka frå kvarandre, i alle høve til ein slik grad at innhaldet i det mentale leksikonet er «tagga» for anten matrisespråket eller det innføydde språket. Med dette grunnlaget kan dei etablerte lånorda vera felles (men med ulike opplysingar om til dømes bøying og korleis dei kan kombinerast med andre ord), medan orda som blir kodeveksla berre er «tagga» i det innføydde språket. Det ligg nær å tru at minnestyrken til eit ord på norsk eller engelsk kan ha innverknad på om eit norsk eller eit engelsk ord blir valt i ein samtalesituasjon. Til dømes kan det tenkjast at ein brukar fleire ord (lån eller kodeveksling) frå engelsk (det innføydde språket) dersom emnet for

samtalen er av ein slik karakter at minnestyrken til dei engelske orda er «sterkast», slik at desse blir lettare framkalla enn dei norske.

### 3.2.3 Kvar går skiljet mellom importord og kodeveksling?

Det er vanskeleg å finna ein eintydig definisjon på kva som skil eit importord frå kodeveksling. Medan til dømes Poplack (2000) reknar kodeveksling og lån som ulike prosessar, reknar Myers-Scotton (1992; 2002) dei som fenomen som slektar på kvarandre. I det følgjande vil Myers-Scotton (1992; 2002) sitt syn leggjast til grunn. I følgje Gardner-Chloros (2009, s. 30), er det i dei fleste tilfelle vanlegast at berre eitt ord blir importert eller nytta i kodeveksling. Kvar grensa mellom lån og kodeveksling går har blitt mykje diskutert i forskinga, og i følgje Myers-Scotton (2000, s. 143-144) får ein ikkje gode resultat ved å prøva å løysa dette på eit strukturelt grunnlag der grad av tilpassing er det avgjerande. Ho peikar på tre grunnar til dette: 1) Tilpassing er eit gradvis konsept, noko som inneber at ein må basera seg på eit kontinuum av tilpassing. 2) Ei forventa hypotese er at lånte morfem er meir tilpassa fonologisk til matrisepråket enn kodeveksla morfem, men i så tilfelle: Kva med dei etablerte importorda som viser liten grad av tilpassing? 3) Kva skal vektleggjast mest av fonologisk og morfologisk tilpassing? Det kan vera gjort både fonologiske og morfologiske tilpassingar, men det er òg mogleg å berre tilpassa på den eine eller den andre måten. Utifrå dette kan ein sjå på skiljet mellom importord og kodeveksling som glidande, og med rom for mykje variasjon, både hjå den einskilde språkbrukaren, avhengig av språksituasjonen og frå ord til ord (Graedler og Johansson, 1997, s. 24; Gardner-Chloros, 2009, s. 12).

Gardner-Chloros (2009, s. 12) påpeikar at dei som tidlegast skreiv om kodeveksling, skilde det frå påverknad og etablerte importord, medan det i ettertida har blitt argumentert for at det ikkje finst noko klårt skilje. Forklaringa er at ein kan sjå på lånord og kodeveksling som to ytterpunkt i eit diakront kontinuum: Lånord har i utgangspunktet vore kodevekslingar som gradvis har blitt integrerte i språket, og som etter kvart er blitt tekne opp som etablerte importord (lånord eller framandord) (Myers-Scotton, 1992, s. 30; Gardner-Chloros, 2009, s. 12). Framandorda kan plasserast ein stad i dette kontinuumet. Eit døme er at framandordet *gate* ('utgang til fly på flyplass'), truleg kan brukast i norsk utan å vera eit døme på kodeveksling: Sjølv om ordet er lånt frå engelsk, er det etter kvart blitt integrert i norsk (NAOB, *gate*). Første gong ordet vart nytta, kan det derimot ha vore eit døme på kodeveksling. I følgje Jenstad (2016, s. 458) har lånord «fått ei form som gjer dei veltilpassa i målspråket, slik at ein må ha fagkunnskapar for å avgjere at orda er importerte». For å illustrera dette kan ein samanlikna *gate* med *stress*, som òg er lånt frå engelsk. Ein treng truleg fagkunnskap for å avgjere at *stress*

er eit lånord, men det er tydelegare at ordet *gate* kjem frå engelsk, då uttalen skil seg tydeleg frå andre norske ord med liknande ortografi, som *gate* ('veg'), *late* og *mate*. Dersom ein ser på bøyinga ser ein at ordet likevel er tilpassa norsk: *en gate – gaten – gater – gatene* (NAOB, *gate*). Omdal (2008a, s. 12) nyttar ordet *tape* ('limband') som døme på ord som tilsynelatande ser norske ut når ein berre vurderer skrivemåten, men som er basert på eit ikkje-norsk forhold mellom skrift og uttale. *Gate* kan vera eit døme på det same (jamfør *gate* 'veg'): I norsk svarar bokstaven *a* normalt til uttalen /a(:)/, medan skrivemåten for *gate* i engelsk gjer at *a* blir uttalt /ei/, og at den siste *e*-en er stum. Når slike ord blir importerte frå engelsk til norsk, oppstår det i følgje Omdal ein «kollisjon» mellom to språk sine prinsipp for forholdet mellom uttale og skrift. For *tape* er problemet delvis løyst ved at offisiell skrivemåte er både *tape* og *teip*, men for *gate* er ikkje problemet løyst på same måten. Ein konklusjon ein kan trekkja her, er at *stress* er nærare ytterpunktet *lånord* i kontinuumet som Gardner-Chloros presenterer, enn *gate* er. Dette betyr ikkje nødvendigvis at *gate* kjem til å bevega seg ytterlegare i kontinuumet og nærma seg delen der ein finn *stress*: ordet har truleg stabilisert seg i språket, med engelsk uttale, men med norsk bøyning.

I samband med dette kontinuumet kan det nemnast at ein av grunnane til at det er vanskeleg å definera kodeveksling tydeleg på det lingvistiske nivået, er at «one person's «code-switching» is another person's borrowing» (Gardner-Chloros, 2009, s. 170). Det kan derfor diskuterast om kontinuumet berre er diakront, eller om det òg kan vera samtidig: I undersøkinga til Sunde (2016, s. 154) blir det vist til generasjonsskilnader i språkbruken: Fleire engelske ord vil bli rekna som etablerte i norsk hjå generasjonen som er fødde på 80- eller 90-talet, enn hjå eldre generasjonar. Vidare kan det tenkjast at ein ungdom med arabisk som morsmål vil kunna bruka *wolla* som kodeveksling, medan ein norsk ungdom truleg vil bruka *wolla* som lånord. For desse to språkbrukarane vil det ikkje vera det diakrone, men det sosiale som er skilnaden. Eit syn på dette er at kvar språkbrukar må vurderast individuelt dersom ein skal bestemma om eit bestemt morfem er ein eingangsførekost, eit lån eller kodeveksling (Gardner-Chloros, 2009, s. 12). Eit kontinuum er uansett eit interessant utgangspunkt dersom ein kan knyta alle former for engelsk påverknad inn i eit system med glidande (og kanskje uklåre) overgangar.

Myers-Scotton (1992, s. 20) skriv at enkeltførekostar av innføyde leksem (både lånte former og kodevekslingsformer) er meir like enn dei er ulike, men at dei ikkje er identiske. Likskapen er hovudsakleg at dei går gjennom omlag dei same prosedyrane når dei blir nytta i språkproduksjon, og at begge i stor grad blir integrerte inn i den morfosyntaktiske ramma matrisepåspråket set. Det er avgrensingane når dei opptrer som gjer dei ulike, fordi lånte former har blitt ein del av det mentale leksikonet i matrisepåspråket, medan kodeveksla former framleis

kjem frå det innføydde språket, men blir brukt innanfor ramma matrisesperåket set (Myers-Scotton, 1992, s. 21; 2002, s. 153).<sup>34</sup>

Kodeveksling kan førekoma i ulike former, både som delar av ord, enkeltord, fleire ord, heile frasar eller heile setningar, og det er ikkje berre for enkeltorda det kan vera vanskeleg å skilja lån og kodeveksling: Heile frasar og lengre uttrykk kan bli importerte inn i eit språk, eller dei kan bli nytta i kodeveksling (Johansson og Graedler, 2002, s. 252; Lie, 2011, s. 63). Som nemnt er dei fleste orda som blir importerte frå andre språk innhaldsord eller leksikalske ord. Når heile frasar blir kodeveksla, finn ein gjerne både leksikalske ord og funksjonsord som del av vekslinga. Dette er fordi vekslinga inneber at ein skiftar språkssystem, og dermed kjem funksjonsorda som høyrer heime i språket ein har veksla til med i ytringa (Johansson og Graedler, 2002, s. 253). Samtidig er det ikkje slik at *alle* tilfelle av lånte funksjonsord nødvendigvis er døme på kodeveksling: Johansson og Graedler (2002, s. 253) trekkjer fram faste engelske kollokasjonar (til dømes *take it or leave it*), og argumenterer for at det finst nokre slike lengre uttrykk som førekjem så hyppig i norsk at ein kan sjå på dei som einingar, på lik linje med ord og frasar. Det kan nemnast her at Andersen (2012, s. 178) vurderer det engelske innslaget i følgjande setning til å vera kodeveksling, heller enn ein lånt frase: *så jeg bruker mer en gjerne noen uker på å «get things straight»*. Òg han påpeikar at dette er eit vanskeleg skilje. Dette understrekar at det må diskuterast om slike kollokasjonar er døme på kodeveksling eller lån.

Ein fordel med å undersøka talespråk, er at ein har tilgang til uttale. Sjølv om Myers-Scotton (2000, s. 143-144) som nemnt meiner ein ikkje kan avgjera om ein har med lån eller kodeveksling å gjera basert på eit strukturelt grunnlag, peikar Johansson og Graedler (2002, s.254) på at uttale vanlegvis kan gi ein god indikasjon. Dersom ein finn engelsk uttale, er det eit signal om at ein er i det engelske språkssystemet, medan ein gjerne har tilpassa etablerte importord og -frasar til den norske fonologien. Johansson og Graedler (2002, s. 254) understrekar at dette ikkje er ein sikker indikasjon, då integrering av importord er ein gradvis prosess, slik som Myers-Scotton (2000, s. 143-144) viser til.

Noko anna som kjenneteiknar kodeveksling i tale, er *flagging*, som inneber at språkbrukaren signaliserer at det skjer noko spesielt (Johansson og Graedler, 2002, s. 262).

---

<sup>34</sup> I skiljet mellom lånord og kodeveksling kan òg «augeblinkslån» (e. *nonce-borrowing*) nemnast. I artikkelen *Sometimes I'll start a sentence in English y termino en español: toward a typology of code-switching* som først vart publisert i 1980, er mange av enkeltorda klassifiserte som kodevekslingar. I forordet til utgåva frå 2000 skriv Poplack (s. 222) (som i utgangspunktet ikkje ser på lån og kodeveksling som eit kontinuum) at mange av desse enkeltorda i 2000 ville blitt klassifiserte som «augeblinkslån». Augeblinkslån skil seg frå etablerte lånord først og fremst grunna at dei er mindre frekvente i matrisesperåket.



Flagginga kan vera tydeleg (til dømes kan talaren seia «det som på engelsk heiter [...]» før det blir kodeveksla), eller meir subtil, til dømes med pausar før eller etter det engelske elementet, endringar i stemmeleiet, latter eller liknande (Johansson og Graedler, 2002, s. 262). Hjø Poplack (2000) framstår det som om flagging kan signalisera at du ikkje er ein «god» kodevekslar: Ho skriv at «one of the characteristics of skilled code-switching is a smooth transition between L1 and L2 elements, unmarked by false starts, hesitations or lengthy pauses» (Poplack, 2000, s. 241). Ho nemner òg andre karakteristikkar ved det ho kallar *skilled code-switching*:

a seeming 'unawareness' of the alternation between languages, i.e. the switched item is not accompanied by metalinguistic commentary, it does not constitute a repetition of all or part of the preceding segment, nor is it repeated by the following segment; switches are made up of larger segments than just single nouns inserted into anotherwise L2 sentence; and code-switching is used for purposes other than that of conveying untranslatable items. (Poplack, 2000, s. 242).

Når Poplack (2000) viser til *skilled code-switching* har det samanheng med at ho undersøkte språkbrukarar med høg kompetanse i både matrisespråket og det innføyde språket, men og språkbrukarar med høgare kompetanse i matrisespråket.<sup>35</sup> Det ligg nær å tru at det kan vera nyttig å bruka flagging som eit kjenneteikn på kodeveksling i denne undersøkinga, då språkbrukarane som blir undersøkte her mest sannsynleg har høgare kompetanse i norsk enn i engelsk, og på denne måten kan tenkjast å ikkje vera det Poplack kallar «gode» kodevekslarar.

For å oppsummera kan ein seia at skiljet mellom importord og kodeveksling er vagt, uklårt og glidande. Det er vanskeleg å finna ei klår og eintydig grense, og teoretikarane nyttar omgrepa noko ulikt. Det blir likevel naudsynt å kunna nytta omgrepa som er presenterte, med ein viss presisjon, så det vil her kort bli gjort greie for korleis omgrepa blir nytta vidare: Eg vil ta utgangspunkt i indikasjonane som er presenterte i 3.3.3 som teoretisk grunnlag for å kunna skilja importord og korte kodevekslingar frå kvarandre: Desse indikasjonane er grad av morfologisk og fonologisk tilpassing, frekvens, bruk av funksjonsord og flagging.

#### 3.2.4 Transspråking

Som ei vidareføring av kodeveksling vil eg òg introdusera omgrepet *transspråking* (e. *translanguaging*). Omgrepet er blitt teke i bruk i eit forsøk på å setja fenomenene fleirspråklegheit og kodeveksling inn i ein større samanheng og å sjå dei i eit ressursperspektiv.<sup>36</sup> Canagarajah

---

<sup>35</sup> Poplack (2000, s. 250) finn at begge gruppene kan vera «gode kodevekslarar», men at den tospråklege kompetansen er avgjerande for kva slags vekslingar dei gjer.

<sup>36</sup> I utgangspunktet vart omgrepet introdusert til bruk om ein pedagogisk praksis der elevar vart bedne om å veksle mellom språk, avhengig av om dei skulle ta til seg eller produsera (García og Wei, 2014, s. 20). Føremålet var blant anna å sikra elevar med ulike språklege bakgrunnar lik tilgang til fagstoff, ved at alle får aktivert

(2011, s. 401) definerer transspråking som «the ability of multilingual speakers to shuttle between languages, treating the diverse languages that form their repertoire as an integrated system». García og Wei (2014, s. 21-22) skriv at det er misvisande å sjå på eitt enkelt språk som eit «reducible set of abstract structures or as a mental entity». Dette er noko av grunnlaget som skil transspråking frå kodeveksling. I følge García (2012, s. 1) inneber kodeveksling at språka til tospråklege er separate monolingvale kodar som kan brukast kvar for seg, men frå eit transspråkingsperspektiv har tospråklege individ *eitt* språkrepertoar: «(...) translanguaging posits that bilinguals have *one linguistic repertoire* from which they select features *strategically* to communicate effectively» (García, 2012, s. 1). Der kodeveksling viser til veksling til eit anna språk, eller mellom to språk, viser transspråking til språkbrukarens konstruksjon og bruk av originale og komplekse relaterte diskursive praksisar. Desse praksisane kan ikkje enkelt knytast til tradisjonelle definisjonar av språk, men er fokusert på heile det språklege repertoaret til språkbrukaren (García og Wei, 2014, s. 22). Dette inneber at transspråking har utgangspunkt i at språkpraksisane til tospråklege er norma, heller enn språket til einspråklege slik det blir skildra i tradisjonelle bøker og grammatikkar om språkbruk (García, 2012, s. 1). Å inkludera transspråkingsperspektivet i denne undersøkinga, kan opna for ei breiare forståing av nokre av døma i materialet, som vanskeleg kan seiast å vera eintydig kodeveksling.<sup>37</sup>

### 3.3 Eit anna perspektiv: samtaleteori

Materialet i denne undersøkinga er podkastsamtalar, og i det følgjande er det av den grunn nyttig å dra vekslar på samtaleteori. Vidare vil eg presentera omgrep frå samtaleteori og pragmatikk, henta frå Svennevig (2009) si bok *Språklig samhandling*. Svennevig (2009, s. 13) skriv at å bruka språk er å skapa meining: «Ord og setningar blir først meningsfulle når de inngår i kommunikasjonssituasjoner der mennesker bruker dem til å gjøre noe». Han peikar på at *samtalen* er den forma for kommunikasjon som krev minst spesialiserte ferdigheiter (i motsetnad til til dømes skriftspråkleg kommunikasjon). Han trekkjer fram ansikt-til-ansikt-samtalen mellom privatpersonar og skriv at denne er i ei særstilling blant kommunikasjonsformene ein har (Svennevig, 2009, s. 16). Vidare skriv han at ein kan rekna samtalen som den mest grunnleggjande og elementære forma for kommunikasjon, og skildrar ein *uformell samtale* som ein sjanger som er fri og open, utan spesielle sjangerkrav (Svennevig,

---

etablert kunnskap i førstespråket sitt. Av omsyn til omfanget av denne oppgåva, vil eg ikkje gå djupare inn i bakgrunnen for og utviklinga av omgrepet.

<sup>37</sup> Dei siste åra har transspråkingsomgrepet blitt nytta i fleire nordiske språklege og/eller didaktiske undersøkingar: Sjå til dømes Grütters (2019), Eiksund (2019), Mulder (2019) og Reda (2020).

2009, s. 16). Materialet for undersøkinga er podkastsamtalar som i stor grad minner om uformelle samtalar mellom privatpersonar. Nokre teoretiske moment ved samtalar kan vera nyttige å ha med seg som eit bakteppe når podkastane skal undersøkast, og eg vil her presentera omgrepa *nærleik og distanse, stil og rammevilkår for kommunikasjonen*

Nærleik og distanse blir knytte til kjenslemessige og kunnskapsmessige forhold: Nærleik blir etablert og signalisert i kommunikasjon ved at talaren trer fram i ytringane som person og uttrykkjer eit visst kjenslemessig engasjement. Distanse blir signalisert enten gjennom respekt eller gjennom upersonleg saksorientering (Svennevig, 2009, s. 119). Nærleik blir knytt til ein personleg, involvert og subjektiv stil: «En subjektiv stil er forbundet med å snakke direkte – «rett fra leveren» – framfor den mer forsikte framstillingsformen som preger den objektive stilen». Svennevig (2009, s. 123) presenterer denne tabellen som eit oversyn over kva som kjenneteiknar subjektiv og objektiv stil:

Subjektiv stil	Objektiv stil
Personlege emne	Generelle, encyklopediske emne
Personlege vinklingar på emnet	Allmenngjerande vinklingar, generalisering
Personlege forteljingar	Allmenne sanningar, gjengse oppfatningar
Direkteheit («rett frå levra»)	Modifisering, varsemnd
Sterk evaluering	Svak eller ingen evaluering
Stillingstaking	Nøytralitet
Retoriske figurar	
Repetisjon	
Dramatisering	

Tabell 4. Kjenneteikn på subjektiv og objektiv stil (Svennevig, 2009, s. 123).<sup>38</sup>

Situasjonskonteksten kan òg ha betyding for ein samtale: Ein snakkar på ulike måtar til folk avhengig av ting som deira kjønn, alder, personlegdom, gruppetilhøyrse, osv. I tillegg er ein påverka av forholdet sitt til dei: kor godt kjenner ein dei, kva rettar og plikter har ein ovanfor kvarandre, kva kjenslemessige band har ein etablert, osv. (Svennevig, 2009, s. 147). I denne samanhengen vil det vera nyttig å trekkja fram det Svennevig (2009, s. 149) kallar rammevilkåra for kommunikasjonen. Han viser til at ulike medium har ulike rammevilkår for kommunikasjon, og at dette er noko som kan påverka språkbruken ved at mediet som blir nytta skaper fysiske moglegheiter og avgrensingar for kva slags samhandling som kan føregå (Svennevig, 2009, s. 149-150). Radiomediet sine rammevilkår blir her presenterte jamført med

<sup>38</sup> Tabell 4 er omsett frå bokmål til nynorsk (mi omsetjing).

andre medium. Podkast er ikkje inkludert som eige medium, men det kan tenkjast at fleire av rammevilkåra for radio vil vera gjeldande òg for podkastar.

Rammevilkår	samtale	telefon	chat	brev	radio	bok
Kan deltakarane sjå kvarandre?	ja	nei	nei	nei	nei	nei
Kan deltakarane høyra kvarandre?	ja	ja	nei	nei	nei	nei
Er språkbruken spontan?	ja	ja	ja	nei	ja/nei	nei
Er signala flyktige?	ja	ja	nei	nei	ja	nei
Kan deltakarane veksla på å føra ordet?	ja	ja	ja	ja	nei	nei
Er det ein privat sendarinstans?	ja	ja	ja	ja/nei	nei	ja
Er adressaten individuell?	ja	ja	ja	ja/nei	nei	nei

Tabell 5. Rammevilkår for ulike medium (Svennevig, 2009, s. 150).<sup>39</sup>

Her bør det nemnast at tabellen ser ut til å fanga opp samtalen mellom studio og lyttaren, ikkje samtalen mellom dei som er i studio, då deltakarane i radiosamtalen i følgje tabellen ikkje kan sjå eller høyra kvarandre eller veksla på å føra ordet. Svennevig (2009, s. 112) påpeikar at ein i mediasamtalar har ei noko spesiell utnytting av *roller* i samtalen: «Avis-lesere og radio- og TV-publikum er en slags passive, men likevel ratifiserte deltakere i kommunikasjonen». Dette blir forklart med at publikum er ein slags overhøyrar av den konkrete samtalen, men ein adressat til programmet eller artikkelen som heilskap.

For desse rammevilkåra blir det peika på at ein ikkje alltid har eit felles her-og-no med dei ein kommuniserer med (Svennevig, 2009, s. 159). I telefonsamtalar kan ein til dømes ikkje sjå kvarandre, slik at ein ikkje har tilgang på kvarandre sine blick og ansiktsuttrykk. Ved brevskrivning til ein person ein kjenner, har ein gjerne felles kunnskap ein kan utnytta i måten ein formulerer seg på. Når ein skriv til ei større gruppe menneske som ein ikkje kjenner personleg trekkjer Svennevig (2009, s. 159) fram at ein berre kan relatera ytringane på «allmenn encyklopedisk kunnskap». Her blir det påpeika at dersom brevskrivaren og lesargruppa høyrer til eit snevert kulturelt fellesskap, så har ein framleis mange konkrete kunnskapar ein kan støtta seg på. I følgje Svennevig (2009, s. 159) er det slik at jo vidare mottakargruppa er, jo mindre spesifikke kunnskapar er inkluderte i den felles encyklopedien, noko som gjer at ein i nasjonale massemedia stort sett berre kan ta utgangspunkt i heilt allmenn encyklopedisk kunnskap. Sjølv om Svennevig her presenterer skriftmediet, kan dette òg gjelda for podkastaktørane, som ikkje har eit felles her-og-no med lyttarane, men som kommuniserer til mange lyttarar på ein gong.

<sup>39</sup> Tabell 4 er omsett frå bokmål til nynorsk (mi omsetjing).

## 4 Metode og materiale

I dette kapittelet presenterer eg primærmaterialet og gjer greie for dei metodiske vala som er gjorde i studien. Først er det nyttig å plassera undersøkinga metodisk: I forskinga skil ein metodisk mellom *kvantitative* og *kvalitative* studiar. Dette skiljet kan ein noko forenkla forklara slik: *Kvantitativ* forskning er gjerne basert på noko som kan målast i tal eller teljast, medan *kvalitativ* forskning utforskar kvalitetar som ligg bak slike tal (Ryen, 2002, s. 19; Krumsvik, 2013, s. 15). Mi undersøking er i stor grad prega av ei kvalitativ tilnærming, med eit avgrensa primærmateriale (fire podkastepisodar) og intervju som er utprega kvalitative. I analysekapittelet og i drøftinga blir det likevel gjort ei oppteljing av dei engelske innslaga, noko som er ein meir kvantitativ framgangsmåte. Sidan primærmaterialet er forholdsvis avgrensa, vil denne oppteljinga likevel vera av kvalitativ art som del av ein kvalitativ studie. Denne undersøkinga er først og fremst ei undersøking med språket i fokus, men det vil bli drege vekslar på sosiolingvistik og psykolingvistik, då sosiolingvistiske og psykolingvistiske faktorar kan seia noko om variasjonen i materialet. I det følgjande blir primærmaterialet presentert i 4.2 og intervjuet i 4.3. I 4.4 gjennomgår eg framgangsmåten i handsaminga av materialet, før eg i 4.5 tek føre meg sorteringa i analysen. I 4.6 blir avgrensingane som er gjorde presentert, før det i 4.7 blir gjort ei oppsummering der òg utfordringar blir peika på.

### 4.1 Val og presentasjon av primærmateriale

#### 4.1.1 Podkast som materiale

Primærmaterialet i denne undersøkinga er som tidlegare nemnt fire podkastepisodar frå fire ulike norske humor- og underhaldningspodkastar. Det er fleire fordelar med å nytta podkastar som forskingsmateriale. Ein av fordelane er at ein kan unngå nokre metodiske utfordringar: Til dømes *observatørens paradoks* (Labov, 1972, s. 113) som blant andre Sunde (2019, s. 53) trekkjer fram. Dette dreier seg om at ein ønskjer innsikt i korleis språket blir nytta når ein ikkje observerer deltakarane i ein studie, samtidig som dette berre let seg gjera gjennom ei form for observasjon. Her bør det nemnast at podkastvertane sjølv sagt er klare over at språket deira og det dei seier, *skal observerast* av dei mange lyttarane. Dei var likevel ikkje klare over at desse episodane skulle bli gjenstand for ei språkleg undersøking, og det er derfor lite truleg at språkbruken blei tilpassa i ei eller anna retning av den grunn. I denne oppgåva er målet å undersøka bruken av engelsk. Her kan det å bruka podkast vera både ein fordel og ei ulempe. Mange undersøkingar av engelsk i norsk er basert på skriftlege kjelder, til dømes fleire av undersøkingane i MIN-prosjektet: Her kan ein nemna blant andre *Fire dagar i nordiske aviser*.

*Ei jamføring av påverknaden i ordforrådet i sju språksamfunn* (Selback og Sandøy, 2007), *Udenlandske eller hjemlige ord. En undersøgelse af sprogene i Norden.* (Kvaran, 2007) og *Nasjonal eller internasjonal skrivemåte? Om importord i seks nordiske land.* (Omdal og Sandøy, 2008). Andre døme er masteroppgåvene til Grøvli (2013) og Morland (2020). Ulempa med å bruka podkast som materiale, er at ein berre har tilgang på talespråk, og dermed ikkje kan seia noko om ortografiske tilpassingar. På den andre sida er tilgangen på uttale ein stor fordel når ein skal vurdera grad av tilpassing. I teorikapittelet (jf. 3.2.3 og 3.3.3) vart det gjort greie for korleis uttale kan vera sentral for å avgjera i kva grad eit engelsk element er tilpassa norsk.

Det finst òg døme på undersøkingar av engelsk i norsk talespråk: Her kan ein nemna Sunde (2016) si undersøking «*Inspect kniven i inventoryen min.*» *Språklig praksis i et nytt domene* og undersøkingane i Stuntman og andre importord i Norden. *Om uttale og bøjning.* (Jarvad og Sandøy, 2007). I desse undersøkingane blir bestemte variablar undersøkte. Med eit større podkastkorpus kunne ein kanskje gjort ei kvantitativ undersøking der ein såg etter realiseringar av nettopp slike bestemte variablar. I denne undersøkinga tek eg heller sikte på å kartleggja kva slags ulike engelske innslag som blir nytta (sjå 4.4). Undersøkinga ser derfor breitt på eit avgrensa materiale, og liknar derfor ikkje metodisk på dei tidlegare nemnde undersøkingane.

Her bør det nemnast at funna i materialet ikkje nødvendigvis kan generaliserast til å seia noko om norsk talemål generelt. Dette er både fordi denne undersøkinga er av kvalitativ art, og fordi podkastar ikkje nødvendigvis er «fri tale», men i større eller mindre grad kan vera «planlagt spontane» (Ytreberg, 2008, s. 24). Det kan likevel tenkjast at funna kan visa tendensar som ikkje er så enkle å få tak i i undersøkingar av skriftlege kjelder eller bestemte variablar i talespråket. Resultata frå denne undersøkinga vil kunna kasta lys over noko av språket som blir tilbydd dei 60 prosentane av nordmenn som høyrer på podkast. Dette er i stor grad yngre folk (jf. lyttartala frå DSP som vart presenterte i 2.1.2), så kanskje kan språket i podkastar ha noko å bety for utviklinga av norsk språk framover. Å bruka podkast som materiale i ei språkleg undersøking vil truleg vera eit tilskot til forskinga på språk i media, der det er gjort lite arbeid med podkast.

#### 4.1.2 Podkastutval

Den norske podkastproduksjonen er stor og variert, så for å enklare kunna gjera eit utval av podkastar, laga eg nokre kriterium. Eg ønskte at podkastane i primærmaterialet skulle vera i sjangeren humor- og underhaldning. Grunnen til dette var at eg ønskte podkastar med om lag lik grad av formalitet. Det kan til dømes tenkjast at det vil vera meir manusbruk og mindre

spontant språk i ein nyhendepodkast. Ved å velja podkastar frå same sjanger, håpte eg å i større grad ha eit korpus av samanliknbart materiale, og helst eit materiale med tilnærma «frie» samtalar, som i liten grad er manusbaserte. Eg ønskte vidare at podkastane skulle koma frå ulike utgjevarar. Grunnen til dette er at den norske podkastmarknaden har fleire aktørar: Dei store mediehusa som NRK og VG har fleire av dei mest populære podkastane, men òg mindre mediehus og frittståande produksjonsselskap produserer podkastar med høge lyttartal. Ved å velja podkastar frå ulike aktørar kunne eg unngå at eg til dømes berre undersøkte podkastar frå NRK (der det kan tenkjast at det er meir språkleg styring, grunna NRK sine språkreglar). Å velja ulike aktørar speglar òg podkastmarknaden i større grad, noko som er ønskjeleg sjølv om undersøkinga ikkje tek sikte på å vera representativ for podkastmarknaden som heilskap. Til sist ønskte eg at podkastane skulle vera populære, altså ha høge lyttartal, slik at eg undersøker språk som når ut til mange. Kva som er dei mest populære podkastane i Noreg, baserer eg på rangeringa til nettstaden *podtoppen.no*, som er Noreg si offisielle toppliste og måling av norske podkastar.<sup>40</sup> Lista inkluderer ikkje alle podkastar som blir produserte, men alle frå dei største mediehusa og dei største frittståande produksjonsselskapa er inkluderte (*Podtoppen*, u.å.b).

Episodane som utgjer materialet er frå veke sju i 2020 (15. – 21. februar). Denne veka er vald med bakgrunn i eit ønskje om ei tilfeldig, men ordinær podkastveke: Det var ønskjeleg med forholdsvis nye podkastepisodar, samtidig som eg ikkje ønskte eit materiale som var veldig påverka av koronapandemien. Grunnen til dette er todelt: For det første ville eg unngå at dei fire ulike podkastane omtala dei same temaa (pandemien, restriksjonar og så vidare), og for det andre vart innspelingsvilkåra for svært mange podkastproduksjonar endra våren 2020, ved at ein måtte spela inn podkastane kvar for seg frå heimen, i staden for å vera samla i eit studio. Eg ønskte eit materiale som kunne spegla det som i størst grad liknar ei ordinær podkastveke, med samtaletema som er typiske for podkasten og innspelingsvilkår som ikkje er (for) påverka av pandemien. Oppstartsdatoen for dette prosjektet var sommaren 2020. Då kunne det tenkjast at samtaletema og innspelingsvilkår var tilbake til ein tilnærma normal (eventuelt ein ny normal). Grunnen til at det ikkje er valt episodar frå sommaren 2020, er at fleire av podkastane hadde lang sommarferiepause, slik at det ikkje var mogleg å velja nye episodar frå alle podkastane.

---

<sup>40</sup> *Podtoppen.no* skriv at dei er «Norges offisielle toppliste og måling av norske podkaster». Målinga blir eigd av NRK, Schibsted, Bauer Media, P4-gruppen og Moderne Media, og er finansiert av eigarane og aktørar som har slutta seg til målinga (*podtoppen.no*, u.å.b).

Med dei nemnde kriteria til grunn, søkte eg opp veke åtte på *podtoppen.no*. Her vart veke åtte vald, fordi det er først denne veka at alle lyttartala frå veke sju blir oppdaterte.<sup>41</sup>

Med mål om fire podkastar, vart utvalet dei fire podkastane *Tusvik & Tønne*, *Friminutt med Herman og Mikkel*, *Jan Thomas og Einar blir venner* og *Harm & Hegseth*. Desse vart valde fordi dei oppfyller dei nemnde kriteria: Dei er i sjangeren humor- og underhaldning, dei kjem frå fire ulike produsentar (både store mediehus og frittstående produksjonsselskap er representerte), og dei har blant dei høgaste lyttartala på *podtoppen.no*. Eg ser det òg som ein fordel at alle fire er baserte på samtalar mellom to personar og på denne måten har same form. Podkastane vil bli nærare presenterte i 4.2.3.

#### 4.1.3 Presentasjon av podkastar, podkastvertar og episodar

I det følgjande blir dei fire podkastane og dei fire episodane presenterte. Tabell 6 inneheld tal henta frå *podtoppen.no* for veke 8 i 2020. Av tala ser ein at *Friminutt med Herman og Mikkel*, som var den mest populære norske podkasten denne veka, har over dobbelt så mange unike lyttarar<sup>42</sup> som *Jan Thomas og Einar blir venner*, som ligg på andre plass denne veka.

Podkast	Unike lyttarar	Plassering	Utgivar
Friminutt med Herman og Mikkel	284 465	1	NRK
Jan Thomas og Einar blir venner	121 459	2	Plan-B & Bauer Media
Harm og Hegseth	70 355	6	VG
Tusvik & Tønne	55 289	11	ADLINK & Nitro

Tabell 6. Tabellen viser tal henta frå *podtoppen.no*, i veke åtte i 2020. *Plassering* viser til kvar på topplista podkastane var denne veka.<sup>43</sup>

Podkasten *Tusvik & Tønne* (vidare forkorta ToT) er ein frittstående podkast som vart starta i 2012 og blir leia av Sigrid Bonde Tusvik og Lisa Tønne. Podkasten blir produsert hjå *Nitro*, og det er *ADLINK* handterer det kommersielle for podkasten (*Nitro*, u.å.; *tusvikogtonne.no*, u.å.). Tusvik (fødd 1980) er komikar og forfattar oppvaksen og busett i Oslo. Ho har ei austnorsk dialekt. Tønne (fødd 1977) er komikar, skodespelar, revy- og musikalartist, programleiar og komikar. Ho er oppvaksen i Trondheim og busett i Oslo. Tønne har ein noko uvanleg

<sup>41</sup> Lyttartala på *podtoppen.no* blir oppdaterte ein gong i veka, kvar onsdag. Lyttartala viser kor mange som har høyrte på podkasten førre veke, men ikkje kor mange som har høyrte på den konkrete podkastepisoden (*Podtoppen*, u.å.b).

<sup>42</sup> *Podtoppen.no* (u.å.a) kallar det «unike enheter».

<sup>43</sup> Her kan det nemnast at lyttartala varierer noko, både frå veke til veke og mellom ulike «sesongar». Til dømes er lyttartala for veke 15 i 2021 slik (med plassering i parentes): FRI (1) 199 488, JToE (9) 76 574, HoH (8) 78 227 og ToT (16) 54 343 (*podtoppen.no*, u.å.a).



dialektbakgrunn: Talemålet hennar i podkasten liknar ei typisk austnorsk dialekt frå Oslo-området, medan ho er oppvaksten med å prata trøndersk. I eit intervju med Bergens Tidene i 2013 sa ho «Æ kanj snakk helt trøndersk hvis æ vil. Men æ vill itj!» (Riseng og Magnus, 2013). I podkasten nyttar ho stort sett det austnorske talemålet. Skildringa av podkasten er slik: «Sigrid og Lisa er to altfor frittalende komikere. Eitt sted må de få lov til å tømme seg, det er blitt til Tusvik & Tønnes podcast.» (Tusvik & Tønne, 2012–notid). Frå podkasten ToT er episoden med namn *Abid Raja, mikropenis og hvitvinsswing* med i materialet. Episoden er publisert 11. februar 2020 og er 74 minutt lang. Episodeskildringa er slik: «Sigrid strever med sin rasisme, Lisa strever med å danse swing i rus. Begge har vært på Røros og fått verdens beste tips om uvennskap.» (Tusvik & Tønne, 2020).

Podkasten *Friminutt med Herman og Mikkel* (vidare forkorta FRI) blir produsert og publisert av NRK. Podkasten vart starta i 2019 og blir leia av Mikkel Niva og Herman Flesvig. Niva (fødd 1988) er improvisatør, manusforfattar og skodespelar. Han vaks opp i Elverum og Sarpsborg og er busett i Oslo. Flesvig (fødd 1992) er komikar, artist og skodespelar. Han vaks opp på Siggerud i Nordre Follo og er busett i Oslo (Lønnebotn, 2021). Både Niva og Flesvig har austnorske dialekter. Skildringa av podkasten er slik: «En podkast hvor vi snakker om det vi opplever i hverdagen, som vi synes er morsomt og interessant, bare avbrutt av tulletelefoner og annet gøy.» (Flesvig og Niva, 2019–notid). Frå podkasten *FRI* er episoden med namn *Hermans gummibjørn, språkreise gjennom London og reporter Roar* med i materialet. Episoden er publisert 12. februar 2020 og er 47 minutt lang. Episodeskildringa er slik: «Mikkel tror ikke på Hermans lykkeamulett, audiovisuelt tulletelefonshow med brå slutt, reporter Ola Halvorsen og Roar med siste nytt.» (Flesvig og Niva, 2020). Både *Ola Halvorsen* og *Roar* er karakterar som blir spelte av Flesvig. Karakterane er kjende både frå podkasten og frå Flesvig sin *Instagram*-konto. *Ola Halvorsen* er i tillegg kjend som ein av karakterane i NRK-serien *Førstegangstenesten*. *Roar* har austlandsdialekt, medan karakteren *Ola Halvorsen* kjem frå Haugenstua i Oslo og nyttar ei multietnolektisk Oslo-dialekt.<sup>44</sup>

Podkasten *Jan Thomas og Einar blir venner* (vidare forkorta JToE) blir produsert og publisert hjå *Plan-B*. Podkasten vart starta i 2018 og blir leia av Jan Thomas og Einar Tørnquist Johansen.<sup>45</sup> Thomas (fødd 1966) er stylist, programleiar og forfattar. Han er oppvaksten i Austevoll og Skien. Thomas har budd 17 år i Hollywood i USA, men er no busett i Oslo.

---

<sup>44</sup> Hausten 2020 vart karakteren kritisert for måten folk frå Haugenstua vart framstilt på. I VG blei det påpeika at karakteren snakkar «gebrokkent norsk», og at dette har ført til ein stereotypi. NRK svara på kritikken, og sa at det stemmer at Ola ikkje alltid treff heilt med sosiolekta, noko som òg er meininga (Midtskog, 2020).

<sup>45</sup> Vidare i oppgåva vil Einar Tørnquist Johansen omtalast som Tørnquist, då dette er namnet han vanlegvis nyttar i offentlegheita og i podkasten.

Thomas nyttar ei austnorsk dialekt. Tørnquist (fødd 1982) er programleiar, musikar og skribent. Tørnquist er oppvaksen i Stokke i Vestfold og busett i Oslo. Han har ei austnorsk dialekt. Skildringa av podkasten er slik: «Kan to så ulike mennesker som Jan Thomas og Einar bli venner, på ekte? Det er nettopp dette de skal finne ut av i denne podkasten. De skal diskutere aktuelle temaer, utfordre hverandre og bli bedre kjent. Og selvsagt må de finne på ting sammen, sånn som ekte venner gjør.» (Thomas og Tørnquist, 2018–notid). Frå podkasten JToE er episoden med namn *59: Kjærlichkeit for Einar* med i materialet. Episoden er publisert 13. februar 2020 og er 53 minutt lang. Episodeskildringa er slik: «Jan har vært gjest på Brille og er full av kjærlichkeit, og så byr han på en ny og spennende historie fra tiden i USA. Einar har vært på turné og blitt rørt av et kommentarfelt.» (Thomas og Tørnquist, 2020).

Podkasten *Harm & Hegseth* (vidare forkorta HoH) blir produsert og publisert av VG. Første episode kom i 2016, og podkasten blir leia av Vegard Harm Antonsen og Morten Hegseth Riiber.<sup>46</sup> Harm (fødd 1996) er påverkar (e. *influencer*). Han er oppvaksen og busett i Stokke i Vestfold og har ei austnorsk dialekt. Hegseth (fødd 1986) er programleiar og journalist. Han er oppvaksen i Stjørdal i Trøndelag, og pendlar mellom Trondheim og Oslo (Grøtte, 2020; Sandø, 2020). òg Hegseth har ein noko uvanleg dialektbakgrunn. Til TV2 har han skildra det slik: «Jeg snakker egentlig østlandsk når jeg er med andre østlendinger, men når jeg er med trøndere, så snakker jeg trøndersk» og «Jeg er mr. knote. Når det er en trønder jeg snakker med, så går det veldig fint, men med en gang det kommer en østlending, så blir det tull med dialekten. Jeg synes det er veldig vanskelig å holde på trøndersken. Jeg merker at det stikker seg mye mer» (Grøtte og Kristiansen, 2020). I podkasten nyttar han stort sett det austnorske talemålet. Skildringa av podkasten er slik: «Vegard Harm og Morten Hegseth snakker om Gud og Jesus. Gud er Gaute Grøtte Grav og Jesus er Jenny Skavlan! Og vi skal selvfølgelig snakke om alle andre kjendiser også, bortsett fra Arne Treholt. Han var russisk spion.» (Harm & Hegseth, 2016–notid). Frå podkasten HoH er episoden med namn *#218 Taylor Swift, vegetar-debatt, J. Lo og Shakira* med i materialet. Episoden er publisert 14. februar 2020 og er 51 minutt lang. Episodeskildringa er slik: «Morten vurderer å bli vegetarianer og begge er besatt av Taylor Swift. Med Vegard Harm og Morten Hegseth. Produsert av Magne Antonsen og Siri Pallesen. @harmoghegseth» (Harm og Hegseth, 2020). Under innspelinga av denne episoden er Harm i heimen sin i Stokke, medan Hegseth er på eit hotellrom i Argentina, der han spelar inn serien *Love Island* for TV 2 (Grøtte og Kristiansen, 2020). Sjølv om *Harm og Hegseth* vanlegvis er spelt inn i eit studio, var denne innspelingsmetoden den vanlege over ein lengre periode.

---

<sup>46</sup> Vidare i oppgåva vil Vegard Harm Antonsen omtalast som Harm og Morten Hegseth Riiber som Hegseth, då dette er namna dei vanlegvis nyttar i offentlegheita og i podkasten.

Episoden er ikkje påverka av pandemien, og episoden er derfor her rekna som spelt inn under vanlege innspelingsvilkår.

Vidare kan det nemnast at tre av podkastane er reklamedrivne: Podkastane *Tusvik & Tønne* og *Harm & Hegseth* inneheld reklame der podkastvertane snakkar (tilsynelatande fritt) om det dei reklamerer for. Desse reklamane er derfor med i materialet. I *Jan Thomas og Einar blir venner* er reklamen lydklipp som er lese inn av andre. Slike lydklipp er ikkje inkluderte. *Friminutt med Herman og Mikkel* som er produsert av NRK inneheld ikkje reklame.

## 4.2 Intervju

I tillegg til primærmaterialet, har eg nytta kvalitative forskingsintervju som datakjelde. I følge Skilbrei (2019, s. 66) kan kvalitative forskingsintervju nyttast for å få kunnskap om informantar sine perspektiv. Målet med desse intervjuar var å søka innsikt i tankar og haldningar kring språk og språkbruk hjå dei som produserer podkastar, i tillegg til å få innsikt i korleis podkastane blir produserte. I innføringsboka *Språkmøte*, skriv Akselberg og Mæhlum (2008, s. 78) at ein kvalitativ studie innanfor sosiolingvistikken har som mål å oppnå djupare innsikt og forståing av samanhengane mellom språk og individa som brukar språket. Denne undersøkinga er i utgangspunktet ikkje ei utprega sosiolingvistisk undersøking, noko analysedelen ber preg av, men med intervju som ein del av materialet, er det nyttig å henta inspirasjon frå den sosiolingvistiske retninga. Intervjuar gir høve til å innhenta kunnskap om korleis enkeltindivid opplever og tolkar den språklege røynda (Akselberg og Mæhlum, 2008, s. 78).

Eg ønskte å intervjuar personar som var involverte i podkastproduksjonen, anten ved å vera ei av stemmene i podkasten, eller ved å vera tett på produksjonen. Eg kontakta dei fire podkastane, og fekk høve til å intervjuar fire personar som har vore involverte i podkastproduksjonen: Sigrid Bonde Tusvik, podkastvert i ToT, Silje Martinsen Wettre, produsent for FRI, Henrik Aspeflaten, tidlegare produsent for JToE og Siri Pallesen, produsent for HoH. Her er det sentralt å nemna at det i tre av intervjuar blir rapportert om *andre* sin språkbruk, og ikkje *eigen* språkbruk, noko som må takast omsyn til.

Etter mønster frå retningslinjene til Norsk senter for forskningsdata (NSD) utarbeida eg eit samtykkeskjema som informantane fekk tilsendt (sjå vedlegg 5). Intervjuar vart gjennomførte over telefon og Zoom, og er dermed såkalla «datastøtta intervju» (Kvale og Brinkmann, 2015, s. 178). Bakgrunnen for valet av datastøtta intervju som form er i hovudsak todelt. Koronapandemien prega samfunnet i intervjutidsrommet, og det var ikkje snakk om særleg

lange intervju (10-30 minutt). Eg rekna det dermed ikkje som eit godt alternativ å reisa til Oslo for å gjennomføra intervju.

Eg tok utgangspunkt i *det semistrukturerte intervjuet* då eg utforma intervjuguiden min (sjå vedlegg 6). Dette er den mest utbreidde tilnærminga (Ryen, 2002, s. 99; Krumsvik, 2013, s. 124). I semistrukturerte intervju har ein på førehand sett opp tema og intervju spørsmål, utan å formulera spørsmåla i detalj eller planleggja rekkjefølgja nøye (Ryen, 2002, s. 99; Krumsvik, 2013, s. 135; Kvale og Brinkmann, 2015, s. 156). Denne framgangsmåten legg opp til ein viss fleksibilitet, ved at han gir høve til å følgja opp svara, koma med utfyllande informasjon og nye spørsmål (Krumsvik, 2013, s. 125). Kvale og Brinkmann (2015, s. 190) meiner at eit godt kvalitativt intervju som regel rommar stor spontanitet, slik at alt ikkje kan vera planlagt. Eg freista å oppnå dette ved å nytta ein semistrukturert intervjuguide som eg tilpassa til kvart intervju, slik at eg kunne følgja opp funn frå primærmaterialet.

Det er fleire utfordringar med å nytta intervju som metode i språklege undersøkingar. Ei utfordring er at informantane blir opplyste om kva eg undersøker. I denne undersøkinga var materialet som skulle undersøkast laga om lag eit år før intervjua fann stad, og primærmaterialet kunne på denne måten ikkje påverkast av intervju. Det er likevel mogleg at svara deira i intervjua kan vera påverka av at dei kjende til temaet for prosjektet før dei vart intervju. Ei anna utfordring er i følgje Sunde (2019, s. 55) at deltakarane blir oppmoda om å tenkja over og gi svar på forhold som det ikkje er sikkert at dei har eit spesielt medvite forhold til. Både grunnar til og motivasjonar bak språkval kan vera komplekse og umedvitne, og dette kan det derfor vera vanskeleg for deltakarane å setja ord på og forklara. Vidare viser Sunde (2019, s. 55) til Labov (1966) og Trudgill (1972) og peikar på at det ikkje er automatisk samsvar mellom sjølvrapportert og faktisk språkbruk. Dette er særleg diskutert innanfor sosiolingvistikken. I mi undersøking er funna frå intervju primært interessante som supplement til primærmaterialet. Målet var at funna frå intervju kunne utfylla primærmaterialet på ein måte som eg som utanforståande ikkje ville vera i stand til utan djupare innsikt. I tillegg til innsikt i tankar om språk og språkbruk, fekk eg nærare kjennskap til dei ulike prosessane rundt podkastproduksjonen. Her var eg blant anna interessert i bruk av manus, som har vore i fokus i fleire av undersøkingane av radiospråk som vart presenterte i kapittel 2.1.4. I transkripsjonen av intervju er skriftspråket (nynorsk eller bokmål) som ligg nærast opp til talemålet til intervjuobjektet valt.

### 4.3 Vidare framgangsmåte

I studien ønskte eg å få innsikt i bruken av engelsk i podkastane. Litt forenkla kan framgangsmåten setjast opp slik:

1. Val av podkastar
2. Val av episodar
3. Lytting til episodar
4. Transkribering av episodar
5. Lytting og lesing
6. Uthenting av funn

Punkt 1. og 2. er skildra i 4.1, men for dei andre punkta vil eg utdjupa noko. Før eg sette i gong med transkriberinga, lytta eg gjennom episodane eg hadde valt og eit par andre episodar frå same podkast (punkt 3. Lytting til episodar). Grunnen til dette var at eg ønskte å sikra meg at episoden som skulle vera ein del av materialet, ikkje skil seg i stor grad frå ein «vanleg» episode frå podkasten. Lyttinga vart ikkje gjort systematisk ved at eg transkriberte fleire episodar eller tok notatar undervegs, så denne vurderinga er gjort på grunnlag av inntrykket eg sat att med etter å ha høyrte på episodane. Eg fann ikkje grunnlag for å seia at dei fire utvalde episodane skilde seg nemneverdig frå andre episodar. Samtaletema og episodelengde varierte sjølvsagt noko, men det språklege verka å vera nokså stabilt.

Når podkastane skulle transkriberast (punkt 4. Transkribering av episodar), var det i all hovudsak bruken av engelsk som var det mest interessante for mi undersøking. Podkastmaterialet er opptak av talespråk, og i følgje Lind (1995, s. 1) må munnleg materiale overførast til skriftleg form for at ein skal kunna analysere det og dokumentere resultatane. Ho omtalar transkripsjon som ei «omsetjing» av materiale frå eit medium til eit anna, og viser til at transkripsjonsprosessen inneber ei redigering av teksten, der enkelte element blir valde ut og framheva, medan andre blir valde vekk (Lind, 1995, s. 2). Transkripsjonen blir derfor selektiv, ved at ein vel ut kva element ein er interessert i. Vidare meiner Lind (1995, s. 3) at det er viktig å vera medviten kring kva kriterium som ligg til grunn for tolkinga, då det er umogleg å unngå noko tolking i transkripsjonsprosessen. Lind (1995, s. 4) presenterer tre kategoriar med krav til transkripsjonen: kravet om *autensitet*, kravet om *tilgjenge* og kravet om *tilpassing til datamaskinell handsaming*.<sup>47</sup> Dei to første er særleg relevante i denne undersøkinga, og eg

---

<sup>47</sup> Kravet om *tilpassing til datamaskinell handsaming* inneber at det er viktig med eit robust, økonomisk og tilpassingsdyktig transkripsjonssystem, i tillegg til at den som transkriberer er konsekvent og systematisk. Dette gjeld spesielt dersom analysen eller delar av den skal føregå ved hjelp av ei datamaskin (Lind, 1995, s. 5). I denne undersøkinga blir ikkje analysen gjennomført ved hjelp av ei datamaskin, men det har likevel vore eit mål å vera konsekvent og systematisk i transkripsjonen.

stiller derfor desse krava til transkripsjonen min: Kravet om *autensitet* inneber at transkripsjonen skal gi ein representasjon av talemåls materialet som er så dekkande og nøyaktig som mogleg, sett i forhold til analysen som skal gjerast (Lind, 1995, s. 4). Kravet om *tilgjenge* inneber at transkripsjonssystemet bør vera enkelt å læra og å bruka, i tillegg til at transkripsjonsproduktet bør vera relativt enkelt å lesa (Lind, 1995, s. 5).

På bakgrunn av dette er episodane transkriberte ortografisk etter vanlege rettskrivingsreglar, men i den grad det var naudsynt, har ortografien blitt tilpassa uttale. Her vart bokmål valt, då inntrykket mitt er at dette skriftspråket ligg nærast dialektene til podkastvertane. Òg innslaga av engelsk vart transkriberte ortografisk, men her gjorde eg markeringar for ulike trekk ved uttalen. Seinare i arbeidet har eg transkribert enkelte av desse engelske innslaga fonemisk med International Phonetic Alphabet (IPA), då det viste seg at uttale av dei engelske elementa både var svært variert og ein viktig peikepinn for sorteringa i analysen. Grunna tid og omfang av denne undersøkinga, er ikkje heile podkastepisodar eller alle engelske innslag transkriberte fonemisk, då dette ikkje har vore naudsynt i alle tilfelle.

For å gjera transkripsjonen lett å lesa, har eg nytta mellomrom for å skilja ord frå kvarandre. Eg har vidare nytta store førebokstavar i eigenamn, og gjort ulike markeringar for avbrytingar, nøling og andre førekomstar som vanskeleg kan transkriberast som *ord*. Desse markeringane er presenterte i tabell 7:

Markering	Tyding
[--]	Kort avbryting av andre i studio, men ytringa held fram. Dette er korte avbrytingar av typen ‘å?’, ‘ja’, ‘nei’, ‘mhm’, ‘oi’.
[...]	Her er det meir kontekst. Dette signaliserer at dømet er ein del av ei lengre ytring.
ehh	Dette er nytta som ei generell markering for nølelydar.
døme-	Bindestrek som heng saman med eit ord signaliserer avbrot/stopp. Avbrotet kan vera gjort av ytraren sjølv eller av samtalepartnaren.
VERSALAR	Ord som tydeleg er forsterka av avsendar er markert slik.
?	Spørjeteikn er nytta for å markera spørsmål.
*døme*	Det som står mellom *stjernene* er ein anna type lyd enn vanleg, fri prat. Dette er til dømes song, avspeling av lydklipp, hosting og liknande.
døme – døme	Tankestrek mellom ord signaliserer ein pustepause/ein kort pause i ytringa.

Tabell 7. Markeringar i transkripsjonen. Ordet *døme* er sett inn for å visa korleis teikna plasserer seg i høve til ord i transkripsjonen.

Ei mogleg feilkjelde i denne framgangsmåten, er at forståinga og dermed transkriberinga av primærmaterialet er basert på mi lytting. Denne feilkjelda er det vanskeleg å unngå, då transkribering er noko av arbeidet som må utførast. For å gjera denne feilkjelda så lita som mogleg valde eg å lesa gjennom den transkriberte teksten medan eg lytta til podkastepisodane på nytt (punkt 5. Lytting og lesing). Dette viste seg å vera nyttig, då eg ved fleire høve var usamd med mi første tolking, og gjorde endringar i transkripsjonen. I følge Lind (1995, s. 3) er det viktig å ikkje stola blindt på transkripsjonen. Datagrunnlaget for analysen må vera ein kombinasjon av transkripsjonar og opptak, der ein går tilbake til opptaka for å supplera og kontrollera. Dette er òg gjort på seinare stadium i analysen.

Når transkripsjonen av episodane var fullført, henta eg ut dei engelske innslaga og gjorde ei grovsortering (punkt 6. Uthenting av funn). I grovsorteringa vart elementa i hovudsak sorterte etter lengd og grad av tilpassing. I tillegg la eg inn kategoriane *hybridord*, *pseudoanglisisme*, *engelske namneledd*, *faste frasar* og *anna / leik med ord / uttale*, her vist i tabellane 8a. og 8b., med språklege døme frå HoH.

Enkeltord/to ord/tre ord			Lengre segment	
Heilt tilpassa norsk	Delvis tilpassa norsk	Ikkje tilpassa norsk	Heil setning	Ufullstendig setning
<i>blokker</i>	<i>hashtaggen</i>	<i>talented</i>	<i>I'm inspired</i>	<i>brought it with me to Sokke</i>

Tabell 8a. Oversyn over grovsortering av engelske innslag del 1.

Hybridord	Pseudoanglisisme	Engelske namneledd	Faste frasar	Anna / leik med ord / uttale
<i>viralballen</i>	<i>fuckings</i> <sup>48</sup>	<i>Justin Bieber</i>	<i>by the way</i>	<i>Stokke /stu:ki/</i>

Tabell 8b. Oversyn over grovsortering av engelske innslag del 2.

Med utgangspunkt i grovsorteringa hadde eg eit overblikk over materialet før det skulle finsorterst. Dei endelege kategoriane liknar desse frå grovsorteringa, men vidare er det inkludert fleire underkategoriar. Her var det òg sentralt å gjera nokre avgrensingar, då det ville vore for omfattande å gjera ein analyse av heile materialet. Avgrensingane blir presenterte i 4.6.

I både sorteringa og handsaminga av materialet har eg nytta ordbøker og korpus. Av fleire grunnar ønskte eg ikkje å låsa meg til éi ordbok som ei objektiv grense for sortering, noko eg kjem tilbake til i 4.7. I analysen har eg nytta *Bokmålsordboka* (BOB), *Nynorskordboka* (NOB),

<sup>48</sup> Dette funnet er noko usikkert. Sjå handsaminga i 6.1.3.

*Oxford English Dictionary* (OED) og *Det Norske Akademis ordbok* (NAOB) aktivt, både for å skildra bruk, bøyning og etymologi. Alle referansar til ordbøkene er presenterte i parentes, med forkorting for ordboksnamnet, og oppslagsord i kursiv. For nokre av funna har det vore nyttig å sjå til annan bruk, og her har eg nytta korpuset *Aviskorpus* (Bokmål) frå *Korpuskel* (AKB; Norwegian Newspaper Corpus). Korpuset inneheld over to milliardar ord henta frå avistekstar frå 1998 til 2021 (Korpuskel, lese 22. mars 2021). Utover dette har eg sett til *Norsk referansegrammatikk* (Faarlund et. al, 1997) for å underbyggja og forklara nokre av funna i analysekapittelet.

#### 4.4 Om sorteringa i analysen

I analysekapittelet blir materialet presentert og analysert. Målet med dette er å få presentert materialet i størst mogleg grad på ein oversikteleg måte, slik at funna kan nyttast vidare i drøftinga. For å freista å gjera materialet oversikteleg, er det i analysekapittelet sortert i fem ulike kategoriar:

1. Delvis tilpassa ord (6.1)
2. Ikkje tilpassa ord (6.2)
3. Større segment (6.3)<sup>49</sup>
4. Setningar (6.4)<sup>50</sup>
5. Leik med ord og uttale (6.5)

Her er dei engelske elementa i utgangspunktet sorterte etter lengd, frå dei minste engelskelementa *ord*, via *større segment*, til heile *setningar*. I kategorien *leik med ord og uttale* finn ein element av ulik lengde som av ulike grunnar ikkje er så enkle å plassera i dei andre kategoriane. Kategorien med flest førekomstar er *ord*. For å enklare kunna gjera ein systematisk gjennomgang av desse, har funna her blitt delt i to kategoriar: *delvis tilpassa ord* og *ikkje tilpassa ord*. Denne delinga medfører eit behov for ein grundig gjennomgang av kva som gjer eit ord *delvis tilpassa*. Dette vil eg gjera greie for her.

I utgangspunktet baserer eg dette skiljet på eit skilje som er gjort i MIN-prosjektet: I innleiinga til boka *Stuntman og andre importord i Norden. Om uttale og bøyning* (2007), presenterer Jarvad morfologiske og fonetiske variablar som vart nytta i undersøkingane i dei nordiske landa. Desse variablane utgjer skiljet mellom kategoriane i denne delen av MIN-

---

<sup>49</sup> Kategorien *større segment* inkluderer frasar, frasesamansetjingar og kollokasjonar.

<sup>50</sup> Kategorien *setningar* inkluderer alt over frasenivå. Dette betyr at òg fleire setningar i same ytring blir presenterte her.



prosjektet: «tilpasset, ikkjetilpasset (eller utenlandsk) og neutral» (Jarvad, 2007, s. 18). Her er kategorien «tilpasset» nytta når informanten brukar morfologiske og fonetiske trekk frå sitt eige språk, altså trekk som stemmer overeins med det heimlege morfologiske og fonetiske systemet. På motsett vis blir kategorien «ikkjetilpasset» nytta når informanten brukar morfologiske og fonetiske trekk som strir mot det heimlege systemet, men som i større eller mindre grad har framand bøyning eller uttale. I tillegg finst kategorien «neutral», som blir nytta når informanten brukar trekk som kan høyra heime i både det heimlege og det framande morfologiske og fonetiske systemet. Denne kategorien famnar òg uttale som i større grad enn å vera faktisk engelsk uttale, er forsøk på engelsk uttale. I den same delen av MIN-prosjektet, men i den færøyske undersøkinga, presiserer Sandøy (2007, s. 55) at dei ikkje er interesserte i om informanten uttalar engelsken fonetisk perfekt i «engelske» øyre, men om uttalen er «gangbar» engelsk i færøyske øyre. Sjølv om dette prosjektet undersøker nokre utvalde variablar i engelsk, noko eg ikkje gjer i denne oppgåva, høver denne sorteringa her òg, då både bøyning og uttale er relevante trekk utover for variablane som vart handsama i MIN-prosjektet.

Denne sorteringa er på ingen måte feilfri, og det er særleg to punkt eg vil omtala her. Som nemnt tek MIN-prosjektet føre seg konkrete variablar i den norske undersøkinga. Døme på dette er substantiv i bunden form fleirtal og adjektiv som er samsvarbøygde i fleirtal. Felles for desse variablane, er at dei har bøyingsending i dei aktuelle formene i norsk. Når eg nyttar same sortering i mi undersøking, blir dette problematisk fordi eg har fleire døme på ord/former som ikkje har bøyingsending i norsk. For desse må eg lena meg berre på uttale, noko som kan ha gjort utslag. Til dømes er alle funna av *ikkje tilpassa* adjektiv i forma positiv, altså ei form som vanlegvis ikkje har bøyingsending i norsk. Det er sjølvsagt mogleg at desse adjektiva kunne vore *delvis tilpassa* morfologisk dersom dei var i ei form med bøyingsending.

Vidare måtte eg ta eit val når det gjeld substantiv i ubunden form eintal. Desse har ikkje bøyingsending i norsk, men dei kan likevel ha fått tilordna genus. For delar av materialet kjem ikkje genus fram som ein del av ordet, men i forma på ord som står til substantivet. Dette gjeld både artiklane *en*, *ei* og *et*, samsvarbøyning av adjektiv, og possessivar som *min*. Dette antyder at sjølv om ingenting ved desse orda i seg sjølve tilseier at dei er tilpassa norsk, har dei fått tilordna genus i frasen, slik at det dermed er gjort ei tilpassing (jf. Faarlund et al., 1997, s. 149-150). Desse har eg derfor sortert som *delvis tilpassa*. Samtidig inneheld materialet fleire *ikkje tilpassa* substantiv i ubunden form eintal som *ikkje* har fått tilordna genus på denne måten, truleg fordi konteksten det er ytra i ikkje viser det. Når uttalen ikkje gir nokon indikasjon på tilpassing, blir desse sorterte som *ikkje tilpassa*, sjølv om det kan tenkjast at dei hadde fått ei morfologisk tilpassing eller ein artikkel i ein annan kontekst. Denne undersøkinga er ikkje ei

kvantitativ undersøking der hovudmålet er å telja opp førekomstane av *delvis tilpassa* og *ikkje tilpassa* ord, så målet med denne inndelinga er å få presentert materialet på ein ryddig måte. I teorikapittelet vart det påpeikt at Graedler og Johansson (1997, s. 24) meiner at sjølv om stavemåten og uttalen til eit lånord kan ligga nær opp til den engelske, så vil eit engelsk ord som blir brukt i norsk ofte «høyrast norsk ut» for ein engelsktalande person. For denne sorteringa er tankegangen den same, men her er ikkje stavemåten relevant, og det blir snudd litt på hovudet: Når uttalen til eit lånord ligg nær opp til den engelske uttalen, så vil eit engelsk ord som blir brukt i norsk ofte «høyrast engelsk ut» for ein norsktalande person. Når eg vidare i oppgåva omtalar uttale som «nær engelsk» eller viser til «engelsk uttale» legg eg ikkje til grunn at uttalen er nøyaktig lik engelsk uttale (som er svært varierende på verdsbasis), men at uttalen har trekk som ligg nærare den opphavlege engelske enn den tilpassa norske. For verbet *date* /derte/ vil diftongen /ei/ ha uttale som ligg «nær engelsk» medan bøyingsendinga /e/ vil vera tilpassa norsk uttale. Dette valet av omgrep er gjort fordi det skal vera mogleg å omtala at noko er meir *engelskaktig* eller meir *norskaktig*, samtidig som ein er open for at ytraren snakkar «engelsk» sjølv om det ikkje er korrekt engelsk. Det har òg vore naudsynt å skilja mellom «norsk» og «engelsk» *r*-uttale: Uttalen av *r*-lyden i dei to språka er variert. To enkle døme som illustrerer dette er skilnaden mellom ein «typisk bergensk» *r*-lyd og ein «typisk sunnmørsk» *r*-lyd, og skilnaden mellom ein «typisk amerikansk» *r*-lyd og ein «typisk skotsk» *r*-lyd. Felles for desse *r*-lydane er at dei ikkje er betydingsskiljande i verken norsk eller engelsk. I denne undersøkinga har det ikkje vore naudsynt å skilja mellom desse ulike *r*-lydane, så det som er registrert her, er om podkastvertane nyttar «typisk norsk» eller «typisk engelsk» *r*-uttale. Dette er i tråd med Johansen (2007, s. 91) si omtale av tilpassing av *r*-lyden i importord i norsk.

For fleire enkeltdøme, har eg måtta ta nokre val i sorteringa. Til dømes har eg sortert *standard-documentary-documentary* som hybridord, heller enn å tolka det som frasen *standard documentary-documentary*, som òg hadde vore ei mogleg tolking. Det finst fleire døme der sorteringa har vore noko usikker, og dette vil bli påpeikt der det er relevant i analysekapittelet.

#### 4.5 Avgrensingar

Med utgangspunkt i at dette er ei undersøking av dei engelske innslaga ein vanleg podkastlyttar kan oppfatta som engelsk eller som tydeleg importert frå engelsk, har eg som nemnt ikkje inkludert dei mindre synlege, eller hørbare, innslaga (jf. 1.2). I tillegg er det gjort nokre vidare avgrensingar av materialet, med utgangspunkt i grovsorteringa. For det første inneheld alle dei fire episodane song, der podkastvertane syng delar av songar med engelsk tekst. Synginga

verkar, med nokre få unntak, ikkje å vera «fri» bruk av engelsk. Unntaka blir inkluderte i *Leik med ord og uttale* (5.6). Utover dette er det tre grupper avgrensingar på ordnivå: (1) *engelske namneledd*, (2) *ord som er «heilt tilpassa» norsk* og (3) *ord med uklar uttale*. For namneledda (1) har eg sett til Brunstad (2003) og Omdal (2008b). Når Brunstad (2003, s. 116) undersøker omfanget av moderne importord i nordiske aviser, trekkjer han fram bruk av namn som ei metodisk utfordring. Han viser til at det er vanleg å utelata namn i *frekvensgranskingar* fordi namn ikkje kan klassifiserast som ord og har avgrensa innverknad på det lingvistiske nivået. Sjølv om undersøkinga mi ikkje er ei frekvensgransking, er denne grunngevinga gjeldande. Ei innvending mot å utelata namn frå frekvensgranskingar, er at namna som oftast blir inkluderte i det totale omfanget av ord, altså det ein brukar som grunnlag for å måla prosent eller promille med importord (Brunstad, 2003, s. 116). I undersøkinga mi er ikkje oppteljing og måling i prosent sentralt, så denne feilkjelda får etter mitt syn ikkje stor påverknad på resultatata. I Omdal (2008b, s. 81) si undersøking av tilpassinga av moderne importord i norsk, presiserer han at han har utelate ordkategorien initialord (ord som *TV* og *FN*), men inkludert akronym som *Nato*. Eg har ingen akronym i materialet, men nokre døme på initialord. Omdal (2008b, s. 81) utelet òg ord som er namn eller har namnekarakter, med mindre dei er eit ledd i samansetjingar. På grunnlag av dette har eg avgrensa materialet ved at engelske namneledd ikkje er inkluderte, med mindre dei er eit ledd i samansetjingar. Sjølv om Omdal (2008b, s. 81) ikkje inkluderer initialord i si undersøking, vel eg å inkludera desse i materialet, då initialorda i materialet mitt er få, men med variert grad av tilpassing.

Den andre gruppa ord som ikkje er med i analysematerialet, er *ord som er «heilt tilpassa» norsk* (2). I innleiinga til *Anglismeordboka* skriv Graedler og Johansson (1997, s. 23) at ein kan snakka om at ord blir *tilpassa til* eller *integrerte i* norsk. Ein kan vidare omtala ord som meir eller mindre *etablerte*. Valet av formuleringa «heilt tilpassa» presentert i hermeteikn, er gjort med bakgrunn i at det kan diskuterast *når* eit importert ord er blitt «heilt tilpassa», og eventuelt *om* eit slikt ord *kan* bli eit «heilt» norsk ord. Dette kan illustrerast med det tidlegare presenterte skiljet mellom lånord som er fullstendig tilpassa det heimlege språket, og framandord som har behalde noko av ortografien eller fonologien frå opphavsspråket, samtidig som kjensla av kva som er framandt kan variera frå språkbrukar til språkbrukar (jf. Jarvad, 2007, s. 10; Jenstad, 2016, s. 458; Omdal, 2008a, s. 11). Basert på dette kan ein tenkja seg at både ord som er fullstendig tilpassa norsk, og ord som har behalde noko av framand uttale, *kan* vera både integrerte og etablerte i norsk.<sup>51</sup> Døme på det siste er *show*, *audition* og *situp* (BOB,

---

<sup>51</sup> Her kan òg framand ortografi nemnast, men dette er i utgangspunktet ikkje relevant i denne undersøkinga.

*show; audition; situp*). Dei orda som har blitt fjerna frå materialet fordi dei er i gruppa «*heilt tilpassa*» norsk, er ord som er av engelsk opphav, som er veletablerte i det norske språket og som manglar spor av «framand» uttale. Dette gjer at dei for den jamne språkbrukar kanskje ikkje blir oppfatta som engelske importord. Å finna objektive kriterium for kva ord som høyrer heime i denne gruppa, viste seg å vera vanskeleg.<sup>52</sup>

Å bruka oppføring i *BOB* som eit kriterium åleine, var problematisk av fleire grunnar. Det tek gjerne ei god stund før ord som er etablerte i norsk blir tekne opp i ordbøkene (Sunde, 2016, s. 154). I tillegg er revisjonsprosjektet der *BOB* og *NOB* blir reviderte eit pågåande prosjekt der det blir publisert bolkar av ord i nettordbøkene etter kvart som dei blir ferdigstilte (Rauset, 2021, s. 8). Dette kan medføra at ordbøkene inneheld langt fleire importord frå bolkane tidleg i alfabetet enn frå bolkar seinare i alfabetet. I tillegg er det eit poeng at eit ord kan ha svært godt feste i det norske språket og samtidig vera prega av «framand» uttale og ortografi. Fordi dette prosjektet er ei undersøking av munnleg språk, ønskte eg ikkje at ortografi skulle vera eit kriterium for avgrensing. Eit døme på eit slikt ord er *show* som er normert i ordbøkene og har vore nytta i norsk lenge. Her viser *NAOB (show)* til dømes til eit sitat frå 1939, og *BOB* føreslår uttalevariantane *shou* eller *sjåv*. Når ordet *show* i materialet blir uttalt engelsknært (amerikansk) /ʃoʊ/, er det framleis prega av «framand» uttale, sjølv om ordet er etablert i norsk. Nokre ord som derimot kan sorterast ut på dette grunnlaget, er (*en*) *jogger*, (*å*) *jogge* og *jogging*. Dei to førstnemnde er oppførte i *BOB*, medan avleiinga med *-ing* ikkje er oppført (*BOB, jogge; jogger*). Når kategoriane «tilpasset» og «ikketilpasset» blir skilde frå kvarandre i *MIN*-prosjektet, blir [j-] og [dʒ-] som framlyd i *jogging* nytta som eit døme på korleis dei skil kategorien «tilpasset» frå kategorien «ikketilpasset» (Jarvad, 2007, s. 20). Jarvad (2007, s. 20) skriv at norske informantar som vel [j-] som framlyd i ordet *jogging* tilpassar det engelske ordet med eit fonetisk trekk som stemmer med det heimlege fonetiske systemet, slik at ordet er «tilpasset». Tilsvarende blir [dʒ-] presentert som «ikketilpasset», då det i følgje Jarvad strir mot det heimlege fonetiske systemet.<sup>53</sup> Poenget her er at (*en*) *jogger*, (*å*) *jogge* og *jogging* er døme på ord som har engelsk opphav, men som i materialet ikkje har tydelege spor av verken engelsk morfologi eller fonologi. På grunn av at slike ord ikkje «framstår som engelsk» for lyttaren, er desse orda sorterte ut av materialet. Dette er ord som

---

<sup>52</sup> Sjå til dømes Bull og Swan (2009, s. 213) som viser til at det er vanskeleg å stilla absolutte krav for å avgjera om eit ord verkeleg er lånt inn.

<sup>53</sup> Hjø Jarvad (2007, s. 20) blir framlyden [dj-] presentert som eit døme som kan høyra heime i både engelsk og norsk. Informantar med denne uttalen produserer derfor *nøytrale* døme. I same del av *MIN*-prosjektet reknar Johansen (2007, s. 90) i den norske undersøkinga [dj-] som «utanlandsk». I samband med undersøkinga mi er dette uansett ikkje sentralt, då alle tilfelle av *jogg*-orda har [j-] i framlyd.

liknar dei Andersen (2006, s. 27) påpeikar at er så innarbeida at me sjeldan tenkjer på dei som engelske. Då det vil variera frå språkbrukar til språkbrukar kva ein reknar som etablerte importord, er det mogleg at eg som språkbrukar har gjort andre val i gruppe (2) enn det ein annan språkbrukar ville gjort (jf. Sunde, 2016, s. 154). Ved å nytta dei morfologiske og fonologiske trekka inspirert av MIN-prosjektet, håpa eg å i større grad kunna sortera med ei objektiv grense. Der eg har vore i tvil, har eg inkludert det aktuelle dømet i materialet.

Den tredje gruppa ord som ikkje er med i analysematerialet, er *ord med uklar uttale* (3). Grunnen til at desse orda er fjerna, er at tolkinga av dei er for usikker. I podkastane er det fleire faktorar som gjer transkriberinga vanskeleg. Til dømes snakkar podkastvertane i munnen på kvarandre, slik at nokre ord «druknar». I tillegg er det mange tilfelle av at podkastvertane avbryt seg sjølv og kvarandre, noko som gjer at ord ikkje blir fullførte, slik at ein ikkje kan vita sikkert kva ytringa var meint å vera. Det er òg eit trekk ved talespråket i podkastane at nokre ytringar og delar av ytringar rett og slett er uttalt utydeleg, slik at ein nærast må gjetta på kva det er som er ytra. Eit døme er ei ytring frå ToT, der særleg eit ord er vanskeleg å tyda. Under er ytringa presentert med to forslag til tolking av det utydelege ordet:

- (3-1)<sup>54</sup> a. ‘og så må det ligge sånne **beats** sånn her colan heeer – det ligger litt sånn rundt omkring i låta’  
b. ‘og så må det ligge sånne **litt** sånn her colan heeer – det ligger litt sånn rundt omkring i låta’

Då podkasten vart transkribert, noterte eg det engelske substantivet *beats*, men då eg lytta til podkasten på nytt (5. Lytting og lesing) var eg usamd med denne tolkinga. Eit mogleg alternativ kan vera *litt*, noko som gjer at konstruksjonen *litt sånn* blir repetert to gongar i ytringa. Både *beats* og *litt* fungerer i denne ytringa, der ytraren omtalar ei låt og kjem med forslag til korleis låta skal vera (til dømes med *colan heeer* (Colaen her) der *her* er tydeleg forlenga). I dette dømet er det vanskeleg å avgjera kva ord *s-en* høyrer til. Ein viktig skilnad mellom a. og b. er at det aktuelle elementet berre er engelsk i a. Fordi tolkinga blir for usikker, er slike døme fjerna frå materialet.

Med desse avgrensingane er materialet blitt noko mindre enn det opphavelig var. Av døma som er sorterte ut, utgjer gruppe (1) *engelske namneledd* storparten, medan rundt ti tilfelle av synging av engelskspråklege songar er fjerna. I gruppe (2) *ord som er «heilt» tilpassa norsk*, er talet i utgangspunktet lågt, men her er det eit poeng at noko av grunnen til at denne avgrensinga

---

<sup>54</sup> Her er dømet markert som første døme i kapittel 3. Hovudvekta av døme i oppgåva vil bli presenterte i kapittel 6, og der blir ikkje døma markerte med kapittelnummer. Døma i 6 går frå (1) til (51). Døme i andre kapittel blir nummererte slik som her, med kapittel og dømenummer.

er gjort er å minska sjansen for ei feilkjelde i oppgåva, ved at eg kan ha oversett veletablerte ord i lyttinga og transkriberinga. I gruppe (3) *ord med uklar uttale*, er berre ei handfull ord fjerna.

#### 4.6 Oppsummering og utfordringar

I dette kapittelet har eg skildra det metodiske grunnlaget for prosjektet. I det følgjande vil eg gi ei kort oppsummering og peika på nokre utfordringar. Denne studien er ei kvalitativ undersøking av fire episodar frå fire ulike norske underhaldningspodkastar. Desse fire episodane utgjer primærmaterialet og har blitt transkriberte, slik at dei òg har blitt tilgjengelege som eit skriftleg korpus. Lydmaterialet er sentralt, så transkripsjonen står ikkje åleine som primærmateriale. Målet med å undersøka språket i podkastane er å kartleggja bruken av engelsk i fleire former.<sup>55</sup> Som eit tillegg til primærmaterialet, er det gjort intervju med aktørar som produserer podkastane. Funna frå desse intervjuar kan bidra med innsikt i haldningar og tankar rundt språkbruken i podkastane. I intervjuar kjem det òg fram informasjon om produksjonsprosessen som vanlegvis ikkje er tilgjengeleg for podkastlyttaren. Denne informasjonen er nyttig for å kunna trekkja nokre linjer til tidlegare forskning på radiospråk (jamfør 2.1.4). Funna frå intervjuar blir lagde fram i kapittel 5, og vil vidare bli trekte fram i drøftinga i kapittel 7.

For å finna ein god måte å kartleggja bruken av engelsk, har eg sett til tidlegare undersøkingar. Eg har i hovudsak nytta meg av MIN-prosjektet og avhandlinga og undersøkingane til Sunde (2016; 2018; 2019), og sett på dei metodiske vala i desse undersøkingane. Undersøkinga mi er ikkje lik nokre av desse, men eg har henta inspirasjon frå og teke utgangspunkt i desse, utan å kunna følgja nøyaktig den same framgangsmåten. Dette har resultert i ei sortering der tilpassing i morfologi og fonologi er grunnlaget for kategorisering. Der det har vore naudsynt, har eg støtta meg på ordbøker og korpuset *AKB*. Materialet var i utgangspunktet både stort og omfattande, og eg gjorde derfor nokre avgrensingar: *song*, *engelske namneledd*, *ord som er «heilt» tilpassa norsk* og *ord med uklar uttale* blir ikkje trekte fram i analysekapittelet, og er heller ikkje med i oppteljingane.<sup>56</sup>

Eg har gjort greie for nokre utfordringar og moglege feilkjelder. I hovudsak dreier det seg om to aspekt: Eg undersøker talespråk og eg kan ha gjort feiltolkingar. At podkastane er

---

<sup>55</sup> Med *engelsk i fleire former* meiner eg både spennet mellom korte og lange engelske innslag, spennet mellom delvis tilpassa og ikkje tilpassa innslag og spennet mellom etablerte importord og kodevekslingar.

<sup>56</sup> Desse utelatingane medfører at oppteljingane kan gi eit noko skeivt bilete, då dei ikkje er utelatne frå det totale omfanget av ord (jf. Brunstad, 2003, s. 116).

talespråk har vore utfordrande på fleire måtar: Heilt konkret dreier dette seg om at taletempoet i podkastane er forholdvis høgt, podkastvertane snakkar tidvis samtidig, dei rettar seg sjølv og kvarandre, og fullfører ikkje alltid ord og ytringar dei har byrja på. Dei gjer òg «feil» på både norsk og engelsk, noko som kan gjera det utfordrande å skulla analysa funna.<sup>57</sup> Sunde (2019, s. 69) skriv at produksjonsfeil er eit naturleg trekk ved all autentisk språkproduksjon, og at studiar av produksjonsdata alltid må ta høgde for dette. I analysen er eg medviten om at det er talespråk eg undersøker, men ved fleire høve er det naudsynt å sjå til grammatikkreglar som er skriftspråksbaserte for å kunna skildra funna. Samla sett gjer desse trekka ved talespråket i podkastane det sannsynleg at eg kan ha gjort feiltolkingar. Eg har freista å fjerna dei mest usikre tilfella, men det er likevel både mogleg og sannsynleg at enkeltdøme kunne vore tolka på ein annan måte.

Til sist vil eg nemna ei siste feilkjelde: Som nemnt har to av podkastane reklameinnslag der reklamen blir framført av podkastvertane. Desse reklameinnslaga er med i materialet. Då eg laga transkripsjonane, var eg ikkje klar over at reklameinnslaga ikkje høyrer til episoden, men er felles for alle episodane og blir bytte ut etter eit visst tidsrom. Då eg oppdaga dette sytte eg for å få laga episodane lokalt. Det var likevel for seint til å få episodane med dei reklamane eg hadde transkribert. Dette resulterte i at eg må stola på min første transkripsjon for reklameinnslaga, då eg ikkje har hatt moglegheit til å lytta til desse på nytt. Eg vurderte om eg skulle fjerna reklamane frå materialet, men kom fram til at transkripsjonen var grundig nok, i tillegg til at det er snakk om små tidsrom (mellom 1 og 2 minutt) og forholdvis få innslag av engelsk.

---

<sup>57</sup> Om desse «feila» kan det nemnast at dette er basert på ein skriftspråkleg standard av kva som er «korrekt» språkbruk.

## 5 Intervju og funn

I dette kapitlet blir funna frå intervju med personar involverte i podkastproduksjonen presentert. Intervjuobjekta er Sigrid Bonde Tusvik, podkastvert i ToT, Silje Martinsen Wettre, produsent for FRI, Henrik Aspeflaten, tidlegare produsent for JToE og Siri Pallesen, produsent for HoH. Igjen bør det påpeikast at det i tre av intervju blir rapportert om *andre* sin språkbruk og ikkje *eigen* språkbruk, noko som må takast omsyn til. Dette gjeld intervju med Wettre (FRI), Aspeflaten (JToE) og Pallesen (HoH). I intervjusituasjonen vart det fokusert på at eg var ute etter deira tankar og inntrykk og ikkje noko fasitsvar, så funna bør sjåast i lys av dette. Målet med desse intervju er tredelt: Eg ønskte både å få eit tydelegare bilete av korleis podkastane er laga, særleg med tanke på bruk av manus. Dette blir presentert i 5.1 «*Det planlagt spontane?*». Vidare var det ønskjeleg å finna ut om podkastvertane tenkjer på lyttaren når dei spelar inn, eller om dei snakkar «som seg sjølve». Funna kring dette blir presenterte i 5.2 *Deltakarane i podkastsamtalen*. Sist, og kanskje viktigast, ønskte eg innsikt i tankar og refleksjonar rundt språket som blir brukt i podkastane, og særleg var eg interessert i tankar om når og kvifor engelsk blir nytta. Dette blir presentert i 5.3 *Tankar om språket i podkastane*. Både 5.1, 5.2 og 5.3 er strukturert slik at funn frå intervjuet med ToT kjem først, så funn frå JToE, så funn frå FRI og til slutt funn frå HoH.

### 5.1 «Det planlagt spontane?»

Særleg i den tidlege delen av radiohistoria var mykje av det talte språket manusbasert (jf. 2.14). «Det planlagt spontane» har vore i fokus i fleire undersøkingar av radiospråk, og det er variasjon i kor manusbasert og spontant radiospråk er (Svennevig, 2009; s. 150; Lyngvær et al., 2017, s. 101). Når språket i podkastkorpuset skal analyserast, kan det vera nyttig å ha eit bilete av kva som ligg til grunn for språkbruken. Tusvik omtalar podkasten som ein improvisasjonsleik, og fortel at ho og Tønne førebur seg til episodane ved å samla opp personlege historier og å senda kvarandre saker frå nyhenda:

Så kjenner vi på når vi har opptaksdagen om de nyhetssakene virker gamle eller brukt opp av Nytt på Nytt eller andre, og Instagram har melket saken eller at det ikke er noe gøy å tulle om [...] Og prøver å ikke si til hverandre på en måte poengene våre, sånn at det er ekte glede fra motparten.

Denne førebuinga blir likevel ikkje til noko Tusvik vil kalla eit manus:



Aldri noe manus, stikkord eller noen ting. Hvis ikke man selv har skrevet det – altså stikkord selv, som poeng da eller en vits på en måte. Da på notater inne på mobilen, men ikke noe langt manus.

Ho omtalar seinare språket som «[...] det er på en måte bare en fri flyt av – ja av prat uten planlegging», noko som kan sjåast i samanheng med omtalen av manusbruk. Noko av målet med denne framgangsmåten verkar å vera at det ikkje skal verka påtatt og planlagt: «Men ellers så er det tut og kjø og stunt egentlig det går på».

I JToE verkar målet å vera noko av det same, sjølv om framgangsmåten er ein anna. Aspeflaten fortel at han i førebuinga legg opp «stolpane» i programmet, som deler podkasten opp i fem til sju «spalter». Dette skriv han vidare ned i eit dokument som blir sendt til Tørnquist.

[...] så går han inn i det dokumentet og så skriver han sine punkter til det han skal bidra med. Han skriver et slags stikkordsmanus, så hvis det er den spalten som handler om år 97 for eksempel, så skriver han for eksempel sånn: Keops-pyramiden ble bygd, [...] såne ting som det, og kanskje noen jokes da hvis han har noen humorpoenger han har lyst til å huske.

Aspeflaten fortel vidare at Thomas gjer omtrent det same til dei spaltene der han skal bidra, men i si eiga notatbok. Aspeflaten har inntrykk av at desse «manusa» er stikkordsbaserte og liknar kvarandre, men presiserer at det varierer:

Einar skriver liksom en blanding av stikkord og direkte manus. Litt avhengig av når han har et poeng liksom som han syns er morsomt, så skriver han det ofte ned. Hvis det er liksom en formulering eller vending eller noe sånt som han liker, så skriver han det ned i manuset sitt sånn at han nesten kan lese det opp, hvis du skjønner? Mens hvis det bare er sånn en ting han skal si sånn her «Stoke vant 3-0», så skriver han det bare som et stikkord og så improviserer han.

Aspeflaten peikar på at det i praksis har blitt slik at Einar er programleiaren som dreg programmet vidare, slik at han er den som veit kva som skal skje og når det skal skje, «og så fyller på en måte Jan inn blanks». Aspeflaten fortel at han klipper ut ganske mykje i podkasten, og anslår 20-30 minutt av halvannen time råopptak: «Og det er jo ganske mye, men så er jo målet at det skal fremstå som et mer eller mindre uredigert produkt».

For FRI er det fleire likskapstrekk med både ToT og JToE. Produsent Wettre fortel at før dei møtest går ho gjennom alle e-postar dei har fått frå lyttarar og hentar fram musikkunderlag og jinglar. Ho samlar det ho tykkjer er dei morosamaste e-postane i eit dokument som ho sender til Niva. På innspelingsdagen møtes Wettre, Niva og Flesvig ein time før dei skal i studio:

[...]så har vi et kjapt møte med en kjøreplan som er uhyre enkel – som er et A4-ark med fire streker på – vi har liksom fire bolker i podden – og så noterer Mikkel først og fremst, noen ideer

til innholdet. Og da er det ikke på detaljnivå at vi planlegger egentlig noe som helst, det er mer som en sånn overskrift, eller jeg har lyst til å ta en tur på Farmen for eksempel. Men det er jo også ofte ting som bare jeg og Mikkel vet om, som ikke Herman er inkludert i, fordi at vi vil at det skal være en overraskelse.

Wettre seier samtalen i podkasten hovudsakleg er improvisert, men at det er planlagt i den grad at dei har eit tema, ei overskrift og ein tanke. Det er likevel ikkje alltid denne planen blir brukt. Ho fortel òg at dei i utgangspunktet spelar inn «alt i ett»:

Og så går vi i studio og så følger vi planen noen ganger. Aldri helt. Og det er ofte de ikke ser på hva de har skrevet ned på møtet [...] for da bare flyter det litt av seg selv og det er på en måte hele poenget og [...] Det hender at man har noen stopper fordi man må komme på hvor man skulle eller finne den neste mailen eller sånne type ting, men det er bare sånne korte avbrekk. Vi kjører i en go og mikrofonene er liksom alltid på – for å få med seg alt.

Om førebuinga til innspeling av HoH fortel Pallesen at produsenten held oversikt over kva som skjer i kultur- og kjendisverda i inn- og utland, og lagar eit dokument med ei punktliste over ulike tema Harm og Hegseth kan prata om. Vidare fyller Harm og Hegseth inn dei temaa dei har lyst til å snakka om. Pallesen seier at dette ikkje blir til eit manus:

Ikkje manus i det heile tatt. Det er ei punktliste så då står det for eksempel – sånn som denne veka da, så på den punktlista så står det «Ronny Brede Aase har nytt tv-program på NRK – sjå første episode av det sånn at de kan diskutera det» [...] så det er ei punktliste med stikkord. Så det er berre på liksom Apple-notatar på mobilen.

Òg Pallesen fortel at det ikkje er alltid punktlista blir følgd: «[...] så fyller dei ofte på tema som ikkje var på den lista og. Og så skal det seiast at det tidvis er hektisk og så kjem ein rett inn i studio og lagar den lista rett før opptak – men ein prøver å ha det klart i forkant». Eit likskapstrekk mellom FRI og HoH, er at podkastvertane ikkje er like ivrige i å bruka punktlista. Pallesen trekkjer fram at det er Hegseth som i størst grad følgjer lista i HoH. Ho fortel at podkasten ikkje blir redigert i stor grad i etterkant. Det som skjer i studio er det lyttarane får, men dei klipper ut «kanskje to-tre ting i veka». I samband med planlegging og bruk av manus, trekkjer Pallesen fram at podkasten har endra seg sidan han vart starta i 2016:

Og så byrja det jo som ein podkast som skulle handla om kjendisar og underhaldning og så har det jo sakte men sikkert sklidd ut til å bli ein podkast som handlar først og fremst om Morten og Vegard – for dei er jo veldig glade i å snakka om seg sjølve og sitt eige liv. Så det – me prøver å liksom fortsatt ha ein miks av begge deler.

Podkastane verkar å ha ein del fellestrekk når det gjeld bruk av manus og førebuing til episodar. Samtidig er det tydeleg at dei ikkje blir produserte på nøyaktig same måte: Dei nyttar

stikkordsbaserte manus (om enn i noko varierende grad) og improvisasjon står sentralt. Både JToE og FRI har ein tydeleg programleiar, høvesvis Tørnquist og Niva, medan ToT ikkje har dette. I HoH er det Heghseth som i størst grad brukar det stikkordsbaserte manuset, men dette treng ikkje bety at han har ei programleiarrolle. Å vera personleg (eller å snakka om seg sjølv) kjem fram som trekk i både ToT og HoH, noko som er i tråd med den subjektive stilen Svennevig (2009, s. 123) presenterer (jf. tabell 4). Kor mykje som blir klipt ut frå episodane, verkar å variera. Basert på funna frå intervjuet er det grunn til å tru at JToE er mest redigert, etterfølgt av FRI og HoH og til slutt ToT.

## 5.2 Deltakarane i podkastsamtalen

I intervjuet vart informantane spurde om kven som er deltakarar i podkastsamtalen. For å presentera funna er det nyttig å ha med seg nokre teoretiske perspektiv om kva ein radiosamtale er.<sup>58</sup> Som nemnt i teorikapittelet (3.3) omtalar Svennevig (2009, s. 112) radiopublikum som passive, men likevel ratifiserte deltakarar i kommunikasjonen. For den konkrete samtalen er publikum overhøyrarar, men for programmet i sin heilskap, er dei ein adressat. I dei fire intervjuet kjem det fram at podkastaktørane først og fremst ser på *podkastsamtalen* som ein samtale mellom dei som sit i studio. Tusvik er tydeleg på at deltakarane i samtalen i ToT berre er ho og Lisa. «[...] vi snakker jo ekstremt sjeldent til lytteren hvis ikke det er sånn at vi vil liksom at – at det er viktig at vi snakker til lytteren, men ellers så er det bare Lisa – vi sitter liksom aldri og tenker på at det er noen lyttere». Ho omtalar det vidare som «en frihet» å ikkje tenkja på lyttaren, og stadfestar ei skildring av podkasten som ein offentleggjort privat samtale. Ho viser òg til døme der ho har opplevd brot på dette:

[...] det er et problem når vi filmer fordi Lisa har en tendens til å se inn i kameraet og snakke, så da føler jeg ofte at samtalen blir litt sånn ødelagt fordi hun blir litt påtatt fordi hun ser inn i kamera og skal liksom si noe til seeren da, på en eller annen måte. Da pleier jeg ofte å kommentere det da 'hvorfor ser du inn i kamera?'

Tusvik påpeikar at dersom dei byrjar å tenkja på at det er masse folk som høyrer på, så legg dei band på seg, og at dette er noko ho vil unngå.

I JToE påpeikar Aspeflaten at han ikkje kan gi noko fasitsvar på kven som deltek i samtalen, men at han kan seia noko om korleis han ser det føre seg:

---

<sup>58</sup> Fordi podkastsamtalar er lite undersøkte, tek eg utgangspunkt i skildringar av radiosamtalar, sjølv om det kan tenkjast å vera nokre skilnader her.

jeg ser det alltid for meg som et rom hvor det sitter to mennesker som snakker fritt med hverandre og at du får lov til å være den tredje personen – altså lytteren – får lov til å være den tredje personen ved bordet – i den samtalen liksom.

Denne skildringa peikar mot ei tolking av podkastsamtalen som er i tråd med Svennevig (2009 s. 112) si skildring av passive, men ratifiserte deltakarar. Dette liknar òg skildringa av samtalen i FRI, der Wettre påpeikar at podkaste er eit friminutt òg for Niva og Flesvig, og at motivasjonen deira for å laga podkast i utgangspunktet er at dei har lyst til å vera saman og å ha det kjekt. Ho omtalar podkaste som «deres lille boble» og presiserer at dei aldri har «hatt noen andre som gjest eller noe sånt noe, så det er liksom Herman og Mikkel sitt rom da». Ho påpeikar at utanom at ho sjølv kan høyrast i bakgrunnen nokre gongar, og at dei har teke nokre tulletelefonar, så har det aldri vore andre stemmer med i podkaste. Frå ståstaden sin som produsent viser ho til nokre skilnader mellom å jobba med podkast og å jobba med radio.

det er veldig annerledes å jobbe med podkast sammenligna med for eksempel mange radioprogrammer, fordi du har lytteren så tett på og vi har så får inn så innmari mye mailer og har sånn- sånn sett mye kontakt med- med lytterne og får mye respons på det som gjøres og sånt noe

Òg i HoH blir samtalen skildra på ein liknande måte, ved at samtalen først og fremst er mellom Harm og Hegseth. «[...] og så får jo dei ekstremt mange tilbakemeldingar på Instagram frå lyttarar så – så dei òg blir jo tidvis involvert». Her trekkjer Pallesen fram at lyttarar sender konkrete tilbakemeldingar, eller tips til kva dei ønskjer at Harm og Hegseth skal snakka om. Ho meiner lyttarane på denne måten er med på å forma innhaldet i podkaste: «og det er jo det me har lyst til – at dei skal føla at dei òg får eit eigarskap til- at dei òg er med i den vennegjengen saman med Morten og Vegard [...]». Utover denne lyttarinvolveringa, peikar Pallesen på at òg redaksjonen blir involvert i samtalen nokre gonger: «[...] og så er nok Morten og Vegard flinke til- i større grad enn andre å involvera redaksjonen – liksom personleg – og seier at ‘ja Elise har jo- produsent-Elise har jo funne fram det og det her det må me snakka om’». Pallesen meiner dette viser at dei er «eit team» som produserer podkaste, men at samtalen først og fremst er mellom Harm og Hegseth.

Oppsummert framstår det som at samtalan i podkastane først og fremst er samtalar mellom programvertane, noko som gjer at podkastsamtalen, slik han blir opplevd av intervjuobjekta, ikkje liknar radiosamtalen som vart skildra i tabell 5 (jf. Svennevig, 2009, s. 150). Dette er først og fremst fordi Tusvik, Aspeflaten, Wettre og Pallesen ikkje reknar lyttaren som ein del av samtalen. Samtidig er lyttarane på eit vis til stades ved at podkastaktørane er medvitne om at

dei finst: I ToT ved at dei ikkje skal takast omsyn til, i JToE ved at dei er medvitne om at samtalen blir lytta til av ein «tredjeperson» og i FRI og HoH ved at dei opplever at lyttarane er tett på og gir masse respons. For FRI og HoH kan det tenkjast at Svennevig (2009, s. 112) si skildring ikkje er heilt treffande, då lyttarane verkar å ha ei aktiv rolle, sjølv om dei ikkje har eit felles her-og-no i kommunikasjonen (Svennevig, 2009, s. 159).

### 5.3 Tankar om språket i podkastane

I intervjuet vart podkastaktørane først spurt om språkbruk på meir generell basis, men då bruken av engelsk er hovudfokuset i denne undersøkinga, var det òg naudsynt å spørja om engelsk meir direkte. I intervjuet bad eg om deira tankar om språket i podkasten. Vidare ønskte eg deira inntrykk av *når* engelsk blei brukt i podkasten, før spørsmåla gjekk vidare til tankar rundt *kvifor* dei brukar eller ikkje brukar engelsk.

Om språket i ToT generelt seier Tusvik at ho prøver å alltid snakka enkelt, fordi ho tykkjer det er mykje gøyare når folk gjer det, heller enn å bruka framandord og vanskelege ord og uttrykk «fordi det syns jeg også virker påtatt og snikskrytete». I samband med dette samanliknar ho òg språket i ToT med standup:

Så det er litt som i standup at du prøver å snakke så enkelt som mulig for å ha med deg hele publikum, så det kommer sikkert litt fra at vi er standupkomikere begge to – at det ikke er noe vits i å bruke fremmedord eller vanskelige- vanskelig språk.

Ho legg òg til at det er ein del banning i ToT: «Og så banner vi jo veldig mye, i hvert fall jeg da banner jo helt sinnsykt mye – men det gjør jeg jo generelt». Når det gjeld engelsk påpeika Tusvik først og fremst at ho sjølv helst brukar lite engelsk, og grunn gav dette med at ho er dårleg i språket. «Ja, for jeg har så dårlig ordforråd og- og uttale så da er det det er på en måte- da blir jeg veldig sånn tilbaketrasket på engelsk. Jeg har lav selvtillit på engelsk.». Ho seier vidare at Tønne brukar engelsk i podkasten dersom ho føler for det. På spørsmål om kva ho tenkjer om å bruka engelsk i norsk meir generelt, peikar ho på at ho nok brukar litt engelsk: «Jeg prøver helst å ikke bruke så mye engelsk i norsk. Så det prøver jeg egentlig å unngå, men jeg bruker *shit* for eksempel da. Og en del sånne enkle ting – *shit* og *fuck* liksom. Ja, *what the fuck. Shit*».

Aspeflaten fortel at han er både interessert og glad i språk. Han meiner språket i JToE heng tett saman med «karakterane» dei er: «[...] altså det springer litt sånn ut fra hvilke typer de er da og litt sånn også hvilke karakterer de har meisla ut av seg sjøl». Han konkretiserer desse karakterane ved å omtala Tørnquist som «en folkelig ironiker» som er oppteken av å ha «vitser

og formuleringer som når ut til folk – og som ikke liksom er highbrow». Om Thomas seier han «mens Jan er mer sånn en type som vet at det er gøy når han sier noe feil for eksempel, eller når han snubler med orda eller han gjør seg på en måte dummere enn han er da ofte». I skildringa av Thomas sitt språk, trekkjer han fram engelsk:

og så er det jo sånn reint praktisk så er jo Jan – de åra i USA som han syns det er gøy å spille på – liksom å være – at han er en sånn USA-Hollywood-type liksom. Så da er det jo mye engelsk og mye sånn ordentlig engelsk liksom. Eller amerikanskengelsk. Som han baker inn ganske sånn aktivt da fordi han syns det er gøy å prate sånn og liker det språket liksom.

Aspeflaten omtalar engelskbruken til Thomas som ein del av han som «karakter»: «[...] Jan bruker det som humor som liksom et – han bruker det som en sånn karaktergreie liksom – sånn: ‘jeg er han som snakker engelsk’». Når Aspeflaten blir spurt direkte om engelskbruken i podkasten, kommenterer han òg språket til Tørnquist:

[...] han har også ganske bra folkelig norsk språk syns jeg. Det er liksom ikke så engelskinfisert – han er ikke så liksom prega av populærkultur og sånne ting i språket vil jeg si da. Men jeg har ikke hørt etter – jeg har ikke tenkt over det når jeg har hørt på dem.

I intervjuet seier Aspeflaten at han sjølv kan tenkja at «nå skal jeg bruke to ekstra sekunder på å finne et norsk ord i stedet for et engelsk ord», og at han kan tenkja seg at Einar gjer det same.

Wettre i FRI fortel at ho først og fremst har tenkt ein del på språket til Niva og Flesvig i samband med intervjuet, men at det er «jo sånn at man tenker jo på det hele tiden, men man er kanskje ikke så bevisst på det». Wettre seier at målgruppa til FRI har betydning for korleis dei tenkjer om språkbruken:

Men dette her er jo en podkast med et ungt- en ung målgruppe og så er det åpenbart underholdning og humor så det er liksom mye lavere skuldre på korrekt språkbruk – for eksempel versus hvis jeg skulle jobbet i nyhetene da, åpenbart.

Når Wettre blir spurt om dei aktivt tenkjer på språkreglane til NRK, viser ho til at utover at dei ikkje skal «gjøre sånn noen openbare blundere liksom» så er ikkje desse reglane noko dei tenkjer så mykje på. Ho seier dei ikkje har hatt nokon «aktive språkdiskusjoner» i samband med språkreglane, men fortel at ho saman med Niva og Flesvig har diskutert heilt konkrete omgrep: «De er veldig redde for å trække noen på tærne for eksempel, så hvis vi skal inn i et litt sånn litt – usikkert landskap og er redd for at man liksom ikke bruker riktig begreper om ting – det snakker vi om på forhånd.» Utover dette fortel Wettre at Niva og Flesvig snakkar «sånn som de vanligvis snakker med hverandre og med folk de møter». Ho seier at «de bruker eget språk

og legger ikke noe imellom der». Når det gjeld bruken av engelsk, trekkjer Wettre fram at ho ikkje tykkjer Niva og Flesvig brukar engelsk spesielt mykje meir enn folk flest, utover «vanlige lånord som de helt sikkert bruker», «men Friminutt bruker jo språk veldig aktivt som- som et humorelement. Så det er klart at da dukker jo engelsk opp stadig vekk». Dette blir utdjupa vidare:

så jeg vet ikke om det liksom er noe skille på det når det blir brukt i en sånn åpenbar humoristisk sketsjete sammenheng enten i form av en eller annen improvisert låt eller om det er - Mikkels Uncle Paul som ringer - hvor Herman spiller norskamerikaner - så jeg vil jo tro at det er nok mer- mer litt sånn språklig kaos kanskje i Friminutt enn det er mange andre steder fordi at de sklir så mye inn og ut av roller og sånt noe - mens det liksom dagligdagse språket deres er nok liksom vil jeg tro uten at jeg har ført noen statistikk på det - bruker de sikkert omtrent like mye engelske ord som de fleste andre på sin alder - vil jeg tro da

I intervjuet blei Wettre spurt om det som i episodetittelen er kalla «språkreise gjennom London» som vil bli omtalt i 6.5 *Leik med ord og uttale*. Wettre fortel at denne delen av podkasten ikkje var planlagt, men blei til fordi dei hadde fått ein e-post frå ein lyttar som skreiv om *the tube*: «og da tok de den ballen og så spurter de av gårde med den». Om slike situasjonar seier ho «man vet aldri het hvor man ender opp der – så der kommer det språk i form av lyder på løpende bånd». Wettre fordel at det meste oppstår litt på sparket:

[...] det kommer ut fra en liten idé om en dialekt eller en forespørsel om et eller annet og så spinner de bare videre på det – så det er alltid – vi sitter aldri og øver på å treffe liksom riktig språklyd på – polsk – eller engelsk eller hva som helst – det gjør vi ikke

Wettre fortel òg om nokre skilnader i korleis ho tenkjer når ho jobbar med både Friminutt og andre podkastar, samanlikna med å jobba med radio:

[...] jeg tenker kanskje litt annerledes på det enn jeg ville gjort i en radiosending, fordi at man vet at man har en helt annen oppmerksomhet og vi vet ganske mye om hvem vi treffer. Så det er liksom – det handler om å ikke undervurdere lytteren også i forhold til at det er de skjønne- ‘folk skjønner jo ikke engelsk’ ‘vi må oversette’ og alle sånne type ting – føler at man har litt lavere skuldre i podkast.

Wettre stadfestar at dei tenkjer slik blant anna fordi dei har ei ung målgruppe som dei tenkjer at forstår engelsk: «ja, vi gjør det i en annen grad enn hvis vi skulle lagd et – forsåvidt i såfall veldig upassende program som skulle gått på P2 på- på lørdag formiddag – eller på P1 på lørdag formiddag». Ho seier ho veit at det i såfall ville ha kome inn mange klager frå radiolyttarar, fordi «at da er det folk som hører på som ikke er så stødige i engelsk nødvendigvis». Ho fortel vidare at ho aldri har fått ei klage på bruk av engelsk i nokon av podkastane ho har jobba med

«bortsett fra når de har blitt versjonert på radio». Dette er interessant i lys av at Svennevig (2009, s. 159) viser til at ein i nasjonale massemedia stort sett berre kan ta utgangspunkt i heilt allmenn encyklopedisk kunnskap, då det viser at FRI har ein del informasjon om lyttarane sine, slik at dei kan basera seg på meir spesifikke kunnskapar i den felles encyklopedien, jamført med dei store NRK-kanalane.

Pallesen fortel at haldningane til språket i HoH har endra seg sidan oppstarten:

Altså eg hugsar då me starta med podkasten [...], så var det formatet fortsatt litt ferskt i Noreg – og då var jo målet vårt at dei skulle kunna prata fritt i han og at dei skal kunna vera liksom litt dryge og ha sine meiningar som av og til ikkje alle vil vera einige i – og at det skal på ein måte ligga opp mot linja av kva som ville blitt for drygt da – og då var det nokon som reagerte i VG som meinte at dei var for frittalande.

Spesielt gjekk desse tilbakemeldingane på bruk av banneord. Pallesen seier at dette var noko dei snakka om i redaksjonen, og at dei i samtale med Harm og Hegseth sa «prøv å banna litt mindre – hugs at mange av dei som høyrer på er veldig mykje yngre enn dykk». Etter samtalen hengde dei opp ein lapp med «ikkje bann» i studio:

[...] og så lærte me eigentleg ganske kjapt at det ikkj- at det var ei umogleg oppgåve [...] med ein gong det kom for mange reglar og band på kva som var lov å seia og kva som ikkje var lov å seia, så mista dei den kreative spontaniteten i podkasten.

Òg her kan ein trekkja ein parallell til Svennevig (2009, s. 123), då «den kreative spontaniteten» verkar å ligga tett på det Svennevig kallar «rett fra levra». Pallesen samanliknar podkasten med *VGTV*-programmet *Panelet* som òg blir leia av Harm og Hegseth. Ho fortel at dei har friare tøyler i podkasten «fordi på Panelet på VGTV så har me yngre målgruppe og har tal som viser at dei er yngre dei som ser på». Ho viser til at dette er noko programleiarane er medvitne om. «[...] i Panelet så veit dei at – så har dei eit veldig bevisst forhold til at dei er unge dei som ser på». Pallesen fortel at ingen lyttarar har kome med tilbakemeldingar på språk, utanom ein gong Hegseth (som er oppvaksen med trønderdialekt) sa at han syns trønderdialekt var stygt:

[...] då fekk han mengder med tilbakemeldingar frå folk som var krenka – men det har ikkje vore nokon tilbakemelding på at dei bannar eller seier fitte og dåse og kuk eller er dryge. Så eg trur det er jo- lyttaren er jo veldig med på den sjargongen som Morten og Vegard har.

Vidare trekkjer Pallesen fram at Hegseth er glad i å debattera, har mange meingar og likar å diskutera dei: «[...] så han kan jo av og til vera på ein måte ekstrem i korleis han då formulerer seg, fordi han veit at viss eg seier det på denne og denne måten så triggjar eg nokon – men det



gjer han jo òg som seg sjølv – deg gjer han på ein måte ikkje berre i podkasten». Pallesen viser vidare til at dei av og til får ein «hangup» på noko:

No i det siste har dei hatt ein hangup på Sverige – fordi dei syns det er så morosamt med korleis svenskane har handtert korona [...] så mens me hadde hytteforbod så er det ein podkast som Morten er veldig opptatt av med ei som heiter Hanna Amanda i Sverige som snakka om at det var så deileg med Covid fordi at då kunne dei dra på hytta og berre «lyx» og «myse» og kjøpa vin og det var så «mysig» - så då hadde dei ein periode der dei hadde mykje rollespel på svensk.

Eit anna døme på ein slik «hangup» er det britiske kongehuset: «Så dei har og tidvis prøvd seg på ein del britisk engelsk». Om språket til Harm peikar Pallesen på bruken av engelsk, og viser òg til korleis engelskbruken kan arta seg i podkasten:

Vegard spesielt elsker jo å snakka engelsk «slash» amerikansk og så blir Morten tidvis påverka av det – og så syns jo Vegard at Morten er veldig dårleg på å snakka engelsk – så det har blitt eit humorelement i podkasten at Morten prøver seg på det og Vegard rettar på han.

I intervjuet vart Pallesen spurt om ho har noko inntrykk av *når* Harm og Hegseth brukar engelsk. Om Harm seier ho: «Det er så mykje heldt eg på å seia, det er jo heile tida, når han skal dra på litt ekstra – når han skal overdramatisera eit eller anna – så pratar han ofte amerikansk for å på ein måte understreka og poengtera det – og viss han skal etterlikna nokon [...]». For etterlikningar brukar Pallesen eit døme der Harm og Hegseth skal snakka om influensarar som poserer og legg ut bilete av klede eller frukosten sin: «så kan han fint liksom bli ivrig og hoppa inn i ein sånn amerikansk karakter der han på ein måte latar som om han er den influensaren – så det er litt når han blir på ein måte riven med». Om Hegseth sin bruk av engelsk presiserer ho at «han tar veldig ofte etter Vegard, så viss Vegard gjer det, så hengjer Morten seg kanskje litt på». Pallesen fortel at bruk av engelsk er noko dei har snakka om, men ikkje direkte i samband med podkasten: «Me har jo snakka om det og tøysa masse med at Vegard jo eigentleg er amerikansk og bur feil stad i verda – så me har snakka mykje om det på den måten». I Pallesen sine auge snakkar òg Harm som «seg sjølv» når han snakkar i podkasten: «[...] han snakkar jo ekstremt mykje engelsk, men det gjer han jo som seg sjølv òg det er jo ikkje berre når han er bak ein mikrofon eller framfor eit kamera – det er jo hans måte å vera på. Han har jo liksom ein liten draum om å vera kjendis i Hollywood – som han lever ut her heime». Pallesen seier at ho aldri har merka nokon forskjell på korleis Harm og Hegseth snakkar i podkasten og elles: «[...] der har eg aldri tenkt på at det er nokon forskjell – at dei skrur på- at dei er ein karakter- at dei er nokon andre når dei er- verken i Panelet eller podkasten. Det er gøy spørsmål fordi det er noko eg aldri kunne tenkt på at var eit tilfelle». Pallesen fortel at språk ikkje har vore eit veldig

stort fokus: «det har ikkje vore noko me har sete ned og analysert og tenkt over – det er sånn dei pratar og det er sånn dei er og det er den humoren dei har. Så då har det vore viktig for oss å liksom kunna dyrka det utan å ha altfor strenge band på dei».

For å summera opp kan ein jamføra funna med kvarandre. Både for ToT og JToE kjem det fram eit ønskje om å bruka enkelt språk. Dette kan sjåast i samanheng med at dei i FRI er opptekne av å ikkje undervurdera lyttarane sin språkkompetanse, og at dei har forholdsvis låge skuldrar når det gjeld «korrekt språkbruk». Låge skuldrar for «korrekt språkbruk» kan òg nemnast for HoH og ToT, og her kan særleg banning trekkjast fram. Når det gjeld til bruken av engelsk kan ein sjå eit tydeleg skilje mellom ToT og dei tre andre, der Tusvik rapporterer at ho helst unngår å bruka engelsk, medan det i dei tre andre podkastane blir omtalt som ein viktig del av humoren. Det kan verka som at det ikkje er store bekymringar for engelskbruk generelt, men at det viktige er at folk forstår engelsken som er brukt. Dette kan ein sjå i lys av Svennevig (2009, s. 159) si skildring av at jo større mottakargruppa er, jo mindre spesifikke kunnskarar er inkluderte i den felles encyklopedien. Han viser til at nasjonale massemedia stort sett berre kan ta utgangspunkt i heilt allmenn encyklopedisk kunnskap. Særleg i intervjuet med Wettre (FRI) er det tydeleg at kjennskap mottakaren er avgjerande for språkbruken, då ho presiserer at dei kan tenkja annleis enn på radio nettopp fordi dei veit meir om lyttarane: Dei er ikkje uroa for at lyttaren ikkje skal forstå engelsk. Det kan sjå ut til at eit fellestrekk i podkastane er at ein ønskjer å bruka eit språk som når lyttaren. I HoH blir det blant anna trekt fram at lyttaren forstår sjargongen i podkasten.

Det er òg eit skilje mellom «karakterane» som blir omtalt i JToE, FRI og HoH: I JToE omtalar Aspeflaten Thomas og Tørnquist i podkasten som «karakterar», altså versjonar av seg sjølve som dei brukar i offentlegheita, medan det i FRI blir peika på at Niva og Flesvig skil inn og ut av roller, og på denne måten skaper «karakterar» som Uncle Paul, som altså ikkje er versjonar av dei sjølve, men det ein heller kan kalla «nye identitetar».<sup>59</sup> Liknande roller som i FRI finn ein i HoH, der Harm brukar engelsk for å parodiera «karakterar» som til dømes ein amerikansk påverkar (e. *influencer*).

---

<sup>59</sup> Svennevig (2009, s. 109) skil mellom identitet og roller: «Mens identitet har å gjøre med hvem vi er som individer, er en rolle en konvensjonell *figur* knyttet til en viss aktivitetstype». Slike roller kan iscenesetjast for å framtre for andre kommunikasjonsdeltakarar, og kan vera private eller institusjonelle. Denne skildringa liknar skildringa av «karakterane» Thomas og Tørnquist.

## 6 Analyse

Målet med dette kapittelet er å presentera funna frå podkastepisodane på ein oversiktleg måte, samtidig som sorteringa og analysen òg skal seia noko om kva slags engelsk som blir nytta. Etersom materialet er omfattande, er det for plasskrevjande å skulla leggja fram kvart einaste døme i analysekapittelet. Eg har derfor valt å henta fram og analysera nokre døme som er representative for materialet. Dei andre døma blir presenterte i vedlegga, der ein òg kan sjå døma sorterte podkast for podkast. I det følgjande vil eg starta på ordnivå med *delvis tilpassa ord* (6.1) og *ikkje tilpassa ord* (6.2), før eg går vidare til *større segment* (6.3) og *setningar* (6.4). Til slutt vil kategorien *leik med ord og uttale* (6.5) bli presentert. I døma som blir presenterte er det engelske innslaget som blir kommentert markert med feit skrift. Som nemnt i kapittel 4.4, er fokuset i analysen på lengd og grad av morfologisk og fonologisk tilpassing, medan spennet mellom etablerte importord og kodeveksling i hovudsak blir handsama i drøftinga.

### 6.1 Delvis tilpassa ord

Orda som blir presenterte i 6.1 er sorterte som *delvis tilpassa ord*. Dei har til felles at dei er delvis tilpassa norsk og at dei førekjem i ein elles norsk kontekst. I mange ord kan ein sjå ei morfologisk tilpassing, ved at det engelske ordet har fått norsk bøyning. For nokre ord er òg uttalen tilpassa. Felles for orda i 6.1 er at dei framleis har spor av engelsk, slik at dei «framstår som engelsk» for lyttaren (jf. 4.6 *Avgrensingar*).

#### 6.1.1 Substantiv

Den største gruppa *delvis tilpassa ord* er substantiv. I materialet førekjem dei tilpassa orda i bunden og ubunden form, og i eintal og fleirtal. Felles i alle formene er at det er eit stort spenn i kor *etablerte* dei tilpassa substantiva er. Døme som *kaps* og *appen* er veletablerte, normerte i BOB og i bruk i norsk,<sup>60</sup> medan døme som *flooret* og *squaden* truleg ikkje er etablerte importord, sjølv om dei er tilpassa morfologisk (BOB, *kaps*; *app*). Døme på substantiv i ubunden form eintal blir presenterte i (1) – (4).

- (1) a. ‘hadde hun **kaps**?’ (ToT)
- b. ‘vi har jo en **podkast** sammen [...]’ (JToE)
- c. ‘[...] jeg driver og hører på en **podd** som heter [...]’ (HoH)
- d. ‘[...] som **podkaster** så gidder jeg ikke å finne meg i det nok en gang’ (ToT)

---

<sup>60</sup> Søk i AKB støttar dette, då det er svært mange treff på desse leksema.

I (1) finst det veletablerte importord som (1)a. *kaps* og (1)b. *podkast* (sistnemnde er i alle høve veletablert blant ytrarane i denne undersøkinga), kortord som (1)c. *podd* som truleg er danna ved å fjerna slutten av importordet *podkast* (jf. Faarlund et al., 1997, s. 130) og konversjonar som (1)d. *podkaster* i tydinga ‘person som lagar podkast’, der endinga *-er* er lagt til *podkast* (jf. Faarlund et al., 1997, s. 105). For dømet (1)a. *kaps* er uttalen svært engelsknær. Ordforma er her lik den engelske fleirtalsforma *caps*, men her er ordet nytta med *s*-ending i eintal, noko som viser ei tilpassing (jf. Andersen, 2006, s. 28; Andersen og Graedler, 2020, s. 3). Same ytrar burkar seinare ordet i bunden form nytta med endinga *-en*: *kapsen*. Desse to aspekta viser at ordet er tilpassa. For døma (1)b. og (1)d. er det tydelegaste skiljet mellom «typisk engelsk» uttale og uttalen i podkastane, at *a*-en er uttalt annleis: /pɒdkæst/ (amerikansk uttale) og /pɒdkaːst/ (britisk uttale) versus /pɒdkast/ (OED, *podcast*). For (1)d. er det mogleg at avleiinga er gjort i norsk, men det er òg mogleg at ordet er lånt med avleiing frå engelsk, *a podcaster* (OED, *podcaster*). Dette er vanskeleg å avgjera, men ordet er her uansett tilpassa, då det i tillegg til endringa av *a*-en har ein tydeleg «norsk r».

Døma i (2) skil seg frå døma i (1) fordi det ikkje er noko ved det engelske innslaget som tilseier at dei er tilpassa. Orda i seg sjølve er svært like det engelske førebiletet, med uttale som er svært engelsknær.<sup>61</sup>

- (2) a. ‘[...] og jeg må bare gi *en liten shoutout* til han kjekkasten [...]’ (JToE)  
 b. ‘[...] dere ender opp som et sånt vegansk par som bor i *en sånn gæren mansion* [...]’ (HoH)  
 c. ‘[...] han snakket med *en dude*’ (ToT)  
 d. ‘[...] og så tar vi *et take* hvor jeg liksom bare gunner på [...]’<sup>62</sup> (FRI)

I (2) kan ein sjå at dei engelske innslaga har fått tilordna genus ved at dei har artikkel. I Faarlund et al. (1997, s. 149-150) er artiklane omtalt som «de viktigste kjennetegnene på substantivets genus». I tillegg til at genus er markert med artiklane, kan ein òg sjå at adjektiva *liten* i (2)a. og *gæren* i (2)b. og determinativet *sånn* i (2)b. er samsvarsbøygde (jf. Faarlund et al., 1997, s. 366).

Det kan sjå ut til at òg døma i (3) har fått tilordna genus i norsk, men her er ikkje artiklane til stades.

- (3) a. ‘[...] og det er så mørkt – *sånn cover* det er så skummelt bilde [...]’ (HoH)  
 b. ‘[...] som en representant fra *min community* [...]’ (JToE)

<sup>61</sup> Grunnen til at orda likevel er sorterte som *delvis tilpassa*, er at genus er markert i frasen, slik at ein av konteksten kan sjå at dei har fått tilordna genus (jf. 4.4).

<sup>62</sup> *Gunner på* blir handsama i 6.3.2.

For (3)a. ser det ut til at *cover* har fått maskulint genus, på grunn av determinativet *sånn* si bøyning.<sup>63</sup> Her kan det òg nemnast at *cover* har engelsknær uttale, som skil seg tydeleg frå uttalen av ordet i bunden form i døme (5)e., *coveret*, der den same ordstammen har fått nøytralt genus. Begge døma er ytra av Harm. I (3)b. har *community* maskulint genus, som blir vist med possessiven *min* (jf. Faarlund et al., 1997, s. 150). Dette samsvarer med forma ordet får i bunden form i døme (34)b. *gay communitien*. Begge desse døma er ytra av Thomas.

I følgje Farlund et al. (1997, s. 159) får importerte verbalsubstantiv på *-ing* som regel feminint genus i norsk. Dette er ikkje tydeleg i materialet.

- (4) a. '[...] så kjører jeg på med *god gammeldags shaming* som jeg pleier å gjøre' (HoH)  
 b. '[...] nå kommer det *en sånn derre warning* – nå må dere høre etter' (JToE)

Verbalsubstantiva i (4) liknar på døma i (2) og (3) ved at ordet i seg sjølv ikkje er tilpassa norsk, medan konteksten tilseier at ordet *kan* ha fått tilordna genus. Endinga *-ing* er produktiv i danninga av verbalsubstantiv i både engelsk og norsk (jf. Farlund et al., 1997, s. 95; Eastwood, 1994, s. 159). I Farlund et al. (1997, s. 98-99) blir orda *camping*, *doping* og *rafting* presenterte som ord som er lånte direkte frå engelsk, i tillegg til orda *campe*, *dope* og *rafte*. Bakgrunnen for at ein tolkar at substantiva med *-ing* er lånte direkte og ikkje avleia i norsk, er at dei er uttalte med tonem 1, medan substantiv med *-ing* som regel har tonem 2. *Shaming* og *warning* har i desse tilfella tonem 1 og verkar dermed å vera lånte inn med avleiing. I (4)a. kan ein sjå at bruken av adjektivet *god* tilseier at *shaming* har maskulint eller feminint genus hjå ytraren. Vidare ser (4)b. *warning* i ut til å ha fått maskulint genus med artikkelen *en* og determinativet *sånn*.

Døma i (5) er i bunden form eintal, og *har* ending.

- (5) a. '[...] TikTok heter den **appen**' (ToT)  
 b. '[...] den **squaden** som du driver å squader deg med liksom [...]'<sup>64</sup> (HoH)  
 c. 'jeg klarte det [--] holde en lydløs tease gjennom hele **jingelen**'<sup>65</sup> (FRI)  
 d. '[...] så når vi skulle på toalettet så måtte vi da gå til det offentlige toalettet på samme **flooret** men et godt stykke unna' (JToE)  
 e. '[...] hvis jeg noen gang skal komme på **coveret** av Stokkemagasinet [...]' (HoH)  
 f. '[...] kanskje vi skal lage en liten ekstra sak på **poddinga** med dæ å en Vegard' (HoH)

<sup>63</sup> Her er òg feminint genus ei moglegheit, men då svært få importord får feminint genus, er det mindre truleg. I fleire av tilfella der ord blir sorterte som *maskuline*, kan det òg vera døme på *felleskjønn*.

<sup>64</sup> *Squader* blir handsama i 6.1.2

<sup>65</sup> *Tease* finst i vedlegg 2.

I (5) har substantiva fått ending (-en, -et, -a) i tråd med norsk substantivbøying, og dei har dermed fått genus i norsk. I døma (5)a.-d. er engelsknær uttale beholden, og det einaste som viser at ordet er tilpassa norsk, er derfor endinga. Engelsk uttale viser seg til dømes i (5)b. i kombinasjonen *squa* /skwa/, i (5)c. med /dʒ/ som framlyd i *jingelen* og i (5)d. med ein «typisk engelsk» r-lyd. (5)e. *coveret* framstår som meir tilpassa, då r-lyden er «typisk norsk».<sup>66</sup> Det einaste substantivet i materialet som har fått feminint genus er (5)f. *poddinga*. Det er Hegseth som står bak denne ytringa, og dette er eit av fleire tilfelle der det blir nytta trønderdialekt for å gje att noko nokon andre har sagt, noko som kan tenkjast å påverka endinga som blir valt. Det kan vidare nemnast at Hegseth, i andre, liknande ord med -ing, vekslar mellom feminin og maskulin bøying, til dømes med orda *Oscar-utdelinga* og *dansingen*. Her er ikkje materialet stort nok til å kunna utforska bøyinga vidare.

Døma i (6) viser dei ulike fleirtalsbøyingane av importord i materialet, med ubunden form i (6)a.-c. og bunden form i (6)d.

- (6) a. '[...] jeg kan'ke lage egne **dealer** med Rolf [...]' (ToT)  
 b. '[...] mange av hennes **hitter** og veldig altså så mange artister som selvfølgelig ikke skriver låtene dems selv [...]' (HoH)  
 c. 'nei ikke **gunnere** her da men folk i USA har gunner liksom [...]'<sup>67</sup> (FRI)  
 d. '[...] se på det ene der med når ho er- eh de **bootsa**' (HoH)

I (6) a.-c. har substantiva fått endingane -er og -ere. I (6)a. har *dealer* elles engelsknær uttale der *ea*-kombinasjonen er uttalt /i/. Òg i (6)b. er uttalen engelsknær, men for dette ordet vil det truleg vera vanskelegare å skilja norsk og engelsk uttale, då kombinasjonen av lydane i *hit* vil vera nokså like i dei to språka. Dersom ein jamfører med inndelinga i MIN-prosjektet, vil dette truleg vera eit *nøytralt* døme. Dette dømet er i tråd med normert bøying i BOB (*hitt*), medan NAOB (*hit*) har forma *hits* oppført i ubestemt form fleirtal. Ordet (6)c. *gunnere* er i følgje NAOB (*gunner*) henta frå engelsk *gun* og avleia med -er. Uttalen av vokalen i *gun* er engelsknær, men elles ber ordet preg av å vera tilpassa, noko som blant anna viser seg med «norske r-ar».

Det er få døme på substantiv i bunden form fleirtal i korpuset. Dømet (6)d. *bootsa* har engelsknær uttale, utanom a-endinga. I tillegg er den engelske fleirtals-s-en beholden (jf. Andersen, 2006, s. 28; Andersen og Graedler, 2020, s. 3).

<sup>66</sup> Som nemnt skil *coveret* seg frå døme (3)a. som er sagt av same ytrar, men med engelsknær uttale av ordstammen.

<sup>67</sup> Dette blir yttra av karakteren «Ola Halvorsen» (Flesvig). *Gunner* finst i vedlegg 2.

Den morfologiske tilpassinga av substantiva i materialet er i stor grad lik tilpassinga som er funnen i tidlegare studiar (jf. Stene, 1945; Graedler, 1998; Johansson og Graedler, 2002; Sunde, 2016). Funn frå tidlegare undersøkingar viser at dei fleste engelske importord blir tekne opp med maskulint genus (eller felleskjønn), medan resten blir tekne opp med nøytralt genus. Dette stemmer i stor grad med funna i denne undersøkinga. I materialet er det flest maskuline substantiv (32), men fleire nøytrumssubstantiv (7) enn feminine substantiv (1).<sup>68</sup>

### 6.1.2 Verb

Verb er den nest største gruppa delvis tilpassa ord. I det følgjande er dei sorterte etter bøyning. Først kjem verba i infinitiv (7), så imperativ (8) og til slutt verba i presens (9) og preteritum/presens perfektum (10).

- (7)
- a. '[...] så du har noen gode år på deg til til å **twerke** på plass psyken [...]' (HoH)
  - b. 'ja og så prøver han å **frame** det sånn at det ser ut som selvmord' (JToE)
  - c. 'bare sånn liksom ho skulle **stage dive** og da blei jeg sånn [...]' (HoH)
  - d. 'jeg jeg skjønner at ikke alle damer umiddelbart finner det naturlig å **rimme** mannen sin' (JToE)
  - e. 'og så er det en av gutta som går fram for å **rappe** litt ekstra' (FRI)

På same måte som for verbet 'å date' (jf. 3.1.2), har alle døma i (7) tonem 2 og uttalt *e*-ending. Døma (7)a. og (7)b. har engelsknær uttale, dersom ein ser vekk frå den uttalte *e*-endinga og tonemet. Dette gjeld òg for det samansette verbet *stage dive* i (7)c., der både *stage* og *dive* er engelsknært, medan *dive* i tillegg har uttalt *e*-ending og tonem 2. For døma (7)d. og (7)e. er uttalen noko mindre engelskprega, då dei er uttalte med «typisk norsk» *r*-lyd.

Vidare er det berre eit døme på eit delvis tilpassa verb i imperativ.

- (8) *Hegseth*: [...] gå inn på Instagrammen din og bare se på Jennifer Aniston sitt foto på Interview Magazine [...]  
*Harm*: 'å dæven – for et nydelig bilde'  
*Hegseth*: 'skjønner du - **swipe** på bildene hennes – se på det ene der [...]'<sup>69</sup> (HoH)

Døme (8) liknar døma i (7) ved at *swipe* har tonem 2 og uttalt *e*-ending. Uttalen elles er engelsknær.

Dei fleste delvis tilpassa verba i materialet finn ein i presens (9) og preteritum (10).

<sup>68</sup> Alle dei delvis tilpassa substantiva i materialet finst i vedlegga.

<sup>69</sup> Her kan det norske verbet *sveipe* nemnast. I følge NAOB (*sveipe*) er dette frå norrønt, men med nokre tydingar lånt frå engelsk, til dømes «bevege fingeren raskt over en skjerm eller styreflate (for å aktivere funksjon)».

- (9) a. '[...] da er det egentlig ikke viktig med liksom om Vegard Harm is over-party **trender** liksom' (HoH)  
 b. '[...] og sitter og spiller og **gamer** inne på Tiktok [...]' (ToT)  
 c. '[...] den squaden som du driver og **squader** deg med liksom [...]'<sup>70</sup> (HoH)  
 d. 'jeg syns Vipps burde ha en egen funksjon som bare er sånn at du bare **swiper** på skjermen og da [...]' (FRI)

Felles for verba i (9) er at dei har fått *-er*-ending med «typisk norsk» *r*-lyd i presens. I (9)a. *trender* er begge *r*-lydane «typisk norske». Elles er uttalen i døma i (9) engelsknær, til dømes uttalen av *squa* /skwa/ og diftongane i *game* /eɪ/ og *swipe* /aɪ/. For (9)c. er det nyttig å sjå tilbake på døme (5)b. der det engelske substantivet *a squad* vart tilpassa norsk med norsk bøying. Her finn me i tillegg verbet *squader*, i ei ytring som ser ut til å bety 'den gjengen som du gjengar deg med'. I engelsk finn ein verbet *to squad*, men ikkje med denne tydinga. OED (*squad*) har tydingane «1. *transitive*. To divide or form into squads; to draw up in a squad.» og «2. To assign or allocate to a squad» (OED, *squad*). Dette kan tyda på at *squader* med denne bruken kan vera ein pseudoanglisisme, der verbet blir danna på grunnlag av det innlånte substantivet (jf. Faarlund et al., 1997, s. 126).<sup>71</sup>

- (10) a. 'jeg bare **remiksa** det litt' (FRI)  
 b. '[...] hashtagen Taylor Swift is over-party **trenda** jo world wide på Twitter' (HoH)  
 c. '[...] det er jo **name-droppa** inni der sånn at folk skjønner [...]' (ToT)  
 d. 'altså jeg satt der nede og hele livet mitt bare **flashed** – altså jobben min visste jo ingenting' (JToE)  
 e. 'og de ville bare lage en koselig sak om at vi **podda** [...]' (HoH)

Verba i (10)a.-c. har fått *-a*-ending i preteritum, medan verbet i (10)d. har fått *-et*-ending. Som i (9) ligg uttalen nær engelsk uttale, til dømes med diftongen /eɪ/ i (10)c. *name* og uttalen /ri.miksa/ i (10)a. Uttalen av *r*-lyden er derimot varierende. I (10)a. finn ein «typisk engelsk» *r*-lyd, medan ein i (10)b. og (10)c. finn «typisk norsk» *r*-lyd. For det samansette verbet i (10)c. er førsteleddet *name* engelsknært, medan det er andreleddet *droppa* som har blitt delvis tilpassa. Det siste dømet, (10)e. *podda*, kan vera eit døme på verbddanning basert på det innlånte substantivet *podkast*, jamfør døma (1)b. *podkast* og (1)c. *podd* (jf. Faarlund et al., 1997, s. 126). Verbet *podda* har i seg sjølv få spor av engelsk, sjølv om det kan seiast ganske sikkert at ordet har opphav i eit tidlegare lån.

<sup>70</sup> *Squaden* vart handsama i 6.1.1.

<sup>71</sup> Her kan ein merkja seg at ein kan finna liknande formuleringar med tydingar som liknar meir på bruken av verbet i HoH ved å gjera googlesøk på til dømes «he squads» eller «she squads».



I følge Johansson og Graedler (2002, s. 178) får dei fleste importerte verb regelmessig (svak) bøyning. Det mest vanlege er at verba blir bøygd i den største klassen svake verb «kasta-klassen» (1. klasse), som er ein produktiv klasse (Faarlund et al., 1997, s. 482). Dei delvis tilpassa verba i materialet følgjer dette mønsteret og går inn i denne klassen, med noko variasjon tilpassa talemålet til dei enkelte podkastarane (til dømes seier Hegseth *trenda* med *a*-ending i preteritum, medan Thomas seier *flashet* med *et*-ending i preteritum).

### 6.1.3 Adjektiv

Det førekjem òg delvis tilpassa adjektiv i materialet.

- (11) a. ‘(...) altså det frisker deg litt opp du føler deg mye **freshere** (...)’ (ToT)  
b. ‘han prøvde å gjøre det litt sånn i – litt sånn **smud** første gangen’ (JToE)  
c. ‘[...] folk er så **fucka** i hue’ (HoH)  
d. ‘[...] så er det faen meg som å hoppe fra Bugårdsdammen i Sandefjord til **fuckin(g)s** Stillehavet altså det er helt sjukt’ (HoH)

(11)a. *freshere* er gradbøygd i komparativ, med endinga *-ere*. Her er uttalen tilpassa norsk ved at *r*-lyden i ordstammen *fresh* er «typisk norsk», i tillegg til den norske endinga. For (11)b. *smud* kan det sjå ut til at adjektivet blir nytta som adverb, men dette er noko usikkert då ytraren stoppar opp midt i ytringa før han går vidare. I *smud* er uttalen tilpassa norsk ved at [ð] er bytt ut med [d], i tråd med undersøkinga til Johansen (2007, s. 88) som vart omtalt i 3.1.3. I tillegg verkar uttalen av vokalen å vera tilpassa, frå den bakre /u/ til sentrale /ʌ/ (jf. OED, *smooth*). Dømet (11)c. *fucka* er i følge NAOB (2018, *fucka*) ubøyeleg. Adjektivet står i predikativ stilling, og er her tilpassa med *a*-ending. For dømet (11)d. som står i attributtiv stilling, er det vanskeleg å seia sikkert om uttalen er *fuckin(g)* eller *fuckings*, på grunn av at neste ord, *Stillehavet*, byrjar med same *s*-lyd. I følge Andersen (2015, s. 133) er det forsterkande adjektivet/adverbet *fuckin(g)* lånt frå engelsk og har tilsvarande former i kjeldespråket. *Fuckings* omtalar Andersen (2015, s. 134-135) derimot som ein pragmatisk pseudoanglisisme:

Although the word does have a homographic SL form in the plural of the nominalised *fuckin(g)*, the form *fuckings* occurs extremely rarely in the English corpora consulted, and never as an intensifying adverb/adjective in the manner of *fuckings/føkkings* [...].

Sjølv om *fuckings* homografisk er likt fleirtalsforma av det nominaliserte *fuckin(g)*, er forma altså sjeldan i bruk, og ikkje på same måte eller med same funksjon som i norsk. Han argumenterer derfor for at *fuckings* er eit døme på ein pseudoanglisisme. I dette materialet blir funnet noko usikkert, då det ikkje er mogleg å seia sikkert om det er *fuckings* eller *fuckin(g)* som blir nytta.

Ordet er her sortert som delvis tilpassa, sjølv om det er mogleg at *s*-en høyrer saman med det påfølgjande ordet. For både *fucka* i (11)c. og *fuckin(g)s* i (11)d. er det mogleg at det òg har skjedd ei vokaltilpassing, men her er nyansane for små til at dette blir undersøkt nærare.

#### 6.1.4 Interjeksjonar

Andersen (2006, s. 28) påpeikar at dei engelske importorda òg omfattar ord som ikkje alltid passar inn i dei tradisjonelle ordklassane. Han kallar desse orda *diskursmarkørar*, *samtalepartiklar* eller *interjeksjonar*. Det er to interjeksjonar i materialet som verkar å vera tilpassa: *ok* (12) og *sorry* (13). For interjeksjonen *ok* er det noko variasjon i uttalen, og ordet er derfor vurdert som delvis tilpassa. OED (*OK*) oppgir den britiske uttalen /,əʊ'keɪ/ og den amerikanske uttalen /,oʊ'keɪ/. NAOB (*ok*) presenterer «[åukei'], [okei'], [okå:]», medan BOB (*ok*) har «o(u)kei' el. o kå». Med IPA-transkribering kan NAOB og BOB sine uttalevarianter presenterast slik: /oukei/, /ukei/, og /uko/. I materialet er det ingen døme på uttalen /uko/, som kan seiast å vera den «mest norske», då uttalen tilsvarar typisk norsk uttale av dei to bokstavane *O* og *K*. I materialet førekjem variasjonar som liknar dei norske /oukei/, /ukei/ og den amerikanske /,oʊ'keɪ/. I tillegg blir ein uttale som liknar /okei/ nytta.

- (12) a. 'åkei men er det mye vind der nå?' (FRI)  
b. 'ja – altså okei' (JToE)  
c. '[...] så sier Odd okei – han er sheptish for han vet at [...]'<sup>72</sup>(ToT)  
d. '[...] da er det mer sånn okay – that's another world I'm here and I'm grounded'(HoH)

Døme (12)a. har uttale som ligg nær /okei/, (12)b. /ukei/ og (12)c. /oukei/, medan (12)d., der interjeksjonen er introduksjon til eit lengre engelsk segment, ligg nær amerikansk uttale /,oʊ'keɪ/. Det er av fleire grunnar vanskeleg å handsama førekomstane av *OK* i materialet. Det er inga eintydig grense mellom kva som er engelsk, kva som er norsk og kva som er engelsk tilpassa norsk her. I tillegg er ordet nytta relativt hyppig, og uttalevariasjonane er små. Det vil derfor ikkje bli gjort ei oppteljing eller ein grundigare gjennomgang av førekomstane av *OK*, men dette utvalet av døme kan stå som ein illustrasjonen på variasjonane i materialet.

- (13) a. 'sorry Tuva – du ligger der – vi går ass' (FRI)  
b. '[...] de sier sånn sorry du har gitt meg kjøtt – jeg er veganer [...]'

---

<sup>72</sup> *Sheptish* blir handsama i 6.5.

I dei to førekomstane av *sorry* i ein elles norsk kontekst er uttalen tilpassa norsk, først og fremst med «typisk norsk» r-lyd. Utanom desse døma er *sorry* nytta fleire gonger som delar av større engelske segment (sjå til dømes (44)a. og (46)e.), men her er ikkje uttalen tilpassa norsk.

### 6.1.5 Hybridord og namnehybridar

I materialet finst det 38 førekomstar av hybridord (jf. 3.1.2) og 23 namnehybridar. Av desse er det 56 substantiv, fire adjektiv og eitt verb. Hybridord er samansette ord, som i norsk svært ofte er substantiv, så dette resultatet er ikkje veldig overraskande. I materialet finn ein både hybridord med det engelske leddet som forledd (14), som etterledd (15) og med hybridsamansetning i første ledd (16). Funna i kategorien hybridord famnar både ord som inneheld engelske ledd som truleg er nokså etablerte i norsk, og ledd som framstår som nye eller spontane lån. I tillegg er nokre av samansetjingane nokså etablerte, medan andre framstår som nye eller spontane.<sup>73</sup>

- (14) a. '[...] altså du vet den der **viralballen** som begynner å rulle som vi er så vant til [...]' (HoH)  
b. '[...] altså når hu filmer det etter den der **revengegreia** [...]' (HoH)  
c. 'du sånn derre **shemalegreier** det driver vi ikke med i timen altså Fredrik [...]' (FRI)  
d. '[...] det var en eller annen **senatordame** som ville run- [--] nei det var en som ville run for senator eller noe sånn i hennes home state Tennessee [...]'<sup>74</sup> (HoH)  
e. '[...] dette var jo da mitt forhold med – ehh [--] ja med **businessmannen** [...]'

Døma (14)a.-e har engelske forledd, men norske etterledd. Vidare viser døma fleire tilfelle av engelske forledd med ulike bøyningar av substantivet *ei/en greie* i etterleddet. Grunna omfanget av materialet kan ein sjølvsgatt ikkje trekkja bastante konklusjonar, men basert på funna ligg det nær å tru at *greie* er frekvent i hybride samansetningar. Uttalen av forledda er lite variert. I alle orda i (14) er uttalen svært lik det engelske opphavet. For (14)d. må det påpeikast at sjølv om *senator* i utgangspunktet ikkje er lånt frå engelsk, tilseier uttalen her at det i denne samanhengen er snakk om eit lån (eller ei kodeveksling): *senator* har i denne samanhengen trykk på første staving og «engelsk r». Ein kan òg sjå i konteksten at *senator* blir nytta som del av eit engelsk segment 'run for senator' i same ytring.

- (15) a. '[...] når vi hadde da skrevet mer enn nok på mitt **hekseshow** (--) så sa jeg [...]' (ToT)  
b. '[...] jeg var da **gjesteappearance** på Beverly-senteret på Mac [...]' (JToE)

<sup>73</sup> Til dømes er leddet *business* i *businessmannen* i (14)e. oppført i BOB (*business*) og har 10140 treff i AKB. Samansetjinga *businessmann* har 285 treff i AKB, medan *revenge* i (14)b. ikkje er oppført i verken BOB, NOB eller NAOB. I AKB er det 75 treff på *revenge*, men i alle treffa utanom eitt er *revenge* ein del av eit større engelsk segment, eller presentert i hermeteikn. Det er ingen treff i AKB på samansetjinga *revengegreia*. *Revenge* verkar derfor å vera meir spontant og mindre etablert enn *business*.

<sup>74</sup> Dei andre engelske innslaga i denne ytringa finst i vedlegg 4.

- c. 'hvis noen trenger **selvtillitsboost** en dag [...]' (HoH)
- d. 'jeg bare lurer på har dere sånn **kaffedeal** hos dere?' (FRI)
- e. '[...] og tar de sjukeste **dansemovesa** med stokk [...]' (HoH)
- f. '[...] Jeroen fortalte meg - ehh som også hjalp meg den gangen ehh sier at tror har en levetid på **femten år-ish**' (JToE)
- g. 'jeg er **bæsje-shy** og jeg' (JToE)

Døma (15)a.-e. har norske forledd og engelske etterledd.<sup>75</sup> Uttalen av etterledda er engelsknær, og berre (15)e. skil seg ut på dette feltet, fordi *dansemovesa* har fått bøyingsending. Uttalen, med *e*-ending og tonem 2 peikar mot at det er det norske verbet å *danse* (og ikkje *e. to dance*) som er sett saman med det engelske substantivet for rørsler: *moves*. Her er den engelske fleirtals-*s*-en beholden, samtidig som det samansette substantivet har fått norsk ending *-a* som signaliserer bestemt form fleirtal. Her er det fleire moglege tolkningar, men det ligg nær å tru at denne endinga er nøytrum bestemt form fleirtal, slik at bøyinga er i tråd med substantiv som *hus*: *et hus – huset – flere hus – husa* (BOB, *hus*). Eit alternativ er at bøyinga er i tråd med bøyinga av maskuline substantiv som *gutt* i tradisjonelt austlandsmål, med bøyingsmønsteret *en gutt – gutten – flere gutter – alle gutta* (Wiggen, 1990, s. 182). For både (15)b., (15)c. og (15)e. kan det tenkjast at samansetningane er danna etter mønster av engelske samansetningar: *guest apperance, confidence boost* og *dance moves*. I (15)f. er suffikset *-ish* nytta som eit signalement for *om lag* eller *cirka*, slik at det her er snakk om omtrent 15 år (jf. Nilssen og Kinn, 2017, s. 141). I (15)g. brukar Tørnquist adjektivet *bæsje-shy*. Dette dømet førekjem like etter at Thomas har fortalt at han er *pee shy*.

(16) '[...] for før det så var hun jo **countryartistsinger** [...]' (HoH)

(16) *countryartistsinger* kan ved første augekast sjå ut som eit heilengelsk ord (eller frase *country artist singer*) som ikkje er tilpassa norsk, då både engelsk og norsk har lånt *artist* frå fransk (BOB, *artist*). Uttalen gir likevel meir informasjon, då forleddet *country* og etterleddet *singer* er uttalt med «typisk engelsk» *r*-lyd, medan *artist* har «typisk norsk», retrofleks *r*-lyd. På grunnlag av uttalen er ordet her sortert som hybridord, der ein finn hybridsamansetjinga i forleddet *countryartist*.

I materialet er det 23 samansetningar med det engelske leddet som forledd, 14 med det engelske leddet som etterledd og ei samansetning med hybridsamansetning i første ledd. Nokre fleire hybridsamansetningar med det engelske leddet som forledd samsvarer med funna i

<sup>75</sup> Òg i desse samansetningane er det variasjon i kor etablerte ledda er i norsk, med til dømes *show* i (15)a. som meir etablert og *appearance* i (15)b. som er mindre etablert.

undersøkinga til Omdal (2008b, s. 91).<sup>76</sup> I Omdal (2008b) si undersøking blir ikkje hybridsamansetjingar som *countryartistsinger* nemnt.

Vidare finn ein ord som er samansette med eit engelskklingande namneledd og eit norsk etterledd. Dersom desse namna stod åleine ville dei bli sett vekk frå, men det kan argumenterast for at samansetningane viser kontaktflater, altså direkte kontakt mellom framande og heimlege element, mellom norsk og engelsk, og derfor bør inkluderast.

- (17) a. '[...] for det har kommet en ny **Frozen-film** [...]'(HoH)  
b. '[...] og prøvelå dette som heter **Wonderland-sengene**'(JToE)  
c. 'så jeg har en- en svær dobbeltseng – **Rolls Royce-modellen** til til til-' (JToE)  
d. '[...] så har jeg bladd forbi den flere ganger på liksom **Apple teve** og sånne ting- **Apple tivi** og da har jeg fått sånn [...]'(HoH)  
e. 'få det litt sånn **Coldplay-aktig**'(FRI)

Harm snakkar om ein ny *Frozen-film* (17)a., sjølv om filmen har eit anna namn på norsk (*Frost*). På liknande måte viser *Wonderland-sengene* (17)b. til eit sengemerke og *Apple TV* (17)d. til det spesifikke produktet som ber namnet. Desse namnehybridane viser til unike referantar med namn, og utanom at *Frozen* kunne vore omsett til *Frost*, vil det truleg vera lite naturleg å bruka andre ord enn desse namna. Her skil dømet (17)c. *Rolls Royce-modellen* seg ut: I denne konteksten er namnehybriden nytta som ein metafor for toppmodellar. Det er ikkje snakk om ein *faktisk* bil av merket *Rolls Royce*, men nytta for å skildra ein toppmodell av ei seng. Dømet med *Apple TV* (17)d. skil seg òg ut, då Harm uttalar produktnamnet på to ulike måtar. I begge tilfella er *Apple* sagt med engelsknær uttale, medan forkortinga 'TV' først blir uttalt /te:ve:/, før han tilsynelatande rettar seg sjølv og seier /ti:vi:/. *Apple TV* er i utgangspunktet eit engelsk namn, samtidig som forkortinga TV /te:ve:/ er ein allmenn del av det norske språket. Det kan derfor tenkjast at ein ved å nytta norsk uttale for halve produktnamnet skapar ein hybrid. I (17)e. blir etterleddet *-aktig* nytta for å skapa adjektivet *Coldplay-aktig*.

## 6.2 Ikkje tilpassa ord

Orda som er presenterte i 6.2 har til felles at dei er tilpassa eller delvis tilpassa til norsk morfologi og/eller uttale. I materialet er det òg døme på ord som ikkje ser ut til å vera tilpassa norsk, men heller å vera nytta i si opphavlege engelske form i ein elles norsk kontekst. Det kan tenkjast at nokre av desse orda òg blir nytta i norsk med ein grad av tilpassing, der til dømes uttalen er endra til å vera meir norsk nær. Når orda likevel er plasserte i kategorien «Ikkje

---

<sup>76</sup> Omdal (2008b, s. 91) finn 229 hybridord med importord som førsteledd og 159 hybridord med importord som sisteledd.

tilpassa ord» er det fordi førekomstane i materialet har engelsk morfologi og/eller engelsnær fonologi. I det følgjande vil ikkje uttalen ved alle døma bli kommentert, då det er sentralt for kategorien «Ikkje tilpassa ord» at uttalen er engelsknær. Òg blant dei ikkje tilpassa orda finn ein både veletablerte ord og ord som ikkje er etablerte i norsk.

### 6.2.1 Substantiv

Av alle orda som er sorterte som *ikkje tilpassa* er substantiv den største gruppa. Felles for substantiva i (18) – (21) er at dei er i ubunden form eintal og at dei framstår som ikkje tilpassa i podkastane. Johansson og Graedler (2002, s. 176) skriv at importerte substantiv kan fungera utan norsk bøyning, noko døma i materialet viser. Dei ser òg ut til å fungera slik eit tilsvarande norsk substantiv ville gjort i same kontekst.

- (18) a. ‘kan’ke du og jeg lage **remix** av Cola’n her [...] (ToT)  
 b. ‘[...] bare sånn slå over til **american** bare si hey everyone and welcome to Love Island’ (HoH)  
 c. ‘jeg fikk jo **mail** av- jeg fikk jo **mail** av Marte Skei en gang [...]’ (HoH)  
 d. ‘skriv under her så er vi hele teamet **check check check check check** – virker radio nei da venter vi en halvtime til [...]’<sup>77</sup> (ToT)

Ytringane gir ingen informasjon om eventuell tilpassing av desse orda, då uttalen ligg nær engelsk. Til dømes i (18)a. *remix* er *r*-lyden er «typisk engelsk» og vokaluttalen er engelsknær, noko som gir uttalen /ri:miks/. I (18)d. verkar *check* å vera nytta for å illustrera at eit heilt lag (*teamet*) skriv seg på ei liste i eit høgt tempo for å bli «kryssa av» lista.<sup>78</sup> Med uttalen /tʃɛk/ skil *check* seg frå norske *sjekk* der uttalen ligg nærare /ʃɛk/. Manglande tilpassing av uttale er òg tilfelle for døma i (19) og (20), men ved desse er det òg eit anna aspekt ein kan leggja merke til.

- (19) a. ‘men hun blir drept så da er han vel han- ehh hva heter det for noe – **orphan**’ (JToE)  
 b. *Tusvik*: ‘[...] vel Martin 70 prosent av deg er jo white nei big dick – ehh-’  
*Tønne*: ‘**syndrome**’  
*Tusvik*: ‘nei ikke big dick men hva heter det altså **attitude** – big dick attitude [...]’<sup>79</sup> (ToT)  
 c. *Tusvik*: ‘så har Åge laga – ehh **battle**’  
*Tønne*: ‘motsang’  
*Tusvik*: ‘motsang- for det handler om at [...]’ (ToT)

<sup>77</sup> *Teamet* finst i vedlegg 1.

<sup>78</sup> Slik eg analyserer dette dømet, er bruken av *check* i tråd med ei forklaring av eit substantiv i ordboka Merriam-Webster: «a mark typically ✓ placed beside an item to show it has been noted, examined, or verified» (Merriam-Webster, *check*). Her er denne ordboka nytta fordi eg ikkje finn ei tilsvarande forklaring i OED.

<sup>79</sup> *White* blir handsama 6.23. Dei andre engelske innslaga i denne ytringa finst i vedlegg 1.

I døma (19)a.-c. ser det ut til at dei engelske substantiva *orphan*, *attitude* og *battle* blir flagga ved at det blir signalisert at det kjem noko framandt (jf. 3.2.3 *Kvar går skiljet mellom lånord og kodeveksling?*). Dette kjem eg tilbake til i kapittel 7. Døma er elles ikkje tilpassa norsk.

- (20) a. '[...] hadde Dorthe på seg **makeup** og hva hadde hun på seg?' (JToE)  
b. 'ehh æsj **sikspens?**' (ToT)

Dei engelske innslaga i (20)a.-b. *makeup* og *sikspens* er oppslagsord i BOB. For *sikspens* fortel skrivemåten i BOB at orda er tilpassa norsk ortografi (i motsetnad til e. *sixpence*). Grunnen til at det likevel er handsama som *ikkje tilpassa*, er at når ein berre har tilgang til uttale, som er tilfellet i denne undersøkinga, framstår ordet som *ikkje tilpassa*, då uttalen er svært lik det engelske opphavet. Dette gjeld òg uttalen av *makeup*, som er engelsknær. Desse to substantiva har òg synonym i norsk, og ved søk i AKB framstår *sikspens* (inkludert stavemåten *sixpence*) som meir frekvent enn alternativa, medan *makeup* er mindre frekvent enn *sminke*.<sup>80</sup> I følgje NAOB er ordet *sikspens* nytta med denne tydinga i norsk, dansk og svensk, men ikkje i engelsk (NAOB, *sikspens*). På bakgrunn av dette kan *sikspens* vera ein pseudoanglisisme (jf. Graedler og Johansson, 1997, s. 9; Andersen, 2015, s. 124).

I døma i (3) og (4) såg ein substantiv som hadde fått tilordna genus i norsk, utan artiklane *en*, *ei* eller *et*, men med samsvarbøygde determinativ, possessivar eller adjektiv i konteksten. Døma i (21) liknar desse, men for delkvantoren *noe(n)* handlar ikkje valet mellom formene *noe* og *noen* berre om genus. Ein kan derfor ikkje trekkja slutningar om døma i (21) er tilpassa norsk basert på *noe(n)*.

- (21) a. 'men ikke lag *no* 'fuzz' ut av det [...]' (FRI)  
b. '[...] det er begge veier så det er ikke *noe shaming* på noe kjønn her liksom' (ToT)  
c. '[...] det er ikke *noe age limit* [...]' (HoH)

For det første bør det nemnast at det tidvis er vanskeleg å avgjera sikkert kva form ordet *noe(n)* har, då det berre er tilgang på uttale i materialet. I BOB (*noen*) gjeld forma *noe* for nøytrumssubstantiv og *noen* for maskuline og feminine substantiv, i tillegg til for substantiv i fleirtal. Hagen (2002, s. 219) påpeikar at for referentar som ikkje kan teljast, nyttar ein alltid *noe*, medan referentar som kan teljast alltid skal ha *noen*. I (21)a. *no* 'fuzz' blir kortforma *no* ', som ikkje gir noko klart signalement, nytta. Både *fuzz* i (21)a. og *shaming* i (21)b. er truleg

---

<sup>80</sup> Søk i AKB på *makeup* og synonymet *sminke* gir 375 treff på *makeup* og 5942 treff på *sminke*. Ein må til NoN (*skjermlue*) for å finna eit synonym for *sikspens*: *skjermlue*. *Sikspens* har berre to treff i korpuset, medan stavemåten *sixpence* har 240, og *skjermlue* ni treff.

nettopp slike referentar som ikkje kan teljast. Det er derfor ikkje mogleg å nytta *no*’ og *noe* til å seia noko om genus for desse substantiva. I (21)c. må *age limit* seiast å vera eit substantiv som kan teljast. Det kan derfor sjå ut til at *age limit* med forma *noe* får nøytralt genus, noko som ikkje er i samsvar med NAOB (*limit*) si normering av *limit* med maskulint genus. Det bør igjen påpeikast at dette signalementet på nøytralt genus er svært usikkert, både grunna at det berre er tilgang til uttale og at det er mogleg at ytraren alltid nyttar forma *ikke noe* i tale, anten det viser maskuline, feminine eller nøytrumssubstantiv i eintal eller fleirtal. Det er ikkje døme i materialet som kan stadfesta dette, så derfor er signalementet usikkert.

### 6.2.2 Verb

Det er svært få verb av typen «ikkje tilpassa» i materialet.<sup>81</sup> Johansson og Graedler (2002, s. 176) og Omdal (2008b, s. 82) skriv at verb vanskeleg kan brukast i norsk utan at dei får norske bøyingsendingar. Dette stemmer i stor grad med materialet: Det finst to døme på verb som ikkje er tilpassa. Jamført med verba som er delvis tilpassa (37 døme), er dette svært få.

- (22) a. -‘jeg har jo sett alle batman filmene Batman Begins og Batman **ends** og – Batman goes- goes to the park [...]’<sup>82</sup>  
b. ‘[...] vi skal ikke si noe for tidlig men kanskje dersom det for en gangs skyld fungerer sånn og universet **aligns** så kanskje du og jeg og selveste Tafsetruls Einar Tørnquist [--] går hånd i hånd på gay pride [...]’<sup>83</sup>

Det er tilsynelatande ingen spor av tilpassing i (22)a.-b. Både *aligns* og *ends* verkar å vera i presens.

### 6.2.3 Adjektiv

Alle dei ikkje tilpassa adjektiva er i forma ‘positiv’, noko som inneber at dei ikkje har ending i norsk, med mindre dei er samsvarsbøygde. I (23) finn ein adjektiv i predikativ stilling, i (24) adjektiv i attributtiv stilling og i (25) adjektiv som skil seg frå døma i (23) og (24) på ulike måtar. I følge Johansson og Graedler (2002, s. 176) og Omdal (2008b, s. 82) finst det døme på at adjektiv kan fungera i norsk utan norsk bøyning. Døma i (23)–(25) er i tråd med dette.

- (23) a. ‘[...] men det er ikke **real** sånn hvis du ikke skriver noe av låtene selv [...]’ (HoH)  
b. ‘[...] jenten også er like **pushy** med sånn var den stor hvordan så den ut [...]’ (ToT)

---

<sup>81</sup> Dette gjeld engelske verb som opptreir som enkeltelement i ein elles norsk kontekst. Engelske verb som opptreir i engelske frasar eller setningar blir hansama i 6.3 og 6.4.

<sup>82</sup> *Batman goes- goes to the park* finst i vedlegg 4.

<sup>83</sup> *Gay pride* finst i vedlegg 3.



- c. '[...] eller at man rett og slett er en litt **quirky** person [...]'<sup>84</sup> (JToE)
- d. '[...] det syns jeg er **chill**'<sup>85</sup> (FRI)
- e. 'ja alt kan skje når det er **live**' (FRI)
- f. '[...] og sex er jo veldig **enjoyable** og deilig [...]' (JToE)
- g. '[...] det handler virkelig ikke om – egentlig – om man er **gay** eller **straight** – det handler om ehh at kjærlighet er kjærlighet [...]'<sup>86</sup> (JToE)
- h. 'det er **nice**' (FRI)

Døma (23)a.-h. står i predikativ stilling og er tilsynelatande ikkje samsvarbøygde. Her er det verdt å merkja seg at ingen av døma frå materialet legg opp til talbøyning av adjektiv, då orda adjektiva viser til er i eintal. For både (23)a. *real* og (23)g. *straight* må det påpeikast at desse ikkje må forvekslast med norske *real* /real/ og *streit* /stræt/, då uttalen er engelsknær /riəl/ og /streit/. For genus kan det trekkast fram at i til dømes (23)a., (23)d., (23)e. og (23)h. ville mange adjektiv blitt bøygde. Til dømes dersom ein byter ut *live* i (23)e. med *rød*, ville ein fått forma *rødt*. Faarlund et al., (1997, s. 375-276) presenterer adjektiv i «klasse 3» som adjektiv som ikkje blir bøygde i genus og tal. Her finn ein mellom anna importord med stum *-e* (som *live* i (23)e. og *nice* i (23)h.) og importord frå engelsk med *-y*-ending (som *pushy* i (23)b. og *quirky* i (23)c.). Vidare har fleire av adjektiva adledd framfor kjerna (kjerna er her det engelske adjektivet). I materialet er det døme på framforstilte adledd som uttrykkjer grad, til dømes i (23)b. *like* (same grad som noko anna), (23)c. *litt* (låg grad) og (23)f. *veldig* (i stor grad) (Faarlund et al., 1997, s. 395-397). I (23)g. finn ein eit døme på at òg engelske adjektiv blir sideordna på same måte som norske adjektiv, her med konjunksjonen *eller*.<sup>87</sup>

I materialet er det òg døme på ikkje tilpassa adjektiv i attributiv stilling.

- (24) a. '[...] det har jo vært et hinsides **badass** ruskevær her på- ehh Sør og Østlandet –' (JToE)
- b. '[...] ikke se folk som runker da ikke **random** folk som runker –' (ToT)

I døma (24)a. og (24)b. er det engelske adjektivet framforstilt adledd i ein substantivfrase. Heller ikkje her er adjektiva samsvarbøygde. Dersom ein i (24)a. byter ut *badass* med for eksempel *voldsom*, ville ein ha fått den samsvarbøygde forma *voldsomt*. På same måte ville ein i (24)b., dersom ein byter ut *random* med NAOB si omsetjing *tilfeldig*, fått den samsvarbøygde forma *tilfeldige* fordi *folk* er fleirtal (NAOB, *random*). Vidare ser ein at *badass*

<sup>84</sup> Denne ytringa er gjort av ein gjest som blir ringt i episoden av JToE.

<sup>85</sup> Denne ytringa er gjort av karakteren «Ola Halvorsen» (Flesvig). «Ola Halvorsen» brukar ordet *chill* tre gongar i materialet, medan Flesvig ikkje brukar det når han ikkje spelar denne karakteren.

<sup>86</sup> Det er fleire døme på *gay* i JToE, som finst i vedlegg. Ordet blir òg handsama i 6.5.

<sup>87</sup> I materialet er det to døme som liknar døma i (23), men der verbet «vere» (er) tilsynelatande er utelate: 'ja med businessmannen – som har meget god økonomi og [er] rimeleg godt connected' (JToE). og 'for å liksom ta den greia der – [det er] faen meg insane ass' (HoH). Døma finst i vedlegg 3 og 4.

i (24)a. har det framforstilte adleddet *hinsides*, som ser ut til å seia noko om grad, på liknande måte som døma (23)b., (23)c. og (23)f..

Vidare skil nokre av dei ikkje tilpassa adjektiva seg ut.

- (25) a. '[...] vel Martin 70 prosent av deg er jo **white** nei big dick- ehh- [--] nei ikke big dick men hva heter det altså attitude – big dick attitude så jeg bare [...]'<sup>88</sup>(ToT)  
b. *Tørnquist*: 'du ble geleida ut av politiet?'  
*Thomas*: 'ja – **undercovered** – ned i en bil og der satt det jo fire andre' (JToE)  
c. *Flesvig*: '[...] det er ehh vår i lufta samtidig som vinteren ikke er kommet enda'  
*Niva*: '**nice**' (FRI)  
d. 'handle mat på nett – **nice**' (FRI)

I dømet (25)a. verkar det som at *white* blir nytta ved ein feil. Ytraren prøver å koma fram til formuleringa *big dick attitude*, og *white* ser ut til å vera eit feil ordval. At ordet er engelsk kan truleg henga saman med at ytraren veit at formuleringa ho skal fram til er engelsk. I (25)b. nyttar ytraren adjektivet *undercovered*, som det har vist seg vanskeleg å finna i engelske ordbøker. Det er mogleg at ordet kan vera ei blanding av *undercover* og *covered*, som begge kan ha ei tyding i retning 'tildekka' (OED, *undercover*; *covered*). I døma (25)c. og (25)d. ser *nice* ut til å i stor grad vera nytta som diskursmarkør/interjeksjon. Interjeksjonar vil omtalast nærare i 6.2.5. Det er likevel teke med her for å visa at adjektivet blir nytta på ein litt annan måte enn i (23)h.

#### 6.2.4 Adverb

I materialet finst det nokre få ikkje tilpassa adverb som førekjem som enkeltord. *Random* i (26)a. kan òg tolkast som adjektiv, men grunna måten det er nytta på, er det her sortert som adverb.

- (26) a 'jeg syns Vipps burde ha en egen funksjon som bare er sånn at du bare swiper på skjermen og da sender du penger **random** til folk på lista di'<sup>89</sup> (FRI)  
b. '[...] hun går jo da **backstage** så kanskje ho promper og så drar ho til hotellet [...]'<sup>90</sup> (HoH)  
c. 'på den største scenen **ever** liksom med fy faen så mye fireworks og lys og helvete altså jeg hadde jo pissa i urinalen' (HoH)

I døma (26)a.-c. er engelske adverb nytta. I (26)a. er *random* 'tilfeldig' ein måte å senda pengar på, i (26)b. er *backstage* 'bak scena' ein stad *hun* går til, og i (26)c. er *ever* 'nokosinne' nytta

---

<sup>88</sup> *Syndrome* og *attitude* blei handsama i 6.2.1.

<sup>89</sup> *Swiper* blei handsama i 6.1.2.

<sup>90</sup> I dette dømet blir både *hun* og *ho* nytta. Dette kunne blitt markert med [sic], men då dette er talespråk, har eg valt å ikkje kommentera slike tilfelle. Det er fleire liknande døme, sjå til dømes ordet *sa* i (37)c.

for å skildra kor stor den omtalte scena er (NAOB, 2018, *random; backstage; ever*). Uttalen av døma er engelsknær.

### 6.2.5 Interjeksjonar

Blant dei ikkje tilpassa orda finst det interjeksjonar (jf. Andersen, 2006, s. 28). Her er berre interjeksjonane som dukkar opp i ein elles norsk kontekst inkluderte. Det førekjem fleire interjeksjonar som delar av større engelske segment (sjå 6.3 og 6.4). Ëin interjeksjon, *yes*, dukkar opp i alle podkastane. For *yes* ser det pragmatiske aspektet ut til å vera viktig.

- (27) a. ‘**yes** – det er så gøy jeg kan se de to spora [...]’ (JToE) ‘  
b. *Flesvig*: ‘[...] jeg tenker det er litt kult å på en måte stå litt frem som hun-‘  
*Niva*: ‘**yes**’  
*Flesvig*: ‘som sitter og ser på [...]’ (FRI)  
c. *Tørnquist*: ‘og i dag må vi vel selvfølgelig kunne si med hånda på hjertet at dette var den aller beste episoden så langt –‘  
*Thomas*: ‘ja’  
*Tørnquist*: ‘og vi er veldig fornøyde’  
*Thomas*: ‘**yes**’ (JToE)  
d. ‘[...] og jeg reagerer som Lola og Jacob med gråt neida jeg gjør ikke det jeg sier **YES**’<sup>91</sup> (ToT)  
e. *Thomas*: ‘dette var et arrangement primært for menn -  
*Tørnquist*: ‘**YES** selvfølgelig’ (JToE)  
f. så jeg bare tenkte **yes**’ (HoH)

Andersen (2006, s. 28) påpeikar at interjeksjonen *yes* kan brukast som eit understrekande (emfatisk) uttrykk for at ein er nøgd med noko. Dette kan vera tilfellet for døma i (27), då *yes* i alle tilfella ser ut til å bli nytta for å omtala noko positivt. Dette er spesielt tydeleg i (27)d. og (27)e. der ytraren forsterkar volumet. Andersen (2015, s. 138-139) skriv at det nettopp er denne understrekande uttrykksmåten som er mest framtrudande når *yes* blir nytta i norsk, noko han peikar på at kan vera «a type of functional specialisation in the borrowing of this item (...)». Det må her påpeikast at Andersen (2015) har nytta skriftspråkleg korpus, og derfor kan trekkja fram bruk av utropsteikn (!) og fleire *s*-ar (*yesss*) som døme. I dette podkastkorpuset er det ikkje tilgang til teiknsetjing eller ortografi, men basert på forsterkinga i (27)d. og (27)e. og den

---

<sup>91</sup> Jf. Tabell 7 *Markeringar i transkripsjonen* er ord som tydeleg er forsterka av avsendar markerte med VERSALAR.

positive konteksten i dei andre døma, ligg det nær å tolka desse døma i same retning.<sup>92</sup> I døme (27)c. kan det òg nemnast at det ser ut til at *yes* blir brukt for å variera, då *ja* blir nytta like før.

Vidare blir interjeksjonane *wow*, *alright*, *yeah*, *shit* og *no* og fleirordsinterjeksjonane *wow man*, *hey yo* og *yeah wooh* nytta. Nokre av desse interjeksjonane er nytta isolert, som svar på noko den andre i studio har sagt, og er på denne måten ikkje del av ei større ytring. Døme på dette er (28)a. og (28)b. I døma (29)a.-c. er interjeksjonane tettare knytte til ei elles norsk ytring.

- (28) a. *Tørnquist*: ‘Jan vi har hatt femtini episoder podkast det betyr at den neste er episode seksti’  
*Thomas*: ‘**wow**’  
*Tørnquist*: ‘**wow man**’ (JToE)  
b. *Hegseth*: ‘kødder du?’  
*Harm*: ‘**no**’ (HoH)
- (29) a. ‘**yeah wooh** – det er meg – men men det er jo jeg tenker det er litt kult å [...]’ (FRI)  
b. ‘[...] jeg bare **shit** du sa det var bare tolvhundre følgere’<sup>93</sup>(ToT)  
c. *Niva*: ‘løft nettbanken i været og skrik Siggerud’  
*Flesvig*: ‘**hey yo** Siggerud’ (FRI)

Sjølv om døma i (28) er meir isolerte enn døma i (29), har dei nokre likskapstrekk, då ingen av døma er tett integrerte med norske element. Felles for døma i (29)a. og (29)c. er at dei anten kjem først eller sist i ytringa, noko ein òg kan sjå at er tilfelle for interjeksjonen *yes* i (27). (29)b. *shit* verkar å vera noko meir integrert i ytringa. Bruken av *wow* i (28)a. liknar bruken av *nice* som diskursmarkør i (25)c.

### 6.3 Større segment

I materialet er det òg mange døme på «større segment». Dette vil seia segment som er større enn enkeltord, men ikkje fullstendige setningar. I materialet finst det både substantivfrasar (6.3.1), verbfrasar (6.3.2), adjektivfrasar (6.3.3), og preposisjonsfrasar og adverbfrasar (6.3.4). I tillegg finst det nokre få frasesamansetjingar (6.3.5) og nokre døme på faste kollokasjonar (6.3.6). I det følgjande vil ein finna både delvis tilpassa og ikkje tilpassa frasar. Eit fleirtal av døma er frå HoH, då over halvparten av dei større segmenta i materialet kjem derifrå.

---

<sup>92</sup> Med dette som bakgrunn kan det diskuteras om bruken av interjeksjonen *yes* i materialet burde handsamast som *delvis tilpassa*. Eg har valt å plassera *yes* i kategorien *ikkje tilpassa* fordi interjeksjonane her er plasserte basert på uttale, og fordi denne bruken òg finst i engelsk.

<sup>93</sup> Om *shit* kan likskapen til norske *skitt* nemnast. I materialet framstår ordet som det engelske *shit* (jf. Tusvik sin omtale av ordet i 5.3).

### 6.3.1 Substantivfrasar

Dei fleste av frasane i materialet er substantivfrasar. Substantivfrasane blir presenterte i (30) – (34).

- (30) a. ‘nei hun er bare sånn **the realness** altså hu –[...]’ (HoH)  
b. ‘[...] når hun da tar **the tube** så blir det ofte sånn at [...]’ (FRI)  
c. ‘[...] og sånn registered to vote altså **the power** – [...]’<sup>94</sup> (HoH)  
d. ‘[...] det handler om **the downfall of Taylor**’ (HoH)

Døma i (30) er substantivfrasar som blir introduserte med artikkelen *the*, som signaliserer bunden form. Frasane i (30)a.-c. ville vore eitt ord med ending i norsk (til dømes *makta* med *a*-ending, *t-banen* og det noko konstruerte *ekteheten* med *en*-ending), men er her ikkje tilpassa frasar.<sup>95</sup> Frasen i (30)d. har preposisjonsfrasen *of Taylor* som etterstilt adledd.

- (31) a. ‘jeg veit det – at han døde jo han tror han tror jeg medlem av **twentyseven club** som jo er kjendisalderen der alle dør [...]’ (HoH)  
b. ‘[...] hun sitter i sofaen og det er **Grammy nomination day** og hun får vite at [...]’ (HoH)  
c. ‘[...] men da begynte jeg å tenke er ikke hun liksom **best friends** med liksom Selena Gomez og deeee– gjengen der eller [...]’ (HoH)  
d. ‘ja det er da selvfølgelig ikke lov – det heter da **lewd conduct** –’ (JToE)  
e. ‘det er **tongue twister** – døm tok døm fann jeg ble dømt til dømt’ (FRI)  
f. ‘[...] du må til **your second interview** og da er det aldri en sak for det er jo bare tull [...]’ (JToE)

Det kan tenkjast at døma (31)a.-e. ville vore eitt, samansett ord dersom dei var omsette til norsk. Her er dei likevel frasar, fordi dei består av fleire ord i opphavsspråket, til liks med (31)f. Det kan diskuterast om (31)a. burde handsamast som eit namn, då bruken kan tilseia at det blir brukt som det (ofte skrive *27 Club*) (Rolling Stone, 2019). Om (31)b. kan det nemnast at *Grammy* er eit namneledd, medan frasen *Grammy nomination day* ikkje fungerer som namn, men som eit predikativ som viser til eit tidspunkt. I (31)c. har frasen engelsk fleirtals-s. Ingen av frasane i (31) framstår som tilpassa til norsk i nokon grad.

- (32) ‘[...] nå er jeg veldig **team Taylor** her da men ja’

Heller ikkje (32) verkar å vera tilpassa norsk. Her er det påfallande at det tilsynelatande manglar ein preposisjon i den overordna strukturen: Vanlegvis er ein *på* eit lag. Bruken av frasen med

<sup>94</sup> *Registered to vote* vil bli 6.3.2.

<sup>95</sup> Enkeltorda *makta* og *ekteheten* er like fullt substantivfrasar, men ville i denne kategoriseringa vore enkeltord.

*team* + eit namn kan likevel truleg seiast å vera ein vanleg uttrykksmåte, då konstruksjonen ved fleire høve er nytta for å posisjonera seg på den eine eller den andre sida av ein diskusjon eller ein krangel, både i røynda og i fiktive univers. Til dømes var det medan *Twilight*-bøkene og filmene kom ut, mange tilhengjarar som var på anten *Team Edward* eller *Team Jacob* (sjå til dømes Heller (2019) og Sæby (2011)).

(33) ‘men du snakker jo som en **true fucking diva**’ (HoH)

For (33) kan det diskuterast om alle dei tre orda blir lånte i denne samanhengen. *Diva* er innlånt frå italiensk til både norsk og engelsk og blir nytta i begge språka (BOB, *diva*; OED, *diva*). Ein kunne ha analysert at *true fucking* er det innlånte innslaget her, medan *diva* er gjengs norsk. I tilfelle ville leddet ikkje vore ein substantivfrase. Eg vel likevel å analysera dette som substantivfrase, fordi at sjølv om *diva* elles blir brukt i norsk utan å vera kodeveksling eller lån frå engelsk, verkar det i denne konstruksjonen med adjektivet *true* og forsterkaren *fucking* ut til å vera ein del av ei tre ord lang kodeveksling. Bakgrunnen for dette er at *diva* her er uttalt med ein kort *i*-lyd og at vokalkvaliteten på *a*-lyden er i retning av /ə/. Det kan tenkjast at norsk *diva* vanlegvis har uttalen /'di:va/<sup>96</sup> medan uttalen i dette tilfellet er nærare /'divə/. I følgje OED (*diva*) kan engelsk uttale vera /'di:va/, noko som altså tilsynelatande er svært likt den norske uttalen. Uttalen /'divə/ i dette tilfellet verkar altså ikkje å vera likt verken gjengs norsk eller gjengs engelsk uttale, men eg tolkar han som meir engelsknær enn norsknær. Med denne tolkinga blir denne frasen ein substantivfrase, fordi kjernen i frasen er *diva*. Ein kan vidare merka seg at *diva* her har maskulint genus (signalisert med artikkelen *en*), altså det same som ordet er normert til elles i norsk.

(34) a. [...] du har jo **big dick attituden** her i sofaen mens du ser på to menn med mekro- mikropenis [...]' (ToT)  
b. [...] jeg går rett på jeg vet du – I am gay – nummer en masse brownie points fra hele **gay communitien** for folk kommer til å elske det [...]<sup>97</sup> (JToE)

I (34)a. og (34)b. har kjernen fått norsk ending *-en* bestemt form eintal. Substantiva *attitude* og *community* har dermed fått maskulint genus, og framstår derfor som *delvis tilpassa norsk*. Det er ikkje spor av tilpassing i resten av frasane.

<sup>96</sup> Transkripsjonsforslaget er henta frå Moen og Pedersen (1998, *diva*).

<sup>97</sup> *I am gay* blir handsama i 6.4.1. *Brownie points* finst i vedlegg 3.

### 6.3.2 Verbfrasar

Vidare finst det 13 verbfrasar i materialet. Ni av desse er i HoH, to JToE, og ein i FRI og ToT. Blant verbfrasane finst det heilengelske døme (t.d. *fed up*) og hybride døme (t.d. *fucka opp*).

- (35) a. '[...] på det tidspunktet så var jeg bare **fed up** jeg hadde førti tusen jobber [...]' (JToE)  
b. '**summed up** så er jo altså den dokumentaren [...]' (HoH)  
c. '[...] ho er altså så **stripped down** hvis man går inn på Amy Schumer sin Instagram [...]' (HoH)  
d. '[...] for han har altså **lina opp** spett og små skrutrekka [...]'<sup>98</sup> (ToT)  
e. '[...] men greia er – det har **fucka opp** livet mitt [...]' (JToE)  
f. '[...] og så tar vi et take hvor jeg liksom bare **gunner på** og så står jeg de neste tjue minuttene og kaster opp [...]'<sup>99</sup> (FRI)

Verbfrasane i (35) består av verb og preposisjonar.<sup>100</sup> For (35)a.-c. er både verb og preposisjon henta frå engelsk, og den engelsknære uttalen er beholden. Frasane i (35)d.-e. er derimot tilpassa norsk i større grad. Her er preposisjonane bytte ut med norske ekvivalentar, og uttalen av verba er tilpassa norsk. Både (35)d. *lina opp* og (35)e. *fucka opp* har fått norsk *-a*-ending og er truleg danna etter mønster av engelsk *lined up* og *fucked up*. I følgje Graedler (1998, s. 82) har mange preposisjonar og partiklar i norsk og engelsk parallelle former og funksjonar, noko som gjer at slike engelske verbfrasar rimeleg enkelt kan overførast til norsk. Graedler (1998, s. 83) skriv òg at denne likskapen gjer at det kan tenkjast at det at innlånte verb får norske partiklar er ein obligatorisk del av integreringa når verbet har fått norsk ending. Verken Graedler (1998, s. 83) eller Grøvli (2013, s. 79) finn døme på integrerte verb med engelske partiklar i materiala sine, medan Sunde (2018, s. 94) finn fleire døme på dette, til dømes med konstruksjonen '*chilla out*'. I podkastmaterialet er denne typen verbfrasar anten heilengelske, eller tilpassa norsk med både norsk preposisjon og morfologisk tilpassa verbending. Døme (35)f. *gunner på* er truleg ikkje danna etter eit tilsvarande mønster, men er i følgje NAOB (2018, *gunne*) eit uttrykk danna på grunnlag av engelsk *gun* 'skyte med skytevåpen; akselerere med kjøretøy'.

- (36) '[...] hun er jo ikke en del egentlig av den generasjonen som på en måte har **gått viral** [...]' (HoH)

For dømet (36) *gått viral* tilseier den engelsknære uttalen av *viral* at ordet blir lånt i denne ytringa. *Viral* er oppført i BOB som 'som gjelder, som skyldes virus', medan NAOB i tillegg har ei andre tyding 'som sprer seg eller spres raskt og ukontrollert som et virus via digitale

<sup>98</sup> I dette dømet er verbfrasen ein del av ei ytring der Tusvik parodierer trønderdialekt.

<sup>99</sup> *Et take* blei handsama i 6.1.1.

<sup>100</sup> Grøvli (2013, s. 79) kallar desse *partikkelverb*.

medier' (BOB, *viral*; NAOB, *viral*). Å gå *viralt* etter engelsk *go viral* er oppført som uttrykk i NAOB. Ved søk i AKB ser det ut til at *viral* stort sett ikkje blir samsvarbøygd i norsk. Ved søk på 'gå viralt' (80 treff), 'går viralt' (148 treff), 'gikk viralt' (343 treff) og 'gått viralt' (322 treff) står *viralt* til både maskuline substantiv, feminine substantiv og nøytrumssubstantiv i eintal og fleirtal. Ved søk på 'gå viral' (3 treff), 'går viral' (0 treff), 'gikk viral' (0 treff) og 'gått viral' (3 treff) viser talet på treff at *viral* kan nyttast utan *-t*-endinga, men at dette verkar lite utbreidd. I (36) er uttalen tydeleg engelskprega og det er i tillegg mangel på *-t*-endinga som framstår som etablert i norsk. Samtidig er det engelske verbet *gone* (*go*) i uttrykket *go viral* bytt ut med det norske verbet *gått*.

- (37) a. '[...] og jeg møtte jo Tammy som sier sånn hello honey girl og da var jeg sånn how are you doing og jeg legger til sånn IKKE – **just don't** – bare slutt slutt slutt'<sup>101</sup> (HoH)  
 b. 'jeg blir dritstessa jeg kommer fra Trondheim i dag tidlig – så jeg var sånn har jeg faen meg **brought it with me to Stokke** og så blir jeg hovedsmittebærer i Stokke det orker jeg ikke ha på meg rett og slett [...]' (HoH)  
 c. '[...] så hadde vi jo oppriktig hivd oss foran nærmeste kollektivbuss og og sa **run me the fuck over**' (HoH)  
 d. '[...] det var den gangen hun la ut det Instagram-bildet hvor det var sånn 55.000 mennesker unge mennesker som bare sånn [--] samme dagen og sånn **registered to vote** altså the power [...]' (HoH)

Alle døma i (37) er prega av engelsknær uttale og er samansette av tre eller fleire ord. (37)a. *just don't* ser ut til å vera nytta som ei forsterking eller ei tydeleggjering av meiningsinnhaldet. Både *IKKE*, *just don't* og *bare slutt slutt slutt* ser i denne samanhengen ut til å bety det same. Ein kan òg leggja merke til vekslinga mellom norsk og engelsk i ytringa. Ytraren refererer til ein samtale som truleg har føregått på engelsk, og repeterer/siterer det som har blitt sagt.<sup>102</sup> I det engelske innslaget i (37)b. *brought it with me to Stokke* blir det norske stadnamnet Stokke uttalt /stu:ki/, medan det seinare i same ytring har typisk norsk uttale /støkø/. Det verkar altså som om ytraren her tilpassar uttalen til engelsk (sjå 6.5 *Leik med ord og uttale*). I (37)b. ser det ut til at verbet *brought* er i presens perfektum, og derfor heng saman med det norske verbet *har* som kjem tidlegare i ytringa. I fleire av døma i (37) er pronomen og funksjonsord ein del av det engelske innslaget, til dømes i (37)c. *run me the fuck over* med pronomenet *me* og artikkelen *the*.

<sup>101</sup> *How are you doing* finst i vedlegg 4.

<sup>102</sup> Det er òg verd å leggja merke til bruken av *sånn* i denne ytringa. Det kan tenkjast at dette er eit døme på at engelsken blir flagga, men det kan òg vera for å tydeleggjera kva som er sitat i denne samanhengen, uavhengig om dei er norske eller engelske.



### 6.3.3 Adjektivfrasar

Dei fire adjektivfrasane i materialet er alle frå podkasten HoH.

- (38) a. '[...] hashtaggen Taylor Swift is over-party trenda jo **world wide** på Twitter'<sup>103</sup> (HoH)  
b. '[...] den filmen som handler om første verdenskrig som er liksom **Oscar nominated** herfra til helvete [...]' (HoH)  
c. '[...] hun skal ikke være noe sånn **edited shiny** ehh drittkjerring som skal se liksom så picture perfect ut [...]'<sup>104</sup> (HoH)  
d. '[...] jeg syns det var jævlig **well fucking done** når det begynte og [...]' (HoH)

Adjektivfrasane er noko ulike. (38)a. *world wide* er nytta som adverbial, medan (38)b. *Oscar nominated* fungerer som predikativ og (38)c. *edited shiny* er ein del av substantivfrasen *edited shiny (ehh) drittkjerring*, der det står i attributiv stilling. For (38)d. ser heile predikativet ut til å vera *jævlig well fucking done*, slik at òg *jævlig* må inkluderast i frasen. Felles for adjektivfrasane er at dei har engelskprega uttale, ikkje ser ut til å vera tilpassa norsk i nokon grad, men samtidig fungerer slik ein tilsvarande norsk adjektivfrase ville gjort i same kontekst.

### 6.3.4 Andre frasar

I materialet er det òg nokre førekomstar av nokre andre typar frasar: preposisjonsfrasar og adverbfrasar.

- (39) a. '[...] men man tenker jo at det ikke er på måte **for real** når de blir så store som hun er på en måte' (HoH)  
b. '[...] for du blir i en karakter som folk tenker den liker jeg – så du blir den karakteren så mye at det på en måte blir deg og så bare bom så er det **all over** og da er det på en måte for seint å snu så du må bare kjøre på og da kjører du på helt til bare sånn – helt til du ikke husker hvem du kanskje egentlig var og så bare er du den personen (...)' (HoH)

I (39)a. fungerer preposisjonsfrasen *for real* som predikativ. Det er ingen teikn på tilpassing til norsk, men engelsknær uttale. Frasen fungerer på same måte som ein tilsvarande norsk preposisjonsfrase kunne gjort i same kontekst, til dømes frasen *på ekte*. For adverbfrasen *all over* i (39)b. er det med ganske mykje kontekst til det engelske innslaget. Dette er fordi det er naudsynt å sjå på konteksten for å avgjera om det engelske innslaget her skal bety *overalt* eller *heilt slutt*. Harm og Hegseth diskuterer om kjendisar «forblir» i den alderen dei var då dei vart kjende, og Harm reflekterer over sin eigen kjendisstatus. Slik eg tolkar ytringa, viser konteksten at Harm meiner at «karakteren» han blei til når han vart kjend, etter kvart var *overalt*, slik at

---

<sup>103</sup> *Hashtaggen* finst i vedlegg 4. *Taylor Swift is over-party* blir handsama i 6.3.5. *Trenda* blei omtalt i 6.1.2.

<sup>104</sup> *Picture perfect* finst i vedlegg 4.

han ikkje lenger var sikker på kven han egentleg var. Adverbfrasen viser ingen teikn til å vera tilpassa norsk, men kan bytast ut med ein tilsvarande norsk adverbfrase, som til dømes *overalt*.

### 6.3.5 Frasesamansetjingar

I materialet er det nokre relativt like tilfelle som kan kategoriserast som frasesamansetjingar, altså samansetjingar med alt frå setningsledd til heile setningar som første ledd i ei samansetjing (jf. Wiese, 1996; Meibauer, 2007).

- (40) a. '[...] at det var jo hashtaggen **Taylor Swift is over-party** trenda jo world wide på Twitter [...]'<sup>105</sup> (HoH)  
b. '[...] da er det egentlig ikke viktig med liksom om **Vegard Harm is over-party** trender liksom [...]' (HoH)

Dømet (40)a. tek utgangspunkt i ein emneknagg som blei mykje nytta på Twitter i 2016 '#TaylorSwiftIsOverParty' (sjå til dømes Gelman, u.å.). Når HoH diskuterer denne emneknaggen i (40)a., framstår det som ei frasesamansetjing med den noko kunstige heilsetninga *Taylor Swift is over* som førsteledd og *party* som sisteledd. Vidare blir samansetjinga nytta i ei meir kreativ retning i (40)b. der subjektet blir bytt ut med namnet til programverten Vegard Harm.

### 6.3.6 Kollokasjonar

Nokre av dei større segmenta i materialet kan reknast som kollokasjonar, fordi dei består av ord som hyppig opptrer saman (Cruse, 1986, s. 40). Det er sjølvsagt mogleg å oppfatta fleire av funna i materialet som kollokasjonar enn dei eg har inkludert her.<sup>106</sup> Kollokasjonane i materialet inkluderer både frasar og setningar.

- (41) a. '[...] det er en blessing [--] så ehh som vi sier i USA – **god bless you** – jeg syns jo dette her er kjempebra [...]' (JToE)  
b. 'få høre hvor fint du kan si **mind the gap**' (FRI)  
c. 'halleluja – **by the way** Taylor Swift documentary' (HoH)  
d. 'nei men det gjør de **I shit you not** det gjør man når vi er på opptak med NRK' (ToT)  
e. '**oh my god I love it I love it**' (HoH)

Ingen av døma i (41) framstår som tilpassa norsk. (41)a. *god bless you* blir introdusert på ein slik måte at det engelske innslaget framstår som tydeleg flagga, noko eg kjem tilbake til i

---

<sup>105</sup> Hashtaggen finst i vedlegg 4. *World wide* blei handsama i 6.3.3, og *trenda* blei omtalt i 6.1.2.

<sup>106</sup> I tillegg er definisjonen på kva som gjeld som kollokasjonar noko vag (sjå til dømes Fontelle (1998, s. 191), og ein kan sjå for seg eit kontinuum frå frie konstruksjonar, via kollokasjonar til faste uttrykk (sjå til dømes Barkema, 1996, s. 125).

kapittel 7 (jf. Johansson og Graedler, 2002, s. 262). Dømet (41)b. *mind the gap* liknar, ved at Niva ber Flesvig om å seia *mind the gap* så fint han kan. (41)c. *by the way* verkar å vera nytta synonymt med *apropos*, medan (41)d. *I shit you not* ser ut til å vera nytta for å understreka at det som blir fortalt er sanning. Her er ordstillinga noko uvanleg, men då ein kan finna *I shit you not* som oppslag i *Urban Dictionary* (2005), verkar dette å vera eit relativt etablert uttrykk i engelsk. For (41)e. kan både *oh my god* og *I love it* tenkjast å vera kollokasjonar.

## 6.4 Setningar

Funna som er sorterte som *setningar* i materialet kan delast i to hovudgrupper: *Fri bruk* (6.4.1) og «*Sitering*» (6.4.2). I følgje Johansson og Graedler (2002, s. 257-260) er direkte tale spontan og situasjonsbetinga, men sitering blir nemnt som vanleg når lengre engelske element blir kodeveksla. Johansson og Graedler (2002, s. 260-261) kallar dette «ferdiglagde fraser eller setningar» og skriv at friare bruk av engelsk er meir sjeldan. Dei peikar òg på at sitata ikkje alltid er direkte sitat. For setningane i 6.4.1 *Fri bruk* verkar bruken av engelsk å vera «fri og spontan», medan setningane i 6.4.2 «*Sitering*» ikkje framstår som frie og spontane i same grad, fordi dei tilsynelatande er nytta for å referera til noko som har blitt sagt eller skrive av ytraren sjølv eller andre på eit tidlegare tidspunkt. Det er ikkje heilt klåre grenser mellom desse kategoriane, og dette vil eg koma tilbake til. Både i 6.4.1 og i 6.4.2 finst det døme på heile setningar på engelsk, engelske setningar med norske innslag og ytringar som strengt teke ikkje kan kallast setningar, men som likevel er sorterte slik her. Bakgrunnen for dette er at det i talespråk kan vera vanskeleg å dela ytringar opp i setningar som følgjer skriftspråket sine reglar. Dette medfører at nokre av «setningane» i materialet til dømes ville vore ufullstendige setningar eller fleire setningar i skriftspråket, og at dei her er ytringar som går utover setningsnivået. «Setningane» i materialet inneheld ord frå dei fleste ordklassar. Òg for funna i 6.4 kan det nemnast at godt over halvparten av døma er frå HoH (40 av 66 døme).

### 6.4.1 Fri bruk

Setningane i materialet som framstår som «frie og kreative» er av ulike lengder. Nokre av dei er svært korte og består av to eller tre ord.

- (42)
- a. ‘ja – **you made it**’ (FRI)
  - b. ‘nei det går bra nei så ja jeg – **I totally agree** altså jeg tror det er veldig sånn’ (HoH)
  - c. ‘**I know** – å ja hun er så flink hun [...]’ (HoH)
  - d. ‘jeg så den senest ista Morten for tredje gang eller noe – ehh – **I loved it** – [...]’ (HoH)

e. 'jeg har en kjempenyhet å komme med [--] **I am gay**'<sup>107</sup> (JToE)

Døma i (42) er fullstendige setningar på engelsk, som førekjem i ein elles norsk kontekst i materialet. Ingen av setningane verkar å vera tett knytte til resten av ytringane dei er ein del av, noko ein blant anna kan sjå ved dei korte pausane ( – ) før og/eller etter dei engelske elementa i (42)a.-d., i tillegg til nølinga (*ehh*) i (42)d. I (42)e. blir ytringa avbroten ([--]), slik at det oppstår ein naturleg pause. Her kan det òg nemnast at fleire av desse svært korte setningane kan tenkjast å vera kollokasjonar slik som døma i (41).

Dei fleste av dei «frie og kreative» engelske setningane består av fleire enn tre ord. Dette er det døme på i (43).

- (43) a. '**it's us against the world**' (FRI)  
b. '**it's a burned coala in my garden**' (ToT)  
c. '[...] du må til your second interview og da er det aldri en sak for det er jo bare tull – [--] og **all charges were dropped**'<sup>108</sup> (JToE)  
d. '[...] hvis man går inn på Amy Schumer sin Instagram så er det liksom kun- **there's no fucking filter at all**' (HoH)  
e. 'ja absolutt det skal jeg gjøre **hey everyone I'm live from the fucking bunker we're hiding in because well Norway's gone** – men jeg tenker sånn ja krig blir [...]' (HoH)

(43)a. *it's us against the world* og (43)b. *it's a burned coala in my garden* er tilsynelatande sjølvstendige ytringar, då dette er alt som blir ytra i ein taletur.<sup>109</sup> (43)c.-e. er ikkje sjølvstendige ytringar på same måte, då desse følgjer eller er ein del av ei norsk ytring (ytringa (43)c. har òg andre engelske element). I (43)c. ser det ut til at den engelske setninga er knytt saman med resten av ytringa med konjunksjonen *og*, medan den engelske setninga i (43)d. ser ut til å vera mindre tilpassa den norske delen. Her kan det tenkjast at *there's* i utgangspunktet ikkje er naudsynt, då ytraren allereie har sagt *er det*, noko som kunne gitt ytringa *så er det (liksom) no fucking filter at all*. Fordi *er det* ikkje er nytta på denne måten, slik at ytraren heller «startar på nytt» på engelsk, framstår ikkje den engelske setninga som veldig nært knytta til ytringa elles. For (43)e. er det nyttig å vita meir om konteksten. Her har Hegseth nettopp bedt Harm om å senda ein «snap» (ein liten video som kan sendast på det sosiale mediet *Snapchat*) dersom det skulle bli atomkrig i Noreg, slik at Hegseth får det med seg. I (43)e. svarar Harm stadfestande

---

<sup>107</sup> I JToE blir *I am gay* nytta åtte gongar, på fleire ulike måtar: Det er både tittelen på ein låt ('*Liza Vassillieva som vant med låta I am gay*'), det blir brukt forklarande ('*men I am gay kan jo bety jeg er glad* –') og slik det blir nytta i døme (42)e. der Thomas nyttar det i tydinga '*eg er homofil*'. Alle døma på *I am gay* i materialet førekjem i løpet av om lag fem minuttar av podkasten, med utgangspunkt i tittelen på låten. Døma finst i vedlegg 3.

<sup>108</sup> *Your second interview* blei handsama i 6.3.1

<sup>109</sup> Svennevig (2009, s. 91) skriv at ein *tur* i *turtakingssystemet* gir talaren eksklusiv rett til å føra ordet i ein samtale, fram til enden av replikken sin. Her kan ein igjen merkja seg at det tidvis er vanskeleg å skilja ei ytring frå den neste i podkastane, til dømes på grunn av at podkastvertane snakkar samtidig.

(ja *absolutt det skal jeg gjøre*) før han latar som om han lagar ein slik «snap» på engelsk, og går vidare på norsk når liksom-videoen er ferdig.

Vidare finst det døme på «fri og spontan» bruk der òg norske ord er nytta i den engelske delen av ytringa.

- (44) a. ‘**can I please have your runkeklut?** Neeei, **I gave it to the german boy – sorry**’ (ToT)  
b. ‘[...] og de er på måte i psykoser det er veldig sånn **this is natural – they’re soldiers** altså **they’re saving** – ja men når det er på måte [...]’ (HoH)

I (44)a. blir det norske substantivet *runkeklut* nytta i spørsmålet og den norske interjeksjonen *neeei* blir nytta i svaret. Her er både spørsmål og svar produsert av same ytrar, som latar som ho er med i ein spelsamtale over nett. I (44)b. kan både *yes this is natural* og *they’re soldiers* seiast å vera setningar, då dei oppfyller setningskrava (jf. Eastwood, 1994, s. 7). I det siste engelske elementet *they’re saving*, er *saving* eit transitivt verb, så her manglar det eit objekt for at setninga skal vera ei fullstendig setning (jf. Eastwood, 1994, s. 8). I konteksten verkar dei engelske elementa å ha samanheng: *they’re soldiers* ser ut til å forklara kvifor (*yes*) *this is natural*, og *altså* indikerer at *they’re saving* skal forklara dette vidare.

#### 6.4.2 «Sitering»

Ytringane i 6.4.2 har til felles at dei består av segment som er heile setningar, fleire setningar eller andre større element. Setningane som blir presenterte her er på ulike måtar nytta for å referera til noko som har blitt sagt eller skrive av ytraren sjølv eller andre på eit tidlegare tidspunkt. For at det skal vera mogleg å sortera dei større engelske elementa på denne måten, har det vore avgjerande at konteksten fortel at det engelske elementet er eit sitat. Det bør òg nemnast at fleire av desse sitata truleg ikkje er ordrette, då dei fleste ikkje verkar å bli lesne, men heller er repetert frå minnet. Det einaste dømet frå materialet som framstår som opplesing er (45).

- (45) ‘[...] da de kommer inn på stadionen trur jeg det var så står det **the game between Manchester City and West Ham is unfortunately postponed – if you want to change your tickets back to London get of at the station** – kampen er avlyst på grunn av uværet’ (JToE)

I tillegg til at *så står det* i konteksten i (45) peikar mot at dette er opplesing, kan det leggjast til at denne ytringa er ein del av at JToE presenterer kvar si nyhendesak frå veka som gjekk. Sitatet er òg å finna i ein artikkel frå VG si nettavis frå 9. februar 2020 (Wikborg, 2020). Samla sett framstår (45) derfor som opplesing av engelsk. Vidare verkar dei fleste sitata å vera friare attgivingar av noko som er sagt av andre.

- (46) a. ‘ja det kommer alltid gøye ting altså når han sitter og snakker med hun som ikke kan høre hvor han vil ha skryt av engelsktale og sier **if you think my English is good – put a marker on Salty Lake** – altså det er jo veldig gøy det er sånn de kom- og du kommuniserer altså med folk fra hele verden det er det er faktisk ganske kult’ (ToT)
- b. ‘**it’s not that bad**’ (FRI)
- c. ‘så kommer han ene bort så sier han - **you’re under arrest for lewd conduct**’ (JToE)
- d. ‘[...] altså når mora hennes klemmer henne og sier **they gave you a bag of shit and you made it into this** da tenkte jeg sånn nå griner jeg meg i hjel [...]’ (HoH)
- e. ‘[...] de tar jo opp det som skjedde på MTV Music Awards når Kanye kommer på og er sånn **I’m sorry Taylor but Beyoncé has won best videos of all time of all time** ikke sant [...]’ (HoH)

I (46)a. snakkar Tønne om sonen som spelar Fortnite og dermed kommuniserer på engelsk. Her signaliserer *sier* at dette er noko han har sagt i ein spelsituasjon. Tønne legg òg til eit «typisk britisk» tonefall i den engelske delen av ytringa. Før ytringa i (46)b. blir det spelt av eit noko utydeleg lydklipp av at Flesvig seier *it’s not that bad*. Vidare ber Niva han om å seia det same fleire gonger, på ulike måtar. Klippet blir då spelt av to gonger til, før Flesvig seier *it’s not that bad*. Niva gir fleire instruksjonar om korleis Flesvig skal seia setninga, noko som fører til sju rundar med små uttalevariasjonar i *it’s not that bad*. Poenget her er uansett at dette ikkje er «fri» bruk av engelsk. I (46)c. fortel Thomas om ein gong han vart arrestert i USA, og referer til kva politiet sa til han. (46)d. er ein del av omtalen av ein Taylor Swift-dokumentar, og engelsken som blir nytta framstår som henta frå dokumentaren. I både (46)c. og (46)d. signaliserer *sier* at dette ikkje er «fri» bruk av engelsk. I (46)e. blir ei hending frå *MTV Video Music Awards* omtalt, og her er det *er sånn* som signaliserer at dette er eit sitat.

I døma som vart presenterte i (44) såg ein norske ord nytta i den engelske delen av ytringa. Òg for sitata finst det liknande døme.

- (47) a. ‘så lang historie kort – jeg fikk jo en veldig veldig god advokat – måtte i retten og si at ehh **I plead no con- altså innocent**’ (JToE)
- b. ‘[...] jeg satt på flyet og grein som en unge og så når hun sier sånn **I wanna wear pink and tell you about pol- politics and I don’t think those things have to cancel each other** så er jeg – **each others out** så jeg bare tenkte yes’ (HoH)

Døma i (47) kan illustrera at nettopp fordi mange av sitata i materialet er «frie» attgivingar av noko, så kan det medføra at mange av sitata ikkje er ordrette sitat (jf. Johansson og Graedler, 2002, s. 257-261). Dette kan ein sjå i (47)a. der sitatet blir endra: Thomas seier først *con-* men avbryt seg sjølv (-) og rettar det til *altså innocent*. I (47)b. held Hegseth fram på norsk (*så er jeg*) etter sitatet, før det verkar som han oppdagar at han manglar noko. Han legg då til *each*

*others out*, der både genitivs-s-en og ordet *out* er lagt til. Òg i desse døma signaliserer *si* og *sier* at dette er sitat, heller enn «fri» bruk av engelsk.

## 6.5 Leik med ord og uttale

I kapittel 6 har det til no blitt sett på innslag av engelsk som kan seiast å framstå som anten tilpassa norsk eller forholdsvis korrekt engelsk. I materialet er det òg ein god del «engelsk» som verken ser ut til å vera tilpassa eller er «typisk engelsk». Blant anna blir det ved fleire høve tilpassa frå norsk til engelsk, det blir tøysa med engelsk uttale, og likskapar mellom norsk og engelsk blir nytta kreativt på ulike måtar. Grunnen til at eg inkluderer dette i oppgåva er fordi ein i denne samanhengen ser større delar av podkastvertane sine språklege repertoar i bruk, og fordi desse funna er særleg interessante i lys av intervjuet. I 7.2.4, der dette materialet blir diskutert, vil det bli trekt trådar til transspråkingsteorien, då kodevekslingsomgrepet kanskje blir for snevert for å forklara dette. Sjølv om engelskspråklege namn ikkje er inkluderte i undersøkinga, er det ein del namn inkluderte i kapittel 6.5. I dette kapittelet vil ikkje oppteljing av døme vera sentralt, då denne delen av materialet i stor grad tek føre seg kortare og lengre enkelt døme der det blir «leika» med språk.

Ved dei tilfella der det blir tilpassa frå norsk til engelsk, er det i all hovudsak norske namn som blir tilpassa. I døme (37)b. vart det nemnt at stadnamnet Stokke (n. /støkə/) blir uttalt /stu:ki/ når det er ein del ein engelsk del av ei ytring (*brought it with me to Stokke*). Det finst fleire liknande døme i materialet:

- (48) a. ‘**Liza – Liza Barrel** in Norway wants me to wank in front of her’<sup>110</sup> (ToT)  
b. ‘ja – mhm – og ikke Tafsetruls eller **E T** for det er bare Einar’ (JToE)  
c. ‘men denne historien går fra George Michael til selveste **J T** [...]’ (JToE)  
d. ‘well **Morten** da skal vi til vår nydelige sponsor **the academy** Akademiet [...]’ (HoH)  
e. ‘[...] Justin Bieber begynte når han var seks år – sto og spilte trommer på en trapp i **Canadia**’ (ToT)

I dømet (48)a. omset Lisa Tønne sitt eige namn til *Liza Barrel*. I tillegg til at førenamnet *Lisa* får engelskklingande uttale med stemt /z/, blir etternamnet *Tønne* omsett til det engelske ordet for ‘tønne’: *barrel*. I (48)b. og (48)c. er det namna til Einar Tørnquist og Jan Thomas som blir tilpassa engelsk: Initialane E T og J T blir uttalte /i:ti/ og /dʒeiti/, medan namnet *Morten* i (48)d. har «typisk engelsk» r-lyd. I tillegg blir privatskulen *Akademiet* som det her blir reklamert for, både omtalt med sitt norske namn, og med den engelske omsetjinga *the academy*. I (48)e. er det

---

<sup>110</sup> Setninga elles er å finna i vedlegg 1.

ikkje eit norsk føre- eller etternamn som blir omsett, men eit stadnamn. Namnet på landet *Canada* har ein nokså festa uttale på norsk: /kanada/. Denne uttalen er ulik den typisk amerikanskengelske /kænədə/ og britiske /kanədə/. Når uttalen i dette dømet blir /kæneɪɹɪɑ/ verkar dette å verken vera typisk norsk eller typisk engelsk, slik at det kanskje heller bør tolkast i retning av «kreativ leik med språk».<sup>111</sup>

I materialet er det fleire døme på at engelskklingande namn blir gjenstand for kreativitet. Ofte kan det sjå ut til å vera grunna usikkerheit rundt eller vanskar med uttale. I tillegg til med namn, kan òg andre uttalevanskar føra til «leik» med språket. Alle døma i (49) kjem frå podkasten HoH.

- (49) a. '[...] men nå er jo **Donald Trump i humpyhump** han er jo [...]' (HoH)  
 b. 'altså **Taylor Swiff \*latter\* Taylor Swiff \*latter\* Taylor Ji- Taylor Jif og baderomsmiljø** – men ja' (HoH)  
 c. *Hegseth*: 'å fy faen har du hørt den sangen på albumet som heter **soon will be- soon will be better** som handler om **better** jeg kan faen ikke engelsk jeg – **soon you'll be bedder**'  
*Harm*: '**soon you will be bedder**'  
*Hegseth*: '**soon you will be bedder** ehh' (yttra med trøndersk toneleie)  
*Harm*: '**soon you will be a butter**' (HoH)

I døme (49)a. er det eit tydeleg skifte til amerikansk aksent for det engelske elementet *Donald Trump i humpyhump*. Her rimar *humpyhump* på *Donald Trump*, og tillegget verkar ikkje å ha nokon tydeleg funksjon utover dette. I (49)b. blir namnet til Taylor Swift uttalt *Swiff*,<sup>112</sup> noko programverten tek vidare til *Taylor Jif og baderomsmiljø*. I (49)c. har Hegseth vanskar med å uttala låtnamnet *Soon You'll Get Better*, noko han sjølv kommenterer med *jeg kan faen ikke engelsk jeg*. Med-programvert Harm hermar etter uttalen, og det er særleg ordet *better* som får fokus, der *t*-lyden blir bytt ut med ein *d*-lyd. Dette følgjer Hegseth opp med å leggja på eit tydeleg trøndersk toneleie på det same sitatet, før Harm rundar av sekvensen med å endra *better* til *a butter*. Det finst liknande døme i alle podkastane. Døma i (50) er frå podkasten JToE.

- (50) a. *Thomas*: 'han politimannen var der som en – i en **sting operation** – ja [--] fordi det-  
*Tørnquist*: '**Sting** var også med \*latter\*'  
 b. *Thomas*: '[...] det er det som er **gøy** det er det at jeg skal faktisk-'  
*Tørnquist*: 'det er **gay**'  
*Thomas*: 'det som er **gay** er at jeg skal ringe –'  
 c. '**it's Liza with a zee and not with a uh – a Liza with a ho ah hoppa hoppa how yeah nanana hitta hitta hitta**'

<sup>111</sup> Denne uttalen av *Canada* verkar å vera ei vanleg vitseform, då ein med stavemåten *Canadia* finn denne bruken både i *Urban Dictionary* og på *Wikipedia*.

<sup>112</sup> Kanskje minner *swiff* om reingjeringsprodukt under merkenamnet *Swiffer*.



Når Thomas omtalar ein *sting operation* i (50)a., kan det verka som Tørnquist «misforstår» med vilje når han foreslår at dette handlar om at artisten *Sting* òg var med i situasjonen. For døma (50)b. og (50)c. er det nyttig med litt meir kontekst. Thomas skal ringa artisten Liza Vassilieva som har komme vidare i *Melodi Grand Prix* med songen *I am gay*. Tidlegare i samtalen påpeikar Tørnquist ‘*men I am gay kan jo bety jeg er glad –*’. Noko seinare i samtalen finn ein døme (50)b., der Thomas nyttar ordet *gøy* (som truleg har opphav i nettopp det engelske ordet *gay*) (NAOB, *gøy*). Han blir då avbroten av Tørnquist som «rettar» *det som er gøy* til *det er gay*, noko som fører til at Thomas korrigerer seg sjølv, og kjem med utsagnet *det som er gay er at jeg skal ringe –*, der *gøy* har blitt bytt ut med *gay*. For (50)c. er noko av den same konteksten sentral, då dei før dei ringer til artisten har ein diskusjon om korleis ein skal uttala førenamnet *Liza* (‘*ehh- Liza – hvordan sier man Liza tror du?*’ ‘*nei men el-i-sett-a – det kan være Lisa men hun kan også hete Laiza*’). Podkastvertane er innom ulike uttalar som /lisa/, /lɪzə/, /laɪzə/ og /lɪzə/, før dei konkluderer med at dei kan spørja artisten når dei ringer ho. Thomas avsluttar diskusjonen med ytringa i (50)c., der han startar på engelsk og endar opp med lydar som blir ytra i ein rytme, utan at «orda» framstår som verken norske eller engelske (kanskje med unntak av *yeah* som truleg kjem frå engelsk).

Utanom døma som allereie er presenterte i (48)a. og (48)e. er det ikkje så mykje eksperimentering med det engelske språket i ToT. Det er likevel ein del annan kreativ språkbruk, men her verkar ikkje engelsken å vera like sentral. Eit døme på dette er at *skeptisk* blir uttalt sheptish /ʃeptɪʃ/, utan at det ser ut til å ha noko med den innlånte endinga *-ish* å gjera (jf. Nilssen og Kinn, 2017). I andre døme får ord og namn ein *s*-ending som ikkje verkar å vera ein engelsk fleirtals-*s*, då døma i konteksten verkar å vera i eintal. Døme på dette er ‘*Sopie Elise-diskusjones*’, ‘*mobilvideos*’ og ‘*Odds*’.<sup>113</sup>

Døma i (51) er frå podkasten FRI.

- (51) a. *Flesvig*: ‘Gjerne men da må jeg ta med ballonger’  
*Niva*: ‘ehh ja tre tusen ballonger [--] that’s right **three tusen ballongs**’  
*Flesvig*: ‘**three thousand balloons**’  
 b. ‘**watch me whippets – watch me pay pay**’  
 c.. *Niva*: ‘ja – ja det er en ereksjon **sue me**’  
*Flesvig*: ‘å - sånn’  
*Niva*: ‘**sue me**’  
*Flesvig*: ‘**sug me**’ \*latter\* og det var da det begynte å bli dårlig stemning – han er dårlig i engelsk i tillegg da så det ble ikke **sue me** men det ble **sug me** – [...]’

<sup>113</sup> Døma med kontekst: ‘[...] ja du vil gjerne danse sving med – din egen – **mobilvideos** – og så filmer du oss [...], [...] nå har vi latt deg vinne **Sopie Elise-diskusjones** for tre sekunder siden’ og ‘[...] og da sa **Odds** – [...]’.

Substantivfrasen *three tusen ballongs* i (51)a. kan kanskje kallast ein hybridfrase: Her består frasen av tre ord, der *three* er engelsk, *tusen* er norsk, medan *ballongs* er norsk med engelsk fleirtals-s. Det er vanskeleg å slå fast om dette er ein norsk frase som er tilpassa engelsk, eller ein engelsk frase tilpassa norsk. Frasen viser uansett ei veksling mellom dei to språka. I denne konteksten svarar Flesvig med ein heilengelsk versjon av substantivfrasen: *three thousand balloons*. Denne framstår ikkje som tilpassa norsk, men heller ei omsetjing eller korrigering av frasen til Niva. I (51)b. syng dei ein tekst inspirert av betalingstenesta *Vipps*, til melodien av *Silentó* sin song *Watch Me (Whip/NaeNae)*. Her blir merkevara *Vipps* omsett til engelsk med uttalen /wɪps/. Dette kan ein sjå lys av at mange nordmenn nyttar /w/-uttale for engelske ord med /v/ når dei snakkar engelsk (jf. Johansson og Graedler, 2002, s. 161; Jarvad, 2007, s. 11; Johansen, 2007, s. 77). Det ligg nær å tru at /w/-uttalen kan vera inspirert av uttalen av *whip* i originalteksten til songen. I (51)c. spelar Flesvig på likskapen mellom det engelske verbet *sue* og det norske verbet *å suge*.

I FRI finst det fleire ganske lange sekvensar der engelsk blir leika med. Desse sekvensane har til felles at det blir utforska og testa ulike uttalar av engelsk. I det eine tilfellet blir podkastlyttarane tekne med på «ei reise» gjennom London/England, der uttrykket *mind the gap* blir ytra med det som framstår som ulike engelske dialekter, «typisk austnorsk» intonasjon og «typisk britisk» intonasjon. Til slutt endar podkastvertane opp med eit nytt uttrykk: *mind the rape and the gap*. Like etterpå blir substantivet *tube* leika med. I denne sekvensen kjem blant anna hybridordet *humortuben* (etter mønster av *humortoget* som blir nytta i ein innsendt e-post). *Humortuben* blir uttalt på mange ulike måtar, og podkastvertane kommenterer sjølve at dei går vekk frå det engelske utgangspunktet ved nokre høve: ‘*det er nesten Japan*’ og ‘*er vi i Nederland plutselig?*’. Vidare blir det norske *t-bane* nytta, noko som blir vidareført til det som liknar ein hybrid: *humor-t-bane* med uttalen /hʊmurti:bem/.<sup>114</sup>

---

<sup>114</sup> For å lytta til dette kan ein lytta frå 27.45–32.45 i podkastepisoden.

## 7 Drøfting

Målet med kapittel 7 er å bruka forskingsspørsmåla som vart presenterte i kapittel 1 for å konkretisera funna i oppgåva og sjå dei og funna frå intervjuet i lys av teori. I 7.1 vil eg svara på forskingsspørsmål (1) *I kva grad er dei undersøkte podkastane prega av engelsk språk?* Her vil podkastane bli samanlikna og det vil bli presentert eit oppsummerande talmateriale. I 7.2 vil eg ta føre meg representative døme frå kapittel 6 for å freista å seia noko om (2) *Kva slags engelsk møter lyttaren i desse podkastane?* I kapittel 6 vart funna sorterte etter lengd og grad av tilpassing. I det følgjande vil diskusjonen dreia seg om dei engelske innslaga er etablerte importord eller -frasar, kodevekslingar eller om han eventuelt er ein stad i kontinuumet mellom desse ytterpunkta. Bakgrunnen for dette «skiftet» av omgrep er at dette er naudsynt for å visa at både delvis tilpassa og ikkje tilpassa engelsk *kan* vera frå heile kontinuumet. 7.2 inkluderer òg diskusjon om funna som kan tenkjast å koma frå utanfor kontinuumet. Til sist, i 7.3, vil eg seia noko om (3) *Kva har ulike samtaleemne å bety for når lyttaren møter engelsk i desse podkastane?* Her vil det bli trekt vekslar på teorien om minnestyrke, og nokre døme frå materialet blir presentert utifrå tematisk samanheng. Når det i dei etterfølgjande kapitla blir vist til dømenummer, refererer desse nummera til døme frå kapittel 6, med mindre anna er presisert. Det vil føra for langt å gå gjennom alle funna, så i det følgjande blir eit utval representative funn gjennomgått.

### 7.1 I kva grad er dei undersøkte podkastane prega av engelsk språk?

Innleiingsvis vil eg samanfatta funna som vart lagde fram i analysen, og presentera ei samanfatting podkast for podkast. Her vil eg freista å svara på kva som kjenneteiknar engelsken i dei enkelte podkastane, på kva måtar dei er like og på kva måtar dei skil seg frå kvarandre. Dette vil eg gjera for å freista å svara på forskingsspørsmål (1) *I kva grad er dei undersøkte podkastane prega av engelsk språk?* Nokre av funna som blir presenterte her vil utdjupast i dei følgjande underkapitla. Sjølv om det kvantitative aspektet ikkje er hovudfokus i denne oppgåva, er det interessant med nokre tal når podkastane her skal samanliknast, då dette gjer samanlikninga tydelegare. Som tidlegare nemnt er ikkje dei fire podkastepisodane like lange, og pausar, vignettar/jinglar, reklame og taletempo gjer at det er eit noko ujamnt tal ord i transkripsjonane av dei ulike episodane.<sup>115</sup> Likevel vil det fungera som eit samanlikningsgrunnlag, då ein kan sjå likskapar og skilnader i talmaterialet.

---

<sup>115</sup> FRI, HoH og JToE er rundt 50 minutt lange, medan episoden av ToT varar i 74 minutt.

	ToT	FRI	JToE	HoH
Tal ord i transkripsjonen (omlag)	18 000	12 000	14 000	12 000
Delvis tilpassa ord	27 (36)	45 (78)	32 (42)	58 (69)
Ikkje tilpassa ord	14 (21)	17 (40)	21 (30)	22 (23)
Frasar	6	6	13	47
«Sitering» (setningar)	3	3	1 + 5	18
«Fri bruk» (setningar)	6	6	2	22

Tabell 9. Oversyn over opptalde funn i materialet. Tala viser førekomsttar av ulike innslag, der til dømes *community* og *communitien* er rekna som ulike. Parentesane viser tal dersom kvar enkeltførekomst blir tald. Kategorien leik med ord og uttrykk er ikkje inkludert her.

Episoden av ToT verkar å vera den episoden i materialet med færrest engelske innslag. På ordnivå blir det brukt 27 delvis tilpassa og 14 ikkje tilpassa enkeltord, medan det er seks døme på bruk av engelske frasar i materialet. Når det gjeld større segment på engelsk, finn eg tre døme der ToT «siterer» engelsk som tidlegare er brukt av andre, og seks døme på fri bruk av engelsk. Ved nokre få høve «leikar» ToT med engelsk. Døma på dette er få, korte og stort sett baserte på namn. Her kan det nemnast at det i podkasten òg finst døme på tilsvarande leik med det som kan tenkjast å vera andre språk.

I episoden av FRI blir det brukt nokre fleire engelske innslag enn i ToT. På ordnivå finst 45 døme på delvis tilpassa ord og 17 døme på ikkje tilpassa ord. FRI har seks innslag på frasenivå. På setningsnivået er det meir utfordrande å gjera ei oppteljing, då det utover dei seks korte døma på fri bruk og dei tre døma på «sitering», finst ein god del engelsk som er kategorisert som «leik». I mange av desse sekvensane kan ein trekkja ut setningar og sjå på dei slik, men då desse er ein del av ein større kontekst med språkleg leik, har dei heller blitt plasserte i denne kategorien. Det er i denne kategorien FRI skil seg tydlegast frå dei andre podkastane.

Episoden av JToE skil seg ikkje nemneverdig ut når ein ser på innslaga på ordnivå. Det er 32 døme på delvis tilpassa ord og 21 døme på ikkje tilpassa ord. På frasenivå har dei noko fleire døme enn FRI og ToT, med 13 døme. Heller ikkje på setningsnivå skil denne podkasten seg ut, med to døme på fri bruk, eit døme på sitering av skriftleg engelsk og fem døme på «sitering». Her kan det nemnast at alle frasane, begge døma på fri bruk og all «sitering» er ytra av Thomas, medan Tørnquist les den skriftlege siteringa. Det som har blitt sortert som «leik med ord og uttrykk» i JToE, liknar på døma frå ToT, då døma stort sett er korte og ord- eller namnebaserte.

Episoden av HoH er tydeleg den podkasten med flest engelske innslag i materialet. På ordnivå er det 58 delvis tilpassa ord og 22 ikkje tilpassa ord, noko som er litt fleire enn i dei andre podkastane, men ikkje ekstremt mykje meir. For dei større engelsksegmenta er skilnaden derimot større. I HoH er det 47 døme på frasar, 18 døme på setningar som «siterer» andre og 22 døme på fri bruk av engelsk på setningsnivå. I kategorien «leik med ord og uttrykk» er det

døma stort sett ord- eller namnebaserte. Fleire av dei har tydeleg utgangspunkt i at eit engelsk ord blir uttalt «feil» og at ein spelar vidare på dette.

## 7.2 Kva slags engelsk møter lyttaren i desse podkastane?

For å svara på kva slags engelsk me møter i podkastane, kan ein sjå tilbake på kontinuumet som vart presentert i 3.2.3, der ein har dei etablerte importorda som eit ytterpunkt og kodeveksling som det andre. Basert på funna som vart presenterte i kapittel 6, ligg det nær å tru at engelsken me møter i podkastane kjem frå heile dette kontinuumet. I det følgjande vil eg først visa til nokre sentrale aspekt frå teorikapitlet, før eg tek føre meg tydelege døme på etablerte importord og -frasar (7.2.1), så tydelege døme på kodeveksling (7.2.2) og til sist døme som er vanskelegare å plassera i kontinuumet (7.2.3).

For å svara på om dei engelske innslaga lyttaren møter i podkastane er døme på etablerte importord eller kodeveksling, står særleg eit spørsmål sentralt: Inneber bruken av engelsk i podkastane ei aktiv tospråkleg veksling mellom engelsk og norsk? (jf. Sunde, 2016, s. 146). Tala frå samanlikninga i 7.1 tilseier at svaret ikkje nødvendigvis er det same for alle dei fire podkastane. For å kunna seia noko om kva som er ei aktiv tospråkleg veksling er det nyttig å sjå tilbake på teorigrunnet for denne oppgåva. Etablerte importord er gjerne «tagga» for både matricespråket og det innføyde språket, noko som inneber at å bruka desse orda ikkje føreset ei aktivering av det innføyde språket (jf. Myers-Scotton, 2002, s. 41). Dersom orda som blir brukte *ikkje* er tagga for matricespråket, må derimot det innføyde språket aktiverast (jf. Myers-Scotton, 2002, s. 41). Det same kan òg gjelda for frasar og lengre uttrykk, dersom dei er importerte inn i eit språk (jf. Johansson og Graedler, 2002, s. 252; Lie, 2011, s. 63). I det følgjande er det derfor naudsynt å freista å skilja mellom kva i materialet som er etablerte importord (og -frasar), kva som er mindre etablerte importord (og -frasar) og kva som er kodeveksling. Her er det nyttig å sjå til indikasjonane som kan brukast for å plassera ord i kontinuumet: morfologisk og fonologisk tilpassing, frekvens, bruk av funksjonsord og flagging (jf. Myers-Scotton, 1992; 2000; 2002; Poplack, 2000; Johansson og Graedler, 2002; Gardner-Chloros, 2009). Det er likevel ikkje slik at desse indikasjonane vil gi eit fasitsvar, då grensene er uklære og teoretikarane er noko usamde.

I tillegg kan ein sjå til Gardner-Chloros (2009, s. 170) og det *samtidige* kontinuumet: «one person's «code-switching» is another person's borrowing». Her kan funn frå intervjuet om ToT og HoH illustrera utfordringa: Om Harm i HoH blir det sagt at «Vegard spesielt elsker jo å snakka engelsk «slash» amerikansk [...]», medan Tusvik seier «[...] jeg har så dårlig ordforråd

og- og uttale så da er det på en måte- da blir jeg veldig sånn tilbaketrukket på engelsk. Jeg har lav selvtillit på engelsk». I følge Poplack (2000, s. 242) er eit av kjenneteikna ved *skilled code-switching* at ein vekslar med større segment enn enkeltord, og at ein tilsynelatande ikkje er klar over at ein vekslar. Eit typisk døme på ein «god» kodevekslar i Poplack (2000) si undersøking, var ein kodevekslar med høg kompetanse i både matrisespråket og det innføydde språket. Basert på funna i intervjuet om HoH, og dei mange lengre engelsksegmenta i podkasten, ligg det nær å tru at Harm har forholdsvis høg engelskkompetanse. Dersom ein samanliknar med Tusvik som produserer svært få lengre segment på engelsk, er det grunn til å tru at Harm kodevekslar meir enn Tusvik, noko som òg kan få følgjer for enkeltorda. Døme der ein ser ei morfologisk tilpassing vil etter mange definisjonar vera importord (Sunde, 2016, s. 146), men Myers-Scotton (1992, s. 21) skriv at òg kodevekslingar i stor grad blir integrerte inn i den morfosyntaktiske ramma matrisespråket set, og dermed kan vera morfologisk tilpassa matrisespråket når dei blir ytra. Dersom ein tenkjer seg at Harm i utgangspunktet kodevekslar meir enn Tusvik, kan dette tolkast som at morfologiske tilpassingar i Harm sitt vokabular er ein mindre sikker indikasjon på etablerte importord enn morfologiske tilpassingar i Tusvik sitt vokabular. Vidare bør ein derfor ha i bakhovudet at *kven* som ytrar dei ulike døma kan ha tyding for korleis ein bør tolka indikasjonane på kva som skil kodeveksling frå etablerte importord. Samtidig er det ikkje mogleg å nytta dette som eit fasitsvar, då skildringane av engelskbruken til dei andre aktørane og funna i podkastkorpuset er mindre eintydige enn for Tusvik og Harm. Her kan Thomas trekkjast fram som døme: Produsenten fortel at Thomas har budd i USA og at han bakar inn engelsk fordi «han syns det er gøy å prate sånn og liker det språket». Dette liknar skildringa av Harm sitt forhold til bruk av engelsk, og på denne måten kan det ligga nær å tru at Thomas òg er det Poplack (2000) kallar ein god kodevekslar. I dette tilfellet er ikkje funna like eintydige, då funna frå materialet ikkje viser at Thomas i stor grad kodevekslar med lengre segment.

### 7.2.1 Etablerte importord

På den eine sida av kontinuumet finn ein dei etablerte importorda. For å freista å avgjera kva for nokre av enkeltførekomstane av engelsk som kan reknast som etablerte, er det nyttig å sjå til ordbøker og korpus, då podkastmaterialet er for lite til å kunna trekkja slutningar på grunnlag av til dømes frekvensen til orda. Til dømes finn ein substantiva (1)a. *kaps*, (20)a. *makeup* og (20)c. *sikspens* i BOB. I tillegg har døma fleire hundre treff i AKB (jf. omtalen av døma i (20) i kapittel 6.2.1). For *kaps* (inkludert skrivemåten *caps*) er det over to tusen treff. Liknande døme

er (1)b. *podkast*, (5)a. *appen*, (5)e. *coveret*, (6)d. *bootsa* og (18)c. *mail*.<sup>116</sup> Ein finn òg det same for dei andre ordklassane: Verba (7)e. *rappe*, (9)b. *trender* og (10)b. *trenda*<sup>117</sup> kan vera tilsvarande døme. Verbet *å trende* finn ein rett nok ikkje som oppslagsord, men fordi ein finn substantivet *en trend*, og fordi ordet blir nytta ved fleire høve i podkasten HoH, framstår *å trende* som eit etablert importord, i alle høve hjå språkbrukarane i HoH. For adjektiva kan ein trekkja fram dei delvis tilpassa (11) *fucka*, *fuckings(s)* og *smud* (eng. *smooth*) og dei ikkje tilpassa (23)e. *live* og (24)b. *random*, som ser ut til å vera nokså etablerte importord. Ein finn desse i bruk i AKB<sup>118</sup>, men med unntak av *live* er dei er ikkje oppslagsord i BOB. Ein finn dei derimot i NAOB (*fucka; fuckings; fuckings; smud; smooth; random; live*). For *fucka* og *fuckings(s)* kan det nemnast at det ligg nær å tru at desse banneorda er meir frekvente i munnleg bruk, noko som kan føra til at dei verkar mindre etablerte når ein ser til eit skriftspråkskorpus (sjå til dømes Fjeld, 2004, s. 30). For to av dei tre adverb i materialet finn ein det same: (26)a. *random* verkar å vera eit etablert importord òg som adverb. Òg (26)b. *backstage* er eit etablert importord, då det er eit oppslagsord i ordbøkene og har over 1600 treff i AKB. For hybridorda blir det litt annleis, då det ikkje nødvendigvis er samansetninga som er etablert. Dersom det engelske leddet er etablert i norsk, ligg det ikkje nær å rekna samansetninga eller delar av ho som ei kodeveksling som blir spontant integrert i morfologien. Her kan til dømes (14)e. *businessmannen* og (15)a. *hekseshow* trekkjast fram som etablerte, då både *business* og *show* er oppslagsord i BOB og dokumenterte i bruk i AKB.

Nokre av døma i materialet har låg frekvens i AKB og er ikkje oppslagsord i BOB. Dei ser ut til å vera danna på grunnlag av engelsk ordmateriale, men er heilt tydeleg tilpassa norsk. Òg desse orda bør reknast som etablerte. Her kan døma (1)c.-d. nemnast: *podd* og *podkaster* ('person som lagar podkast'). Her finn ein kortordet *podd* og avleiinga *podkaster* som truleg er danna på grunnlag av importordet *podkast*. Verken *podkaster* eller *podd* er oppslagsord i BOB, og orda har få treff i AKB. Likevel er det liten grunn til å tru at dei er korte kodevekslingar: *podkaster* og *podd* er nært knytta til det etablerte importordet *podkast*. Her kan òg verbet (10)e. *podda* nemnast, og ein kan trekkja inn det samtidige kontinuumet: For døma *podd*, *podkaster* og *podda* er det liten grunn til å tru at dette ikkje er etablerte ord for aktørane som lagar podkastar. Kanskje kan ein kalla *podkaster* (dersom det er importert frå eng. *podcaster*) eit etablert importord, men for *podd* og *podda* kan ein sjå til Andersen (2006, s. 30) som peikar på at engelske importord utgjer eit grunnlagsmateriale for nye ord i ulike ordanningsprosessar.

<sup>116</sup> I BOB er *mail* rett nok oppført som *e-mail* (BOB, *e-mail*). *Mail* har over 13000 treff i AKB.

<sup>117</sup> Oppslagsordet i BOB er substantivet *trend*, ikkje verbet.

<sup>118</sup> Med varierende stavemåtar som *føkka*, *fucka*, *fuckings*, *føkking*, *føkkings*, *fuckings*, *smud*, *smuud*, *smooth*.

Dersom ein tenkjer at *podd* og *podda* er danna på grunnlag av det etablerte importordet *podkast*, kan det tenkjast at dei ikkje bør reknast som importord i det heile.<sup>119</sup>

Her kan òg nokre av interjeksjonane nemnast. I kapittel 6 vart (12) *ok* og (13) *sorry* sorterte som delvis tilpassa norsk. Poplack (2000, s. 247) skriv at interjeksjonar og fyllord er døme på kodevekslingar som kan produserast med minimal kunnskap om grammatikken til det innføydde språket, då slike innskot ikkje er integrerte i frasestrukturen. Samtidig viser Andersen (2006, s. 28) til at interjeksjonar er representerte i ordtilfanget som blir importert frå engelsk til norsk, noko som viser at interjeksjonane òg kan vera importord. Både *ok* og *sorry* blir nytta både som korte innskot og integrert i frasestrukturen (jf. den tredje typen situasjonsintern kodeveksling i tabell 2). I tillegg er dei fonologisk tilpassa norsk, noko som kan tilseia at dei bør reknast som etablerte importord. Dette kan underbyggjast med at begge er oppslagsord i NAOB, *ok* i BOB, og begge har mange førekomstar i AKB.<sup>120</sup> Det ligg nær å tru at *ok* er meir etablert enn *sorry*, då *ok* er meir frekvent i bruk, både i podkastane og i AKB.

Heile frasar kan òg bli importerte inn i eit språk (jf. Graedler og Johansson, 1997, s. 9; Johansson og Graedler, 2002, s. 252; Lie, 2011, s. 63). Det er vanskelegare å avgjera sikkert kva for nokre av frasane i materialet som kan vera døme på etablerte importerte frasar, både med omsyn til bruk av frekvens som kriterium (som truleg vil vera lågare enn for enkeltorda) og med omsyn til at det er eit vanskeleg skilje, noko Andersen (2012, s. 178) påpeikar. Desse vil derfor omtalast i 7.2.3.

### 7.2.2 Kodeveksling

Døma som vart diskuterte i 7.2.1 inneber truleg ikkje ei aktiv tospråkleg veksling mellom engelsk og norsk, men nokre av døma i materialet verkar å gjera det. For det første kan funna sorterte som setningar nemnast, då desse kan reknast å ganske sikkert vera kodevekslingar: Desse manglar morfologisk og fonologisk tilpassing, finst (stort sett) ikkje i AKB, og inneber bruk av funksjonsord. For setningane sorterte som «fri bruk» er det døme på alle dei tre typene kodeveksling: veksling mellom ytringar, veksling innanfor ei ytring og korte innskot (Jf. Poplack, 2000; Johansson og Graedler, 2002, s. 256; van Ommeren, 2016, s. 216-218). Eit døme på veksling mellom ytringar er (43)a. *it's us against the world'* (FRI), og ei veksling innanfor ei ytring finn ein til dømes i (43)c. *'[...] du må til your second interview og da er det aldri en sak for det er jo bare tull – [--] og all charges were dropped'* (JToE). For døme på korte innskot

---

<sup>119</sup> Verbet (10)e. *podda* kan òg vera danna med konversjon, på grunnlag av kortordet *podd*: *podd* → *podda*.

<sup>120</sup> For *ok* er treffa fleire dersom ein inkluderer søk på til dømes *okei* og *okay*, som speglar uttalevariantane i funna i større grad.



kan ein sjå til (42) der ein blant anna finn (42)a. *'ja – you made it'* (FRI), (42)b. *'nei det går bra nei så ja jeg – I totally agree altså jeg tror det er veldig sånn'* (HoH) og (42)d. *'jeg så den senest ista Morten for tredje gang eller noe – ehh – I loved it – [...]'* (HoH). I kategorien «sitering» er dei fleste døma døme på veksling innanfor ei ytring, då dei fleste av desse blir introduserte med *'sier'*, *'sier han/hun'*, *'sier sånn'* eller *'er sånn'*, til dømes i (46)c. *'så kommer han ene bort og så sier han – you're under arrest for lewd conduct'*.<sup>121</sup> Dette kan òg tolkast som tydelege døme på flagging, ved at ytraren tydeleg signaliserer at det skjer noko spesielt (jf. Johansson og Graedler, 2002, s. 262). Det kan òg tenkjast at det som blir flagga her er at det er sitat, ikkje at sitata er på engelsk, då ein finn tilsvarende døme i materialet på at norske sitat blir flagga.<sup>122</sup>

Mange av funna i kategorien *Større segment* er òg eintydige kodevekslingar, og òg her finn ein døme på alle dei tre typane. Til liks som for setningane er det flest døme på veksling innanfor ei ytring. Dette finn ein til dømes i (37)b. *'jeg blir dritstessa jeg kommer fra Trondheim i dag tidlig – så jeg var sånn har jeg faen meg brought it with me to Stokke og så blir jeg hovedsmittebærer i Stokke det orker jeg ikke ha på meg rett og slett [...]'* (HoH) og (35)a. *'[...] på det tidspunktet var jeg bare fed up jeg hadde førti tusen jobber [...]'* (JToE). Døma på veksling mellom ytringar er ikkje tydelege, då det ikkje er nokon frasar som står åleine slik som for setningane. Det finst likevel døme som liknar, der det føregåande er ytra på norsk, og ein engelsk frase blir nytta for å innleia responsen. Her kan kollokasjonen *oh my god* i (41)e. nemnast, der samtalen går føre seg slik:

- (7-1) *Hegseth:* 'swipe på bildene hennes – se på det ene der med når ho er- ehh- de bootsa'  
*Harm:* 'oh my god I love it I love it'  
*Hegseth:* 'jeg veit det elsker henne altså men har du sett morning show'

Nokre få frasar blir òg nytta som korte innskot, til dømes *just don't* i (37)a. *'[...] og jeg møtte jo Tammy som sier sånn hello honey girl og da var jeg sånn how are you doing og jeg legger til sånn IKKE – just don't – bare slutt slutt slutt'* (HoH).

Vidare finst det nokre tydelege døme på kodevekslingar med enkeltord. Her òg peikar veksling innanfor ei ytring seg ut som mest frekvent. Tydelege døme på kodevekslingar finn ein i hybridordet (14)d *senatordame*, i substantivet (3)a. *cover* og substantivet (5)d. *flooret*.

<sup>121</sup> Etter å ha analysert materialet og oppdaga at fleirtalet av «setningane» i materialet var nettopp slike «siteringar», kan det tenkjast at ein kunne ha inkludert dei engelske songtekstane som vart fjerna frå materialet (jf. 4.6 *Avgrensingar*).

<sup>122</sup> Til dømes i ToT: *'[...] hun har en podkast sier han og da sier han sånn å – spør moren din om hun synes at Daniel Simonsen er morsom'*

Som nemnt i analysekapittelet, er *senator* i utgangspunktet ikkje lånt frå engelsk, men uttalen i dømet ligg svært nær den engelske uttalen av *senator*. Ordet blir seinare i same ytring brukt i frasen *run for senator*, som er uttalt engelsknært, og som dessutan handlar om det amerikanske senatorvalet. For tilfellet *senatordame* skil uttalen seg i så stor grad frå typisk norsk uttale av det etablerte importordet *senator*, at det er rimeleg å tru at dette er ei kort kodeveksling. Eit liknande døme er (3)a. *cover*, som ein kan jamføra med (5)e. *coveret*. Begge døma er ytra av Harm. I (3)a. har *cover* engelsknær uttale, medan *coveret* i (5)e. har typisk norsk uttale. Her er det først og fremst *r*-uttalen som er ulik, i tillegg til tildelinga av genus. (5)e. *overet* følgjer normeringa i BOB (BOB, *cover*), medan (3)a. *cover* er ein del av frasen *sånn cover*, som viser at ordet her har fått maskulint genus. For desse to døma ligg det nær å tru at Harm nyttar eit etablert importord om framsida på Stokkemagasinet ((5)e. [...] *komme på coveret av Stokkemagasinet* [...]), men ei kort kodeveksling i (3)a., når han skildrar eit skummelt bilete frå filmen *The Joker* ([...] *og det er så mørkt – sånn cover det er så skummelt bilde* [...]). Felles for døma (14)d. *senatordame* og (3)a. *cover* er at det er mogleg å jamføra den morfologiske og fonologiske tilpassinga i døma med morfologisk og fonologisk tilpassing i det etablerte importordet.

Dømet (5)d. *flooret* med tydinga ‘etasjen’ er delvis tilpassa morfologisk. Dette kan vera eit døme på likskapen Myers-Scotton (1992, s. 20) trekk mellom lånte former og kodevekslingsformer: Orda går gjennom omlag dei same prosedyrane når dei blir nytta i språkproduksjon, og begge blir i stor grad integrerte i den morfosyntaktiske ramma matrisepåsett. Når *flooret* her har fått *-et*-ending, men elles framstår som ikkje tilpassa norsk, er det grunn til å tru at ytraren (Thomas) spontant tilpassar ei kort kodeveksling morfologisk.<sup>123</sup> Fleire døme på korte kodevekslingar er verba (22)a. *ends* og (22)b. *aligns* og adjektiva (23)a. *real* og (23)c. *quirky*. Som (3)a. *cover* er desse ikkje tilpassa norsk.

### 7.2.3 Mellom etablerte importord og kodeveksling

Mellom dei tydelege døma på etablerte importord og kodeveksling kan det vera store variasjonar. Det bør igjen nemnast at dette kontinuumet ikkje har tydelege grenser, så for døma som blir presenterte i det følgjande vil plasseringa vera usikker, og ein bør ha med seg at det ikkje er mogleg å fullgodt ta høgde for det samtidige kontinuumet til den individuelle språkbrukaren. Igjen er det naudsynt å sjå til indikasjonane som kan brukast for å plassera ord

<sup>123</sup> Ved søk i AKB er det ingen treff på *flooret*, og treffa på *floor* er i hovudsak delar av engelske sitat, noko som tilseier at *floor(et)* ikkje er etablert i norsk.

i kontinuumet.<sup>124</sup> Først vil eg sjå på nokre ikkje tilpassa substantiv. Døma (18)–(21) er i ubunden form eintal, og har dermed ikkje morfologisk ending. Eit anna fellestrekk ved desse er at uttalen er engelsknær. Dette inneber at ein ikkje kan bruka morfologisk og fonologisk tilpassing som kriterium. Desse døma er sorterte enkeltord, så det følgjer ikkje med funksjonsord. Då står flagging og frekvens att. Nokre av døma er allereie plasserte i kontinuumet (*mail*, *makeup* og *sikspens*), men dei resterande døma er noko vanskelegare å plassera. Dømet (18)a. *remix* (saman med skrivemåten *remiks*) har over 500 treff i AKB, men er ikkje eit oppslagsord i BOB. Uttalen /ri:miks/ i materialet skil seg frå /re:miks/ som er oppgiven i NAOB.<sup>125</sup> Her kan det vera snakk om ei kort kodeveksling, men treffa i AKB gjer at ordet verkar forholdsvis etablert i norsk. I tillegg til *remix* i ToT finn ein dømet *remixa* i FRI med same /ri:-uttale. Her ligg det nær å tru at dette er døme på eit mindre etablert importord der uttalen ikkje nødvendigvis har festa seg enno, jf. Myers-Scotton (2000, s. 143) som viser til at tilpassing er eit gradvis konsept. Dei resterande substantiva i (18)–(21) er (18)b. *american*, (18)d. *check*, (19)a. *orphan* (19)b. *syndrome* og *attitude*, (19)c. *battle*, (21)a. *fuzz*, (21)b. *shaming*, og (21)c. *age limit*. Av desse er berre *check* (NAOB) eit oppslagsord i ordbøkene, men alle utanom *age limit* har treff i AKB. Fellestrekk ved mange av treffa i AKB er bruk av hermeteikn (som kan vera flagging), eller at orda er delar av eit engelsk omgrep eller eit lengre sitat på engelsk (orda opptrer då ikkje i nødvendigvis i ein elles norsk kontekst). Døme på dette er «slut shaming», «fat shaming», «american collegeboy» og «shaken baby syndrome». Moglege unntak er *check*, *attitude*, *battle* og *fuzz*, som i tillegg til å opptre med hermeteikn, i omgrep og i sitat, òg opptre i korpuset utan hermeteikn og i ein elles norsk kontekst. Døme på dette er «[...] Pony The Pirate, et av fjorårets mer omsvermede norske undergrunnsband med *check* på de fleste punktene [...]», «[...] De har en klar holdning, tilnærmelse og *attitude* til det de gjør [...]», «[...] utfordre trommisen til en *battle* [...]» og «[...] Vi ville ikke skape noe *fuzz* rundt det i tiden før løpet. [...]». På dette grunnlaget kan desse substantiva delast i to grupper: mindre etablerte importord (*remix*, *check*, *attitude*, *battle*, *fuzz*) og korte kodevekslingar (*american*, *orphan*, *syndrome*, *shaming*, *age limit*). For nokre av substantiva er òg flagging i materialet relevant, då *orphan*, *attitude* og *battle* framstår som flagga, altså at det blir signalisert at det kjem noko framandt (Johansson og Graedler, 2002, s. 262). Flagginga av dei to første er av den tydelege typen som blir kommentert eksplisitt av ytraren: (19)a. '[...] hva heter det for noe – *orphan*' og (19)b. '[...] hva heter det altså *attitude* [...]'. Her leitar ytraren etter det

<sup>124</sup> Indikasjonane: morfologisk og fonologisk tilpassing, frekvens, bruk av funksjonsord og flagging (jf. Myers-Scotton, 1992; 2000; 2002; Poplack, 2000; Johansson og Graedler, 2002; Gardner-Chloros, 2009).

<sup>125</sup> NAOB-uttalen /re':miks/, er her omsett til IPA (mi omsetjing).

engelske omgrepet, noko som resulterer i at innslaget blir flagga. Flagginga av *battle* er meir subtil, med ein pause som består av ein nølelyd.<sup>126</sup> På dette grunnlaget kan det tenkjast at òg *attitude* og *battle* kan vera korte kodevekslingar. Her bør det samtidige kontinuumet trekkjast inn att, då desse døma er ytra og flagga av Tusvik, som helst ikkje brukar engelsk utover «en del sånne enkle ting». Her kan det tenkjast at *attitude* og *battle* er døme på (meir eller mindre) etablerte importord for Tusvik, då ho prøver å unngå å bruka engelsk (jf. 5.3 *Tankar om språket i podkastane*), men det kan òg tenkjast at ho her kodevekslar, og at det er derfor *attitude* og *battle* blir flagga.

Ein tilsvarande gjennomgang kan takast av delvis tilpassa substantiv i materialet: Her kan ein til dømes trekkja fram (4)a. *shaming*, (5)b. *squaden* og (6)a. *dealer*. Ingen av desse (eller former av desse) er oppslagsord i BOB, men alle finst i bruk i AKB og har blitt tilpassa norsk (med tonem i *shaming* og norsk ending i *squaden* og *dealer*).<sup>127</sup> Både *shaming* og *squaden* blir ytra av Harm i HoH, medan *dealer* blir ytra av Tønne i ToT. Her kan det tenkjast at *shaming* og *squaden* er etablerte importord for Harm, slik som *dealer* truleg er for Tønne, utan at det betyr at Tønne kunne ha nytta *shaming* og *squaden* utan å kodeveksla.

Òg blant hybridorda er det mange tilfelle som truleg kan plasserast mellom kodevekslingar og etablerte importord, til dømes (14)a. *viralballen* (jamfør diskusjonen kring (36) *gått viral* i kapittel 6.3.2) og (15)e. *dansemovesa*. Former av *viral* og *moves* finn ein i bruk i AKB, men ikkje som oppslagsord (med same tyding) i BOB. Kanskje kan fleire av hybridorda (utover allereie nemnde (14)d. *senatordame*) reknast som korte kodevekslingar som blir spontant integrerte som ledd i eit samansett ord, dvs. hybridar: til dømes (14)b. *revengegreia*, (14)c. *shemalegreier*, (15)b. *gjesteappearance* og (16) *countryartistsinger*. Dei engelske ledda i døma er ikkje oppslagsord i BOB, og i treffa i AKB er dei i stor grad delar av engelske sitat. Som nemnt i 6.1.5 ligg det nær å tru at former av *ei greie* å vera lett tilgjengeleg for samansetningar med engelske ledd. Når Thomas nyttar *gjesteappearance* kan det tenkjast at *gjesteappearance* anten er ei kort kodeveksling, eller moglegvis eit resultat av ei «omsetjing» av den engelske

---

<sup>126</sup> *Battle* blir òg forklart som *motsang* av samtalepartnaren. I følge NAOB (*battle*) er grunntydinga av *battle* ‘slag, kamp’. Vidare blir det vist til tydinga ‘uformell kamp, duell mellom utøvarar av hiphop-uttrykk (dans, rap, graffiti)’. Tydinga ‘motsang’ som Tønne bidreg med, er ikkje synonym med tydingane til NAOB, og framstår ikkje som ei oversetjing av ordet *battle*, men heller ei presisering av kva Tusvik peikar på at *Åge har laga* (altså ein «motsang» som kan brukast i «duell» eller «kamp»), jf. (19)c. *battle*.

<sup>127</sup> Ein svakheit ved å halda seg til enkle søk i korpus, er at ein kan få resultat med homografar. For dømet *dealer* ‘avtalar’ ligg det nær å tru at mange av treffa i AKB er *dealer* ‘person eller firma som handler med verdipapirer, valuta eller varer for å tjene på kursforskjeller’ eller ‘person som selger narkotika (direkte til en kunde)’ (NAOB, *dealer*).

samansetjinga *guest appearance*. For *countryartistsinger* er det relevant at både *country* og *artist* er etablerte importord i norsk, men at berre *artist* er fonologisk tilpassa i denne samansetjinga. Både *country* og *singer* blir uttalt engelsknært, så her er det mogleg at ein har ei kort kodeveksling i ei noko uvanleg samansetjing (då det kan tenkjast at *artist* og *singer* semantisk viser til omlag det same).

Då det vil føra for langt å gjera ein tilsvarande gjennomgang av alle ordklassane, vil desse her nemnast kort. Døme på verb som framstår som mindre etablerte importord er (7)a. *twerke*, (7)b. *stage dive*, (7)d. *rimme*, (10)a. *remixa*, og (10)c. *name-droppa*. Desse verba er morfologisk tilpassa norsk, og (i varierende grad) fonologisk tilpassa norsk. Blant adjektiva kan desse døma trekkjast fram: (23)e. *chill*, (23)h. og (25)d. *nice* og (24)a. *badass*. Vidare kan adverbet (26)c. *ever* nemnast. Felles for desse døma er at ein finn dei som oppslagsord i NAOB, men ikkje i BOB. I tillegg finn ein dei i bruk i AKB, men her er mange av treffa (ikkje alle) flagga. Dette tyder på at orda har eit visst feste i norsk, og derfor kan reknast som importord. Når dei her blir kalla *mindre etablerte importord*, kan ein vidare trekkja fram det samtidige kontinuumet: Det er vanskeleg å avgjera kor etablerte desse importorda er for den individuelle ytraren.

Døme som kanskje er noko mindre etablerte enn dei sist nemnde, og som det kan tenkjast at *kan* vera døme på korte kodevekslingar, er dei delvis tilpassa verba (7)b. *frame* og (9)c. *squader*. Ein finn ikkje *frame* og *squader* som oppslagsord i ordbøker, og dei har svært få treff i AKB.<sup>128</sup> Blant adjektiva kan ord som kan tenkjast å vera anten lite etablerte importord eller korte kodevekslingar vera dei ikkje tilpassa (23)a.-c. *real*, *pushy* og *quirky*, (23)f.-g. *enjoyable*, *gay* og *straight* og (25)a.-b. *white* og *undercovered*.

I 7.2.1 vart dei delvis tilpassa interjeksjonane (12) *ok* og (13) *sorry* omtalte som etablerte importord. Resten av interjeksjonane er noko vanskelegare å plassera, då òg interjeksjonar kan vera kodevekslingar (jf. Poplack, 2000, s. 247). Resten av interjeksjonane vart i kapittel 6 sorterte som ikkje tilpassa norsk: (27) *yes*, (28) *wow*, *wow man*, *no* og (29) *yeah wooh*, *shit* og *hey yo*, då dei tilsynelatande verken er morfologisk eller fonologisk tilpassa. For *yes* vart det trekt fram at bruken i materialet kan vera ei pragmatisk tilpassing, der *yes* blir nytta som eit understrekande uttrykk for at ein er nøgd med noko (jf. Andersen, 2006, s. 15; 2015, s. 138-139). I døma i (27) er *yes* i liten grad integrert i frasestrukturen, men samtidig er det mange treff på ordet i AKB, og ordet er i bruk i alle dei fire podkastane, noko som tilseier at det truleg er eit meir eller mindre etablert importord. Dei andre interjeksjonane, *wow*, *wow man*, *yeah wooh*, og *hey yo* står fram som korte innskott som ikkje er integrerte i frasestrukturen, og kan slik vera

---

<sup>128</sup> For substantivet *squad* er treffa fleire, og for forma *frame* får ein ein del treff med tydinga 'ramme' (substantiv). Desse treffa er i stor grad flagga eller delar av engelske sitat.

døme på den enklaste forma for kodeveksling (jf. Poplack, 2000, s. 247; Johansson og Greadler, 2002, s. 256; van Ommeren, 2016, s. 216-218). Samtidig finn ein mange døme på at *wow*, *yeah*, *shit*, *hey* og *yo* er nytta i AKB (rett nok i stor grad med flagging eller som delar av engelske sitat). Det er ingen treff på fleirordsinterjeksjonane «*wow man*» og «*hey yo*», så det kan tenkjast at desse har eit meir munnleg preg. Det ligg nær å tru at interjeksjonane i materialet er spreidde utover kontinuumet, og at det her kan vera individuelle skilnader i det samtidige kontinuumet.

Setningane i materialet er sorterte som kodevekslingar, og dei fleste frasane i materialet er òg døme på kodevekslingar, då dei aller fleste manglar morfologisk og fonologisk tilpassing, og mange inneber bruk av funksjonsord. Nokre av dei er i tillegg flagga. Samtidig er det mogleg at heile frasar eller lengre uttrykk blir importerte inn i eit språk (jf. Graedler og Johansson, 1997, s. 24). Johansson og Graedler (2002, s. 253) trekkjer fram kollokasjonen *take it or leave it* som ein mogleg importert kollokasjon. Å skilja mellom når slike frasar er kodevekslingar og når dei er lån, er vanskeleg (jf. Andersen, 2012, s. 178). Her kan nokre av dei faste kollokasjonane i 6.3.6 nemnast: *god bless you*, *by the way*, *oh my god*. Kollokasjonen (/setninga) (41)a. *god bless you* er tydeleg flagga av ytraren, som introduserer det engelske segmentet med 'så ehh som vi sier i USA –'. Noko som tyder på at dette truleg er kodeveksling. Dømet (41)c. *by the way* ('halleluja – by the way Taylor Swift documentary') er noko vanskelegare å plassera, då denne kollokasjonen kjem før den engelske substantivfrasen *Taylor Swift documentary* og etter ordet *halleluja*, som det grunna ukklar uttale er vanskeleg å avgjera om skal reknast som norsk eller engelsk i denne samanhengen. Kollokasjonen *by the way* kan derfor tenkjast å vera del av ei heilengelsk ytring, noko som i dette dømet tilseier at det truleg kan vera ei kodeveksling. Det same gjeld for (41)e. *oh my god*. ('oh my god I love it I love it'). For desse døma kan det nemnast at det finst 43 (*by the way*) og 35 (*oh my god*) treff i AKB, der dei fleste treffa er flagga eller delar av engelske sitat. Desse treffa, i tillegg til treff på forkortingane *btw* og *omg* kan likevel tyda på at dette er frasar som kan vera i rørsle i kontinuumet: Kanskje er dei på veg mot å bli meir etablerte importfrasar.<sup>129</sup>

I materialet finst det òg frasar med ei form for morfologisk tilpassing: (34)a. *big dick attituden* og (34)b. *gay communitien*. For desse kan det diskuterast om heile frasen er tilpassa, eller om det føst og fremst er det siste ordet som er det. I AKB er det ingen treff på *big dick attitude(n)* og svært få på *gay communtiy* (ingen med søkeordet *communitien*), noko som tyder på at dette ikkje er etbalerte frasar i norsk. Truleg er *-en*-endingane i desse døma døme på kodevekslingar som spontant blir integrerte i norsk (jf. Myers-Scotton, 1992, s. 20). Liknande

---

<sup>129</sup> I Morland (2020, s. 67) si undersøking fann han forkortingane *btw* og *omg* i korpuset sitt. Morland undersøkte kodevekslingar, så der var *btw* og *omg* klassifiserte som kodevekslingar. Desse forkortingane finn ein òg i AKB.

tilpassingar finn ein i verbfrasane i (35): Her kan ein jamføra (35)b. *summed up* og (35)c. *stripped down* med (35)a. *fed up*, (35)d. *lina opp* og (35)e. *fucka opp*. Både *summed up*, *stripped down* og *fed up* er engelsknære, og framstår på denne måten som kodevekslignar. Her skil *fed up* seg ut, med over 100 treff i AKB (det er ingen treff på *stripped down* og tre treff på *summed up*, der *summed up* er del av engelske sitat). I tillegg har NAOB *fed up* som oppslagsord, der sitata viser frasen i bruk frå 1968. Samanlagt tilseier dette at *fed up* er ein nokså etablert importfrase. Dei neste døma er i større grad tilpassa norsk, då *lina opp* og *fucka opp* har fått ending (-a) og har norske preposisjonar. *Lina opp* har over 100 treff i AKB, medan *fucka opp* har noko færre treff.<sup>130</sup> I tillegg finn ein dei i NAOB (*fucke; line*). Det ligg nær å tru at òg desse er nokså etablerte importfrasar, medan *summed up* og *stripped down* er kodevekslingar. I følgje Graedler (1998, s. 82) er slike engelske verbfrasar rimeleg enkle å overføra til norsk. Kanskje kan dette tyda på at vegen frå kodeveksling til (meir eller mindre) etablert importfrase kan vera kort for desse døma, då konstruksjonane er kjende, sjølv om verba og preposisjonane varierer. I denne samanhengen kan òg frasen (36) *gått viral* nemnast, der bruken i i HoH i (36) verkar å ligga på ein stad mellom det nokså etablerte *gå viralt* og det heilengelske *go viral* (jf. NAOB, *viral*). Sjølv om *gått viralt* kan seiast å vera etablert, kan det tenkjast at ytraren Harm, som tilsynelatande er glad i å kodeveksla, knyter uttrykket til det engelske språket, og kanskje derfor nyttar engelsk form av *viral*. Her kan det tenkjast at teoriane om minnestyrke kan vera relevante, då det ligg nær å tru at minnestyrken til eit ord på norsk eller engelsk kan ha innverknad på kva som blir valt (jf. Myers-Scotton, 2002, s. 41; Warren, 2013, s. 40).

#### 7.2.4 Utanfor kontinuumet

Funna som i kapittel 6.5 vart sorterte som *leik med ord og uttale* er vanskelege å plassera i kontinuumet. Kanskje kan dette kallast *kreativ språkleik* som i følgje Røyneland (2008, s. 55) kan vera ein kommunikativ funksjon ved kodeveksling (jf. tabell 3), men her kan det òg vera nyttig å sjå utanfor kontinuumet og dra vekslar på transspråkingteorien. Der ser ein på tospråklegheit i eit ressursperspektiv, der språkbrukarane har moglegheit til å plukka frå sitt eige språklege reportoar, utan at det kan kallast ei veksling mellom språk (jf. Canagarajah, 2011, s. 401; García og Wei, 2014, s. 20-22). Dette kan ein knyta saman med fleire av funna frå intervjua, blant anna for FRI: Wettre (produsent for FRI) peikar på at FRI brukar språk veldig aktivt som eit humorelement, og at for til dømes «språkreise gjennom London» så er den

---

<sup>130</sup> For desse to korpus søka er det brukt fleire søkeord: *lina opp*, *linet opp*, *line opp* (her er treff med tydinga 'tynt, sterkt tau' (BOB, *line*) sorterte ut.) og *fucka opp*, *fökka opp*, *fucket opp*, *fökket opp*.

kreative «engelsk»-samtalen som skjer basert på improvisasjon.<sup>131</sup> Som lyttar til denne sekvensen kan ein kjenna att skildringane til Wettre av at det som skjer er at Niva og Flesvig plukkar opp ein ball og spurtar av garde med han og at «der kommer det språk i form av lyder på løpende bånd». I følgje Wettre øver FRI aldri på å «treffa» med språklydane, men det å leika med språket er sentralt i humoren. Wettre seier òg at det truleg er meir «språkleg kaos» i FRI enn andre stadar. Det er mogleg at det å knyta «språkleg kaos» til transspråking ikkje er heilt ideelt, men ein parallell ein kan trekkja er at store delar av det språklege repertoaret blir nytta, slik at språket i seg sjølv er ein sentral ressurs for det som skal formidlast.

Noko liknande finn ein i HOH, der uttalefeil eller -vanskar er grunnlag for kreativ språkbruk. I følgje produsent Pallesen, syns Harm at Hegseth er dårleg i engelsk, slik at det har blitt eit humorelement som går att i podkasten. Dette kan ein til dømes sjå i (49)c. der Hegseth si noko stotrande og uklare uttale av *soon you will be better* førte til Harm sin parodi *soon you will be a butter*. Liknande «leik» med språk finn ein i alle podkastane, til dømes i JToE og FRI der det blir spelt på likskap og slektskap mellom norsk og engelsk med parallellen *gay* og *gøy* i (50)b. og *sue me* og *sug me* i (51)c. Dette er truleg ikkje døme på korte kodevekslingar, men heller kreativ bruk av det språklege repertoaret. Liknande døme finn ein når person- og stadnamn blir tilpassa frå norsk til engelsk. Dette viser eit språkleg medvit, der språk er eit viktig element i å laga ein morosam podkast.

ToT skil seg litt ut i denne kategorien, då deira leik med ord og uttale i liten grad dreier seg om engelsk. Det bør likevel nemnast at dei òg brukar eit større språkleg repertoar enn det ein finn i ordbøkene. Litt på sida av fokuset på engelsk, kan det nemnast at det i alle podkastane blir brukt fleire dialekter. Desse førekjem både som talemåla til roller/karakterar, når det blir sitert noko som tilsynelatande er sagt av til dømes ein trønder, og som det som kan likna kodeveksling mellom dialekter.

### 7.3 Kva har ulike samtaleemne å bety for når lyttaren møter engelsk i desse podkastane?

For å freista å svara på kva ulike samtaleemne har å bety for når lyttaren møter engelsk i dei undersøkte podkastane (jf. forskingsspørsmål (3)), er det nyttig å sjå nærare på noko av konteksten til dei presenterte døma i lys av teorien om minnestyrke. I kapittel 2.2.2.2 blei det presentert ei hypotese om at omtale av domene som er sterkt påverka av engelsk, kan føra til ein hyppigare frekens av engelske innslag i ein elles norsk samtale. Her vart det vist til samanlikninga i Johansson og Graedler (2002, s. 85) (jf. tabell 1), med nyare tal frå Staaby

---

<sup>131</sup> For å lytta til denne sekvensen kan ein lytta frå 27.45–32.45 i podkastepisoden.



(2011) si undersøking av dataspelsamtalen, og diskutert om ein kan tenkja at *dataspel* er eit lite «domene».<sup>132</sup> Dette kan ein sjå i samanheng med at Andersen (2006, s. 28) viser til at ein stor del av importorda er henta frå kulturelle område der påverknaden frå angloamerikansk kultur er sterk. Warren (2013, s. 40) påpeikar at når ein skal gjera ein før-verbal bodskap om til ei ytring, så er ikkje ord likeverdige. Basert på dette og Myers-Scotton (2002, s. 41) si forklaring av korleis det mentale leksikonet er «tagga» for matrisespråket og det innføyde språket, ligg det nær å tru at minnestyrken til eit ord på norsk eller engelsk kan vera påverka av emnet (eller domenet) som ytringa handlar om. Her meiner eg eg finn tydelege døme på dette i materialet, til dømes for ytraren Thomas.

I intervjuet med Aspeflaten (produsent for JToE) trekkjer han fram at Thomas tykkjer det er artig å spela på åra sine i USA: «at han er en sånn USA- Hollywood-type liksom». Dersom ein ser nærare på emna som blir omtalte i JToE, finn ein ein samtale der Thomas fortel ei historie frå eit kjøpesenter i USA. Her verkar engelsken å vera ganske frekvent: Ein finn både enkeltord som *blowjob*, *gjesteappearance* og *flooret*, frasar som *lewd conduct*, *pee shy*, *your second interview*, setningar som *you're under arrest for lewd conduct* og ei rekkje namn, blant anna det engelsktilpassa *JT* (jf. (48)c.).<sup>133</sup> Fleire av dei lengre segmenta kan truleg forklarast som kodevekslingar som blir gjorde fordi dei er sitat eller delar av sitat, men det kan det tenkjast at minnestyrke har betydning for kvifor ord som *flooret* blir valt over *etasjen* og *handcuffs* over *håndjern*.<sup>134</sup>

Liknande døme kan ein finna i dei andre podkastane: Til dømes i ToT når samtaleemnet er dataspelet *Fortnite* som sonen til Tønne har spelt. Her dukkar spelrelaterte ord som *fighter*, *mute* og *loader* opp, i tillegg til andre førekomstar av engelsk som *headsettet* og *dude*, engelsk uttale av *Australia*, og lengre samtalesekvensar som til dømes:

---

<sup>132</sup> Funna presenterte hjå Johansson og Graedler (2002, s. 85) er 1,9 nyare engelske lånord per 1000 ord i løpande tekst i skjønnlitteratur, 12,0 i artiklar om mote og klede frå aviser og blad, 19,2 i avisartiklar om fotball, 23,0 i artiklar om popmusikk frå aviser og blad og 34,3 i elektroniske prategrupper. Staaby (2011, s. 62) finn 86,8 i sitt materiale.

<sup>133</sup> I sekvensen finn ein enkeltorda *blowjob*, *gjesteappearance*, *Beverlysenteret*, *flooret*, *handcuffs*, *flashet*, *businessmannen*, *connected*, *innocent*, frasane *lewd conduct*, *sting operation*, *gay town*, *pee shy*, *undercovered*, *your honor*, *thruthfully*, *fucka opp*, *your second interview*, setningane *you're under arrest for lewd conduct*, *yeah man I saw you were playing with yourself – you were playing with yourself*, *I was in the bathroom – no you admit it – admit it*, *I plead no con- altså innocent, all charges were dropped* og namna *George Michael*, *Beverly Hills Hotel*, *JT*, *Hollywood*.

<sup>134</sup> I ytringa blir både *handcuffs* og *håndjern* nytta: 'jeg var jo helt forstyrra – snudde meg rundt – på med *handcuffs* og galeidet far ut gjennom så alle kunne se – med *håndjern* på –'.

- (7-2) *Tønne*: '[...] han snakket med en **dude** fra – ehh – fra-'  
*Tusvik*: '**Australia**'  
*Tønne*: 'nei det vakke **Australia** – det var – det var no så-'  
*Tusvik*: '**and he was saying it's burning in my garden – yeah – it's a barbeque**'  
*Tønne*: '**it's a burned coala in my garden**'.

Øg her kan det verka som at fleire av ordvala er påverka av emnet, ved at til dømes *fighter* er valt over *kjemper* eller *sloss*. Dei lengre sekvensane med engelskbruk er ikkje sitat som i JToE, men kan kanskje ha samanheng med at spelsamtalen (som blir sitert seinare) føregjekk på engelsk, slik at dette påverkar valet av språk i denne «tenkte» spelsamtalen.

I FRI er *mind the gap*-sekvensen eit tydeleg døme på det same. Ein lyttar i London har sendt inn ein e-post der ho skildrar at ho køyrer '*mye t-bane, eller tube om du vil*'. Når Niva les opp e-posten, uttalar han *tube* engelsknært, og dette fører til sekvensen der det blir leika både med ordet *tube* og med frasen *mind the gap*. Her kan det tenkjast at minnestyrke spelar inn: I tillegg til å leika med uttalen, samansetningar og intonasjonen for desse to døma, blir andre engelsksegment som kan tenkjast å vera «typisk britisk» ytra: Til dømes blir det sagt '*Harry Potter*' og '*fucking cunts*' i den noko kaotiske samtalen som i stor grad består av uttaleversjonar av *mind the gap*.

I HoH, der engelsk førekjem hyppigare enn i dei andre podkastane, kan ein nesten sjå på det motsett: I ein sekvens av samtalen omtalar Harm kjærleikssorga til ei nær veninne, og i denne sekvensen (om lag 600 ord) er det ikkje eit einaste tilfelle av engelsk. Like etter denne sekvensen kjem ein del der samtalemnet er førestillinga som kjem halvvegs i den amerikanske *Super Bowl*-sendinga. Av dei om lag 600 første orda i denne sekvensen, er 40 engelske (ikkje medrekna namn). Dette inkluderer blant anna orda *rate*, *ever*, *fireworks*, *performance* og *dansemovesa*, frasane *well fucking done*, *give it to the people* og *Super Bowl halftime show – oh my god* og setninga *I loved it*. Eit anna døme er omtalen av Taylor Swift og Taylor Swift-dokumentaren, der det er tett mellom innslaga av engelsk. For begge desse døma kan det nemnast at dette er engelskspråkleg underhaldning produsert i USA, som både Harm og Hegseth har sett nyleg. Truleg kan dette vera med på å gjera minnestyrken for ein del engelske ord om emna sterk, slik at det blir nytta fleire engelskelement i desse sekvensane enn i sekvensen om kjærleikssorg. Dersom ein samanliknar desse funna med funna i spelsamtalen hjå Staaby (2011), må ein sentral skilnad peikast på: Der Staaby (2011) sine informantar stort sett held seg innanfor eit og same «domene» (spelsamtalen), vekslar podkastvertane mellom ulike samtalemne, slik at det blir mogleg å sjå skilnader i engelskbruken når temaet eller «domenet» skiftar.

Generelt kan det verka som det blir brukt meir engelsk når det som blir omtalt er noko som føregår i USA eller Storbritannia, personar som held til der, noko som føregår på engelsk, eller noko som er typisk angloamerikansk.<sup>135</sup> Det er likevel viktig å understreka at dette på langt nær gjeld all bruk av engelsk, og at tendensen er tydelegare når ein ser på dei større engelsksegmenta. Til dømes kan (31)e. *tongue twister* vera eit døme på det motsette: Det blir nytta for å omtala ein norsk dialektparodi.<sup>136</sup>

Vidare er det mogleg å tenkja at «engelsk avlar engelsk». Det er få døme i materialet som ikkje blir ytra nær andre døme i materialet. Til gjengjeld er det fleire lange sekvensar (kanskje med unntak av i HoH) heilt utan engelske innslag. Dette kan innebera at når engelsk først har blitt nytta om eit emne, er vegen til meir engelsk kortare.

---

<sup>135</sup> Fleire døme er (33) *true fucking diva* som blir nytta når Hegseth skal omtala korleis Harm snakkar engelsk, (37)d. *registered to vote* som handlar om eit amerikansk val, (35)c. *stripped down* og (38)c. *edited shiny* som handlar om den dei sosiale media til den amerikanske skodespelaren Amy Schumer, og (44)b. *yes this is natural – they’re soldiers altså they’re saving* der den engelskspråklege filmen *1917* blir omtalt.

<sup>136</sup> Eit oversyn over dei engelske innslaga og overordna samtaleemne finst i vedlegg.

## 8 Avslutning

I denne oppgåva har eg undersøkt språket i fire norske humor- og underhaldningspodkastar, ved å transkribera og analysera språket som blir nytta i podkastane. Dette datamaterialet har blitt supplert med tankar og informasjon frå aktørar som er involverte i produksjonen, innhenta gjennom intervju med desse informantane. Med utgangspunkt i problemstillinga «Kva slags språk blir tilbydd norske podkastlyttarar i dei undersøkte podkastane?» har eg fokusert på førekomstar av engelske innslag i språket i podkastane. For å svara på problemstillinga er empirien analysert og drøfta i lys av teori om lån, låneprosessar og kodeveksling. Saman med funna frå intervjuet i kapittel 5 og analysen i kapittel 6, svarar drøftinga i kapittel 7 på dei tre forskingsspørsmåla som vart danna for å konkretisera problemstillinga. Det er tid for ei avsluttande oppsummering.

I 7.1 vart det presentert talmateriale og podkastane vart samanlikna. Desse resultata viser for det første at podkastane generelt ikkje er prega av engelsk, men at det er skilnad frå podkast til podkast. I alle podkastane blir det brukt engelske innslag, og mest frekvent er bruk av enkeltord. Podkasten HoH skil seg ut ved at engelsk førekjem hyppigare enn i dei andre podkastane. Engelsk står fram som eit gjennomgåande trekk ved språket i HoH, og dei engelske innslaga blir meir pregande for denne podkasten. I intervjuet kjem det fram at nokre podkastvertar har nærare forhold til det engelske språket enn andre. Ikkje overraskande er haldningane og det personlege språket til individa som ytrar seg i podkastane avgjerande for språket lyttaren mottek. Funna frå podkastmaterialet samsvarar i stor grad med skildringar frå intervjuet.

Både funna presenterte i kapittel 6 og drøftinga av desse i 7.2 seier noko om kva slags engelsk lyttaren møter i podkastane. I kapittel 6 ser ein at det blir nytta både delvis tilpassa og ikkje tilpassa engelsk, og at det blir nytta engelsk både på ord-, frase- og setningsnivå. Vidare ser ein at engelsk òg blir «leika» med og nytta kreativt. I 7.2 viser drøftinga at engelsken som er brukt i podkastane kjem frå heile kontinuumet, og kanskje òg frå utanfor kontinuumet. Drøftinga viser at grensene mellom ytterpunkta kan vera vanskelege å setja, men det er likevel ikkje tvil om at podkastane inneheld element frå heile spekteret.

I 7.3 blir det vist til minnestyrke for å freista å svara på kva samtaleemnet har å bety for når engelsk blir brukt i podkastane. Her blir det temabaserte trekt fram, og det blir vist til døme på at nokre samtaleemne fører til meir engelskbruk enn andre. Ei generalisering av samtaleemna som fører til meir engelskbruk, viser at dei gjerne har samband med eit engelskspråkleg land, personar som held til der, noko som føregår på engelsk eller noko som er typisk angloamerikansk. Utover samtaleemne og minnestyrke ville det vore naudsynt med intervju

med språkbrukarane sjølve for å svara fullgodt på *kvifor* engelsk blir nytta. Funna frå intervjuia indikerer at både Harm og Thomas likar godt å snakka engelsk, medan Tusvik ikkje gjer det. Funna frå podkastmaterialet viser tendensar til at dei som likar å bruka engelsk, brukar det meir enn dei som ikkje likar å bruka engelsk. Ved intervju med aktørane kunne ein gått djupare i dette, og til dømes undersøkt om podkastvertane gjer som produsent Aspeflaten, som brukar meir tid på «å finne et norsk ord i stedet for et engelsk ord». Funna frå intervjuia, der språket deira blir omtalt av andre (med unntak av for Tusvik), tyder på at det ikkje er stor skilnad på språket podkastvertane nyttar i podkastane og språket dei nyttar elles i kvardagen. Dette er òg eit døme på at det kunne vore nyttig med intervju med språkbrukarane sjølve, slik at ein kunne belyst meir av deira eigne motivasjonar og tankar om språket. Slik kunne det vore interessant å gjera ei liknande undersøking i ei meir sosiolingvistisk retning. I denne oppgåva har til dømes ikkje kjønn og alder vore i fokus, då podkastutvalet ikkje vart basert på kven språkbrukarane er, men produktet som blir levert til podkastlyttaren. Slike sosiolingvistiske faktorar er òg aspekt som kunne vore interessante, då ein til dømes kan leggja merke til at han som brukar mest engelsk, er den yngste av podkastvertane.

For å ha moglegheit til å skildra og handsama podkastmaterialet, var det naudsynt med noko bakgrunnsinformasjon om podkastmediet. I kapittel 5 viste funna frå intervjuia at det er noko variasjon i korleis dei fire podkastane blir laga, men at fellestrekk er at podkastvertane i liten grad er bundne til eit skriftleg manus, og at dei snakkar fritt med kvarandre, slik dei òg ville snakka saman utanfor studio. Samtidig viser blant anna svara frå Tusvik, som er oppteken av å ikkje snakka «vanskeleg», at språket ho nyttar i podkasten er gjennomtenkt. Her kan òg eit svar frå Wettre, produsent for FRI trekkjast fram. Ho er tydeleg på at det er skilnad på å bruka engelsk i ein podkast og på radiokanalar som NRK P1 og NRK P2, fordi ein i podkasten har ei anna merksemd frå lyttaren og veit meir om kven ein treffer, og derfor ikkje skal undervurdere lyttaren. Òg dette svaret tyder på at språket i podkasten ikkje er tilfeldig, men her ved at ein kanskje slepp å modifisera språket sitt i podkasten.

For å summera opp desse funna, kan ein seia at engelsken ein møter i podkastane er variert. Engelske innslag blir nytta meir for å diskutera enkelte emne enn andre, og det er grunn til å tru at skilnadane mellom podkastane i stor grad handlar om skilnadane mellom dei individuelle podkastvertane/språkbrukarane. Det er ikkje tvil om at podkastlyttarar som høyrer på desse humor- og underhaldningspodkastane kan få ein del engelsk innputt.

Denne undersøkinga kan ikkje seia noko sikkert om bruken av engelsk i norsk talespråk generelt, men viser at engelsk har ein viss posisjon i språket i nokre av dei mest populære

humor- og underholdningspodkastane i Noreg. Dette seier noko om kva slags språk som blir tilbydd dei 60 prosentane av nordmenn som lyttar på podkast. Det ligg nær å tru at talespråket til podkastvertane, som ein ut ifrå intervjuet kan tenkja er nokså likt i podkasten og i kvardagen, kan visa tendensar til korleis engelsk blir nytta i norsk talespråk generelt.

Av omsyn til omfanget av denne oppgåva, er podkastspråket her skildra med eit relativt snevert fokus på bruken av engelsk. Det er fleire sider ved podkastspråket som det vil vera interessant å sjå nærare på i vidare undersøkingar både når det gjeld bruken av engelsk og andre aspekt. Som nemnt kan det vera interessant å kopla dei individuelle språkbrukarane og bruken av engelsk tettare saman ved nærare intervju med språkbrukarane sjølve. Vidare kunne det vore interessant å nytta eit større podkastmateriale for å undersøka kor tett samtaleemnet og engelskbruken heng saman. I både intervjuet og i primærmaterialet er det funn som viser andre karakteristiske trekk ved podkastspråket. Her kan ein til dømes nemna trekk frå den «subjektive stilen» som Svennevig (2009, s. 123) presenterer, med avbrytingar, stadfestingar (*ja, mhm, osv.*), å snakka i munnen på kvarandre, å omtala personlege emne med personlege vinklingar, repetisjon og dramatisering, som typiske kjenneteikn. Her kan det vera rom for ei vidare undersøking. I tillegg ser ein at banning førekjem i alle podkastane. I to av intervjuet blir banning trekt fram når tankar om språket i podkasten skal omtalast, og denne oppgåva har vore avgrensa til å berre omtala den engelskspråklege banninga.

Funna i denne undersøkinga tyder på at språket i desse podkastane til ein viss grad kan kallast «det planlagt spontane», då dei skriftlege førelegga ikkje liknar manusa som er skildra i den tidlegare radiohistoria (jf. Nesse, 2018; Vagle, 1990). Både når det gjeld bruk av manus, engelsk og for andre trekk ved podkastspråket, kan det vera interessant å jamføra mellom podkastar frå ulike sjangrar, og mellom til dømes podkastar og tradisjonell kringkasting. Podkast er eit svært tilgjengeleg og rikt materiale som kan egna seg til framtidige språklege undersøkingar.

## Litteraturliste

- Akselberg, G. & Mæhlum, B. (2008). Sosiolingvistisk metode. I B. Mæhlum, G. Akselberg, U. Røyneland & H. Sandøy (Red.), *Språkmøte – Innføring i sosiolingvistikk* (s. 73-88). Cappelen akademisk forlag
- Andersen, G. (2006). Engelske importord i norsk. *Språknytt*, 34(3), 27-32.  
[https://www.sprakradet.no/Vi-og-vart/Publikasjoner/Spraaknytt/Arkivet/2006/Spraaknytt\\_3\\_2006/](https://www.sprakradet.no/Vi-og-vart/Publikasjoner/Spraaknytt/Arkivet/2006/Spraaknytt_3_2006/)
- Andersen, G. (2012). A corpus-based study of the adaptation of English import words in Norwegian\*. I G. Andersen (Red.), *Exploring Newspaper Language : Using the Web to Create and Investigate a Large Corpus of Modern Norwegian* (s. 157-192). John Benjamins Publishing Company.
- Andersen, G. (2015). Pseudo-borrowings as cases of pragmatic borrowing: Focus on Anglicisms in Norwegian. I C. Furiassi & H. Gottlieb (Red.), *Pseudo-English: Studies on False Anglicisms in Europe*. ProQuest Ebook Central.
- Andersen, G. & Graedler, A.-L. (2020). Morphological borrowing from English to Norwegian: The enigmatic non-possessive *-s*. *Nordic Journal of Linguistics*, 43, 3-31.  
<https://doi.org/10.1017/S0332586520000037>
- Andersen, J. (2019). *Om hvordan podkasten finner sin form: en analyse av hvordan podkastmediet er tatt imot, og institusjonaliseres, brukes og beskrives i 2019* [Masteroppgåve, Universitetet i Oslo]. Oslo. <http://urn.nb.no/URN:NBN:no-73396>
- Aviskorpus (Bokmål). (Norwegian Newspaper Corpus Bokmål). 2021. Skapt av prosjektet Norsk aviskorpus. Distribuert av CLARINO Bergen Centre: hdl:11495/D9B5-0349-4330-0
- Barkema, H. (1996). Idiomaticity and Terminology: A Multidimensional Descriptive Model. *Studia Linguistica*, 50(2).
- Bastiansen, H. G. & Dahl, H. F. (2019). *Norsk mediehistorie* (3. utgave. utg.). Universitetsforlaget.
- Bell, A. (1984). Language style as audience design. *Lang. Soc*, 13(2), 145-204.  
<https://doi.org/10.1017/S004740450001037X>
- Bokmålsordboka. (2021) I Bokmålsordboka. Språkrådet og Universitetet i Bergen.  
<http://ordbok.uib.no>

- Bonini, T. (2015). The Second Age of Podcasting: reframing Podcasting as a New Digital Mass Medium. *Quaderns del CAC, XVIII*(41).
- Bottomley, A. J. (2015). Podcasting: A Decade in the Life of a "New" Audio Medium: Introduction. *Journal of radio & audio media, 22*(2), 164-169.  
<https://doi.org/10.1080/19376529.2015.1082880>
- Brunstad, E. (2001). *Det reine språket : om purisme i dansk, svensk, færøysk og norsk* [Nordisk institutt, Det historisk-filosofiske fakultet, Universitetet i Bergen]. Bergen.
- Brunstad, E. (2003). Omganget av moderne importord i nordiske aviser. I H. Sandøy (Red.), *Med 'bil' i Norden i 100 år Ordlaging og tilpassing av utalandske ord* (s. 111-122) (Moderne importord i språka i Norden). Novus forlag.
- Bull, T., Karlsen, E., Raanes, E. & Theil, R. (2018). Andre språk i Noreg. I B. Mæhlum (Red.), *Norsk språkhistorie II - Praksis* (s. 417-532) (Norsk språkhistorie). Novus forlag.
- Bull, T. & Swan, T. (2009). Engelsk i Norge og engelsk i norsk. I T. Bull & A.-R. Lindgren (Red.), *De mange språk i Norge. Flerspråklighet på norsk* (s. 211-241). Novus forlag.
- Canagarajah, S. (2011). Codemeshing in Academic Writing: Identifying Teachable Strategies of Translanguaging. *The Modern language journal (Boulder, Colo.), 95*(3), 401-417.  
<https://doi.org/10.1111/j.1540-4781.2011.01207.x>
- Christensen, C. (2021). Nå vil alle være «Scandi-Cool». *VG/MinMote*.  
<https://www.minmote.no/mote/kjendis/a/GaknBl/naa-vil-alle-vaere-scandi-cool>
- Cruse, D. A. (1986). *Lexical Semantics*. Cambridge University Press.
- Crystal, D. (2003). *English as a Global Language* (Second. utg.). Cambridge University Press. <https://doi.org/10.1017/CBO9781139196970>
- Den Store Podrapporten. (2020). *Den Store Podrapporten*.  
[https://podrapporten.byschibsted.no/wp-content/uploads/2020/04/Den-store-podrapporten-2020\\_deko.pdf](https://podrapporten.byschibsted.no/wp-content/uploads/2020/04/Den-store-podrapporten-2020_deko.pdf)
- Den Store Podrapporten. (2021). *Den Store Podrapporten*. <https://www.bauermedia.no/wp-content/uploads/2021/04/DenStorePodrapporten2021.pdf>
- Det Norske Akademis ordbok. (2021). Det norske akademi for språk og litteratur.  
<http://naob.no>
- Eastwood, J. (1994). *Oxford Guide to English Grammar*. Oxford University Press.
- Eiksund, H. (2020). Språkpraksisar i randsona: Eit portrett av ein hovudmålsbytar. *Målbryting, (10)*, 49-76. <https://doi.org/https://doi.org/10.7557/17.4971>



- Enli, G. & Aalen, I. (2018). sosiale medier. I *Store norske leksikon*. Henta 20.mars 2021 frå [https://snl.no/sosiale\\_medier](https://snl.no/sosiale_medier)
- Fjeld, R. (2004). Banning – makt eller avmakt? *Språknytt*, 32(3-4), 30-33.
- Flesvig, H. & Niva, M. (2019–notid). *Friminutt med Herman og Mikkel*. [Audio podkast]. NRK. [https://radio.nrk.no/podkast/friminutt\\_med\\_herman\\_og\\_mikkel](https://radio.nrk.no/podkast/friminutt_med_herman_og_mikkel)
- Flesvig, H. & Niva, M. (2020, 12. februar). Hermans gummibjørn, språkreise gjennom London og reporter Roar. [Audio podkastepisode]. I *Friminutt med Herman og Mikkel*. NRK. [https://radio.nrk.no/podkast/friminutt\\_med\\_herman\\_og\\_mikkel/1\\_06743a90-67f5-4b5e-b43a-9067f53b5efb](https://radio.nrk.no/podkast/friminutt_med_herman_og_mikkel/1_06743a90-67f5-4b5e-b43a-9067f53b5efb)
- Folkvord, M. S. (2020). *Normer i et ikke-normert skriftspråk – en studie av talemålsnær skrivning på Facebook Messenger bland trondheimere* [Masteroppgåve, Universitet i Bergen]. Bergen. <http://hdl.handle.net/1956/22890>
- Fontenelle, T. (1998). Discovering Significant Lexical Functions in Dictionary Entries. I A. P. Cowie (Red.), *Phraseology, Theory, Analysis, And Applications*. Clarendon Press.
- Fossbakken, E. (2014). Facebook størst i Norge. *Kampanje*. <https://kampanje.com/archive/2014/04/facebook-storst-i-norge/>
- Faarlund, J. T., Lie, S. & Vannebo, K. I. (1997). *Norsk referansegrammatikk*. Universitetsforlaget.
- Garcia, O. (2012). Theorizing translanguaging for educators. I C. Celic & K. Seltzer (Red.), *Translanguaging: A CUNY-NYSIEB Guide for Educators* (s. 1-6). The City University of New York.
- Garcia, O. & Wei, L. (2014). *Translanguaging : Language, Bilingualism and Education* (1st ed. 2014. utg.). Palgrave Macmillan UK : Imprint: Palgrave Pivot.
- Gardner-Chloros, P. (2009). *Code-switching*. Cambridge University Press.
- Gelman, L. (u.å). Twitter Explained. Who is Over and Where's the Party? *Moment Magazine*. <https://momentmag.com/twitter-explained-who-is-over-and-where-the-party/>
- Graedler, A.-L. (1998). *Morphological, Semantic and Functional Aspects of English Lexical Borrowings in Norwegian* [Universitetet i Oslo]. Oslo.
- Graedler, A.-L. (2002). Norwegian. I M. Görlach (Red.), *English in Europe* (s. 57-81). Oxford University Press.
- Graedler, A.-L. (2014). Attitudes towards English in Norway: A corpus-based study of attitudinal expressions in newspaper discourse. *Multilingua*, 33(3), 291-312. <https://doi.org/10.1515/multi-2014-0014>

- Graedler, A.-L., Johansson, S., Engelsk i norsk språk og, s. & Universitetet i Oslo Institutt for britiske og amerikanske, s. (1997). *Anglisismeordboka : engelske lånord i norsk*. Universitetsforlaget.
- Grüters, A. R. (2019). SKAM i Norden – en medieøkologisk og flerspråklig begivenhet. 20. Henta 11.11.2020, frå <https://www.norskundervisning.no/nyheter-og-artikler/anna-ruth-gruthers-skam-i-norden-en-medieokologisk-og-flerspraklig-begivenhet>
- Grøtte, M. (2020, 31. mars). Morten Hegseth selger huset i Trondheim. *TV 2*. <https://www.tv2.no/a/11343702/>
- Grøtte, M. & Kristiansen, B. T. (2020, 24. februar). Love Island: Produksjonen tok grep da Morten Hegseth slet med én ting. *TV 2*. <https://www.tv2.no/a/11229413/>
- Grøvli, L. K. (2013). *lol wtf? Kodeveksling i norsk internettkommunikasjon* [Masteroppgåve, Universitetet i Oslo]. Oslo. <http://urn.nb.no/URN:NBN:no-38857>
- Hagen, J. E. (2002). *Norsk grammatikk for andrespråklærere*. Gyldendal Akademisk.
- Harm, V. & Hegseth, M. (2016–notid). *Harm & Hegseth*. [Audio podkast]. VG. [https://open.spotify.com/show/3vag1pwyV1VU0dquxFVmVq?si=0ExYPKnHTxWgiOnXPZjW\\_w](https://open.spotify.com/show/3vag1pwyV1VU0dquxFVmVq?si=0ExYPKnHTxWgiOnXPZjW_w)
- Harm, V. & Hegseth, M. (2020, 14. februar). #218 Taylor Swift, vegetar-debatt, J. Lo og Shakira. [Audio podkastepisode]. I *Harm & Hegseth*. VG. [https://open.spotify.com/episode/5KMkrEsjGxXloP2xQrT8fj?si=jNmGeMQtRvalRW9\\_fFAmiw](https://open.spotify.com/episode/5KMkrEsjGxXloP2xQrT8fj?si=jNmGeMQtRvalRW9_fFAmiw)
- Heller, S. (2019). Years later, Team Edward vs Team Jacob remains the most divisive issue of our time. *Insider*. <https://www.insider.com/poll-people-still-torn-over-twilight-team-edward-team-jacob-2019-2>
- Jansen, I. A. (2017). #Phungfolk: Lytterlojalitet som inntektskilde. Om forretningsmodellen til kommersielle, frittstående komikerpodkaster [Masteroppgåve, Universitetet i Bergen]. Bergen. <http://hdl.handle.net/1956/16678>
- Jarvad, P. (2007). Tilpasning af engelske ord i bøjning og udtale i de nordiske sprog. I P. Jarvad & H. Sandøy (Red.), *Stuntman og andre importord i Norden - Om udtale og bøjning* (s. 9-26) (Moderne importord i språka i Norden). Novus forlag.
- Jarvad, P. & Sandøy, H. (2007). *Stuntman og andre importord i Norden Om udtale og bøjning* (P. Jarvad & H. Sandøy, Red. Bd. VII). Novus forlag.
- Jenstad, T. E. (2016). Ordforrådet. I H. Sandøy (Red.), *Norsk språkhistorie bind I. Mønster* (s. 447-509). Novus forlag.

- Johansen, R. (2007). Tilpassing av importord i norsk talemål. I P. Jarvad & H. Sandøy (Red.), *Stuntman og andre importord i Norden - Om udtale og bøjning* (s. 73-101) (Moderne importord i språka i Norden). Novus forlag.
- Johansson, S. & Graedler, A.-L. (2002). *Rocka, hipt og snacksy : om engelsk i norsk språk og samfunn*. Høyskoleforlaget.
- Korpuskel. *Korpuskel: Korpusliste*. <http://clarino.uib.no/korpuskel/corpus-lists>
- Krumsvik, R. J. (2013). *Forskningsdesign og kvalitativ metode – ei innføring*. Fagbokforlaget.
- Kvale, S., Brinkmann, S., Anderssen, T. M. & Rygge, J. (2015). *Det kvalitative forskningsintervju* (3. utg. utg.). Gyldendal akademisk.
- Kvaran, G. (2007). *Udenlandske eller hjemlige ord. En undersøgelse af sprogene i Norden*.
- Labov, W. (1972). Some Principles of Linguistic Methodology. . *Language in Society*, 1(1), 97-120. <http://www.jstor.org/stable/4166672>
- Lie, S. (2011). *Det digitale språket*. Ling forlag.
- Liestøl, G. & Rasmussen, T. (2007). *Digitale medier. En innføring*. Universitetsforlaget.
- Lind, M. (1995). Diskurstranskripsjon. En elementær innføring i teori og metode. *Norskrikt: tidsskrift for nordisk språk og litteratur*, (85), 1-24.  
[https://www.duo.uio.no/bitstream/handle/10852/37852/NORskrift085\\_tekst.pdf?sequence=1&isAllowed=y](https://www.duo.uio.no/bitstream/handle/10852/37852/NORskrift085_tekst.pdf?sequence=1&isAllowed=y)
- Lyngvær, J. W., Eide, L. & Nyre, L. (2017). *Lyd-journalistikk Innføring i radio og podkasting*. Samlaget.
- Lønnebotn, L. (2020). Fenomenet Flesvig. *E24*.  
<https://e24.no/naeringsliv/i/GaRXP9/phenomenet-flesvig?referer=https%3A%2F%2Fwww.bt.no>
- Markman, K. M. & Sawyer, C. E. (2014). Why Pod? Further Explorations of the Motivations for Independent Podcasting. *Journal of radio & audio media*, 21(1), 20-35.  
<https://doi.org/10.1080/19376529.2014.891211>
- Mediapuls. (2017). *Mediapuls 124: Den lille debatten fra den store podkastdagen*. Medier 24. Henta 12. mars 2021 frå <https://m24.no/acast-adlink-mediapuls/mediapuls-124-den-lille-debatten-fra-den-store-podkastdagen/148913>
- Meibauer, J. (2007). How marginal are phrasal compounds? Generalized insertion, expressivity, and I/Q-interaction. *Morphology (Dordrecht)*, 17(2), 233-259.  
<https://doi.org/10.1007/s11525-008-9118-1>
- Merriam-Webster. (2021). Merriam-Webster. <http://merriam-webster.com>

- Midtskog, R. (2020, 15. september). Tar et oppgjør med Ola Halvorsen. *VG*.  
<https://www.vg.no/rampelys/i/IE14LG/rapperen-tar-et-oppgjoer-med-ola-halvorsen>
- Moen, P. & Pedersen, P.-B. (1998). diva. I *Engelsk-norsk/Norsk-engelsk ordbok*.
- Morland, P. S. (2020). «U have to talk together [J]» *En studie av kodeveksling, emoji og emotikon i Facebook Messenger-samtale* [Masteroppgåve, Universitetet i Bergen]. Bergen. <http://hdl.handle.net/1956/22898>
- Mulder, K. M. (2019). *Å møte naturfaglige begreper med to språk. En casestudie av elevers bruk av samisk og norsk i samtaler rundt naturfaglige begreper* [Masteroppgåve, Norges arktiske universitet]. <https://hdl.handle.net/10037/15702>
- Myers-Scotton, C. (1983). «The negotiation of identities in conversation: a theory of markedness and code choice.». *International Journal of the Sociology of Language*, 44, 115-136.
- Myers-Scotton, C. (1992). Comparing codeswitching and borrowing. *Journal of multilingual and multicultural development*, 13(1/2), 19-39.  
<https://doi.org/10.1080/01434632.1992.9994481>
- Myers-Scotton, C. (2000). Code-switching as indexical of social negotiations. I L. Wei (Red.), *The Bilingualism Reader* (s. 137-165). Routledge.
- Myers-Scotton, C. (2002). *Contact linguistics : bilingual encounters and grammatical outcomes*. Oxford University Press.
- Mæhlum, B. (2007). *Konfrontasjoner : når språk møtes*. Novus forlag.
- Mæhlum, B. (2018). *Norsk språkhistorie II Praksis* (B. Mæhlum, Red.). Novus forlag.
- Nesse, A. (2018). Radio og fjernsyn: Muntlige medier. I B. Mæhlum (Red.), *Norsk språkhistorie. Bind II Praksis*. (s. 96-118). Novus forlag.
- Nilssen, S. & Kinn, T. (2017). A chameleon abroad: English -ish and ish used in Norwegian. *Maal Og Minne*, (1), 123-143. <http://ojs.novus.no/index.php/MOM/article/view/1408>
- Nitro. (u.å.). *nitro.no*. Nitro. Henta 25. februar frå <https://nitro.no/>
- Nynorskordboka. (2021). I Nynorskordboka. Språkrådet og Universitetet i Bergen.  
<http://ordbok.uib.no>
- Omdal, H. (2008a). Undersøkelse av tilpassing av moderne importord i nordiske språk. Innleiing. I H. Omdal & H. Sandøy (Red.), *Nasjonal eller internasjonal skrivemåte? Om importord i seks nordiske språksamfunn* (s. 9-20) (Moderne importord i språka i Norden). Novus forlag.
- Omdal, H. (2008b). *Bacon eller beiken? Tilpassing av moderne importord i norsk*. I H. Omdal & H. Sandøy (Red.), *Nasjonal eller internasjonal skrivemåte? Om importord i seks*

- nordiske språkssamfunn* (s. 77-103) (Moderne importord i språka i norden). Novus forlag.
- Omdal, H. & Sandøy, H. (2008). *Moderne importord i språka i Norden: 8: Nasjonal eller internasjonal skrivemåte?: om importord i seks nordiske språkssamfunn* (Bd. 8). Novus forlag.
- Oxford English Dictionary. (2021) I Oxford English Dictionary. <https://oed.com/>
- Podtoppen. (u.å.a). *Podtoppen*. <http://podtoppen.no>
- Podtoppen. (u.å.b). *Om Podtoppen*. <http://podtoppen.no/about>
- Poplack, S. (2000). Sometimes I'll start a sentence in Spanish *y termino en español*: toward a typology of code-switching. I L. Wei (Red.), *The Bilingualism Reader* (s. 221-256). Routledge. (Opphavelig publisert 1980).
- Prop. 108 L (2019-2020). *Lov om språk (språklova)*. Kulturdepartementet. <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/prop.-108-l-20192020/id2701451/>
- Rauset, M. (2021). *Årsmelding 2020 Revisjon av Bokmålsordboka og Nynorskordboka (Revisjonsprosjektet)*. Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studium. Universitetet i Bergen. [https://www.uib.no/sites/w3.uib.no/files/attachments/arsrapport\\_2020\\_revisjonsprosjektet.pdf](https://www.uib.no/sites/w3.uib.no/files/attachments/arsrapport_2020_revisjonsprosjektet.pdf)
- Reda, F. (2020). *Arabisk i norskundervisningen – En studie om tilrettelegging for inkludering av tospråklige elever* [Masteroppgåve, Universitetet i Oslo]. Oslo. <http://urn.nb.no/URN:NBN:no-82933>
- Riseng & Magnus, P. (2013). Morommaen. *Bergens Tidende*. <https://www.bt.no/nyheter/lokalt/i/nG7Bd/morommaen>
- Rolling Stone. (2019). The 27 Club: A Brief History. *Rolling Stone*. <https://www.rollingstone.com/culture/culture-lists/the-27-club-a-brief-history-17853/robert-johnson-26971/>
- Rotevatn, A. G. (2014). *Språk i spagaten. Facebook-språket. Om normert språk og dialekt blant vestlandselevar* [Masteroppgåve, Høgskulen i Volda]. <http://hdl.handle.net/11250/2357530>
- Ryen, A. (2002). *Det kvalitative intervjuet : fra vitenskapsteori til feltarbeid*. Fagbokforlaget.
- Røyneland, U. (2008). Språk- og dialektkontakt. I B. Mæhlum (Red.), *Språkmøte: innføring i sociolingvistikk* (s. 47-72). Cappelen akademisk forlag.
- Sandø, W. (2020, 21. august). Nå har de kjøpt bolig: – Staselig nabolag. *TV 2*. <https://www.tv2.no/a/11596865/>

- Sandøy, H. (2000). *Lånte fjører eller bunad?* Cappelen akademisk forlag.  
<https://doi.org/doi:nb.bibsys.no:990015693414702202>  
 URN:NBN:no-nb\_digibok\_2008102200102
- Sandøy, H. & Petersen, H. P. (2007). Tilpassing av importord i færøysk talemål. I P. Jarvad & H. Sandøy (Red.), *Stuntman og andre importord i Norden Om udtale og bøjning* (s. 53-72) (Moderne importord i språka i Norden). Novus forlag.
- Selback, B. & Kristiansen, T. (2006). Noreg. I T. Kristiansen (Red.), *Nordiske sprogholdninger - En masketest* (s. 65-82) (Moderne importord i språka i Norden). Novus forlag.
- Selback, B. & Sandøy, H. (2007). Avisspråk og importord. I B. Selback & H. Sandøy (Red.), *Fire dagar i nordiske aviser. Ei jamføring av påverknaden i ordforrådet i sju språksamfunn*. Novus forlag.
- Skilbrei, M.-L. (2019). *Kvalitative metoder : planlegging, gjennomføring og etisk refleksjon* (1. utgave. utg.). Fagbokforlaget.
- Spolsky, B. (2004). *Language policy*. Cambridge University Press.
- Språklova. (2021). *Lov om språk (språklova)* (LOV-2021-05-21-42). Lovdata.  
<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2021-05-21-42?fbclid=IwAR2pwEEPhc4wA017ftUXoD5ohZ1kS8797hHwsMZNr9OVCvKdUyXc68dF98A>
- Språkrådet. (2015). *Retningslinjer for normering av bokmål og nynorsk. Nynorskversjon*.  
 Språkrådet. Henta 22.november 2020 frå <https://www.sprakradet.no/Sprakavare/Norsk/normering/retningslinjer-for-normering/>
- St.meld nr. 35 (2007-2008). *Mål og mening: Ein heilskapleg norsk språkpolitikk*.  
 Kulturdepartementet. <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/stmeld-nr-35-2007-2008-/id519923/?ch=1>
- Statistisk sentralbyrå. (2021). *Fakta om innvandring*. Statistisk sentralbyrå. Henta 12. april 2021 frå <https://www.ssb.no/innvandring-og-innvandrere/faktaside/innvandring>
- Stene, A. (1945). *English Loan-words in Modern Norwegian. A study of linguistic borrowing in the process*. Oxford University Press / Tanum forlag.
- Staab, T. (2011). «Spillsnakk» - *Dataspillsamtalen som sjanger* [Masteroppgåve, Universitetet i Bergen]. Bergen. <https://hdl.handle.net/1956/4960>
- Sunde, A. M. (2016). 'Inspect kniven i inventoryen min.' Språklig praksis i et nytt domene. *Norsk lingvistisk tidsskrift : NLT*, 34(2), 133-160.

- Sunde, A. M. (2018). A typology of English borrowings in Norwegian. *Nordic journal of English studies*, 17, 71-115. <https://doi.org/10.35360/njes.435>.
- Sunde, A. M. (2019). *Skjult påvirkning. Tre studier av engelskpåvirkning i norsk*. [NTNU]. Trondheim. <http://hdl.handle.net/11250/2603492>
- Svennevig, J. (2009). *Språklig samhandling : innføring i kommunikasjonsteori og diskursanalyse* (2. utg. utg.). Landslaget for norskundervisning Cappelen akademisk forlag.
- Sæby, I.-M. K. (2011). Twilight trakk jentene til kinosalene. *NRK*. <https://www.nrk.no/kultur/twilight-trakk-jentene-til-kinoene-1.7884418>
- Thomas, J. & Tørnquist, E. (2018–notid). *Jan Thomas og Einar blir venner*. [Audio podkast]. Plan-B. <https://open.spotify.com/show/5KhgRSELqgZXXh1N4qD4t9?si=4tXayuBTSJKmmTW8RKbtEQ>
- Thomas, J. & Tørnquist, E. (2020, 13. februar). 59: Kjærlighet for Einar. [Audio podkastepisode]. I *Jan Thomas og Einar blir venner*. Plan-B. [https://open.spotify.com/episode/6S09seqdHxgf93WfVIhtY1?si=BEFJkNdmS3yKynZ\\_9wPbJw](https://open.spotify.com/episode/6S09seqdHxgf93WfVIhtY1?si=BEFJkNdmS3yKynZ_9wPbJw)
- Thyrum, T. (2018). *Podkast – radio på ny plattform? En tekstanalyse av de journalistiske podkastene Aftenpodden og Giæver & Joffen* [Masteroppgåve, Universitetet i Oslo]. Oslo. <http://urn.nb.no/URN:NBN:no-70419>
- Tusvik&Tønne. (u.å.). *tusvikogtonne.no*. Henta 25. februar frå <https://www.tusvikogtonne.no/>
- Tusvik, S. & Tønne, L. (2020, 11. februar). Abid Raja, mikropenis og hvitvinsswing. [Audio podkastepisode]. I *Tusvik & Tønne*. Nitro og ADLINK. <https://open.spotify.com/episode/1eTmG4L7zFWtQ7gNQE8n8s?si=6RJ68TA1QaSgFca7tfUXAg>
- Tusvik, S. & Tønne, L. (2012–notid). *Tusvik & Tønne* [Audio podkast]. Nitro og ADLINK. [https://open.spotify.com/show/40WVALBPfpEgSdIBYkWGQB?si=dU7zL\\_zjSLG1uFuMnFUVIA](https://open.spotify.com/show/40WVALBPfpEgSdIBYkWGQB?si=dU7zL_zjSLG1uFuMnFUVIA)
- Urban Dictionary. (u.å.). *I shit you not*. Henta 12. april 2021 frå <https://www.urbandictionary.com/define.php?term=I%20shit%20you%20not>
- Utne, I. (2002). Nettspråket. I E. B. Johnsen (Red.), *Vårt eget språk* (s. 170-180). Aschehoug.
- Vagle, W. (1990). *Radiospråket - talt eller skrevet? : syntaktiske og pragmatiske tilnæringer i semiotisk perspektiv* (Bd. 6). Novus.

- van Ommeren, R. (2016). *Den flerstemmige språkbrukeren : en sosiolingvistisk studie av norske bidialektale* [Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet, Det humanistiske fakultet, Institutt for språk og litteratur]. Trondheim.
- Vangsnes, Ø. A. (2019). Dialekt i sosiale medium – det norske perspektivet. *Språk i Norden*, 2019, 94-109. <https://tidsskrift.dk/sin/index>
- Vikør, L. S. (2005). Haldningar til anglisismar i Noreg og Norden. I *MONS 10: Utvalde artiklar frå det tiande Møte om norsk språk i Kristiansand 2003* (s. 303-315). Høgskoleforlaget i samarbeid med Høgskolen i Agder.
- Vikør, L. S. (2006). Noreg. I T. Kristiansen & L. S. Vikør (Red.), *Nordiske språkhaldningar. Ei meiningsmåling*. (s. 61-84) (Moderne importord i språka i Norden). Novus forlag.
- Vikør, L. S. (2018). Det moderne Noreg (1945-2015). I A. Nesse (Red.), *Norsk språkhistorie. Bind IV Tidslinjer* (s. 603-695). Novus forlag.
- Warren, P. (2013). *Introducing psycholinguistics*. Cambridge University Press.
- Wei, L. (2000). Dimensions of bilingualism. I L. Wei (Red.), *The Bilingualism Reader* (s. 3-25). Routledge.
- Wiese, R. (1996). Phrasal Compounds and the Theory of Word Syntax. *Linguistic inquiry*, 27(1), 183-193.
- Wiggen, G. (1990). Oslo bymål. I E. H. Jahr (Red.), *Den Store dialektboka*. Novus forlag.
- Wikborg, J. (2020). Uværet ødela fotballdrømmen: – Hjertene våre er knust. *VG*.  
<https://www.vg.no/sport/fotball/i/70wn38/uvaeret-oedela-fotballdroemmen-hjertene-vaare-er-knust>
- Ytreberg, E. (2008). Om det planlagt spontane. *Norsk medietidsskrift*, 15(1), 22-37.
- Åberg, C., Vagle, W. & Poulsen, I. (1999). Radioforskning – en översikt. *Nordicom Information*, 21(3).
- Aarsæther, F. (2009). Flerspråklig praksis i det pakistansk-norske miljøet IT. Bull & A.-R. Lindgren (Red.), *De mange språk i Norge. Flerspråklighet på norsk* (s. 65-83). Novus forlag.



## Informasjon om vedlegg 1–4:

I vedlegg 1–4 finn ein dei engelske innslaga i podkastane: *Tusvik & Tønne* (1), *Friminutt med Herman og Mikkel* (2), *Jan Thomas og Einar blir venner* (3) og *Harm og Hegseth* (4).

Vedlegga er lagt opp i same rekkjefølgje som innslaga i analysekapittelet i oppgåva:

- Delvis tilpassa substantiv, verb, adjektiv og interjeksjonar, hybridord og namnehybridar
- Ikkje tilpassa substantiv, verb, adjektiv, adverb og interjeksjonar
- Frasar, frasesamansetjingar og kollokasjonar
- Setningar

I første kolonne i tabellen finn ein det aktuelle engelske innslaget, og eventuelt eit tal i parentes dersom det er fleire av det i denne podkasten. I andre kolonne finn ein namnet på ytraren, i tredje kolonne blir det overordna samtaleemnet for sekvensen presentert, og i siste kolonne kan ein sjå det engelske innslaget i kontekst. To tabellar inneheld ekstra informasjon mellom første og andre kolonne: For dei delvis tilpassa substantiva kan ein her finna informasjon om genus der det er tildelt, og for hybridorda og namnehybridane finn ein informasjon om ordklassen.

Vedlegg 1: Engelske innslag i *Tusvik & Tønne*

Vedlegg 2: Engelske innslag i *Friminutt med Herman og Mikkel*

Vedlegg 3: Engelske innslag i *Jan Thomas og Einar blir venner*

Vedlegg 4: Engelske innslag i *Harm & Hegseth*

